



DET KONGELEGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

# Prop. 1 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

## FOR BUDSJETTÅRET 2010

Utgiftskapittel: 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470

Inntektskapittel: 4510–4581, 5445–5446, 5470 og 5607



# Innhald

<b>Del I</b>			
Innleiande del .....	7	Kap. 4510 Fylkesmannsembeta .....	47
<b>1 Ein sterk offentlig sektor og eit trygt velferdssamfunn .....</b>	<b>9</b>	<i>Programkategori 01.20 Fellestenester i regjeringskvartalet .....</i>	<b>48</b>
1.1 Ei framtidsretta, open og tilgjengeleg forvaltning .....	9	Kap. 1520 Servicesenteret for departementa ..	48
1.2 Digital fornying av offentlig sektor og sterkt personvern .....	11	Kap. 4520 Servicesenteret for departementa ..	51
1.3 Informasjonssamfunn med god og trygg infrastruktur, sterk digital kompetanse .....	12	<i>Programkategori 01.30 Partistøtte .....</i>	53
1.4 Ei forvaltning med kompetente leiarar og medarbeidarar .....	13	Kap. 1530 Tilskot til dei politiske partia .....	53
1.5 Konkurransesett for effektiv ressursbruk .....	14	<i>Programkategori 01.40 Pensjonar m.m. ....</i>	56
1.6 Godt organisert stat med gode fellestenester .....	15	Kap. 1541 Pensjonar av statskassa .....	60
<b>2 Oppmodingsvedtak .....</b>	<b>17</b>	Kap. 1542 Tilskot til Statens Pensjonskasse ...	61
<b>3 Oversikt over forslaget til budsjett for Fornyings- og administrasjonsdepartementet .....</b>	<b>18</b>	Kap. 1543 Arbeidsgivaravgift til folketrygda ...	64
		Kap. 1544 Bustadlånepordninga i Statens Pensjonskasse .....	65
		Kap. 4544 Bustadlånepordninga i Statens Pensjonskasse .....	67
		Kap. 5607 Renter av bustadlånepordninga i Statens Pensjonskasse .....	67
		Kap. 1546 Yrkesskadeforsikring .....	68
		Kap. 4546 Yrkesskadeforsikring .....	69
		Kap. 1547 Gruppelivsforsikring .....	69
		Kap. 4547 Gruppelivsforsikring .....	70
		Kap. 2470 Statens Pensjonskasse .....	70
		Kap. 5470 Statens Pensjonskasse .....	74
		<i>Programkategori 01.50 Konkurransopolitikk ...</i>	75
		Kap. 1550 Konkurransetilsynet .....	80
		Kap. 4550 Konkurransetilsynet .....	85
		<i>Programkategori 01.60 Forvaltningsutvikling og IKT-politikk .....</i>	86
		Kap. 1560 Direktoratet for forvaltning og IKT	88
		Kap. 4560 Direktoratet for forvaltning og IKT	92
		Kap. 1561 IKT-politikk .....	93
		Kap. 1562 Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram .....	100
		<i>Programkategori 01.70 Personvern .....</i>	103
		Kap. 1570 Datatilsynet .....	104
		Kap. 1571 Personvernemnda .....	106
		<i>Programkategori 01.80 Byggje- og eigedomsopolitikk .....</i>	107
		Kap. 1580 Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga .....	109
<b>Del II</b>			
Budsjettforslag .....	23		
<b>Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar .....</b>	<b>25</b>		
<i>Programkategori 00.10 Det kongelige hus .....</i>	25		
Kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga .....	25		
Kap. 2 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa .....	26		
<b>Programområde 01 Fellesadministrasjon .....</b>	<b>27</b>		
<i>Programkategori 01.00 Administrasjon mv. ....</i>	27		
Kap. 1500 Fornyings- og administrasjonsdepartementet .....	27		
Kap. 1502 Tilskot til kompetanseutvikling .....	33		
Kap. 1503 Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde .....	34		
<i>Programkategori 01.10 Fylkesmannsembeta ...</i>	35		
Kap. 1510 Fylkesmannsembeta .....	46		

Kap. 1581 Egedomar til kongelege føremål ...	111
Kap. 4581 Egedomar til kongelege føremål ...	112
Kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet .....	112
Kap. 2445 Statsbygg .....	113
Kap. 5445 Statsbygg .....	119
Kap. 5446 Sal av egedom, Fornebu .....	120

### Del III

Orienteringar .....	121
---------------------	-----

<b>5</b>	<b>Omtale av særlege emne .....</b>	<b>123</b>
5.1	Oppmodingsvedtak nr. 247 .....	123
5.2	Sektorovergripande miljøpolitikk ..	125
5.3	Grøn stat .....	128
5.4	Oppfølging av § 1a i likestillingslova	129

<b>Forslag til vedtak om løyving for budsjettåret 2010, kapitla 1-2, 1500-1582, 2445 og 2470, 4510-4581, 5445-5446, 5470 og 5607 .....</b>	<b>135</b>
--	------------

### Vedlegg 1

Tal på arbeidstakarar/årsverk i staten per 1.3.2009 .....	143
---	-----

### Vedlegg 2

Embetsutnemningar .....	167
-------------------------	-----

## Figuroversikt

Figur 4.1	Årsverk fordelte etter departementsområde. ....	36
-----------	---	----

Figur 4.2	Venta utvikling i talet på pensjonistar i SPK .....	58
-----------	---	----

## Tabelloversikt

Tabell 4.1	Auke i talet på pensjonar 2007-2008 .....	62
Tabell 4.2	Inntekter og utgifter til Statens Pensjonskasse .....	63
Tabell 4.3	Utviklinga i bustadlâneordninga i Statens Pensjonskasse .....	66
Tabell 4.4	Balanse Statens Pensjonskasse ..	74
Tabell 4.5	Oppstarta byggjeprojekt under kap. 1580 (i mill. kroner) .....	110

Tabell 4.6	Oppstarta ordinære byggjeprojekt under kap. 2445 (i mill. kroner) .....	116
Tabell 4.7	Statsbyggs balanse .....	119
Tabell 5.1	Tal årsverk og gjennomsnittleg månadsforteneste per årsverk 1.10.2004-1.10.2008 .....	130
Tabell 5.2	Prosentdelen kvinner og menn i alle leiarstillingar og toppleiarstillingar i statleg sektor 2005-2008 .....	131



DET KONGELEGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

# Prop. 1 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

## FOR BUDSJETTÅRET 2010

Utgiftskapittel: 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470

Inntektskapittel: 4510–4581, 5445–5446, 5470 og 5607

*Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 25. september 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*



*Del I*  
*Innleiande del*





# 1 Ein sterk offentleg sektor og eit trygt velferdssamfunn

Ein sterk offentleg sektor er med på å gi innbyggjarane den grunnleggjande tryggleiken som alle treng for å leve eit godt liv. Regjeringa vil utvikle det norske velferdssamfunnet vidare.

Regjeringa byggjer politikken sin på den nordiske velferdsmodellen. Eit samfunn med mange og godt fungerande fellesskapsløysingar har gitt innbyggjarane nødvendig tryggleik, samtidig som næringslivet har hatt gode vilkår for vekst og utvikling. Dette samspelet er ein viktig føresetnad for at den positive utviklinga av det norske samfunnet skal halde fram. Regjeringa går imot konkurranseutsetjing og privatisering innanfor viktige velferdsområde som utdanning, helse og omsorg.

## 1.1 Ei framtidsretta, open og tilgjengeleg forvaltning

### Behov for fornying

For å sikre god oppslutning om fellesskapsløysingar òg i framtida, må offentleg sektor kontinuerleg forbetre og fornye seg i dialog med innbyggjarane. Det er kva brukarane ønskjer og treng som må stå i fremste rekkje når offentlege tenester skal utviklast vidare.

Regjeringa la i 2007 fram sin strategi for fornying av offentleg sektor. Offentleg sektor skal fornyast gjennom tverrgåande reformer og store og små tiltak i verksemdene. Offentleg sektor skal vise veg og vere eit førebilete, mellom anna på følgjande område:

- Offentleg sektor skal vere ein ansvarleg forbrukar som kjøper miljøvennlege varer og tenester.
- Alle statlege verksemdar skal ha høg etisk standard.
- Offentleg sektor skal ha ein mangfaldig arbeidsstyrke og tilpasse tenestene til ei mangfaldig befolkning.
- Arbeidet med å fornye og forbetre offentleg sektor skal skje i nært samarbeid med dei tilsette og deira organisasjonar. Ein aktiv arbeidsgivarpolitikk der leiarar og tilsette spelar på lag, ligg til grunn for regjeringas arbeid. Gjennom plattform for leing i staten har regjeringa sett leiarskapen i fokus. Eit eige leiarprogram – Ledersats – skal sørge for at statleg leiarskap vert ytterlegare styrkt.

I fornyingsarbeidet legg Regjeringa vekt på desse prinsippa:

- Brukarretting.
- Openheit.
- Effektivisering.
- Kvalitet.
- Medverknad.

Kvart enkelt departement har ansvar for å gjennomføre Regjeringa sin fornyingspolitikk innanfor sine område. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har det overordna ansvaret for å koordinere fornyingsarbeidet på vegner av Regjeringa. Følgjande fornyingstiltak er planlagt gjennomførte i 2010:

- Auka satsing på elektronisk handel.
- Realisering av ny statleg kommunikasjonspolitikk.
- Oppfølging av resultatane frå Innbyggjarundersøkinga hausten 2009.
- Vidareutvikling av StatRes, mellom anna for å dekkje fleire sektorar.
- Førebuing av moglegheit til og krav om elektronisk faktura til staten.
- Ei rekkje tiltak for samordning og felles IKT-tilbod frå det offentlege, mellom anna elektronisk ID i nasjonalt ID-kort.

### Ei forvaltning for demokrati og fellesskap

Regjeringa har lagt fram St.meld. nr. 19 (2008–2009) *Ei forvaltning for demokrati og fellesskap*. Meldinga presenterer prinsipp, hovudlinjer og prioriteringar i forvaltningspolitikken. I Stortingsmeldinga vert det slått fast at den norske statsforvaltninga byggjer på fire grunnleggjande forvaltningsverdier: Demokrati, rettstryggleik, fagleg integritet og effektivitet. Regjeringa vil utvikle statsforvaltninga i tråd med verdiane, prinsippa og måla i meldinga.

Regjeringa ønskjer ein sterk og effektiv offentleg sektor med evne til kontinuerlig forbetring og fornying. Statsforvaltninga må utviklast for å sikre meir demokrati og betre tenester samtidig som forvaltninga skal dele kunnskap og tryggje felles samfunnsinteresser. Statsforvaltninga må endre seg i takt med samfunnsutviklinga, i samspel med det

innbyggjarane treng og i tråd med endra politiske mål.

Regjeringa ønskjer ein forvaltningspolitikk som byggjer på kunnskap om korleis ulike verkemiddel faktisk fungerer. For å kunne nå dei høge ambisjonane til regjeringa, må staten vere samordna og ryddig og effektivt organisert. Organisering og organisasjonsform må veljast ut frå behovet for politisk styring, omsynet til ryddig ansvar og arbeidsdeling, oppgåvene sin eigenart og dei rammevilkåra som gjeld i sektorane. Forvaltninga skal vere lett å finne fram i for innbyggjarar og næringsliv. Samtidig må styringssystem og arbeidsformer fremje samordning av dei politikkområda og verkemidla som må sjåast i samanheng – òg dersom dei ligg til ulike departement eller ulike underliggjande verksemdar. Forvaltninga skal løyse oppgåvene effektivt og fagleg forsvarleg. Regjeringa meiner samhandlinga mellom forvaltninga og innbyggjarar og næringsliv skal vere prega av

- Openheit, respekt, raske svar, god dialog og tett kontakt.
- At krav, plikter og rettar vert kunngjorde på ein målretta, enkel og forståeleg måte.
- At rettstryggleiken for den enkelte vert ivareteken, og at dei som ikkje er like flinke til å fremje interessene sine i forvaltningssaker, får spesiell merksemd.
- Nettløysingar og elektroniske tenester som er enkle å forstå og bruke.
- Ny teknologi og nye kommunikasjonskanalar som styrkjer rettstryggleiken eller andre grunnleggjande forvaltningsverdiar.
- At personvernet vert ivareteke.
- At det vert mogleg for enkeltpersonar å ta vare på egne interesser sjølv om dei ikkje meistarar eller ønskjer å bruke digitale medium.

### God ressursutnytting og godt utgreiingsarbeid

I ein godt fungerande velferdsstat utnyttar det offentlege ressursane slik at ressursinnsatsen gir størst mogleg velferd for innbyggjarane. Fornyng av offentleg sektor handlar om å realisere velferdsgevinstar.

I 2005 etablerte Fornyings- og administrasjonsdepartementet departementa sitt fagpanel for økonomiske konsekvensanalysar som ei forsøksordning. Departementet reetablerte fagpanelet i 2009 som eit samarbeidsforum for departementa. Målet er å betre kvaliteten på departementa sine samfunnsøkonomiske konsekvensanalysar.

### Ein ny kommunikasjonspolitikk og klart språk

Regjeringa vil leggje til rette for at folk kan ta del i utviklinga av offentleg sektor, mellom anna ved å utvikle nye elektroniske møteplassar. Dei statlege verksemdene skal invitere innbyggjarane til å delta i utforminga av statlege tenester.

Den nye statlege kommunikasjonspolitikken legg vekt på openheit, demokrati og medverknad. Statlege verksemdar skal kommunisere slik at dei når alle, og dei skal aktivt informere innbyggjarane. Statleg informasjon skal ikkje vere sprikande og motstridande. Statlege verksemdar skal samarbeide om informasjonen når det er til beste for innbyggjarar og næringsliv.

Ei viktig tilbakemelding frå deltakarane på regjeringa sin innbyggjarkonferanse i 2007 var at forvaltninga må handsame folk med respekt og skrive klart og enkelt. Ei undersøking Fornyings- og administrasjonsdepartementet gjorde våren 2009, viser at ein av tre nordmenn har vanskar med å forstå offentlege skriv og skjema. Alle verksemdar bør aktivt arbeide med å gjere språket så enkelt som mogleg på nettet, i brev og i skjema.

Regjeringa sette i 2009 i gang prosjektet «Klart språk i staten» (klarspråk.no). Prosjektet er eit samarbeid mellom Direktoratet for forvaltning og IKT og Språkrådet. Prosjektet er eit godt døme på eit tiltak som både er med på å fornye offentleg sektor og å gjere forvaltninga betre. Sosiale medium, brukarskapte tenester på nett (ulike nettsamfunn og bloggar som i Facebook, Twitter og YouTube), har utvikla seg raskt. Dei har fått stor gjennomslagskraft blant innbyggjarane, verksemdar og organisasjonar. Ein tredel av innbyggjarane på nett i Noreg les bloggar. Over halvparten av innbyggjarane på nettet har lagt ut bilete på internett og 10 pst. har lagt ut videoklipp. Kvar veke besøker nesten halvparten av internettbrukarane i Noreg Facebook. Regjeringa vil arbeide for at forvaltninga i auka grad tar i bruk sosiale medium for å skape ein open, effektiv og brukarrette offentleg sektor. Fleire etatar, kommunar og departement er allereie i gang. Men for at fleire skal med, og fleire skal lukkast fullt ut, trengs det meir kunnskap. Regjeringa vil vidareutvikle kunnskapen om fenomen, og stimulere til innovasjon og utvikling av nye digitale tenester med utgangspunkt i den delkulturen som pregar mange av desse nettsamfunna. Regjeringa har sett i gang tiltak for å kartleggje potensialet nye sosiale medium har for innovasjon i offentleg sektor og i næringslivet, særleg med vekt på brukarmedverknad og demokratisk deltaking.

## IKT – ei drivkraft for fornying og innovasjon

IKT er ein viktig reiskap for forvaltninga i arbeidet med å fornye og effektivisere offentleg sektor. Avansert bruk av IKT frigjer store ressursar som kan overførast frå administrasjon til tenesteproduksjon tilpassa det brukarane ønskjer og treng. Slik medverkar bruk av IKT til fornying av offentleg sektor og til effektiv ressursbruk i samfunnet elles. Regjeringa ønskjer eit digitalt samfunn der alle er med og der meir av tenesteproduksjonen er basert på nett og sjølvhjelpsløysingar.

Gjennom avansert bruk og utvikling av IKT vil regjeringa skape gode rammevilkår for nasjonal innovasjon som kjem både næringslivet og det offentlege til nytte. Samspelet mellom næringslivet og offentleg sektor innan IKT er ei viktig drivkraft for framtidig verdiskaping og innovasjon.

Regjeringa har satsa på felles standardar for utveksling av data, felles infrastruktur som gir ein-skapleg kontakflate for brukarar og tilrettelegging for gjenbruk av offentlege informasjonsressursar. Offentlege verksemder skal sjå eigne IKT-investeringar i samheng med IKT-investeringar andre verksemder gjer. Det sikrar god ressursutnytting og læring på tvers.

Regjeringa har støtta etableringa og drifta av Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare. Gjennom denne støtta har regjeringa medverka til å spreie meir kunnskap om fri programvare og stilt ressursar til rådvelde for offentlege verksemder som ønskjer å ta fri programvare i bruk.

Velfungerande konkurransesystem i IKT-marknadene er sentralt for at IKT skal medverke til fornying og innovasjon. Saker frå konkurransestyresmaktene i både Noreg og EU viser at aktivt tilsyn og effektiv handheving av konkurransereglane er viktig for å hindre misbruk av marknadsmakt. I tillegg kan andre verkemiddel, slik som offentleg bruk av opne standardar, vere viktig for å fremje konkurranse.

I 2006–2009 er det totalt løyvd 766 mill. kroner for å sikre at heile landet har tilgang til breiband. No som dette målet er så godt som nådd, vil regjeringa arbeide vidare med å få fleire til å ta nettet i bruk.

### 1.2 Digital fornying av offentleg sektor og sterkt personvern

Deling og gjenbruk av erfaringar, kunnskap og løysingar medverkar til ei betre ressursutnytting. Bruk av fri programvare kan medverke til deling og gjenbruk av IKT-løysingar i offentleg sektor.

For å utvikle avanserte elektroniske kommunikasjonskanalar mellom forvaltninga og innbyggjane

og mellom forvaltninga og næringslivet, krevst det ei sikker løysing for elektronisk identitet (eID). Regjeringa vil ta ansvar for ein samfunnskritisk infrastruktur som har mykje å seie for vidare utvikling av tenester på nett og vil utvikle denne infrastrukturen i offentleg regi. Med denne satsinga får innbyggjarane tilgang til tenester med eit høgt tryggleiksnivå. Det er avgjerande for vern av personopplysningar.

Det digitale samfunnet har store fordelar, men set og personvernet under press. Gjennom kampanjar som «Du bestemmer» har Datatilsynet nådd ut til mange unge og fått til auka merksemd og diskusjon om utfordringar for personvernet knytte til mellom anna, chatting (tekstprat), sosiale medium, lyd og bilete på nettet. For å betre personvernet på nettet har Stortinget løyvd pengar til igangsetjing av ei teneste som skal hjelpe dei som opplever å bli krenkte gjennom tekst eller bilete på nettet.

Datatilsynet spelar ei heilt avgjerande rolle for å gjere folk meir medvitne om personvernsspørsmål. Tilsynet rettar til dømes merksemda mot bruk av fødselsnummer til innlogging på ulike tenester og på kameraovervaking på stadig fleire område i samfunnet.

Utvikling av elektronisk forvaltning og ein felles eID er viktige brikkar i fornyingsarbeidet til regjeringa. Det er heilt vesentleg for å kunne tilby betre tenester og effektivisere offentleg sektor. Målet er at innbyggjarane skal kunne logge seg på offentlege tenester med same elektroniske identifikasjon uavhengig av om tenester dei loggar seg på kjem frå til dømes Skatteetaten, NAV eller kommunen. Dette vil skape grunnlag for ei vidare utvikling av ei elektronisk forvaltning som vil gjere det enklare og raskare for innbyggjarane å få avgjort saker dei tek opp med forvaltninga.

Regjeringa vil ta i bruk IKT på ein måte som tek omsyn til det brukarane treng. I årets statsbudsjett presenterer regjeringa mellom anna følgjande tiltak som medverkar til digital fornying:

- eID (Fornyings- og administrasjonsdepartementet).
- Altinn.
- eResept.
- Elektronisk faktura (Fornyings- og administrasjonsdepartementet).
- Opne standardar (Fornyings- og administrasjonsdepartementet).
- Automatisk frikort for helsetjenester.
- Fri programvare (Fornyings- og administrasjonsdepartementet).

I samband med store IKT-prosjekt i offentleg sektor arbeider regjeringa med å betre metodane for å sikre uttak av vinst ved IKT-investeringar.

### 1.3 Informasjonssamfunn med god og trygg infrastruktur, sterk digital kompetanse

IKT er ein sentral og viktig del av kvardagen for dei fleste, og eit svært viktig verktøy i regjeringa sitt arbeid for å gjere offentleg sektor meir effektiv.

#### Tryggleik og tillit

Informasjonstryggleik er ein føresetnad for næringsutvikling, offentleg e-forvaltning og vern av innbyggjarane sin integritet. Informasjonstryggleik omfattar vern av personlege og sensitive opplysningar. Arbeidet for informasjonstryggleik er primært retta inn mot å utvikle informasjonssystem og nett. I tillegg handlar informasjonstryggleik om å utvikle ein tryggleikskultur.

I samsvar med ansvars-, likskaps- og nærleiksprinsippa skjer hovudtyngda av alt IKT-tryggleiksarbeid i *sektorane*, og då primært i kvar enkelt verksemd. Sikring av sektorane sin samfunnskritiske IKT-infrastruktur har høgaste prioritet. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har eit samordningsansvar for det *førebyggjande* arbeidet med IKT-tryggleiken.

Som ledd i samordningsansvaret gir departementet eit årleg driftstilskott til Norsk senter for informasjonssikring. Det overordna målet for Norsk senter for informasjonssikring er å styrkje den generelle informasjonstryggleiken i landet og å medverke til at verksemdene sin IKT vert mindre sårbar for trugsmål og åtak. Senteret har no fått auka løyvinga slik at drifta av senteret er finansiert. Det vil gjere Norsk senter for informasjonssikring si hovudverksemd uavhengig av bidrag frå næringslivet. Det vil gjere det heilt klart at NorSIS gir uavhengige råd, og vil gjere at verksemda ikkje må vere oppteken med å skaffe kortsiktig finansiering for å ivareta samfunnsoppgåva si. Ved gjennomføring av konkrete prosjekt kan NorSIS hente inn bidrag frå offentlege og private aktørar.

#### eID og eSignatur

Utviklinga av ein felles elektronisk ID (eID) er kanskje det viktigaste enkelttiltaket i den digitale fornyinga av Noreg dei neste åra. Med denne satsinga tek regjeringa òg eit samfunnsansvar når det gjeld tryggleik i vern av personopplysningar. Innbyggjarane vil få tilbod om gode felles eID-løysingar og kan dermed få tilgang til tenester som krev eit høgt tryggleiksnivå. Samtidig tek regjeringa ansvar for ein samfunnskritisk infrastruktur som vil ha mykje å seie for digital deltaking i samfunnet, mellom anna gjennom elektronisk val.

#### Breiband

Regjeringa har medverka til at så godt som alle i Noreg kan kople seg til breiband. Regjeringa er i gang med å greie ut kva som trengst av breiband i framtida og kva styresmaktene bør gjere for å sørge for at heile landet til kvar tid har den breibandsinfrastrukturen vi treng. Fleire departement har derfor saman greidd ut og foreslått nye mål for tilbod om breiband og gitt forslag til korleis desse måla kan realiserast. Eksterne aktørar frå næringsliv og offentleg sektor har vore med i arbeidet. Regjeringa vil ta stilling til nye mål og verkemiddel for breiband med utgangspunkt i dette arbeidet.

#### IKT og klima

IKT står for to prosent av dei globale CO<sub>2</sub>-utsleppa, ein like stor del som luftfarten, i følge ein studie analysebyrået Gartner publiserte i 2007. Med ein stor og IKT-intensiv offentleg sektor, er grøn IKT viktig for å oppfylle norske klimapolitiske mål. Ein innkjøpspolitikk for IKT som vektlegg miljøkriterium, datasentralar som krev mindre energi og auka bruk av videokonferansar, medverkar til ein grøn IKT-politikk. Det offentlege vil som ein stor marknadsaktør òg gi viktige signal til marknaden. I tillegg vil bruk av IKT kunne hjelpe til å redusere dei 98 prosentane av utsleppa som ikkje kjem frå IKT direkte, til dømes ved å betre styring av trafikk og energibruk, og redusert person- og varetransport (til dømes ved videokonferansar og digitale medium).

#### Nye sosiale medium

Nye sosiale medium, som nettsamfunn og brukarskapte tenester, gir nye høve til samfunnsdeltaking og brukarinvolvering. Dei representerer nye måtar for kommunikasjon og informasjon, og dei er viktige for tenesteutvikling, innovasjon og kunnskapsdeling, for både offentleg og privat sektor.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil vurdere bruken av nye medium og korleis dei kan nyttast for å støtte opp under demokratiutviklinga og korleis dette kan bidra til å skape kunnskapsintensive arbeidsplassar gjennom nye, innovative tenester. Samstundes er det nødvendig å fange opp dei meir generelle samfunnskonsekvensane ved utviklinga, som til dømes spørsmål knytte til personvern og informasjonstryggleik.

#### Digital kompetanse og inkludering

Fleire avanserte digitale tenester og digitale plattformer gjer det viktigare at folk har den kompetan-

sen som trengst for å utføre tenestene. Det er viktig for å meistre kvardagen og for å delta i eit arbeidsliv som vert meir digitalisert. For mange er det òg viktig for å kunne følgje med på den digitale kvardagen til ungane heime og på skulen.

Regjeringa vil følgje med på utviklinga i tilgang og bruk av teknologi i befolkninga og vidareføre innsatsen som er omtalt mellom anna i St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjonssamfunn for alle*. Tiltak som støtte til Seniornett og utvikling av biblioteka si rolle som digital møteplass i lokalsamfunn, vil vere sentrale i arbeidet.

### Universell utforming av IKT

Universell utforming av IKT-løysingar er viktig i arbeidet for å gjere informasjonssamfunnet tilgjengeleg for alle. Regjeringa vil framleis prioritere dette området og vil utforme forskrifter til Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne med krav til universell utforming av mellom anna automatar, nettsider og andre IKT-løysingar. Regjeringa har valt å leggje denne tilsynsfunksjonen til Direktoratet for forvaltning og IKT, som vil bygge opp denne i Leikanger. Andre land arbeider også med krav til universell utforming av IKT-varer og -tenester. Om norsk næringsliv er tidleg ute med å tilpasse seg slike krav, vil det kunne gi eit konkurransefortrinn i europeiske og andre internasjonale marknader.

### 1.4 Ei forvaltning med kompetente leiarar og medarbeidarar

Regjeringa vil utvikle, fornye og forbetre offentleg sektor både for brukarar og tilsette. Utvikling og fornying vil vere ein naturleg og nødvendig del av kvardagen for tilsette i ei open og serviceorientert statsforvaltning. Derfor er det behov for kompetente og engasjerte medarbeidarar i forvaltninga og leiarar som gir retning og motiverer til innsats. Statlege verksemder må vere attraktive og konkurransedyktige på arbeidsmarknaden. Derfor vil regjeringa føre ein arbeidsgivarpolitikk som både sikrar dei tilsette gode lønns- og arbeidsvilkår og meningsfylte oppgåver, jobbutvikling og gode moglegheiter for å vidareutvikle kunnskapar og ferdigheiter. Gjennom St.meld. nr. 19 (2008–2009) *Ei forvaltning for demokrati og fellesskap*, har regjeringa gjort nærare greie for prioriteringar for arbeidsgivarpolitikken i staten.

Regjeringa legg vekt på å utvikle statleg sektor i nær dialog med leiarar og medarbeidarar. Medråderett, medverknad og samarbeid med dei tilsette og deira organisasjonar er viktig for å oppnå gode resultat og lykkast i fornyingsarbeidet. Dette gjeld

både i det daglege arbeidet og i omstillingsprosesar. Det skal vere eit kjenneteikn ved forvaltninga at medarbeidarane og leiarane saman tek ansvar både for å nå måla til verksemda og for arbeidsmiljøet og slik utviklar ein god medarbeidarskap.

Leiarane i staten skal bidra til å nå politiske mål, oppnå gode resultat i eiga verksemd og utvikle ei sterk og effektiv forvaltning. Leiarane skal invitere medarbeidarane og organisasjonane deira med i fornyingsarbeidet og spele på deira erfaringar og kunnskap. Regjeringa legg Plattform for leiing i staten til grunn for eit aktivt arbeid med å utvikle ein betre leiarskap. Plattformen fastset basis, rammer og prinsipp som blir lagde til grunn for leiarskapen i staten. Politikken for leiing i staten skal ta utgangspunkt i statens særpreg, verdigrunnlag og overordna mål som skil seg frå private verksemder. Plattformen skal vere ein viktig reiskap for alle som har eit leiaransvar i statleg verksemd, men òg medarbeidarane, tillitsvalde og andre som er opptekne av leiing i det offentlege vil kunne ha nytte av platformen. I 2010 vil Direktoratet for forvaltning og IKT starte opp eit eige leiarprogram – Leder-sats. Leiarprogrammet skal medverke til å utvikle leiarar og leiing i staten i tråd med føringane i Stortingsmeldinga og i Plattform for leiing.

Kvar enkelt medarbeidar er ein ressurs for staten og sit på verdfull kompetanse. Kontinuerleg utvikling av medarbeidarane og deira kompetanse står sentralt i regjeringas arbeidsgivarpolitikk. Det er eit krav til leiarane i statlege verksemder at det blir utarbeidd ein kompetansestrategi for verksemda og utviklingsplanar for kvar enkelt medarbeidar. Direktoratet for forvaltning og IKT utviklar ein heilskapleg strategi for kompetanseutvikling. Denne vil bidra til ei meir målretta og effektiv kompetanseutvikling i staten og sikre tilbod av felles og tverrgående kompetansetiltak for verksemdene.

Staten vil alltid ha behov for kompetent og engasjert arbeidskraft. Forvaltninga må stå godt rusta til å rekruttere den kompetansen det trengst meir av i framtida og aktivisere den arbeidskrafta som i dag ikkje blir brukt, eller brukt på feil stad. Det må leggjast til rette for mangfald og fleksibilitet i arbeidslivet. Staten skal gå føre som ein god og ansvarleg arbeidsgivar.

Målet er eit samfunn og dermed eit arbeidsliv prega av mangfald, openheit, toleranse og inkludering. Derfor har regjeringa mellom anna sett i gang forsøk med kvotering av innvandrarar i fleire statlege verksemder. Det har òg vore gjennomført ulike trainee-program for å rekruttere personar med nedsett funksjonsevne til jobb i staten. Det er forventa at verksemdene følgjer opp og medverkar til auka mangfald på arbeidsplassane. Med målsetjing om å utnytte dei tilgjengelege arbeidskrafts-

ressursane på ein effektiv og god måte, har regjeringa ein offensiv seniorpolitikk. Det skal leggast til rette for at seniorar kan stå lenger i jobb. Gjennom avtalar med partane i arbeidslivet har dei kollektive ordningane for seniorar i staten blitt ytterlegare betra. Ei undersøking gjort av Norsk institutt for oppvekst, velferd og aldring som blei lagt fram i vinter, syner at forventta avgangsalder i staten er auka med 1,1 år i perioden 2002 til 2007 og forventta avgangsalder er no 62,4 år.

I lønnsoppgjøret i 2009 vart partane i offentleg sektor samde om å vidareføre dagens reglar for offentleg tenestepensjon og AFP i offentleg sektor med enkelte tilpassingar. Alderspensjon frå offentlege tenestepensjonsordningar skal levealderjusterast og regulerast etter nye reglar på same måte og frå same tidspunkt som alderspensjon frå folketrygda. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil fremje forslag for Stortinget om endringar i dei lovbestemte offentlege tenestepensjonsordningane i tråd med innhaldet i semjedokumentet.

Partene vart i tariffoppgjøret 2009 enige om å vidareføre arbeidet med likelønn i statleg sektor. Følgjande protokoll vart vedtatt:

«Det nedsettes en partssammensatt arbeidsgruppe med representanter fra FAD og hovedsammenslutningene, som skal utarbeide konkrete forslag til tiltak for å sikre likelønn i staten. Arbeidsgruppen skal gjøre nødvendige undersøkelser og vurderinger for å fremme forslag til tiltak. Tiltakene skal gi grunnlag for et likelønnsløft i tilknytning til hovedoppgjøret 2010. Tiltakene må tilpasses statens særpreg, og blant annet bygge på likelønnskommisjonens rapport. Arbeidsgruppens rapport må foreligge senest 1. februar 2010.»

Eit godt arbeidsmiljø er ein viktig føresetnad for at forvaltninga skal nå sine mål. Hausten 2009 skal det gjennomførast ei ny og omfattande medarbeidarundersøking blant tilsette i staten. Resultata frå denne vil gi eit viktig kunnskapsgrunnlag for vidareutvikling og iverksetjing av personalpolitiske tiltak i staten.

## 1.5 Konkurransen for effektiv ressursbruk

Gjennom ein aktiv konkurransepolitikk ønskjer regjeringa å stimulere til effektiv bruk av ressursane i samfunnet. Ressursane må nyttast der dei kastar mest av seg. Marknader med velfungerande konkurranse er eit godt grunnlag for å bidra til at dette skjer.

Konkurranse medverkar til eit innovativt og omstillingsdyktig næringsliv som produserer varer og tenester på ein effektiv måte. Dette styrkjer Noregs konkurranseevne internasjonalt. For forbrukarane er konkurranse med på å sikre eit breitt tilbod av varer og tenester med god kvalitet til låg pris i samsvar med den enkelte sine behov.

Velfungerande marknader oppstår ikkje av seg sjølve, og det er heller ikkje sjølvstøtt at ein marknad blir verande velfungerande. Næringslivet kan tene store summer på å samarbeide om prisar, fordele marknader seg i mellom eller på annan måte skaffe seg og utnytte marknadsmakt til skade for samfunnet som heilskap og forbrukarane spesielt. Konkurranseskadeleg atferd fører til auka kostnader, høgare prisar, produkt med lågare kvalitet og mindre produktutvikling. Det er derfor nødvendig å ha ei konkurranselovgeving som forbyr slik skadeleg atferd og som blir handheva strengt. I tillegg til at handheving vil ha ein direkte effekt i marknadene, vil ein konkurransepolitikk òg ha ein avskrekkande effekt på konkurranse-skadeleg atferd.

Regjeringa har styrkt innsatsen for å motarbeide kartell og motverke konkurransekriminalitet. I samband med den internasjonale finanskrisa har regjeringa i 2009 lagt til rette for at Konkurransetilsynet kan føre aktivt tilsyn med om det oppstår uheldige konsekvensar for konkurransen som følge av tiltaka som er gjennomførte. Større etterforskingsskapasitet, betre analysar og oppbygging av nye, avanserte IKT-system har stått sentralt i Konkurransetilsynet sitt arbeid med å motarbeide konkurransekriminalitet.

For å få til ein effektiv bruk av fellesskapet sine midlar er det òg viktig at konkurransen fungerer når det gjeld offentlege innkjøp. Dette sikrar ein best gjennom eit samspel mellom eit tydeleg regelverk, kontroll med at regelverket blir følgt og ei effektiv overvaking av at det eksisterer velfungerande konkurranse blant tilbydarane av varer og tenester til offentleg sektor.

St.meld. nr. 36 (2008–2009) *Det gode innkjøp*, vart lagt fram i 2009. Det offentlege handlar for om lag 270 mrd. kroner kvart år. Då vil og små forbetringar i offentlege innkjøpsrutinar innebære at store beløp kan frigjerast til andre formål. Regelverket for offentlege innkjøp skal medverke til auka verdiskaping i samfunnet ved å sikre mest mogleg effektiv ressursbruk ved offentlege innkjøp med utgangspunkt i forretningsmessige vurderingar og likehandsaming. Det offentlege skal få god kvalitet og riktig pris på innkjøpa, samtidig som allmenta skal ha tillit til at offentlege innkjøp skjer på ein samfunnsstenleg måte. Innkjøpsnettverk i det offentlege skal vidareutviklast og det skal stimulerast til at den kunnskap og erfaring

som offentlege innkjøparar har, blir delt og vidareutvikla.

Rapportar frå Riksrevisjonen har i fleire år påvist at reglane ofte blir brotne. Funn i kommunale og fylkeskommunale revisjonar og saker til handsaming i Klagenemnda for offentlige anskaffelser underbyggjer at brot på reglane er eit samfunnsproblem. Dette er ikkje god samfunnsøkonomi og er òg med på å svekkje tilliten til offentleg forvaltning. Klagenemnda for offentlige anskaffelser spelar ei sentral rolle for å skjerpe offentlege innkjøparar til å gjere innkjøp i tråd med lovar og reglar. Auka saksmengd i nemnda, og mange overtredingsgebyr som følgje av brot på innkjøpsregelverket, er eit teikn på at regelverket ikkje blir etterlevd i stor nok grad.

Regjeringa meiner det er nødvendig med auka profesjonalisering av offentlege innkjøp. Korrekte og gode innkjøp er eit leiaransvar. Leiarane må ta dette ansvaret og gi innkjøpsområdet meir merksemd. Både leiarar og innkjøparar på alle nivå skal få tilgang på meir kompetanse og rettleiing. I tillegg skal det satsast sterkt på elektroniske løysingar. Effektive elektroniske løysingar, som til dømes elektronisk faktura og konkurranse gjennomføringsverktøy, kan frigjere ressursar som kan brukast til både fornying av offentleg sektor og meir velferd. Regjeringa vil derfor styrkje innsatsen på elektroniske løysingar gjennom auka løyvingar.

Når det gjeld konkurransen om offentlege innkjøpskontraktar, er det Konkurransetilsynets oppgåve å sørge for at denne fungerer. Dersom denne konkurransen blir sett ut av spel gjennom ulovleg samarbeid om prisar eller marknadsdeling mellom tilbydarar, er det til lita nytte at regelverket for offentlege innkjøp er godt og blir følgd.

## 1.6 Godt organisert stat med gode fellestenester

Stortingsmeldinga om forvaltningspolitikken gir hovudlinjene i regjeringas politikk for statsforvaltninga. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har ansvar for samordning av statsforvaltningas arbeid på sektorovergripande område. Gode tenester på disse fellesområda er viktig for at dei ulike verksemdene skal kunne fokusere og prioritere innsatsen sin på å utvikle gode tenester til det beste for brukarane. Regjeringa meiner det på mange område er behov for meir samordning. Det gjeld ikkje minst på IKT-området der det er mykje å hente på å utnytte kunnskap og løysingar frå ulike sektorar.

I styringa av underliggjande verksemdar blir det lagt vekt på at kvar enkelt verksemd må styrast

og utviklast i tråd med verksemdas eigenart, oppgåvene som skal løysast og dei overordna føringane slik dei kjem til uttrykk i blant anna stortingsmeldinga om forvaltningspolitikken.

Regjeringa er særleg oppteken av korleis statleg sektor med sine verksemdar og ikkje minst leiarar og medarbeidarar kan medverke til ei meir miljøvennleg drift og forvaltning. Miljø har derfor eit særleg fokus i samband med innkjøp til det offentlege.

Statsbygg har ei sentral rolle som ein stor statleg eigedomsforvaltar og byggherre. Det er viktig at Statsbygg går føre og viser veg i byggjesektoren gjennom å stille krav til miljøvennlege løysingar, både i eksisterande bygningsmasse og i nye prosjekt.

I løpet av 2009 fekk Statsbygg tilført ressursar i samband med regjeringas tiltakspakke mot finanskrisa. Statsbygg har stor aktivitet over heile landet knytt til gjennomføring av vedlikehaldstiltak, prosjektering og bygging. Innlemminga av fengelseigedommar i husleigeordninga vart gjennomført på ein god måte. For Statsbygg vil store prosjekt innan kultursektoren, undervisningssektoren og fengselssektoren krevje stor merksemd òg i 2010. Staten fører ein aktiv byggje- og eigedomspolitikk og aktiviteten er stor. Forvaltninga av statlege bygningar og eigedom er viktig for å sikre effektive løysingar tilpassa dei statlege verksemdene sine ønske og behov.

Fylkesmannen er eit viktig knutepunkt mellom stat og kommune, særleg for å samordne og formidle statleg politikk til kommunane på område der nasjonale omsyn veg tungt. I tillegg har fylkesmennene ei viktig oppgåve i å ta vare på omsynet til rettstryggleiken gjennom handsaming av klager og gjennom tilsynsfunksjonane embetet har i høve til kommunane. Fylkesmennene er òg viktige ved at dei sender signal frå kommunane til departementa. Stortinget har gjennom handsaming av St.meld. nr. 12 (2006–2007) *Regionale fortrinn – regional framtid*, slutta seg til at kjernen i Fylkesmannen si rolle framleis ligg fast. Rolla og funksjonen til Fylkesmannen må utvikle seg slik at offentleg sektor på regionalt og lokalt plan vert best mogleg i stand til å møte framtidige utfordringar. Fornyings- og administrasjonsdepartementet gjennomgår no korleis mellom anna forvaltningsreforma og samfunnsutfordringar påverkar hovudfunksjonane og rollene til fylkesmannsembeta. Eit viktig siktemål med arbeidet er å klargjere Fylkesmannen si rolle og utviklingsretning framover.

I Statens Pensjonskasse går det føre seg eit omfattande og komplisert arbeid med å tilpasse system og arbeidsprosessar til endringar i offentleg tenestepensjon og ny folketrygd (prosjekt PER-

FORM). Prosjektet skal etter planen vere ferdig innan 1.1.2011. Ein slik tidsplan er svært krevjande som følge av pågåande tilpassingar i samordningsregelverket, tilpassingar i folketrygdas uføre- og etterlatnereglar, og tilpassingar av særaldersreglar. Samtidig skal Statens Pensjonskasse sørge for at datasystem og arbeidsprosessar er tilpassa nye regelverk, sørge for utbetalingar av korrekt pensjon til rett tid samt sikre ei god oppfølging av andre driftsrelaterte oppgåver. Dette stiller etaten overfor store utfordringar når det gjeld prosjektstyring og drift. Dette er eit viktig og krevjande arbeid som departementet følgjer tett, både i den jamlege etatsstyringa og gjennom eit særskilt oppfølgingssystem for PERFORM-prosjektet. Det er mellom anna gjennomført ei oppdatert KS2-evalue-

ring av PERFORM i byrjinga av 2009, og departementet vil vurdere behovet for ein ny KS2-gjennomgang når dei aktuelle regelverka er avklarte i løpet av hausten 2009.

Felles administrative støttefunksjonar utnyttar stordriftsfordelar samtidig som det medverkar til større grad av kvalitet og profesjonalitet i tenesteytingane. Servicesenteret for departementa leverer fellestenester og administrative støttenester til Statsministerens kontor og departementa og har ei viktig oppgåve i å påverke til utvikling og bruk av framtidretta arbeidsverktøy i departementsfellesskapet. Dei seinare år har etaten òg fått ei viktig pådrivarrolle for meir miljøvennleg drift i regjeringskvartalet.



## 2 Oppmodingsvedtak

I proposisjonens del III er følgende oppmodingsvedtak omtalt:

Vedtak nr. 247, 9. mars 2004:

«Stortinget ber Regjeringen legge til rette for å øke takten i bredbåndsutbyggingen slik at

målet om bredbånd til alle husstander, bedrifter og offentlige institusjoner kan nås i løpet av 2007. Regjeringen bes kommentere status for framdrift i budsjettene».

### 3 Oversikt over forslaget til budsjett for Fornyings- og administrasjonsdepartementet

#### Utgifter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
	Det kongelege hus				
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga	149 346	152 212	151 540	-0,4
2	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa	20 287	21 289	23 243	9,2
	Sum kategori 00.10	169 633	173 501	174 783	0,7
	Sum programområde 00	169 633	173 501	174 783	0,7
	Administrasjon mv.				
1500	Fornyings- og administrasjonsdepar- tementet	257 849	233 500	227 972	-2,4
1502	Tilskot til kompetanseutvikling	16 418	14 000		-100,0
1503	Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde	113 015	113 086	126 707	12,0
	Sum kategori 01.00	387 282	360 586	354 679	-1,6
	Fylkesmannsembeta				
1510	Fylkesmannsembeta	1 481 582	1 343 379	1 362 818	1,4
	Sum kategori 01.10	1 481 582	1 343 379	1 362 818	1,4
	Fellestener i regjeringskvartalet				
1520	Servicesenteret for departementa	467 127	455 932	476 086	4,4
	Sum kategori 01.20	467 127	455 932	476 086	4,4
	Partistønad				
1530	Tilskot til dei politiske partia	320 993	337 203	347 982	3,2
	Sum kategori 01.30	320 993	337 203	347 982	3,2
	Pensjonar m.m.				
1541	Pensjonar av statskassa	21 946	21 700	21 600	-0,5
1542	Tilskot til Statens Pensjonskasse	9 126 342	8 357 000	8 138 000	-2,6
1543	Arbeidsgivaravgift til folketrygda	852 000	921 000	762 000	-17,3
1544	Bustadlâneordninga i Statens Pen- sjonskasse	5 052 098	3 400 000	6 033 000	77,4
1546	Yrkesskadeforsikring	73 749	94 000	92 000	-2,1
1547	Gruppelivsforsikring	99 152	126 000	131 000	4,0
2470	Statens Pensjonskasse	57 415	315 910	312 571	-1,1
	Sum kategori 01.40	15 282 702	13 235 610	15 490 171	17,0

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
	Konkurransopolitikk				
1550	Konkurransetilsynet	93 924	85 277	86 321	1,2
	Sum kategori 01.50	93 924	85 277	86 321	1,2
	Forvaltningsutvikling og IKT-politikk				
1560	Direktoratet for forvaltning og IKT	135 589	252 825	263 652	4,3
1561	IKT-politikk	44 956	26 877	27 238	1,3
1562	Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram	15 558	20 149	20 821	3,3
	Sum kategori 01.60	196 103	299 851	311 711	4,0
	Personvern				
1570	Datatilsynet	27 252	27 955	30 989	10,9
1571	Personvernemnda	979	1 650	1 683	2,0
	Sum kategori 01.70	28 231	29 605	32 672	10,4
	Byggje- og eideomspolitikk				
1580	Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga	1 761 189	1 065 490	874 000	-18,0
1581	Eigedomar til kongelege føremål	59 248	61 586	43 337	-29,6
1582	Utvikling av Fornebuområdet	22 112	7 000	11 000	57,1
1583	Utvikling av Pilestredet Park	1 773			
2445	Statsbygg	844 732	1 218 531	1 491 867	22,4
	Sum kategori 01.80	2 689 054	2 352 607	2 420 204	2,9
	Sum programområde 01	20 946 998	18 500 050	20 882 644	12,9
	Sum utgifter	21 116 631	18 673 551	21 057 427	12,8

**Inntekter fordelt på kapittel**

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
	Administrasjon mv.				
4500	Fornyings- og administrasjonsdepartementet	4 907			
	Sum kategori 01.00	4 907			
	Fylkesmannsembeta				
4510	Fylkesmannsembeta	322 441	149 961	154 760	3,2
	Sum kategori 01.10	322 441	149 961	154 760	3,2
	Fellestenester i Regjeringskvartalet m.m.				
4520	Servicesenteret for departementa	179 024	90 887	87 647	-3,6
	Sum kategori 01.20	179 024	90 887	87 647	-3,6
	Pensjonar m.m.				

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
4544	Bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse			3 518 000	
4546	Yrkesskadeforsikring	132 906	127 000	136 000	7,1
4547	Gruppelivsforsikring	56 448	47 000	98 000	108,5
5470	Statens Pensjonskasse	22 459	17 059	18 069	5,9
5607	Renter av bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse	1 050 219	1 223 000	734 000	-40,0
	Sum kategori 01.40	1 262 032	1 414 059	4 504 069	218,5
	Konkurransopolitikk				
4550	Konkurransetilsynet	7 231	210	217	3,3
	Sum kategori 01.50	7 231	210	217	3,3
	Forvaltningsutvikling og IKT-politikk				
4560	Direktoratet for forvaltning og IKT	12 510	7 620	12 364	62,3
	Sum kategori 01.60	12 510	7 620	12 364	62,3
	Personvern				
4570	Datatilsynet	603			
	Sum kategori 01.70	603			
	Byggje- og eigedomspolitik				
4581	Eigedomar til kongelege føremål	137	131	135	3,1
5445	Statsbygg	940 700	900 000	916 545	1,8
5446	Sal av eigedom, Fornebu	120 284	23 600	23 600	0,0
	Sum kategori 01.80	1 061 121	923 731	940 280	1,8
	Sum programområde 01	2 849 869	2 586 468	5 699 337	120,4
	Sum inntekter	2 849 869	2 586 468	5 699 337	120,4

### Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
01-23	Driftsutgifter	12 586 846	11 837 932	11 544 124	-2,5
24-24	Driftsresultat	-481 906	-559 988	-521 828	-6,8
30-49	Nybygg, anlegg mv	3 221 803	3 242 531	3 275 545	1,0
50-59	Overføringer til andre statsrekneskappar	165 361	158 214	158 237	0,0
70-79	Overføringer til private	572 429	594 862	601 349	1,1
90-99	Utlån, avdrag mv.	5 052 098	3 400 000	6 000 000	76,5
	Sum under departementet	21 116 631	18 673 551	21 057 427	12,8

**Poster med tittel «kan overføres»**

*Under Fornyings- og administrasjonsdepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30-49*

(i 1 000 kr)				
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2009	Forslag 2010
1500	21	Spesielle driftsutgifter	43 577	65 067
1500	22	Forskning	3 320	13 416
1510	21	Spesielle driftsutgifter		154 800
1560	21	Spesielle driftsutgifter	6 419	44 978
1560	23	Elektronisk ID		60 960
1561	22	Samordning av IKT-politikken	27 477	16 022
1562	70	Tilskot til internasjonale program	5 320	16 794
1582	21	Spesielle driftsutgifter	917	500



*Del II*  
*Budsjettforslag*





## Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar

### Programkategori 00.10 Det kongelege hus

Utgifter under programkategori 00.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga	149 346	152 212	151 540	-0,4
2	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa	20 287	21 289	23 243	9,2
Sum kategori 00.10		169 633	173 501	174 783	0,7

#### Allmenn omtale

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har ansvaret for løyvingane til kongehuset. I tillegg til

løyvingane under kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga og kap. 2 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa, vert følgjande midlar nytta til kongelege føremål i 2010:

(i 1000 kroner)	
<i>Fornyings- og administrasjonsdepartementet</i>	
Kap. 1581 Eigedomar til kongelege føremål	43 337
<i>Utanriksdepartementet</i>	
Kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet	8 413
<i>Forsvarsdepartementet</i>	
Div. kapittel (H.M. Kongens adjutantstab)	5 000
Kap. 1732 Sjøforsvaret (Kongeskipet og K/B Stjernen)	30 000
<i>Justisdepartementet</i>	
Kap. 441 Oslo politidistrikt (eskortetjeneste)	Vert ikkje oppgitt

#### Kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Apanasje	8 256	8 751	9 031
50	Det kongelege hoff	125 715	127 778	142 509
51	Særskilde prosjekt ved Det kongelege hoff	15 375	15 683	
Sum kap. 1		149 346	152 212	151 540

**Post 01 Apanasje**

Løyvinga vert nytta til personlege utgifter for H.M. Kongen og H.M. Dronninga, medrekna utgifter i samband med diverse offisielle oppgåver, og til drift og vedlikehald av egne eigedomar.

**Post 50 Det kongelege hoff**

Løyvinga vert nytta til kongehuset sine utgifter til offisielle oppgåver, drift av organisasjonen, infrastruktur og mindre investeringar til vedlikehald.

Løyvinga skal òg dekkje utgifter til jamleg indre vedlikehald og utvikling av dei statlege kongelege eigedomane, Det Kgl. Slott, Bygdøy Kongs-

gard (hovudhuset m/sidebygning og park) og Oscarshall.

Den foreslåtte auken i løyvinga på posten kjem i hovudsak av at det er utarbeidd nye kalkylar for utgifter knytte til forvaltning, drift og vedlikehald av dei nemnde eigedommane, samstundes med at det er utført rehabiliteringsarbeid ved Bygdøy kongsgard og Oscarshall som inneber eit høgare vedlikehaldsnivå.

**Post 51 Særskilte prosjekt ved Det kongelege hoff**

Rehabiliteringa av Oscarshall vert slutført i 2009. Det vert difor ikkje gjort framlegg om løyving på denne posten i 2010.

**Kap. 2 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa**

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Apanasje	6 166	6 536	7 515
50	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa sin stab mv.	14 121	14 753	15 728
	Sum kap. 2	20 287	21 289	23 243

**Post 01 Apanasje**

Løyvinga skal dekkje kronprinsparet sine personlege utgifter, medrekna utgifter til drift og vedlikehald av egne eigedomar.

Det vert foreslått å auke løyvinga på posten grunna nye kalkylar for vedlikehald av Skaugum.

**Post 50 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa sin stab mv.**

Løyvinga skal dekkje utgifter til kronprinsparet sin stab på Det Kgl. Slott og betening på Skaugum, og utgifter i samband med kronprinsparet sine offisielle oppgåver.

Løyvinga vert foreslått auka grunna behov for å styrkje staben ved Skaugum.

## Programområde 01 Fellesadministrasjon

### Programkategori 01.00 Administrasjon mv.

Utgifter under programkategori 01.00 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
1500	Fornyings- og administrasjonsdepartementet	257 849	233 500	227 972	-2,4
1502	Tilskot til kompetanseutvikling	16 418	14 000		-100,0
1503	Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde	113 015	113 086	126 707	12,0
Sum kategori 01.00		387 282	360 586	354 679	-1,6

#### Kap. 1500 Fornyings- og administrasjonsdepartementet

					(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	
01	Driftsutgifter	151 996	150 028	149 489	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	99 173	70 472	65 067	
22	Forsking, <i>kan overførast</i>	6 680	13 000	13 416	
Sum kap. 1500		257 849	233 500	227 972	

#### Rapport 2008

##### Betre kunnskap om omstilling

For å betre kunnskapsgrunnlaget i forvaltningspolitikken, spesielt innanfor endring og omstilling, har Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2008 mellom anna utarbeidd metodegrunnlag for evaluering av tilsynsutflyttingane, og starta opp ei ekstern evaluering av tilsynsutflyttingane som vart levert i 2009 (Evaluering av utflytting av statlige tilsyn, Asplan Viak 2009). Departementet har òg laga ein rapport om betre samordning og styring av store og/eller strategisk viktige IKT-prosjekt i staten, mellom anna for å sikre betre vinstrealisering ved IKT-investeringar.

Direktoratet for forvaltning og IKT er fagorgan på området endring og omstilling. I 2008 har direktoratet mellom anna

- Gitt ut rettleiar i utrekning av vinstar og kostnader ved omstilling (Omstilling av statlege verksemder. Rettleiar i berekning av samfunnsøkonomiske gevinstar og kostnader, Direktoratet for forvaltning og IKT og Senter for statlig økonomistyring 2008).
- Arbeidd med ulike sider ved forholdet mellom departement og underliggjande verksemder som ein del av underlaget for stortingsmeldinga om forvaltningspolitikk, St.meld. nr. 19 (2008–2009) *Ei forvaltning for demokrati og fellesskap*. Direktoratet har laga rapportane Organisasjonsendringar i staten 1992–2007 Difi- rapport

2008:3, og Direktoratenes faglige rolle: En rolle under økende press? Difi-rapport 2008:14.

- Gitt ut den årlege publikasjonen om endringar i forvaltninga (Forvaltningsutsyn 2007: Staten – Fakta om størrelse, struktur og endring, Difi rapport 2008:10).

### Styring og leiing for å fremje kvalitet

Fornyings- og administrasjonsdepartementet gjennomførte i 2007 ei spørjeundersøking blant medarbeidarane i staten om arbeidslivsforhold, motivasjon og trivsel. Om lag 4500 medarbeidarar tok del i undersøkinga. Undersøkinga syner eit behov for å styrkje leiarskap og kompetanseutvikling i staten. Resultata frå undersøkinga vart presenterte i ein rapport som vart lagt fram i februar 2008. Undersøkinga har gitt utvida kunnskap som er nytta i arbeidet med utarbeiding av kapitlet om arbeidsgivarpolitikk og leiing i St.meld. 19 (2008–2009) *Ei forvaltning for demokrati og fellesskap*.

### Eit meir inkluderande arbeidsliv (IA)

Samarbeidet mellom regjeringa og partane i arbeidslivet har vore avgjerande for å nå resultat i arbeidet for eit meir inkluderande arbeidsliv. Det gjeld òg det statlege tariffområdet. Staten er den sektoren der venta avgangsalder har auka mest.

Avtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv vart vidareført med justeringar frå 2006. Delmåla har vore dei same som i intensjonsavtalen frå 2001.

#### *Delmål 1: Sjukefråværet i staten*

Staten har så langt ikkje nådd målet for redusert sjukefråvær. Det har vore uendra frå 2005 til 2008 på om lag 5,6 pst. Målet om 20 pst. reduksjon i 2009 vert difor vanskeleg å nå. Fornyings- og administrasjonsdepartementet informerer alle departementa om sjukefråværsstatistikken i dei ulike departementsområda kvart kvartal.

Frå departementet si side er det retta auka merksemd mot delmål to og tre i avtalen etter 2006. Det er førebels ikkje mogleg å seie noko om samfunnsøkonomiske konsekvensar av redusert arbeidstid.

#### *Delmål 2: Personar med nedsett funksjonsevne*

På nasjonalt nivå er ikkje målet i IA-avtalen om å auke rekrutteringa av personar med nedsett funksjonsevne nådd. Staten har hatt ein eigen tiltaksplan for å auke rekrutteringa frå denne gruppa. I denne tiltaksplanen har målet mellom anna vore at 5 pst. av alle nyttilsette skal komme frå denne

gruppa. Det ligg ikkje føre rapporteringar for 2008, men dei fyrste åra av tiltaksplanen viste at målet ikkje vart nådd. Departementet har sett i verk fleire tiltak for å auke rekrutteringa av personar med nedsett funksjonsevne. Slike tiltak har vore aktiv informasjon om lover, forskrifter og verkemiddel, mellom anna trainee-program, fagpanel med brukarorganisasjonar og partar i arbeidslivet, krav til stillingsannonsering, fylkesvise møte og rettleiing i IA-arbeid. I mai 2007 starta Fornyings- og administrasjonsdepartementet eit eitt-årig trainee-program i sentralforvaltninga for personar med høg utdanning og nedsett funksjonsevne. Det var 126 søkjarar til dei 17 trainee-plassane. Evalueringa synte at tiltaket var vellukka og gav viktig erfaring og lærdom.

#### *Delmål 3: Auke av avgangsalderen*

Den venta pensjoneringsalderen i det statlege tariffområdet steig frå 61,3 til 62,4 år i perioden 2002 til 2007. Tala inkluderer avgang ved særaldersgrenser, uførepensjon, alderspensjon, AFP og førtidspensjon. Auken er høgare enn målet på 6 månader som var sett i IA-avtalen. Auken utgjer om lag 1 mrd. kroner i kostnadsreduksjon. Regjeringa vil halde fram med arbeidet og vil i samarbeid med partane i arbeidslivet vidareføre innsatsen for eit meir inkluderande arbeidsliv.

### Inkludering av innvandrargruppene

I oktober 2008 hadde 6,9 pst. av dei tilsette i statsadministrasjonen innvandrarbakgrunn. Dette er ei auke samanlikna med Statistisk Sentralbyrå sine justerte tal for 2007, som viste 6,3 pst. Av desse var 3,7 pst. frå EU/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia og New-Zealand og 3,2 pst. frå Europa utanom EU/EFTA, Asia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika.

Det er noko færre med innvandrarbakgrunn i staten enn i privat sektor. Dette kjem mellom anna av at berre 25 pst. av stillingane i privat sektor krev høgare utdanning, medan 70 pst. av stillingane i staten krev dette. Det er ein del fleire blant innvandrarakgrunn som har mellomutdanning eller berre obligatorisk utdanning.

Den siste kartlegginga av om arbeidsgivarane følgjer opp pålegget om å kalle inn minst ein kvalifisert søkjar med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn til jobbintervju, viste at 33 pst. av dei med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn som blei kalla inn til intervju, blei tilsette. Av alle som blei tilsette hadde 5,1 pst. ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn. Fornyings- og administrasjonsdepartementet gjennomfører i 2008 og 2009 eit toårig forsøk med moderat kvotering av personar med ikkje-vestleg innvandr-

arbakgrunn i 12 statlege verksemdar. Moderat kvotering tyder i denne samanhengen at arbeidsgivaren, i samsvar med diskrimineringslova og blant søkjarar med om lag like kvalifikasjonar, kan tilsetje ein søkjar med ikkje-vestleg innvandrabakgrunn, sjølv om han ville blitt rangert etter den best kvalifiserte søkjaren. Institutt for samfunnsforskning gjennomfører ei følgjeevaluering av forsøket.

#### Forsøk med redusert arbeidstid

Forsøk med redusert arbeidstid for seniorar starta hausten 2007 og vart avslutta 31.7.2009. Forsøket innebar at utvalde tilsette som var 62 år eller eldre i 2007, fekk tilbod om redusert arbeidstid (80 pst.) med full lønsmessig kompensasjon. Forsøket omfatta grupper av tilsette i Vegvesenet, Skatteetaten og nokre fylkesmannsembete og bispedøme (prestar). Hovudhensikta med forsøket var å finne ut om redusert arbeidstid ville føre til at seniorar utsette pensjoneringstidspunktet sitt. Sluttrapporten skal liggje føre i februar 2010. Ein førebels rapport som byggjer på data som er samla inn fram til desember 2008, viser at deltakarane meiner at:

- Arbeidstidsreduksjonen har positiv effekt på helse, generell trivsel og innsats på jobben.
- Om lag to tredelar har valt å ta fri ein dag per veke eller andre samansetjingar som gir heile fridagar. Svært få har valt redusert dagleg arbeidstid (6 timars dag).
- Moglegheitene for lønnsauke er reduserte, men at dei framleis får interessante arbeidsoppgåver og har god innverknad på jobben. Arbeidsmengda opplever dei gjennomgåande som jamn og ikkje for høg.
- Forsøksdeltakarane i gjennomsnitt utset pensjoneringstidspunktet sitt.

#### Auka tillit til statsforvaltninga

Hausten 2007 la Fornyings- og administrasjonsdepartementet fram retningslinjer for korleis arbeidsgivarane i staten skulle utarbeide lokale varslingsrutinar. Det vart gitt ut eit eige hefte med retningslinjene, P-0939 B. Retningslinjene ligg òg på Fornyings- og administrasjonsdepartementet si heimeside.

#### Klimagasskvotar

Regjeringa vedtok i 2007 at staten skal kjøpe klimagasskvotar for å dekkje CO<sub>2</sub>-utslepp ved statstilsette sine tenestereiser med fly internasjonalt. For 2. halvår 2008 har Direktoratet for forvaltning og IKT rekna ut at reiseaktiviteten for alle tilsette i sta-

ten er 87 396 reiser og 176 497 226 km reist distanse. Finansdepartementet bruker denne informasjonen som grunnlag for kjøp av klimagasskvotar, jf. omtale i Prop. S 1 (2009–2010) *Finansdepartementet*, kap. 1638 Kjøp av klimagasskvoter.

#### Betre dokumentasjon av statleg ressursbruk og resultat (StatRes)

StatRes utviklar og formidlar statistikk om staten. Systemet skal auke kunnskapen om ressursbruk og om kvalitet og resultat av statleg tenesteproduksjon. Via internett ([www.ssb.no/statres](http://www.ssb.no/statres)) kan innbyggjarar, offentleg tilsette, forskarar og andre følge med i ressursbruken og i utviklinga i indikatorar for statlege sektorar og verksemdar.

Statistisk sentralbyrå har utvikla StatRes på oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet og i nært samarbeid med involverte fagdepartement og etatar. Prosjektet bruker i stor grad internasjonale standardar, noko som legg til rette for framtidige samanlikningar med andre land. På følgjande område gir StatRes tal utover ressursinnsats: Universitet og høgskular, spesialisthelsetesta, statleg barnevern, toll- og avgiftsetaten, politi og påtalemynd, Jernbaneverket og Kriminalomsorga. StatRes er i ein utviklingsfase fram til ut 2012.

#### Offentleg elektronisk postjournal

Offentleg elektronisk postjournal (OEP) vil gjerne forvaltninga sine dokument meir tilgjengelege for allmenta. Meininga var å lansere offentleg elektronisk postjournal i 2008. Ordninga er heimla i offentlegforskrifta. Sidan arbeidet med forskrifta tok lenger tid enn ein rekna med, er lanseringa utsett til hausten 2009.

#### Ny undersøking om tilfredsheit med offentlege tenester

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har i samarbeid med andre departement sett i gang arbeidet med ei stor ny undersøking av kor tilfredse innbyggjarane er med offentlege tenester. Undersøkinga skal gi tenesteytarar og styresmakter betre grunnlag for å utvikle kvaliteten på tenesene. I 2008 har Departementet og samarbeidspartnarane utvikla metodikk og spørjeskjema saman med ei fagleg styringsgruppe. Ein pilot vart utvikla saman med TNS Gallup. Departementet har samarbeidd med KS for at nokre spørsmål kan gjere det mogleg å samanlikne resultatata med den

undersøkinga som vert gjennomført for kommunal sektor.

### Forenkla offentleg innkrevjing

NOU 2007:12 Offentleg innkrevjing kom med omfattande forslag til endringar i organisering og verkemåte for statleg innkrevjing. Utgreiinga var på offentleg høyring i 2008. Det kom inn 202 høyringssvar og oppsummering av desse er tilgjengeleg på regjeringa.no. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vurderer saman med Finansdepartementet korleis forslaga skal følgjast opp.

### Forsking

Departementet si forskingsinnsats har vore innretta mot betre tryggleik innanfor IKT-området. Satsinga vart mellom anna kanalisert gjennom forskingsrådets program SOS-IKT.

### Mål og prioriteringar 2010

Det er gjort greie for departementet sine overordna politiske prioriteringar for 2010 i innleiinga til proposisjonen. Utgiftene under kap. 1500 dekkjer driftsutgiftene i departementet, og dessutan særskilte driftsutgifter som understøttar dei overordna prioriteringane i 2010. Nedanfor vert viktige enkeltprosjekt for 2010 presenterte.

### Departementa sitt fagpanel for samfunnsøkonomiske konsekvensanalysar

Fagpanelet for samfunnsøkonomiske konsekvensanalysar er eit samarbeid mellom departementa, under leiing av Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Fagpanelet skal heve kunnskapen om samfunnsøkonomiske analysar i departementsfellesskapet og bidra til auka kvalitet på konsekvensanalysar. Fagpanelet skal gi råd og arrangere seminar for tilsette i departementa som arbeider med konsekvensanalysar. Fagpanelet skal òg gjennomføre egne analysar.

### Dokumentasjon om statleg ressursbruk og resultat (StatRes)

Etter planen skal StatRes i 2009 publisere tal og resultatinformasjon frå fem nye område; NAV, forsvaret, domstolane, Statens vegvesen og Grøn stat. Det er planlagt å publisere tal for ressursbruk for alle resterande statlege område i 2009. StatRes skal i 2010 gi informasjon om meir enn ressursbruk for fleire område enn systemet gjer i dag. Samstundes skal dei eksisterande pilotane få betre

indikatorar og tal, og SSB skal utvikle dei tekniske løysingane vidare.

### Brukarretting, brukarmedverknad og innbyggjarundersøking

Brukarmedverknad og brukarretting av offentlege tenester er eit sentralt mål for regjeringa, jf. St.meld. nr. 19 (2008–2009) *Ei forvaltning for demokrati og fellesskap*. Alle statlege verksemder skal med jamne mellomrom gjennomføre brukarundersøkingar, og resultatane av dei skal normalt vere offentleg tilgjengelege. Nokre etatar etablerer brukarråd eller andre fora for at representantar for brukarane kan vere med på å forme tenestene. Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Direktoratet for forvaltning og IKT vil i 2010 kartlegge omfanget av brukarundersøkingar, brukarråd og andre tiltak for brukarretting og brukarmedverknad.

Innbyggjarundersøkinga 2009 vart sendt ut til 30 000 tilfeldig valde personar for å måle kva innbyggjarane meiner om over 20 av dei viktigaste offentlege tenestene, mellom anna samferdsle, skule, sjukehus, eldreomsorg og politi. Resultatane vil ligge føre seinhausten 2009 og vil danne grunnlaget for eit vidare analysearbeid i 2010. Direktoratet for forvaltning og IKT skal på bakgrunn av dette kunne gi råd til departement og underliggjande verksemder om korleis dei kan følgje opp innbyggjarundersøkinga. Departementet vil i samarbeid med Direktoratet for forvaltning og IKT leggje til rette for at verksemder kan utveksle erfaringar om kva for tiltak som gir den beste brukarrettinga av tenestene og best legg til rette for brukarmedverknad.

### Kommunikasjonspolitik

Ny statleg kommunikasjonspolitik vart lagt fram hausten 2009. Direktoratet for forvaltning og IKT skal forvalte politikken på vegner av departementet. Direktoratet vil orientere om den nye politikken, gi råd om iverksetjing og utarbeide rettleiingar.

Den nye politikken legg vekt på openheit, demokrati og medverknad. Statlege verksemder skal invitere innbyggjarane til å ta del i utforminga av politikk og tenester. Informasjon frå statlege verksemder skal nå alle så langt råd er. Det same gjeld kommunikasjonen. Statlege verksemder skal nytte dei informasjons- og kommunikasjonskanalane og dei verkemidla som mest effektivt når ulike målgrupper. Statlege verksemder skal sjølve vere aktive i informasjons- og kommunikasjonsarbeidet, og dei skal samordne seg med andre verk-

semder der det er til nytte for innbyggjarane. Offentlege styresmakter må sjå på innbyggjarane som likeverdige partar i kommunikasjonsverksemda. Styresmaktene skal gi innsyn i verksemda si, ta omsyn til at Noreg har eit meir samansett folk enn før og bruke eit enkelt og forståeleg språk. Prosjektet «Klart språk i staten» (jf. nettsida [www.klarspråk.no](http://www.klarspråk.no)) vil vare ut 2010. Viktige delprosjekt er utdeling av Statens klarspråkpris 2010, og støtte til lokale statlege klarspråkprosjekt.

#### Utvikle, behalde og rekruttere kompetente leiarar og medarbeidarar

Ei partssamansett arbeidsgruppe på sentralt nivå har sett på korleis statlege verksemder møter utfordringane med å rekruttere og halde på kvalifisert arbeidskraft, og arbeidsgruppa har kome med ei rekkje forslag til tiltak for å gjere staten til ein meir attraktiv arbeidsgivar. Arbeidsgruppa har lagt fram sin rapport som syner at staten har eit behov for å styrkje sitt omdømme som arbeidsgivar, styrkje arbeidet overfor studentar på universitet og høgskular og styrkje arbeidet med utviklingstiltak blant dei tilsette i staten. Departementet vil saman med organisasjonane arbeide vidare med dei ulike forslaga til tiltak.

#### Heilskapleg strategi for kompetanseutvikling i statsforvaltninga

Opplæringstilbodet i statlege verksemder skal styrkjast. Direktoratet for forvaltning og IKT har fått i oppdrag å lage ein sentral heilskapleg strategi for kompetanseutvikling i staten. Den sentrale opplæringa skal i fyrste rekkje sikre tilbod av felles, tverrgående kompetansetiltak innanfor valde område, nå breitt ut til store målgrupper, vere pådrivar for utvikling og gi opplæring på tvers av statlege etatar. Departementet har bedt Direktoratet for forvaltning og IKT om å utvikla veileigna opplæringstilbod i ein felles infrastruktur, og systematisk bruk av e-læring vil vere ein del av satsinga. Som ein del av ein heilskapleg kompetansestrategi vil Direktoratet for forvaltning og IKT i løpet av 2010 setje i verk forsøksprosjekt i nokre statlege verksemder.

#### Utvikling av leing og leiarskapen i staten

Departementet vil auke satsinga på utvikling av leing og leiarane i staten i tråd med signala i St.meld. nr. 19 (2008–2009) *Ei forvaltning for demokrati og fellesskap*. Direktoratet for forvaltning og IKT vil få i oppdrag – i eit forpliktande samarbeid med stat-

lege verksemder og leiarutviklingsmiljø i og utanfor staten – å utvikle tilbod til leiarar på alle nivå og i alle fasar av leiarkarrieren. I tilbodet må det verte gitt rom for det som er spesifikt for leing i staten og for overgripande kompetansekrav til leiarar i staten. Ulike kunnskapsmodular, innhaldsplattformer og læringspakkar skal rettast mot førstelinjeleiarar, mellomleiarar og toppleiarar. Programma bør innehalde kombinasjonar av e-læring og andre, meir tradisjonelle læringsformer. Som eit første steg skal Direktoratet for forvaltning og IKT utvikle eit e-læringsverktøy for nye leiarar i staten.

#### Deltaking i internasjonal kartlegging av vaksne sine kvalifikasjonar (Programme for International Assessment of Adult Competencies – PIAAC)

Det skal i regi av OECD gjennomførast ei undersøking av vaksne sine kvalifikasjonar. PIAAC (Programme for International Assessment of Adult Competencies – PIAAC). PIAAC vil blant anna kartleggje kvalifikasjonar som verkar inn på verdiskaping og økonomisk vekst. Undersøkinga vil òg innehalde delar som ein ventar vil gi ny innsikt for politikkkutforming i forhold til innbyggjarane sine ferdigheiter og evne til å bruke moderne informasjonsteknologiske verkemiddel. 1500 respondentar skal testast i 2010. Deretter vil ein vurdere vidare deltaking i undersøkinga. Kunnskapsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet har eit samarbeid om Noreg si deltaking i PIAAC. I tillegg til Noreg er det 27 land som skal delta i undersøkinga.

#### Eit meir inkluderande arbeidsliv (IA)

I samarbeid med partane i arbeidslivet vil regjeringa vidareføre positive erfaringar frå innsatsen for eit meir inkluderande arbeidsliv. Fram mot 1.1.2010 vil styresmaktene i samråd med partane utforme det konkrete innhaldet i den nye IA-avtalen og gi nye signal til verksemdene. I samsvar med dette skal dei statlege verksemdene setje mål, følgje opp og styrkje det kontinuerlege arbeidet med å redusere sjukefråvær, inkludere personar med nedsett funksjonsevne og heve avgangsalderen frå arbeidslivet. Regjeringa legg stor vekt på at dei statlege verksemdene for eigen del tek ansvar for å realisere måla i IA-avtalen.

#### Mangfald i statlege verksemder

Det er eit viktig mål å sørgje for mangfald ved rekruttering av medarbeidarar i staten. Staten må utnytte heile breidda av kompetanse og livserfa-

ring i befolkninga. Mangfald på arbeidsplassane gir grunnlag for fornying, kreativitet og betre oppgaveløysing i statlege verksemder. Staten skal sjølv spegle mangfaldet i det samfunnet den skal tene. Det er ei viktig oppgåve for verksemdene og statlege leiarar å leggje til rette for mangfald blant dei tilsette i verksemda, særleg i forhold til kjønn, etnisitet, religion og livssyn, politisk syn, funksjonsevne, alder og seksuell orientering.

#### Auka rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne

Personar med nedsett funksjonsevne har mykje lågare deltaking i arbeidslivet enn befolkninga elles, og mange er svært godt utdanna og ønskjer å komme i arbeid. Det er eit viktig mål for staten å auke sysselsettinga blant personar med nedsett funksjonsevne, og staten kan sjølv bidra ved rekruttering til statlege stillingar. Trainee-programmet for personar med nedsett funksjonsevne, som vart gjennomført i 2007–2008, har vist at funksjonsnedsetjing ofte får mindre å seie for utføringa av arbeidsoppgåvene enn ein trudde på førehand. Det er viktig at fleire verksemder tek desse erfaringane på alvor og skaffar seg erfaring og kompetanse i å rekruttere og halde på personar med nedsett funksjonsevne. Departementet tek sikte på å følgje opp tiltaksplanen for å rekruttere fleire personar med nedsett funksjonsevne i staten, mellom anna basert på ei evaluering av planen.

#### Rekruttering av innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre

Deltaking i arbeidslivet er ein viktig nøkkel for å få til integrering. Det er eit overordna mål for regjeringa å få til auka deltaking i arbeidslivet blant personar med innvandrarbakgrunn. Det er eit mål at personalsamansetjinga i statsforvaltninga speglar samfunnet. Staten skal òg rekruttere best mogleg kompetanse frå alle grupper i befolkninga, for å møte framtidige utfordringar i eit stadig meir kulturelt samansett samfunn. Staten skal difor arbeide systematisk med å rekruttere og halde på kompetente medarbeidarar med innvandrarbakgrunn.

Departementet vil dra nytte av erfaring og læring frå forsøket med moderat kvotering av personar med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn. Vi viser elles til omtalen av Handlingsplanen for integrering av innvandrarbefolkninga i Prop. S 1 (2009–2010) *Arbeids- og inkluderingsdepartementet*, resultatområde 4; delmål 2.2.

#### Medarbeidarutvikling – MU'09

Det skal gjennomførast ei ny medarbeidarundersøking i staten hausten 2009. Formålet med medarbeidarundersøkinga er å setje medarbeidarutvikling på dagsorden, gi motivasjon og engasjement, leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø og heve kvaliteten på statlege tenester. Resultatet vil utgjere eit kunnskapsgrunnlag for å vidareutvikle personal- og leiarpolitikken i det statlege tariffområdet. I tillegg skal det utarbeidast eit nettbasert verktøy for medarbeidarkartlegging tilpassa statlege verksemder.

Direktoratet for forvaltning og IKT har fått ansvaret for planlegging, igangsetjing og oppfølging av medarbeidarundersøkinga 2009/2010.

#### Offentleg tenestepensjon og AFP i offentleg sektor

I tariffoppgjeret i 2008 vart partane i offentleg sektor einige om å føre forhandlingar om tilpassing av ny tenestepensjon og AFP til ny folketrygd i andre avtaleår. I 2009 inngjekk partane ein avtale om offentleg tenestepensjon og AFP i offentleg sektor, St.prp. nr. 88 (2008–2009) *Om lønnsregulering for arbeidstakere i det statlege tariffområdet 2009 mv.* Reglane i dag for offentleg tenestepensjon (bruttoordning) og AFP i offentleg sektor vart vidareførte med naudsynte tilpassingar. I brev frå Statsministeren til Riksmeklingsmannen av 3.6.2009 syner statsministeren til at regjeringa er innstilt på å fremje forslag for Stortinget om endringar i dei lovbestemte offentlege tenestepensjonsordningane i tråd med innhaldet i dokumentet det vart semje om. I 2010 vil departementet fremje naudsynte lovforslag om desse endringane.

#### Rammeverk for samarbeid og medverknad

Eit godt samarbeid mellom leiing og tilsette er avgjerande for at forvaltninga skal kunne utføre oppgåvene sine på ein god måte. Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen i staten er sentrale avtalar som legg rammeverket for dette samarbeidet. Som sentral avtalepart i det statlege tariffområdet er Fornyings- og administrasjonsdepartementet ansvarleg for desse avtalane. I 2008 vart det inngått ny Hovudtariffavtale for perioden 2008–2010. Ny Hovudavtale vart inngått i 2009 for perioden 1.2.2009 til 31.12.2012. I 2010 skal det forhandlast om ny Hovudtariffavtale for perioden 2010–2012. Det er viktig for staten at desse avtalane sikrar at samarbeidet mellom leiinga og organisasjonane, både sentralt og på kvar einskild arbeidsplass, vert



best mogeleg og slik gjer at forvaltninga kan utføre sine oppgåver på ein god måte.

### Forsking

Departementet sin forskingsinnsats vil i særleg grad vere innretta mot område som medverkar til ny kunnskap om korleis offentleg sektor kan fornyast utan å svekkje dei verdiane som utgjer grunnlaget for den norske velferdsstatsmodellen.

Eit viktig siktemål er at forskinga skal gi eit betre kunnskapsgrunnlag for å treffe gode avgjerder og medverke til å auke kvaliteten og effektiviteten i offentleg sektor.

Fornyings- og administrasjonsdepartementets forskning vil i hovudsak bli retta inn mot desse politikkområda:

#### *eForvaltning og vinstrealisering*

Fornyning av offentleg sektor med IKT som verkemiddel vil gi store kvalitets- og effektiviseringsvinstar. Det trengst forskning på korleis IKT endrar forvaltninga sine arbeidsmetodar, organisering, ressursutnytting, kommunikasjon og prioriteringar. Det er òg av interesse å kartleggje i kva grad ulike styringsmekanismer legg til rette eller er til hinder for verksemdene si realisering av vinstane ved ny, avansert bruk av IKT.

#### *Fri programvare*

Det er ei politisk målsetjing om meir bruk av fri programvare i offentleg sektor. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil ha meir systema-

tisk kunnskap om effektar ved bruk av fri programvare. Departementet er særleg interessert i:

- Kortsiktige og langsiktige kostnader knytte til innkjøp og vedlikehald av programvare.
- Samhandlings- og samarbeidsmønster i offentleg sektor og mellom privat sektor og offentleg sektor.
- Kvalitet, mellom anna tryggleik på offentlege elektroniske tenester og IKT-system.

Departementet sitt forskingsarbeid skal leggje stor vekt på formidling av forskingsresultat slik at desse medverkar til at forvaltninga samla sett utviklar evne til læring og systematisk forbetring innan og mellom sektorar.

### Budsjett 2010

#### Post 01 Driftsutgifter

Forslaget til løyving dekkjer mellom anna departementet sine lønns- og driftsutgifter.

#### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Forslaget til løyving skal mellom anna dekkje utgifter til gjennomføring av større analysar, departementet sitt arbeid med fornying og sikring av regjeringsbygningane og områda rundt.

#### Post 22 Forsking, kan overførast

Forslaget til løyving dekkjer departementet sine forskingsoppgåver, mellom anna på områda eForvaltning og vinstrealisering og fri programvare.

## Kap. 1502 Tilskot til kompetanseutvikling

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
70	Tilskot, <i>kan overførast</i>	16 418	14 000	
	Sum kap. 1502	16 418	14 000	

### Allmenn omtale

Staten og hovudsamanslutningane sette i lønnsoppgeret 2008 av til saman 28 mill. kroner til kompetanseutvikling for tariffperioden, jf. Hovudtariffavtalen i staten og St.prp. nr. 68 (2007–2008).

Avsetninga er følgd opp med løyvingar på 14 mill. kroner i 2008 og 14 mill. kroner i 2009, jf. St.prp. nr. 1 (2008–2009).

### Rapport 2008

Av løyvinga er 25 mill. kroner sett av for å stimulere til forsøks- og utviklingsprosjekt med ulike kompetansetiltak retta mot større mangfald og oppfølging av intensjonsavtalen om eit inkluderande arbeidsliv og betre nyttiggjering av kompetansen til personar med etnisk minoritetsbakgrunn. I tillegg kjem organisasjons- og leiarutvik-

ling, metodar og verktøy for kompetanse- og karriereutvikling og kompetanseutvikling for å hindre utstøying mellom anna ved omstillingar.

Det er blitt sett av 3 mill. kroner til vidareføring av felles opplærings- og utviklingstiltak i samarbeidskompetanse og medverknad for leing og tillitsvalde, med særleg utgangspunkt i Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen i staten.

Dei avsette midlane er fordelte etter utlysing til ei rekkje prosjekt i ulike statlege verksemdar, og til felles opplærings- og utviklingstiltak.

### Mål og prioriteringar 2010

Departementet og hovudsamanslutningane vil evaluere avsetninga fram mot lønnsoppgjret våren 2010.

## Kap. 1503 Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
70	Tilskot	86 070	86 141	126 707
71	Bidrag frå arbeidstakarane	26 945	26 945	
	Sum kap. 1503	113 015	113 086	126 707

### Allmenn omtale

Staten og organisasjonane har i Hovudtariffavtalen 2008 – 2010 avtale om at staten skal løyve tilskot til tenestemannsorganisasjonane sine opplærings- og utviklingstiltak. Avtalen vart oppretta etter mønster av tilsvarende avtale mellom LO og NHO, og vidareført i seinare oppgjer. Ordninga er òg etablert i andre tariffområde i privat sektor og i kommunesektoren.

Staten er pliktig til å følge opp avtalen med tilsvarende opplærings- og informasjonstiltak på arbeidsgiversida. Desse utgiftene må dekkjast av kvar einskild verksemd.

### Rapport 2008

Midlane er nytta i samsvar med målsetjinga.

### Budsjett 2010

Etter gjeldande tariffavtale er presentsatsen for tilskotet fastsett til totalt 0,24 pst. av årleg utbetalt lønn etter hovudregulativet (A-tabell). Summen vert rekna ut når lønns- og sysselsetjingsstatistikken per 1.10.2009 ligg føre våren 2010. Justering av løyvinga vert fremja i ein eigen proposisjon.

### Mål og prioriteringar 2010

Etter gjeldande tariffavtale 2008–2010 skal midlane nyttast på same måte som i førre tariffperiode. Stønad til organisasjonane si opplæring av tillitsvalde i staten, mellom anna i organisasjons- og tillitsvaldsarbeid, miljø- og vernearbeid, sjukefråvær, medraderett, personalpolitiske spørsmål, omstilling, effektivisering og samfunnsøkonomi.

### Post 70 Tilskot

Avsetjing av midlane til opplærings- og utviklingstiltak er berekna og fastsett sentralt. Arbeidstakarane medverkar til finansiering med 200 kroner per årsverk av bruttolønn etter A-tabellen. Av løyvinga er staten sitt tilskot på 100,946 mill. kroner og arbeidstakarane sitt tilskot på 25,761 mill. kroner.

## Programkategori 01.10 Fylkesmannsembeta

Utgifter under programkategori 01.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
1510	Fylkesmannsembeta	1 481 582	1 343 379	1 362 818	1,4
	Sum kategori 01.10	1 481 582	1 343 379	1 362 818	1,4

Inntekter under programkategori 01.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
4510	Fylkesmannsembeta	322 441	149 961	154 760	3,2
	Sum kategori 01.10	322 441	149 961	154 760	3,2

### Hovudfunksjon for fylkesmannsembeta


Fylkesmannen er statens fremste representant i fylket. Fylkesmannen skal setje i verk statleg sektorpolitikk lokalt og regionalt – rettsleg korrekt, heilskapleg og samordna. For å gjere dette har Fylkesmannen mynde på fleire sentrale politikkområde som skal sjåast i samanheng. Fylkesmannen har ein særleg viktig funksjon i grenseflata mellom statleg sektorpolitikk og kommunalt sjølvstyre, og mellom kommunane og innbyggjarane.

Politikkområda omfattar oppgåver frå til saman 12 departement. Fagområda er nærare omtalte i fagproposisjonane til dei respektive departementa. Kvart fagdepartement er fagleg overordna embeta på det aktuelle fagområdet, medan Fornyings- og administrasjonsdepartementet er administrativt overordna fylkesmannsembeta. Ansvar for Fylkesmannens verksemd er dermed delt mellom fleire statsrådar.

I arbeidet med å setje i verk politikken til regjeringa, tek Fylkesmannen hand om fleire funksjonar:

- Er bindeledd og samordnar mellom stat, kommune og innbyggjarar.
- Utøver mynde, rettstryggleiks- og kontrollfunksjon.
- Tek hand om fornyings- og utviklingsverksemd.

Riksrevisjonen var kritisk til delar av styringa og finansieringa av fylkesmannsembeta i Dokument nr. 3:14 (2006–2007). For å sikre godt samsvar mellom oppgåver og ressursar i embeta, er det utarbeidd nye retningslinjer for finansiering av Fylkesmannen. I den nye ordninga er ansvarsforholda mellom fagdepartementa og Fornyings- og administrasjonsdepartementet tydeleggjort. Vidare er det etablert ordningar for innhenting og oppfølging av ressursbruk på dei ulike fagområda, på nasjonalt nivå og over tid. Departementa og det einskilde embetet vil lettare kunne følgje utviklinga av forholdet mellom oppgåver og ressursar på fagområda.



Figur 4.1 Årsverk fordelt etter departementsområde.

Kjelde: Fylkesmannsembeta. Data gjeld 2008. I kategorien «Andre» inngår Kultur- og kyrkjedepartementet, Samferdselsdepartementet og Utanriksdepartementet. Fornyings- og administrasjonsdepartementet sin del er i all hovudsak dei administrative årsverka.

#### Boks 4.1 Fylkesmannsembeta

- Utfører oppgåver for 12 departement og 8 direktorat/tilsyn.
- Har 2 324 tilsette (per 1. mars 2009).
- 8 av 18 fylkesmenn er kvinner, medan 40 pst. av anna leing i Fylkesmannsembeta er kvinner.

#### Forvaltningsreforma

Stortinget vedtok hausten 2008 naudsynte lovendringar for å gjennomføre forvaltningsreforma frå 1.1.2010, jf. Ot.prp. nr. 10 (2008–2009) *Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv. (gjennomføring av forvaltningsreformen)*. For fylkesmannen vil forvaltningsreforma føre til at nokre fagoppgåver på miljø- og landbruksområdet vert overførte frå fylkesmannen til fylkeskommunen frå 1.1.2010. Fylkesmannen vil sørgje for ei smidig overføring av oppgåvene, og medverke til eit godt samarbeid med fylkeskommunane.

På bakgrunn av regjeringa si avgjerd om at staten skal ha det overordna ansvaret for områdevernet gir ikkje forvaltningsreforma grunnlag for overføring av ytterlegare oppgåver til fylkeskommunen på miljø- og landbruksområdet. Dette er i tråd med føresetnadene gitte i Ot.prp. nr. 10 (2008–2009). For omtale av nye modellar for forvaltning

av verneområde vert det synt til Prop. 1 S (2009–2010) *Miljøverndepartementet*.

Det økonomiske opplegget for forvaltningsreforma vart presentert i St.prp. nr. 68 (2008–2009) *Kommuneproposisjonen 2010*. Opplegget inkluderer 117,5 mill. kroner til årsverkkostnader. Av dette er 17,5 mill. kroner løyving som har vore brukte av statlege aktørar i 2009. På landbruks- og miljøområdet vert det foreslått å overføre 7,2 mill. kroner frå kap. 1510 Fylkesmannsembeta, post 01 Driftsutgifter. Av overføringa er 4,6 mill. kroner knytte til miljøområdet og 2,6 mill. kroner er knytte til landbruksområdet. Som varsla i Kommuneproposisjonen 2010 vil fylkeskommunane få meirkostnader til årsverk utover dei midlane som blir overførte frå statlege aktørar. Det vert difor foreslått å auke fylkeskommunane sitt rammetilskot med 100 mill. kroner til dekning av slike meirkostnader. Desse midlane omfattar ein auke i løyvinga på 80 mill. kroner og ei rammeoverføring frå løyvingsovråda til aktuelle departement på til saman 20 mill. kroner. På landbruks- og matområdet vert det foreslått å overføre yttarlegare 0,5 mill. kroner frå Fornyings- og administrasjonsdepartementets kap. 1510, post 01 til fylkeskommunane sitt rammetilskot, kap. 572, post 60. Frå Miljøverndepartementet si løyving vert det foreslått å overføre 3,5 mill. kroner. Samla vert det difor foreslått 117,5 mill. kroner til årsverk lagt inn i fylkeskommunane sitt rammetilskot, fordelt etter kriteria i inntektssystemet. Årsverksmidlane og heilskapen i forvaltningsreforma er nærare omtalt i Prop. 1 S (2009–2010) *Kommunal- og regionaldepartementet*.

#### Bindeledd og samordnar mellom stat, kommune og innbyggjarar

Fylkesmannen har ei viktig rolle i å formidle heilskapleg statleg politikk og forventningar til kommunane, på tvers av alle politikkområda. I den samanhengen er Fylkesmannen bindeledd og samordnar mellom staten og kommunane. Fylkesmannen skal òg vere meklar mellom ulike statlege sektorar, kommunar og fylkeskommunar. Endringane som følgjer av forvaltningsreforma understrekar behovet for auka samarbeid i dei regionale partnerskapa.

Fylkesmannen medverkar til samordning av kommuneretta verksemd i regionale statsetatar. Fylkesmannen arbeider for å vidareutvikle møteplassar der Fylkesmannen, fylkeskommunane, kommunane, KS – kommunesektorens interesse- og arbeidsgivarorganisasjon – og andre regionale aktørar kan møtast og gjensidig utveksle erfaringar, tilbakemeldingar og formidle forventningar. Fylkesmannen er ein sentral informasjonskanal frå

kommunane og innbyggjarane attende til staten og departementa.

Fylkesmannen har ei viktig oppgåve i å gi kommunane rettleiing – juridisk og fagleg. Dette omfattar mellom anna å hjelpe til med kunnskap om bruk av lover og rettleiing om generell sakshandsaming i kommunane slik at kvaliteten vert sikra. Fylkesmannen førebur saker for direktorat og departement og har oppgåver knytte til innsamling og samordning av data.

På miljø- og landbruksområdet varetek Fylkesmannen nasjonal politikk og målsetjingar som er fastsette av Stortinget og regjeringa. Fylkesmannen medverkar til å omsetje desse til regionale og lokale mål og tiltak. Fylkesmannen gjennomfører nasjonal miljø- og landbrukspolitikk der staten er forplikta etter internasjonale avtalar.

Fylkesmannen, saman med Helsetilsynet i fylka, medverkar til utveksling av erfaringar med samhandling mellom kommunale helse- og sosialtenester og dei andre helsetenestene (spesialisttenester og tannhelsetenesta). Fylkesmannen medverkar til at gode løysingar vert gjort kjende, og skaper møteplassar som stimulerer til auka samarbeid på tvers av sektorar og fagområde.

Oppvekst og levekår for barn og unge har stor innverknad på deira fysiske, psykiske og sosiale utvikling. Gjennom ansvaret for samordning gir Fylkesmannen råd til og motiverer kommunane til samarbeid mellom tenester og ulike institusjonar som arbeider for og med barn og unge og deira familiar. Dette gjeld mellom anna helsestasjonar, skulehelsetenesta, barnehagar, skular, barnevern og ulike frivillige organisasjonar.

Fylkesmannens oppgåver i samband med kommune- og fylkesplanlegginga er sentrale verkemiddel for formidling av statleg sektorpolitikk på viktige område. Samstundes fremmer Fylkesmannen heilskapleg statleg politikk i planleggingsarbeidet og medverkar med heilskapleg formidling av statleg arealpolitikk slik at dei nasjonale måla for lokal og regional omstilling og utvikling på kvart område er i samsvar med andre nasjonale mål. I høve til innbyggjarane og næringslivet sikrar Fylkesmannen som klageinstans at kommunale planvedtak prosessuelt og innholdsmessig er i samsvar med plan- og bygningslovgivinga og nasjonale interesser.

Fylkesmannen samordnar samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i fylket, og har ei rolle som pådrivar og rettleiar i dette arbeidet. Fylkesmannen har eit regionalt samordningsansvar ved kriser, katastrofar, ved krig og liknande forhold. Fylkesmannen rettleier kommunane og arbeider nært med Forsvaret og andre statsetatar i dette.

## Utøving av myndigheits-, rettstryggleiks- og kontrollfunksjonen

Fylkesmannen er forvaltings- og tilsynsstyresmakt etter fleire lover. Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunane og andre offentlege og private verksemdar etterlever nasjonalt regelverk. Fylkesmannen er vidare ein viktig rettstryggleiksinstans for innbyggjarane i klagesaker der kommunane fattar rettsleg bindande vedtak. Innbyggjarane skal oppleve Fylkesmannen som ein uhilda instans som vektlegg rettstryggleik som grunnlag for vedtaka sine. Ved handsaminga av søknader om fri saksførsel og fritt rettsråd sikrar Fylkesmannen innbyggjarar med mindre god økonomi naudsynt juridisk bistand i saker som har mykje å seie for dei personleg eller for velferda deira. For å sikre betre løysingar for innbyggjarane på rettshjelpsområdet, har regjeringa i St.meld. nr 26 (2008–2009) *Om offentlig rettshjelp* foreslått å etablere ei juridisk første linjeteneste der alle, uavhengig av inntekt og formue, får tilgang til ein gratis førstegongskonsultasjon på inntil ein time. I meldinga går regjeringa inn for at kompetansen til å gi rettshjelp på sakførelstadiet blir samla hos fylkesmennene for å sikre ei einsarta handsaming. Fylkesmannen vil mellom anna som følgje av dette kunne få fleire arbeidsoppgåver knytte til rettshjelp.

Fylkesmannens oppgåver knytte til verksemda til overformynderia er òg med på å sikre hjelp til dei som treng det for å ivareta interessene sine på det økonomiske og/eller det personlege området. Regjeringa har i Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) *Om lov om vergemål* lagt fram forslag om ny verjemålov.

Fylkesmannen rettleier kommunane i økonomisk planlegging og forvaltning og sørgjer for at kommunar som er i økonomisk ubalanse eller har store innsparingskrav vert fylgde opp spesielt. Fylkesmannen rettleier og formidlar kunnskap om regelverk på økonomi, planlegging og rapportering til kommunane. Fylkesmannen godkjenner garantivedtak over 500 000 kroner og gjennomfører lovlegkontroll av budsjett og godkjenner vedtak om låneopptak i kommunar som er under vilkårsbunden kontroll (ROBEK).

Fylkesmannen har ei omfattande og viktig oppgåve med å føre tilsyn på ulike samfunnsområde som er viktige for velferd, helse og tryggleik for innbyggjarane og for miljøtilhøva i fylket. For å utøve tilsyn og kontroll med at verksemdene følgjer lover og reglar, nyttar Fylkesmannen seg av ulike metodar i høve til ulike tilsynsobjekt og tenestområde. Det er eit mål at Fylkesmannen utviklar ei foremålstenleg samordna tilsynsverksemde og -metodikk. I kap. 10A i kommuneloven er

Fylkesmannen tillagd ei lovfesta rolle som samordnar av statleg tilsynsverksemd retta mot kommunane. Samordninga skal medverke til at staten sitt tilsyn med kommunane vert oversiktleg, ein-skapleg og føreseieleg.

Fylkesmannen har ein viktig kontrollfunksjon knytt til tilskotsordningane i landbruket. Det er eit mål at Fylkesmannen gjennom regionale risikovurderingar skal sikre ei kvalitativt god og effektiv forvaltning av tilskotsordningane. Arbeidet er viktig for tilliten til forvaltninga og for legitimiteten til ordningane.

### Fornyings- og utviklingsverksemd

Fylkesmennene stimulerer til lokalt omstillings- og fornyingsarbeid. Fylkesmennene sitt arbeid med omstilling og fornying må òg sjåast i samanheng med arbeidet knytt til rettleiing, samordning og skjønstildeling, og med regjeringa sitt arbeid med fornying i kommunesektoren, der Kvalitetskom-muneprogrammet har inngått som ei viktig satsing i perioden 2006–2009. Programmet vert avslutta 1. halvår 2010.

Arbeidet med styrking av lokalt miljøvern skal vidareførast. Regjeringa ser dette i samanheng med fornyingsarbeidet i kommunal sektor med sterkare fokus på kommunane si rolle som samfunnsutviklarar. Fylkesmannen medverkar i gjennomføringa med fagleg støtte og deltaking i nettverksamarbeid, rettleiing og kompetanseutvikling. Arbeidet vert samordna med det kommuneretta arbeidet på landbruksområdet.

I St.meld. nr. 39 (2008–2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen*, framhever ein fylkesmennene si rolle som medspelar for kommunal- og privat sektor på klimaområdet, og som forvaltingsmyndigheit i forhold til landbrukspolitiske verkemiddel. Fylkesmannen har saman med fylkeskommunane ei viktig oppgåve som pådrivarar for at kommunane utnyttar landbruket sitt potensial i klimaarbeidet gjennom sine klimaplanar og næringsstrategiar.

Handlingsplan for auka tilkomst gjennom universell utforming gjeld for perioden 2009–2013. Fylkesmannen integrerer universell utforming som strategi i verksemda si og legg særleg vekt på å rettleie kommunane om universell utforming på alle relevante politikkområde.

Regjeringa legg vekt på å betre barnevernstenesta si evne til å setje inn eigna hjelpe- og omsorgstiltak for barn som vert utsette for omsorgssvikt og mishandling. Gjennom kontakt med kommunane, stimulerer Fylkesmannen til nytenking, organisasjons- og tiltaksutvikling og kompetanseutvikling i barnevernstenesta.

Dei neste tiåra vil Noreg oppleve demografiske endringar med ei gradvis aldrande befolkning. Gruppa av eldre innvandrarar vil òg auke i åra som kjem. Fylkesmannen medverkar til å førebu kommunane på dei auka oppgåvene dette kan føre til på helse- og sosialtenesta sitt område og sørgjer for at dette vert sett på dagsordenen i kommunal planlegging. Fylkesmannen gir råd og stimulerer til auka brukarstyring og aktiv deltaking frå dei eldre. Den kommunale omsorgstenesta dekkjer etter kvart heile livsløpet, og har dei siste åra fått mange nye brukargrupper med langvarige og samansette problem og lidingar. Dette krev ein annan fagleg kompetanse enn det heimetenestene tradisjonelt har rådd over. Fylkesmannen hjelper kommunane i det utviklings- og omstillingsarbeidet desse nye utfordringane krev, spesielt i høve til kompetanse og fagleg breidd.

### Oppgåver på dei ein-skilde politikkområda

#### Velferd, helse og personleg tenesteyting

Fylkesmannen fører tilsyn med at innbyggjarane får dei tenester av kommunane som dei i følgje lov og andre føresegner har krav på innan helse- og sosialtenester, barnevern, rusomsorg, utdanning og verjemål.

Gjennom handsaming av klagesaker på tilde-ling av sosiale tenester, medrekna økonomisk sosialhjelp og kvalifiseringsstønad, sikrar Fylkesmannen at innbyggjarane mottek forsvarlege tenester og ytingar i samsvar med lov og forskrift. Dette ansvaret blir vidareført i forslaget til ny lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga.

Fylkesmannen legg til grunn føringar i rettleiarar og retningslinjer frå Statens helsetilsyn i retts-tryggleiksarbeidet sitt. Desse dokumenta er utforma for å sikre einsarta og forsvarleg saks-handsaming i heile landet, både ved Fylkesmannen si handsaming av klager, prøving av vedtak om bruk av tvang og makt etter sosialtenestelova kap. 4 A og i tilsynsarbeid etter sosialtenestelova.

Som ledd i ein heilskapeleg plan for tilsyn med helse- og sosialtenester til eldre for perioden 2009–2012, skal det i 2010 gjennomførast tilsyn med kommunale helse- og sosialtenester til eldre. I samband med satsinga skal det prøvast ut nye tilsynsverktøy. Bruk av umeldt tilsyn vil vere sentralt i denne samanheng. Satsinga vil omfatte tilsyn med kommunar, spesialisthelsetenesta og samhandling mellom tenestene. Det skjer svikt i alle delar av helse- og sosialtenesta, og satsinga vil difor ha eit breitt nedslagsfelt.

Fylkesmannen medverkar til å setje i verk Opp-trappingsplanen for rusfeltet (2007–2010) og

bidrar til at innsatsen til kommunane vert utvikla i tråd med intensjonane og tiltaka i planen. Fylkesmannen vil i samarbeid med dei regionale kompetansesentra, mellom anna støtte kommunane i arbeidet med å betre kvalitet og kompetanse på rusfeltet. Embeta sine rådgivarar innan rusfeltet vert finansierte over Helse- og omsorgsdepartementet si løyving og rusarbeidet skal sjåast i samanheng med Fylkesmannen sitt arbeid innan det psykiske helsefeltet og NAV.

Opptrappingsplanen for psykisk helse vart avslutta i 2008. I 2010 har Fylkesmannen ei viktig rolle i å medverke til at tiltak og arbeidsmåtar som er sette i verk i planperioden, vert vidareførte og vidareutvikla. Fylkesmannen følgjer opp og kvalitetssikrar kommunane si rapportering om utviklinga av det psykiske helsearbeidet. Embeta sine rådgivarar innan det psykiske helsefeltet er finansierte over Helse- og omsorgsdepartementet si løyving, og arbeidet med psykisk helse skal sjåast i samanheng med Fylkesmannen sitt arbeid på rusfeltet.

Fylkesmannen følgjer opp Nasjonal strategi for habilitering og rehabilitering 2008–2011 overfor kommunane på oppdrag frå Helsedirektoratet. Sentrale tiltak er etablering av koordinerande eining for habilitering og rehabilitering, jf. forskrift om habilitering og rehabilitering av 19.12.2001 og utvikling av god praksis i arbeidet med individuelle planar til tenestemottakarar med behov for langvarige og koordinerte tenester, jf. forskrift om individuell plan av 23.12.2004.

Kap. 4A i lov om pasientrettar om helsehjelp til personar utan samtykkekompetanse som motset seg helsehjelp, trådte i kraft 1.1.2009. Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylket er tillagde oppgåver knytte til klagehandsaming, overprøving og kontroll av einskildvedtak og tilsynsoppgåver. Embeta er styrkte over Helse- og omsorgsdepartementet si løyving til oppgåva.

Fylkesmannen medverkar til utvikling av kompetanse og kvalitet i sosialtenesta og legg til rette for utvikling av bustadsosialt arbeid, rettleiing i personleg økonomi og andre oppgåver i kommunane knytte til innsatsen mot fattigdom. Saman med Arbeids- og velferdsetaten og representantar frå kommunane i fylket deltek Fylkesmannen i den regionale samordninga av NAV-reforma. Fylkesmannen har ei sentral oppgåve i å gi råd i arbeidet med å etablere dei lokale NAV-kontora.

Fylkesmannen meklar i twistar som hindrar Arbeids- og velferdsetaten og kommunane i å inngå avtale om felles, lokale NAV-kontor, jf. forskrift til arbeids- og velferdsforvaltingslova av 12.3.2007. Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylka skal følgje omorganiseringa når det gjeld integrering av andre

helse- og sosialtenester med tanke på å identifisere område med fare for svikt.

Kvalifiseringsprogram med tilhøyrande kvalifiseringsstønad for utsette grupper blir forvalta av NAV-kontoret. Fylkesmannen vil òg i 2010 arbeide med implementering av programmet.

Regjeringa vil betre rettstryggleiken til personar som søkjer om stønad til livsopphald frå kommunen, og i tillegg det arbeidsretta kvalifiseringsprogrammet frå NAV-kontora. Som følgje av dette får fylkesmannsembeta heimel i lov til å føre tilsyn med tenestene samstundes som Statens helsetilsyn skal ha ansvar for det overordna faglege tilsynet, jf. Ot.prp. nr. 103 (2008–2009) *Om lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen*. Kommunane blir samstundes pålagde å føre internkontroll med tenestene. Tilsyn og internkontroll vil til saman betre kvaliteten på tenestene og medverke til at dei vert retta inn mot dei rette målgruppene.

Fylkesmannen formidlar nasjonale satsingar i folkehelsepolitikken, deltek i den regionale partnerskapen for folkehelse og medverkar til samordning av ulike politikkområde som har innverknad på folkehelsa. Fylkesmannen syter for helsefagleg kunnskap, rådgiving og rettleiing i folkehelses spørsmål regionalt og lokalt, og medverkar i arbeidet for ei jamnare sosial fordeling av helse i befolkninga. For å bidra til ei styrking av det førebyggjande arbeidet i kommunane, foreslår regjeringa i løyvinga for 2010 ein auke på 230 mill. kroner i kommunane sine frie inntekter til formålet. Satsinga må sjåast i samanheng med stortingsmeldinga om samhandlingsreforma. Oppfølginga av den kommunale satsinga på førebyggjande helse tenester vil vere ei viktig oppgåve for Fylkesmannen. I samarbeid med Helsedirektoratet vil Fylkesmannen formidle tilgjengeleg kunnskap om gode førebyggjande tiltak til kommunane. Fylkesmannen medverkar med oversikt over kommunens aktivitet for å styrkje det førebyggjande arbeidet i helsetenesta.

I tråd med St.meld. nr. 25 (2005–2006) *Mestring, muligheter og mening* vil Fylkesmannen syte for at dei kommande omsorgsutfordringane vert sette på dagsorden i kommunane. Fylkesmannen vil initiere og følgje opp planarbeidet i kommunane for å møte desse utfordringane. I tråd med krava til framtidens omsorgsteneste medverkar Fylkesmannen i arbeidet med å utvikle både institusjonstenestene og heimetenestene. Omsorgsplan 2015 lyfter fram fire store prosjekt: 10 000 nye årsverk i pleie- og omsorgstenesta, 12 000 nye omsorgsplassar, Demensplan 2015 og Kompetanseløftet 2015. I samarbeid med mellom anna KS og Husbanken, sikrar Fylkesmannen at alle tiltaka og delplanane i

Omsorgsplan 2015 vert følgde opp som ein heilskapleg plan. Embeta vert tilførde ressursar over Helse- og omsorgsdepartementet si løyving for å følgje opp Omsorgsplan 2015.

### Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

Tilsyn er hovudoppgåva til Fylkesmannen på barnevernsområdet. Gjennom individretta og systemretta tilsyn arbeider Fylkesmannen for at rettstryggleiken for barn og unge vert sikra i samsvar med regelverket. I 2010 vil embeta prioritere samtalar med barn og unge på institusjon. Frå 2010 vil Fylkesmannen òg få i oppgåve å føre tilsyn med senter for foreldre og barn, jf. Ot.prp. nr. 69 (2008–2009) *Om lov om endringar i barnevernsloven*.

Fylkesmannen rettleier og følgjer opp kommunane i arbeidet deira på barnevernsområdet og fører tilsyn med den kommunale barnevernsteinesta. Fylkesmannen medverkar til at kontakt og samarbeid mellom det statlege barnevernet og kommunane vert til beste for barn og unge. Frå 2010 tek Statens helsetilsyn over ansvaret for det faglege overordna tilsynet med barnevernet. Barne- og likestillingsdepartementet vil framleis vere ansvarleg departement for tilsynet.

Fylkesmannen vil syte for at dei kommunane som var omfatta av det landsomfattande tilsynet i 2008, «Utsette barn og unge – behov for betre samarbeid», får kunnskap om dette tilsynet.

Oppgåva med å føre tilsyn med omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar vert vidareført i dei aktuelle fylkesmannsembeta i 2010.

Frå 2010 vil Fylkesmannen få i oppgåve å føre tilsyn med at kommunen oppfyller pliktene pålagde etter krisesenterlova, jf. Ot.prp. nr. 96 (2008–2009) *Om lov om kommunale krisesentertilbod*.

Fylkesmannen har sakshandsamings- og informasjonsoppgåver etter ekteskapslova og barnelova, og fører tilsyn med familievernkontora. Fylkesmannen arbeider aktivt og målretta både sjølv som offentleg myndigheit og arbeidsgivar og i eigen region for å fremje likestilling og motverke diskriminering knytt til mellom anna kjønn, etnisitet, nedsett funksjonsevne og seksuell orientering på alle politikkområda. Fylkesmannen fører tilsyn og kontroll med at kommunane følgjer opp dei løypålagde aktivitets- og rapporteringspliktene og gir kommunane rettleiing om kva pliktene inneber.

Barnehagesektoren står framfor monalege strukturendringar når retten til barnehageplass no er innført, og tilskotta til barnehagar vert innlemma i rammetilskottet til kommunane i 2011. Fylkesmannen si rolle som formidlar av nasjonale styringssignal vil bli svært viktig dei nærmaste åra. Fylkesmannen følgjer opp alle kommunane i arbei-

det med å dimensjonere for ein lovfesta rett til barnehageplass og har eit særleg fokus på at kommunane opprettheld full barnehagedekning. Fylkesmannen medverkar i oppfølginga av barnehagelova, rammeplanen for barnehagar og kompetansestrategien for barnehagesektoren og forvaltar dei statlege midlane til lokale kompetansetiltak. Tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit er ei prioritert oppgåve for Fylkesmannen i 2010. Føremålet med tilsynet er å sikre at krava i barnehagelova vert oppfylte og å medverke til å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet.

På utdanningsområdet vil tilsyn vere hovudoppgåva for Fylkesmannen i 2010. Tilsynet medverkar til at grunnopplæringa vert gjennomført i samsvar med opplæringslova og privatskolelova med tilhøyrande forskrifter. Fylkesmannen rettar særleg merksemd mot skular og skuleeigarar der det er grunn til å tru at rettane til elevane ikkje er oppfylte. Fylkesmannen gjennomfører nasjonalt tilsyn med felles metodikk (systemrevisjon) på utvalde område innanfor utdanningssektoren. Fylkesmannen vil òg følgje opp tiltak for auka kvalitet i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*, spesielt på områda kompetanseutvikling, erfarings- og kunnskapsinnhenting og regelverkssetterleving. Embeta vert tilførte ressursar over Kunnskapsdepartementet si løyving til dette.

### Arealdisponering og byggesaker

Fylkesmannen har ansvar for at nasjonal politikk vert formidla og teke vare på i handsaminga av kommunale og regionale planar. Fylkesmannen har ei viktig rolle i høve til å gjennomføre nasjonale mål, setje i verk ny plan- og bygningslov og til å synleggjere kommunane sitt handlingsrom på plan- og miljøområdet. Fylkesmannen legg til rette for ein differensiert arealpolitikk for å oppretthalde busetjinga i distrikta.

Fylkesmannen legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, gode bustader og bumiljø og gode oppvekst- og levevilkår i alle delar av landet. Fylkesmannen legg universell utforming til grunn som strategi for inkludering og likeverd på alle relevante område.

Fylkesmannen samordnar statlege forventningar og interesser i høve til kommunar og fylkeskommunar. Vidare er Fylkesmannen ansvarleg for at regional stat medverkar i regionale planprosessar og i gjennomføring av godkjende planar, mellom anna ved å følgje opp godkjende fylkesplanar og fylkesdelplanar for samordna areal- og transportplanlegging, irekna planar for kjøpesenter. Fylkesmannen og regionale statsetatar deltek òg i



ulike partnerskapar for å stimulere den regionale utviklinga.

Fylkesmannen har særleg merksemd på at kommunane held fram med ein streng praksis ved handsaming av plansaker i strandsona og i fjellområda. Fylkesmannen har òg ei viktig oppgåve i å sjå til at kommunane sikrar miljøverdiar i vassdragsnaturen. Ved handsaming av plansaker medverkar Fylkesmannen til at kommunane tek omsyn til truga naturtypar og truga og sårbare artar, mellom anna i arbeidet med å sikre villreinen sine leveområde gjennom regionale planprosessar.

Fylkesmannen formidlar dei nasjonale måla for bygningspolitikken og arbeider med sikte på god kvalitet i byggmiljø og effektiv byggjeproess både når det gjeld si eiga handsaming av klager og når det gjeld sakshandsaming i kommunane. I Ot. prp. nr. 45 (2007–2008) *Om lov om planlegging og byggesaksbehandling* (plan- og bygningsloven) er det føresett at det skal vere tidsfrist for Fylkesmannen si sakshandsaming, og den nye plan- og bygningslova inneheld heimel for å regulere dette i forskrift. Det er i byggjeforskrifta foreslått 12 veker for Fylkesmannsembeta si behandling av klagesaker etter plan- og bygningslova.

Regjeringa har lagt opp til ei meir restriktiv linje når det gjeld omdisponering av dyrka og dyrkbar mark. Fylkesmannen har ei viktig rolle i å følge opp dei nasjonale føringane for jordvern, der målet er å halvere den årlege omdisponeringa av jordressursar innan 2010. Fylkeslandbruksstyret vert avvikla frå 1.1.2010. Frå same tidspunkt vil Fylkesmannen kunne fremje fråsegn i plansaker ut frå landbruks- og jordvernsinteresse. Det er viktig at Fylkesmannen medverkar til at ivaretaking av viktige landbruksområde vert sett på den politiske dagsordenen i kommunane og til at kommunane utarbeider kjerneområde for landbruk i plan-samanheng.

I 2010 vil Fylkesmannen starte ei langsiktig forvaltning av 20 utvalde kulturlandskap i jordbruket. Dette vil mellom anna omfatte etablering av avtaleverk, forvaltning av økonomiske midlar og dialog med grunneigarar og kommunar.

Fylkesmannen følgjer òg med på kommunane si praktisering av reglane i jord- og konsesjonslovgivinga, mellom anna i saker om deling, omdisponering og buplikt. Gjennom Stortinget si handsaming av Ot.prp. nr. 44 (2008–2009) *Om lov om endring av lov om odelsretten og åsetesretten, lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom mv. og lov om jord mv.*, er det vedteke ei rekkje endringar i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven. Fylkesmannen si oppfølging av kommunen sine vedtak i første instans er styrkt gjennom innføring av ein heimel som gir Fylkesmannen mynde til å påleggje

kommunane å rapportere om vedtaka sine. I dialogen med kommunane vil Fylkesmannen framleis ha auka merksemd på priskontroll i konsesjonssaker, slik at prisane på landbrukseigedomar held ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling.

#### Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Regjeringa har som mål å stanse tapet av naturmangfald innan 2010, og Fylkesmannen sitt arbeid for å sikre leveområde, naturressursar og artar er ein føresetnad for å kunne komme nærare dette målet. Fylkesmannen har òg ei viktig rolle i arbeidet med tilrettelegging for verdiskaping knytt til verneområda. Den nye naturmangfaldlova tredde i kraft 1.7.2009. Fylkesmannen har ei viktig rolle i implementeringa av den nye lova, mellom anna opplæring av kommunane og arbeid med prioriterte artar og utvalde naturtypar.

Det er ei målsetjing å få til eit taktskifte for etablering av ny næringsverksemd i landbruket, mellom anna ved at Fylkesmannen i samspel med kommunar og den regionale partnerskapen arbeider med næringsutvikling og innovasjon. Det er viktig å få til eit godt samspel mellom næringsliv, forskning og forvaltning. Fylkesmannen, saman med Innovasjon Norge og fylkeskommunen, samarbeider med kommunane når det gjeld styrking av det kommunale næringsapparatet. Fellesprosjektet «Kommunane som førstelinje for næringsutvikling» held fram, og første del av arbeidet skal vare ut 2010.

Fylkesmannen har ansvar for gjennomføring av regionale miljøprogram i jordbruket for planperioden 2009–2012. Programmet er mellom anna retta mot bevaring av kulturlandskap og reduksjon i forureininga frå landbruket.

Regjeringa har sett som mål at 15 pst. av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk innan 2015. Fylkesmannen medverkar i satsinga til regjeringa på dette området gjennom å følge opp tiltak i dei fylkesvise handlingsplanane på økologisk landbruk. Det er oppretta økologiske føregangsfylke, der Fylkesmannen vil få eit særskilt ansvar for utvikling innan økologisk produksjon og forbruk.

Regjeringa har eit mål om berekraftig forvaltning, auka verdiskaping og miljø- og energigevinstar gjennom betre utnytting av skogressursane. Fylkesmannen er ein pådrivar for auka bruk av trevirke og treprodukt og biomasse til bioenergi. Fylkesmannen har òg eit ansvar knytt til dei skogpolitiske verkemidla.

Inn på tunet er styrkt gjennom den særskilde 3-årige satsinga «Inn på tunet-løftet i kommunene».

Målet er å forankre og styrkje Inn på tunet-tilbodet i plan- og strategiarbeidet til kommunane og å finne gode samarbeidsformer og modellar i tenesteutviklinga. Satsinga skal skje ved involvering av kommunane, den regionale partnerskapen og andre aktuelle verksemder. Fylkesmannen vil ha ei sentral rolle innanfor mange av tenesteområda for Inn på tunet som tilsynsmyndigheit og rådgivar for kommunane.

Fylkesmannen har ei viktig rolle i arbeidet med å sikre truga, sårbare og spesielt verdifulle naturtypar. Det arbeidet som Fylkesmannen utfører legg grunnlaget for å halde oppe tempoet i verneplanarbeidet, både i nasjonalparkplanen, skogvernet og i marin verneplan. Regjeringa har styrkt arbeidet med å lage forvaltingsplanar og få til betre skjøtsel av verneområda. Innsatsen til Fylkesmannen er avgjerande for å få til ei forvaltning slik at verneverdiane kan haldast oppe. Auka næringsutvikling i verneområde er eit viktig mål for regjeringa.

Innanfor artsforvaltning er arbeid for å ta vare på villaksen, rovviltforvaltning og betre villreinforvaltning viktige oppgåver for Fylkesmannen. Fylkesmannen medverkar til samordning av landbrukspolitiske og miljøpolitiske verkemiddel i område der det kan oppstå konflikt mellom beiteinteresser og vern av rovvilt, og arbeider for å sikre god oppfølging og eit godt samarbeid med rovviltneimnede i regionen. I område med reindrift må reindriften sine interesser ivaretakast. Fylkesmannen medverkar til å betre kunnskapen om truga artar i sitt fylke og til utarbeiding og gjennomføring av handlingsplanar for truga artar. Fylkesmannen sitt arbeid knytt til kartlegging av naturmangfald og kvalitetssikring av data gir viktig informasjon til nasjonale databasar og grunnlag for meir effektiv og målretta forvaltning av artar og naturtypar. Fylkesmannen formidlar òg data for tilstand og utvikling av miljøet i sitt fylke gjennom Miljøstatus, og medverkar generelt til vidare utvikling av Miljøstatus.

Frå 2010 får fylkeskommunen overført Fylkesmannen si rolle som vassregionmyndigheit. Fylkeskommunen overtek dermed rolla som prosessleiar. Fylkesmannen vil framleis ha det miljøfaglege ansvaret for vassforvaltning regionalt, og ei tilfredsstillande oppfølging av vassforvaltingsforskrifta krev at Fylkesmannen og Fylkeskommunen samarbeider tett. Fylkesmannen ser til at miljøverdiane og omsynet til landbruket i vassdraga blir ivaretekne i forvaltings- og tiltaksplanar.

Regjeringa si målsetjing er at utslepp og bruk av helse- og miljøfarlege kjemikalier ikkje skal føre til helseskade eller skadar på naturen si evne til produksjon og sjølvfornyning. Fylkesmannen har ei rekkje viktige oppgåver knytte til helse- og miljø-

farlege kjemikalier, mellom anna tilsyn, sanksjonar og oppfølging av industriverksemder og avfallsanlegg. Arbeidet med ureina grunn og opprydding i ureina sediment er òg ei viktig satsing for å nå desse måla. Fylkesmannen sitt arbeid med grunnforureining og nedlagde avfallsdeponi blir vidareført. Fylkesmannen syter vidare for at utslepp frå kommunal avløpssektor er i samsvar med nye avløpsreglar, og arbeider for å redusere utslepp ytterlegare for å medverke til å sikre god økologisk tilstand i vassførekomstane innan 2021, jf. vassforvaltingsforskrifta.

Innanfor klimaområdet gjer Fylkesmannen eit viktig arbeid i å formidle nasjonale klimamål, rettlege kommunane og syte for at arealplanar tek klimaomsyn i høve til busetjings- og utbyggingsmønster, transport, behov for energi og tilrettelegging for fornybar energi.

Arbeidet knytt til dei tekniske planleggingstestene i landbruket skal utfasast i Fylkesmannsembeta, og oppgåva vil frå 2010 bli overført til Norsk Landbruksrådgiving.

### Samfunnstryggleik og beredskap

Regjeringa legg vekt på samarbeid, samvirke og informasjonsutveksling for å sikre ei heilskapeleg og samordna krisehandtering på sentralt, regionalt og lokalt nivå, jf. St.meld. nr. 22 (2007–2008) *Samfunnsikkerhet*. Regjeringa vil gjennom Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap halde fram med innføringa av krisestøtteverktøy hos fylkesmennene. Krisestøtteverktøyet er eit system for loggføring og rapportering som mellom anna gir eit meir sameint situasjonsbilete.

Regjeringa ser det som viktig at den nasjonale satsinga på tilpassing til klimaendringar vert reflektert i regional og lokal beredskapsførebuing og krisehandtering. Dette arbeidet vil halde fram i 2010. Som del av regjeringa sitt arbeid vil Fylkesmannen sjå til at analysar av risiko og sårbarheit vert gjennomførte, beredskapsplanar vert vidareutvikla og øvingar og opplæring vert sette i verk. Rett dimensjonerte og øvde rednings- og beredskapsorganisasjonar er viktige føresetnader for god handtering. Regjeringa legg òg vekt på at erfaringar frå tilsyn, øvingar, aktuelle hendingar og annan aktivitet skal dokumenterast og kunne nyttast blant alle fylkesmannsembeta. Stortinget har vedteke lov om kommunal beredskapsplikt. Dette fører ikkje til nye oppgåver for Fylkesmannen, men formaliserer nokon av dei tradisjonelle oppgåvene Fylkesmannen har i forhold til kommunane.

I ein situasjon med pandemisk influensa i Noreg, ser regjeringa det som svært viktig at Fylkesmannen er i stand til å ivareta koordinert rap-

portering og formidling av informasjon mellom kommunar og den sentrale helse- og sosialforvaltning, mellom anna om behov for assistanse til kommunane og samhandling mellom kommunane og helseføretaka.

## Rapport 2008

### Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Fylkesmennene har i 2008:

- Gitt rettleiing og informasjon til sosialtenesta i kommunane.
- Handsama 2809 klager på kommunale vedtak om økonomisk stønad etter sosialtenestelova.
- Arbeidd med oppfølginga av Handlingsplan mot fattigdom.
- Teke del i arbeidet med nedbygging av hinder for personar med nedsett funksjonsevne mellom anna gjennom å sjå til at universell utforming vert brukt som strategisk verkemiddel for betre tilkomst til helse- og omsorgstenester.
- Informert om dei økonomiske og juridiske rammevilkåra for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak og introduksjonsordninga.
- Handsama om lag 40 klager på kommunale vedtak etter lov om norskopplæring og introduksjonsordning for nykomne innvandrarak (introduksjonslova).
- Gjennomført 26 seremoniar for meir enn 2000 nye statsborgarak. Oppslutninga om ordninga var på om lag 20 pst. av dei som vart inviterte til seremoni.

### Barne- og likestillingsdepartementet

Fylkesmennene har i 2008:

- Ført tilsyn med barnevernsinstitusjonane og barnevernstenesta i kommunane. I det individuelle tilsynet i institusjonane er måloppnåinga med få unntak over 95 pst. Fylkesmennene har i ulik grad følgt opp krav om systemrevisjon i institusjonane.
- Saman med Helsetilsynet i fylka gjennomført eit felles landsomfattande tilsyn med tema om korleis kommunane samordnar tenester og tiltak til utsette barn og unge som treng hjelp frå kommunale tenester regulerte i barneverns-, helse-, og sosiallovgivinga. Av 114 kommunar var det berre 11 kommunar som ikkje fekk avvik.
- Setje i verk kompetansehevande tiltak i dei kommunale barnevernet etter behov.
- Fylkesmannen i Oslo og Akershus har ført tilsyn med omsorgsenter for einslege mindreårige asylsøkjarak.

- Gjennom kurs og møtearbeidd med aktivitetsplikta i likestillingslova med sikte på å styrkje embetas kunnskap og rettleiingsrolle i høve til kommunane.
- Handsama søknader om separasjon og skilsmisse. I 2008 vart det innvilga 11 742 separasjonar og 10 158 skilsmisser.

### Helse- og omsorgsdepartementet

Fylkesmennene har i 2008:

- Gjennomført 179 tilsyn som systemrevisjonar. Av desse var 176 retta mot kommunar og 3 mot andre verksemder. I 143 av tilsyna blei det konstatert brot på lov eller forskrift. I 139 av tilsyna blei det undersøkt om krav både i sosialtenestelova og helselovgivinga blei følgde. Dei 65 systemrevisjonane som ikkje var ein del av dei landsomfattande tilsyna vart gjennomførte på bakgrunn av informasjon som Fylkesmannen hadde om mellom anna risiko og sårbarheit i eige fylke.
- Gjennomført til saman 224 stadlege tilsyn knytte til bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming i medhald av sosialtenestelova kap. 4A. I tillegg blei det gjennomført 50 andre stadlege tilsyn. Det er ein auke frå året før.
- Handsama 3865 klagesaker etter sosialtenestelova. 87 pst. av sakene vart handsama innan 3 månader. 11 embete oppfylte kravet om at 90 pst. av klagesakene skulle handsamast innan tre månader. Talet på klagesaker etter sosialtenestelova er noko lågare enn tidlegare år.
- Medverka til ei styrking av folkehelsearbeidet i fylke og kommunar gjennom betre samordning mellom fleire politikkområde, fagleg rådgiving og rettleiing på ulike nasjonale tematiske satsingsområde.
- Drive rådgiving og rettleiing om alkohollova til kommunane, og handsama klagesaker etter same lov.
- Drive rådgiving og informasjonsverksemd overfor helsetenesta, sosialtenesta og pleie- og omsorgstenesta.
- Medverka i arbeidet med Omsorgsplan 2015 irekna Demensplan 2015 og Kompetanseløftet 2015, slik at dei framstår som ein heilskapleg plan.
- Medverka i oppgåver knytte til Opptappingsplanen for rusfeltet.
- Medverka i arbeidet med Opptappingsplanen for psykisk helse gjennom rettleiing til kommunane, og medverka til god samhandling på individ- og systemnivå. Fylkesmannen har formidla

oversikt og status på feltet til sentrale styresmakter.

- Medverka i oppfølging av tiltak i Nasjonal strategi for habilitering og rehabilitering 2008–2011 overfor kommunane.

Helsetilsynet i fylka har i 2008:

- Gjennomført 303 tilsyn som systemrevisjonar med helsetenester. Av desse tilsyna var 215 retta mot kommunane og 78 retta mot spesialisthelsetenesta. I 223 av tilsyna blei det funne brot på lov eller forskrift.
- Avslutta 1998 saker (enkelt saker) om mogleg svikt i helsetenesta. Det er framleis store forskjellar i sakshandsamingstida mellom embeta.
- Avslutta 773 klagesaker om manglande oppfyl- ling av rettskrav på helsetenester. Om lag 40 pst. av sakene er knytte til dekning av naud- synte reiseutgifter mellom heim og behand- lingsstad (pasientrettlova § 2-6).

For ein nærmare presentasjon av resultatata av tilsyn viser ein til Prop. 1 S (2009–2010) *Helse- og omsorgsdepartementet*, kap. 721 Statens helsetilsyn.

#### Justis- og politidepartementet

Fylkesmennene har i 2008:

- Gjennomført 88 tilsyn med samfunnstryggleik og beredskapsarbeid i kommunane.
- Halde 255 kriseøvingar knytte til kommunane.
- Ytterlegare 2 fylke har utarbeidd risiko og sår- barheitsanalysar for fylket (fylkes-ROS). Det er no berre to fylke som ikkje har ferdigstilt fylkes- ROS.
- Handsama mange kommuneplanar for å sikre at samfunnstryggleik og beredskap vert teke omsyn til i den kommunale planlegginga.
- Med bakgrunn i omsynet til samfunnstryggleik og beredskap, reist/varsla motsegn til arealde- len i kommuneplanane i 10 tilfelle, og til 102 reguleringsplanar.
- 15 embete har gjennomført møte i fylkesbered- skapsrådet i 2008.
- Handsama til saman 321 klagesaker etter verje- målslova.
- Ført tilsyn med og halde kurs for overformyn- deria i kommunane.
- Handsama om lag 21 000 saker om fritt rettsråd. Dei fleste av desse sakene er innvilga av advo- kat. Fylkesmannen har òg handsama om lag 150 saker om fri sakførsel.

#### Kommunal- og regionaldepartementet

Fylkesmennene har i 2008:

- Arbeidd for at statleg forvaltning fungerer mest mogleg samordna i sin dialog med kommu- nane.
- Stimulert kommunane i omstillings- og forny- ingsarbeidet deira og medverka til å skape kul- tur for omstilling i kommunane. Fylkesmannen har i 2008 gitt om lag 110 mill. kroner i skjønns- midlar til 386 utviklingsprosjekt. Prosjekta har vore gjennomførte i einskildkommunar og interkommunale samarbeid, og har mellom anna omhandla politiske og administrative end- ringar, utvikling av serviceerklæringar og bru- karundersøkingar og prosjekt med arbeidsmil- jø- og personalforvaltningstiltak.
- Rettleidd kommunane i økonomiforvaltninga. Fylkesmennene kontrollerte og godkjende bud- sett og låneopptak for kommunar som er førde opp i Register om vilkårsbunden godkjenning og kontroll (ROBEK). I 2008 blei det sett i verk 49 lovlegkontrollar av budsjett, der 4 ikkje blei godkjende. Av 141 søknader om låneopptak frå ROBEK-kommunane blei 127 godkjende. Embeta følgde òg opp arbeidet med forplik- tande plan for omstilling og kostnadsreduksjo- nar i ROBEK-kommunane.
- Hatt fokus på finansforvaltning i kommunane.
- Godkjent til saman 129 kommunale garantiar av dei 133 som det vart fatta vedtak om.
- Rettleidd kommunane om rapportering og bruk av KOSTRA-data.
- Utført lovlegkontroll av kommunale vedtak. I 2008 vart til saman 102 saker handsama. 35 kommunale vedtak vart kjende ugyldige i 2008.
- Handsama 4481 klagesaker etter plan- og byg- ningslova i 2008 noko som er tilnærma likt som i 2007. Sakshandsamingstida er på gjennom- snittleg 3,4 månader, mot 3 månader i 2007.

#### Kunnskapsdepartementet

Fylkesmennene har i 2008:

- Prioritert arbeidet med full barnehagedekning gjennom møte og samlingar med kommunane og informasjons- og rettleiingsarbeid. Embeta har hatt særleg fokus på kommunar som har hatt utfordringar med å skulle oppfylle retten til barnehageplass.
- Gjennomført tilsyn med kommunen som barne- hagemyndigheit. Det er variasjonar mellom embeta i omfanget av tilsynet, men alle embete har arbeidd målretta med tilsyn.
- Medverka i oppfølginga av Strategi for kompe- tanseutvikling i barnehagesektoren (2007– 2010) gjennom å forvalte statlege midlar til lokale kompetansetiltak og rette innsatsen mot

at aktørane i sektoren følgjer opp aktuelle satsingar for kvalitet i barnehagane.

- Ført tilsyn og kontroll med at skuleeigarane følgjer lover og anna regelverk på utdanningsområdet. Rapporteringa viser framleis variasjonar mellom embeta i kvaliteten på tilsynet, men totalt har det vore ei positiv utvikling.
- Gjennomført felles nasjonalt tilsyn på utdanningsområdet med systemrevisjon som metode. Temaet var om skuleeigar oppfyller kravet i opplæringslova om tilpassa opplæring og spesialundervisning, inkludert tilpassa opplæring for barn og unge i barnevernsinstitusjonar og spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder. I tillegg vart det ført tilsyn med om skuleeigar i samband med dette har eit forsvarleg system for vurdering av om krava i lov og forskrift vert oppfylde. Tilsynet omfatta både offentlege og private skuleeigarar, og resultatane viste at 86 pst. av skuleeigarane hadde avvik. Vidare vart det ført nasjonalt tilsyn med om fylkeskommunane har eit forsvarleg system for å sikre retten for elevane til eit minste årstimetal. Resultatet viste at ingen fylkeskommunar oppfylde lovkravet. Utdanningsdirektoratet følgjer opp resultatane.
- Medverka til oppfølging av reforma Kunnskapsløftet, mellom anna gjennom informasjonsarbeid.
- Medverka til gjennomføring av Strategi for kompetanseutvikling i grunnsopplæringa 2005–2008.
- Utført faste oppgåver knytte til nasjonale prøver, eksamen, klagehandsaming (2699 klagesaker, ein reduksjon på 9,7 pst. frå 2007) og tilskottsforvaltning.

#### Landbruks- og matdepartementet

Fylkesmennene har i 2008:

- Gitt råd og rettleiing på landbruksområdet generelt, og særleg overfor kommunane gjennom kompetansetiltak og møteverksemd.
- Gjennomført forvaltningskontroll i overkant av 90 kommunar og besøkskontroll på om lag 50 jordbruksføretak. Kontrollane viser at det er stor variasjon særleg når det gjeld formelle krav knytte til sakshandsaminga i kommunane. Det er funne avvik der ein har pålagt endra rutinar. I nokre tilfelle har fylkesmannen kravd at tilskot utbetalt på feil grunnlag skal tilbakebetalast.
- Styrkt samarbeidet med rådmenn og ordførarar slik at landbrukspolitikken vert sett på dagsordenen i kommunane.
- Revidert og følgd opp dei regionale strategiane for landbruksbasert næringsutvikling og gitt

innspel til evalueringa av regionale miljøprogram. Næringsorganisasjonane og den regionale partnerskapen har delteke i arbeidet.

- Stimulert til samarbeid, innovasjon og verdiskaping gjennom dei fire programma for matproduksjon, reiseliv, trebasert innovasjon og bioenergi.
- Gjennomført ei revidering av dei regionale miljøprogramma.
- Følgd opp regjeringa si satsing på skogbruk og bioenergi ved å utarbeide regionale strategiar for auka avverking og auka verdiskaping i samarbeid med næringa og kommunane og regionale partnerskapar.
- Medverka i regjeringa si satsing på økologisk landbruk gjennom revidering av fylkesvise handlingsplanar for økologisk landbruk.
- Utarbeidd tiltak for å redusere forureininga i landbruket.
- Medverka til auka samordning av landbruks- og miljøpolitiske verkemiddel i område med beiting og rovvilt, mellom anna ved oppfølging av rovviltnemndene.
- Samarbeidd med statleg forvaltning, fylkeskommunar, kommunar og anna statleg forvaltning om utviklingsprosjekt, fylkesplanar, kommuneplanar, og andre strategiske næringsplanar.
- Arbeidd for å hindre at kulturlandskap gror att og nedbygging av dyrka jord gjennom dialog med kommunane og deltaking i planprosessar.
- Utforma fagleg underlag for kåring av 20 utvalde kulturlandskap.
- Følgd opp ordninga som skal syte for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell ved å tildele tilskot til særskilde tiltak i aktuelle kommunar.

#### Miljøverndepartementet

Fylkesmannen har i 2008:

- Arbeidd med gjennomføring av verneplanar knytte til nasjonalparkplanen og utvida skogvern, og med forvaltning av verneområda.
- Medverka i arbeidet med gjennomføring av statleg rovviltpolitikk og -forvaltning, mellom anna gjennom å sikre bestandar av bjørn, jerv, ulv, gaupe og kongeørn i tråd med etablerte bestandsmål i regionen, og ved å medverke til å minimere dei skadar desse rovviltartane har valda husdyr og tamrein. Arbeidet har vore i tråd med føringar frå rovviltnemnda i kvar ein-skild region.
- Medverka i arbeidet med å utrydde lakseparasitten Gyrodactylus salaris i aktuelle fylke.
- Arbeidd med kartlegging av naturmangfald i kommunane, mellom anna fordelt tilskot og gitt

- fagleg rettleiing med spesiell fokus på kvalitets- sikring og nasjonale standardar. Fylkesmannen har oppdatert og kvalitetssikra databasar som Naturbase, Rovbase, INON, Vanninfo og Hjorteviltregisteret.
- Formidla og handsama nasjonal miljøpolitikk i høve til sektormyndigheiter og kommunar, og medverka til samordning av statlege interesser i handsaming av kommunale og fylkeskommunale planar.
  - I tråd med regjeringa sin politikk ført ein streng praksis ved handsaming av plansaker i strandsona og fjellområda.
  - Medverka i gjennomføring av det femårige utviklingsprogrammet på lokalt miljøvern og samfunnsutvikling.
  - Hatt fokus på universell utforming i høve til planlegging, og rettleidd kommunane om dette i arbeidet med kommuneplanar og reguleringsplanar.
  - Teke hand om rolla som forureiningsmyndigheit, både mot næringsliv og kommunale verksemder.
  - Auka sitt eigeinitierte tilsynsarbeid og delteke i tre landsdekkjande og tre regionale kontrollaksjonar på forureiningsområdet. Aksjonane har vist at det framleis er stort behov for meir tilsyn, særleg knytt til miljøgifter og farleg avfall.
  - Delteke i arbeidet med karakterisering, forvaltingsplanar, tiltaksprogram og overvaking knytt til gjennomføringa av vassforskrifta.
  - I dei 9 vassregionane i Noreg leidde det tverrsektorielle vassregionutvalet som har utarbeidd høyringsutkast til forvaltingsplan med tiltaksprogram.
  - Arbeidd med å følgje opp kommunane i å etterkomme krava i nytt avløpsregelverk, mellom anna kursa kommunane i det nye regelverket.
  - Arbeidd med å gjennomføre tiltaksplanar for forureina sediment i dei prioriterte fjordområda, arbeidd med å gi nye løyve til dei avfallsdeponia som skal oppretthalde drifta etter 2009 og vidareført arbeidet med å avslutte dei deponia som ikkje skal drive vidare.
  - Arbeidd med å hente inn miljødata og formidle miljøtilstand og utvikling.
  - Styrkt arbeidet med klimaspørsmål i eige fylke og formidla statlege forventningar til kommunane, formidla klimainformasjon på eigen nettstad og samordna dei regionale aktørane sitt arbeid på området.

## Kap. 1510 Fylkesmannsembeta

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter	1 200 883	1 193 379	1 208 018
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	280 699	150 000	154 800
	Sum kap. 1510	1 481 582	1 343 379	1 362 818

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje ordinære lønns- og driftsutgifter for fylkesmannsembeta.

Som følgje av ein forventa auke i talet på einlege, mindreårige asylsøkjjarar under 15 år i 2010, vert det foreslått å styrkje posten med 2,8 mill. kroner for Fylkesmannen sitt tilsyn med omsorgssenter. Det vert vidare foreslått å auke posten med 3 mill. kroner i samband med Fylkesmannen sitt ansvar for tilsyn med krisesentertilbodet i kommunane frå 2010.

Det vert foreslått å overføre 0,415 mill. kroner frå kap. 1510 Fylkesmannsembeta, post 01 Driftsutgifter til Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt kap. 650 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, post 01 Driftsutgifter i samband med at ansva-

ret for sentral annonsering av opplæring i norsk og samfunnskunnskap blir overført frå Fylkesmannen i Buskerud til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet i 2010.

Det vert foreslått å overføre 8,5 mill. kroner frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, post 75 Bedring av funksjonsevnen, hjelpemidler til kap. 1510 Fylkesmannsembeta, post 01 Driftsutgifter i samband med at Fylkesmannens tilsynsansvar òg omfattar tilsyn med økonomisk stønad og kvalifiseringsprogram/ kvalifiseringsstønad frå 1.1.2010, jf. Ot.prp. nr. 103 (2008–2009) *Om lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsordningen*.

I samband med at forvaltning av tilskot til kompletterande undervisning og tilskot til private skular i utlandet hos Fylkesmannen i Oslo og Akers-

hus vert flytta til Utdanningsdirektoratet frå 1.1.2010, vert det foreslått å overføre 0,8 mill. kroner frå kap. 1510 Fylkesmannsembeta, post 01 Driftsutgifter til Kunnskapsdepartementet sitt kap. 220 Utdanningsdirektoratet, post 01 Driftsutgifter.

Det vert foreslått å overføre 7,7 mill. kroner frå kap. 1510 Fylkesmannsembeta, post 01 Driftsutgifter til Kommunal- og regionaldepartementet sitt kap. 572 Rammetilskudd til fylkeskommuner i samband med at enkelte oppgåver på landbruks- og miljøområdet skal overførast frå Fylkesmannen til fylkeskommunane frå 1.1.2010 som følgje av forvaltingsreforma. Av overføringa er 4,6 mill. kroner knytte til miljøområdet. Dette gjeld overføring av dei noverande oppgåvene til fylkesmannsembeta knytte til friluftsliv og forvaltning av haustbare, ikkje truga artar av vilt og innlandsfisk. 3,1 mill. kroner er knytte til landbruksområdet som omfattar overføring av enkelte av Fylkesmannen sine oppgåver innanfor rekruttering og kompetanseheving i landbruket, næringsutvikling, klima og samfunnsplanlegging, i tillegg til enkelte oppgåver som tidlegare låg til fylkeslandbruksstyret. Av beløpet på 3,1 mill. kroner er 0,5 mill. kroner til inndekking av meirkostnader til årsverk i Fylkeskommunen.

Det vert foreslått å overføre 2,5 mill. kroner frå kap. 1510 Fylkesmannsembeta, post 01 Driftsutgifter til Landbruks- og matdepartementet sitt kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m., post 77 Utviklingstiltak i samband med at arbeidet knytt til tekniske planleggingstenester i landbruket skal utfasast i Fylkesmannsembeta, og oppgåva skal frå 2010 overførast til Norsk landbruksrådgiving, jf. St.prp. nr. 69 (2007–2008) *Om jordbruksoppgjeret 2008*.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

I løpet av året får Fylkesmannen ekstra oppdrag frå andre departement og direktorat/ tilsyn som det ikkje er avsett ressursar til innanfor post 01. Oppdraga har som hovudregel ikkje lengd over 4 år. Oppdraga er knytte til mellom anna handlingsplanar og prosjekt, eller det vert gjort ei førebels styrking av eit fagområde gjennom overføring av midlar frå løyvinga til det ansvarlege fagdepartementet. Tilleggsfinansieringa vert ført på kap. 4510 Fylkesmannsembeta, post 01 Inntekter ved oppdrag.

## Kap. 4510 Fylkesmannsembeta

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Inntekter ved oppdrag	266 392	149 961	154 760
02	Ymse inntekter	23 161		
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	1 683		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	8 975		
17	Refusjon lærlingar	1 096		
18	Refusjon sjukepengar	21 134		
	Sum kap. 4510	322 441	149 961	154 760

### Post 01 Inntekter ved oppdrag

Det vert vist til omtale under kap. 1510 post 21.

## Programkategori 01.20 Fellestenester i regjeringskvartalet

Utgifter under programkategori 01.20 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
1520	Servicesenteret for departementa	467 127	455 932	476 086	4,4
	Sum kategori 01.20	467 127	455 932	476 086	4,4

Inntekter under programkategori 01.20 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
4520	Servicesenteret for departementa	179 024	90 887	87 647	-3,6
	Sum kategori 01.20	179 024	90 887	87 647	-3,6

### Allmenn omtale

#### Utfordringar og utviklingstrekk

Det har vore store omstillingar på fellestenesteområdet dei seinare åra. Eit viktig utviklingstrekk har vore at fleire administrative støttetjenester i departementsfellesskapet har blitt samla på ein stad. Føremålet har vore å oppnå stordriftsfordelar og best mogleg kvalitet på tenestene. Utviklinga går mot fleire standardiserte systemløysingar og arbeidsprosessar. Ei sentral utfordring i tida fram-

over er å dra fordel av ny teknologi og halde fram arbeidet med standardisering.

#### Mål og strategiar

- Det er viktig at Statsministerens kontor og departementa har velfungerande støttefunksjonar, ein robust infrastruktur og tilfredsstillande trygging og sikring.
- Drift og vedlikehald skal ta omsyn til både miljøet og tryggleiken i regjeringskvartalet.
- Departementsfellesskapet skal ha ei effektiv drift innanfor administrasjon og fellestenester.

### Kap. 1520 Servicesenteret for departementa

					(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	
01	Driftsutgifter	373 836	339 366	350 397	
22	Fellesutgifter i regjeringskvartalet	75 648	80 512	81 818	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	17 643	36 054	43 871	
	Sum kap. 1520	467 127	455 932	476 086	



## Allmenn omtale

Servicesenteret for departementa er ein intern tenesteleverandør for Statsministerens kontor og departementa. Det overordna målet til Servicesenteret for departementa er føremålstenlege og kostnadseffektive fellestenester til dei nemnde brukarane. Drifta skal vere kjenneteikna av effektiv ressursbruk og ta omsyn til miljø og kvalitet. Verksemda skal òg vere pådrivar for framtidsretta arbeidsverktøy i departementsfellesskapet.

Tenesteleveransane er delte inn i fem hovudområde: IKT, sikring og trygging, kontortenester, informasjonsforvaltning og fellestenester.

Verksemda utfører eit mangfald av oppgåver, mellom anna:

- Teknisk og fysisk trygging av tilgjengekontroll og vakt- og resepsjonsteneste.
- Sentralbord og basis infrastruktur for data-nettverk og telefoni.
- Utvikling og drift av regjeringa.no, dessutan interne web-tenester.
- IKT (inkludert tryggleik).
- Økonomitenester.
- Innkjøpstenester.
- Reinhald, intern postfordeling og kopiteneste.
- Produksjon av publikasjonar i tråd med design-programmet for departementa.
- Lagerhald og utsending av regjeringas publikasjonar.
- Bedriftshelseteneste.
- Fellesbibliotek.

Fleirtalet av departementa nyttar desse tenestene og Regjeringsadvokaten nyttar økonomitenestene. Bygnings- og arealforvaltninga i regjeringsskvartalet vert utført av Statsbygg og det er felles forvaltning med omsyn til infrastruktur og sikringstiltak. Servicesenteret for departementa har òg eit ansvar for drifta av Det statlege servicesenteret i Engerdal.

Brukarane vert involverte i tenesteutviklinga. Samarbeidet med departementa vert mellom anna teke hand om i Brukarrådet og i dei ulike brukarfora.

Finansieringsmodellen til Servicesenteret for departementa er ei blanding av løyving- og brukarfinansiering. Frå og med 2009 er hovuddelen av tenestene løyvingfinansiert.

## Rapport 2008

### Brukarretting og kvalitetsutvikling

Det vart gjennomført tre ulike brukarundersøkingar. Brukarane sine oppfatningar og innspel til forbetringar vert nytta i tenesteutviklinga.

### Felles departementsplattform og IKT-tenester

Prosjektet er avslutta og 13 departement er blitt fasa inn på ei felles departementsplattform. Eit nytt sentralt driftsmiljø inneber at fleirtalet av departementa no har felles IKT-arkitektur. Det vart òg gjennomført fleire andre utviklingsprosjekt, mellom anna utvida fjernaksess og kontorstøtteløysing for gradert informasjon.

Arbeidet med å skaffe ei ny løysing for elektronisk arkiv- og sakshandsaming for departementa er i gang og prosessen vil vere slutført i 2009.

### Vakthald og tryggleik

Nivået på vakthald og tryggleik, irekna IKT-tryggleik, har vore i samsvar med dei gjeldande trusselvurderingane. Tidlegare tenesteavtalar er erstatta av ein ny fellesavtale for basis sikringstenester som er betre tilpassa dagens tryggningsnivå og tryggingssubjekt. Ansvarsområdet vart utvida med døgnkontinuerleg vakthald og trygging av regjeringas representasjonsanlegg.

### Økonomitenester

Verksemda har arbeidd med å skaffe departementa ei ny løysing for elektronisk sakshandsaming av reiserekningar.

### Vidareutvikling av nettstaden regjeringa.no

Hovudkanalen på internett for kommunikasjon mellom innbyggjarane og regjeringa vert stadig vidareutvikla og styrka.

- Det vart sett i gang eit prosjekt for å gjere det lettare å finne fram til saker som er eller har vore på høyring. Løysinga skal òg leggje til rette for å abonnere på nye høyringssaker frå 2009.

Ei plattformuavhengig utgåve av elektronisk reiserekning for staten var klar til bruk hausten 2008 og er no tilgjengeleg på regjeringa.no. Løysinga fungerer for alle nettlesarar og plattformer, og er betre tilpassa synshemma brukarar enn den gamle versjonen.

EØS-notat er no tilgjengelege gjennom eigne nettsider på regjeringa.no.

Bruk av lyd og bilete har auka mellom anna i form av auka produksjon av eigne reportasjar og direkteoverføring av pressekonferansar frå regjeringa og departementa.

### Infrastruktur i regjeringskvartalet

Arbeidet med å skaffe ei framtidretta og brukarvennleg telefoniløysing i regjeringskvartalet tok til i 2008. Anskaffing og implementering vil gå føre seg i heile 2009. Arbeidet med å skaffe eit nytt sikringsanlegg tok òg til i 2008 og vil verte fullført i 2010. Prosjektet omfattar utskifting av det gamle anlegget til eit alarm- og tilgangskontrollsystem med høg tryggleik, mellom anna med nye tilgangskort, kortlesarar, styringssystem og nettverksløysing basert på tidsriktig og framtidretta teknologi.

### Prioriteringar 2010

Servicesenteret for departementa skal fortsetje arbeidet med å styrkje fellestenestene og støttefunksjonane til Statsministerens kontor og departementa. Tenestene skal utførast effektivt og ha best mogleg kvalitet for brukarane. I 2010 skal verksemda prioritere:

### Brukarretting og kvalitetsutvikling

Servicesenteret for departementa skal ha ei viktig samordnings- og utviklingsrolle på fellestenestemrådet. Samordningsrolla er særskild viktig for å vidareutvikle tenestetilbodet til departementa, slik at standardiseringsarbeidet vert ytterlegare styrkt.

### Trygging og kvalitet for IKT-tenestene

Servicesenteret for departementa skal halde fram arbeidet for å sikre IKT-tenestene for departementa både med omsyn til teknisk vern og for å styrkje tryggleiken generelt. Det er òg ei prioritert oppgåve å sjå til at IKT-infrastrukturen heile tida er robust, oppdatert og forsvarleg driven, slik at tenestene ikkje vert utsette for avbrot.

### Sikringsanlegg og tilgangskontrollsystem

Vakthald og tryggleik skal alltid vere i samsvar med dei gjeldande trusselvurderingane. Det skal gjerast fortløpande vurderingar av om sikringstiltak kan fasast ut eller erstattast av nye. Prioritering av sikringstiltak skal sikre optimal ressursutnytting sett i forhold til dei definerte truslane.

Arbeidet med nytt sikringsanlegg og tilgangskontrollsystem skal halde fram, og prosjekta skal avsluttast i samsvar med dei etablerte planane. Som ein del av oppgraderinga på sikringsområdet skal òg låsesystem i regjeringskvartalet og frittliggjande departement skiftast ut over ein fire års periode.

### Ny løysing for elektronisk arkiv- og sakshandsaming – Depsak II

Servicesenteret for departementa skal arbeide for brei oppslutnad om ny fellesløysing. Målet er å få eit felles system som alle departementa kan bruke, og som kan leggje til rette for meir elektronisk sakshandsaming mellom departementa. I spesifikasjonen for ei ny løysing er det innarbeidd krav om opne standardar. Servicesenteret skal starte opp med pilotprosjekt og implementering av den nye løysinga.

### Lønnssystem

Servicesenteret for departementa skal arbeide for å få på plass eit nytt lønnssystem som vil oppfylle framtidig behov for eit sikkert og effektivt system. Ei ny løysing skal medverke til at departementa bruker mindre administrative ressursar på dette området.

### Nettstaden regjeringa.no

Servicesenteret for departementa skal vidareutvikle regjeringa.no i samsvar med vedtekne visjon om at regjeringa.no skal vere den viktigaste møteplassen på nett mellom regjeringa, departementa og innbyggjarane. Dette inneber at nettstaden aktivt legg til rette for godt samspel med brukarane, og at det er gode løysingar for mellom anna utvida bruk av lyd og bilete.

Servicesenteret skal leggje særskilt vekt på å vidareutvikle video, lyd og bilete som ein integrert del av innhaldet på regjeringa.no. I samband med interaktive tenester vil det verte tilbode verktøy for kommunikasjon og diskusjonar, og i tillegg moglegheiter for å dele innhald med andre nettstader og sosiale medium. Vidare skal servicesenteret sikre at regjeringa.no er tilgjengeleg for innbyggjarane sjølv i kritiske situasjonar.

### Miljø

Servicesenteret for departementa skal ha ei viktig pådrivarrolle for meir miljøvenleg drift i regjeringskvartalet. Miljøopsatsingar skal innarbeidast i tenesteytinga og spesifikt vere ein del av tenestemråda web, tryggleik, IKT og e-sakshandsaming. Verksemda skal innarbeide samfunns- og miljøomsyn i eigne innkjøp, jf. miljøkriteria ved offentlege innkjøp.

For ytterlegare å styrkje miljøarbeidet skal verksemda:

- Utvikle miljøstatistikkar i regjeringskvartalet for identifisering og dokumentasjon av miljøtiltak.
- Førebu gradvis innføring av ei ordning med miljøsertifisering av verksemda.
- Gjennomføre tiltak for å redusere papirforbruket i regjeringskvartalet ytterlegare.
- Samarbeide med Statsbygg om konkrete tiltak for å sikre ein reduksjon av straumforbruket både når det gjeld drift av eiga verksemd og blant brukarane av tenestene.

#### Det statlege servicesenteret i Engerdal

Servicesenteret for departementa skal leggje til rette for pålitelege og kostnadseffektive tenester ved Det statlege servicesenteret i Engerdal. Elleve statlege verksemdar nyttar no sentralbordtenestene.

#### Budsjett 2010

Tenestene som Servicesenteret for departementa tilbyr, er delte inn i standardytingar og tilleggsytingar. Frå budsjettåret 2010 vert alle utgifter til tilleggsytingar dekte av brukarane.

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer utgifter til lønn og drift av verksemda. Posten dekkjer òg utgifter verksemda har i

samband med tilverkinga av tenestene. Servicesenteret for departementa hadde per 1.3.2009 ei bemanning tilsvarande 480 årsverk.

Driftsløyvinga foreslår ein å styrkje med om lag 10 mill. kroner, mellom anna for å betre IKT-tryggleiken.

#### Post 22 Fellesutgifter i regjeringskvartalet

Løyvinga dekkjer fellesutgifter for regjeringskvartalet, medrekna husleige for fellesareal og statsforvaltninga sin avtale med Kopinor. Posten dekkjer tilvergings- og utviklingskostnader som er knytte til nettstaden regjeringa.no. Frå og med 2010 foreslår ein å styrkje posten med 7 mill. kroner knytte til regjeringa.no og samisk omsetjingsteneste.

#### Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekkjer utskifting av større utstyr og vedlikehald. For 2010 er løyvinga auka med 11,6 mill. kroner for å dekkje utskifting av dørlåsar i regjeringsbygningane og med 5 mill. kroner til rehabilitering av regjeringskvartalet sine fellesareal. I tillegg er det avsett 8,5 mill. kroner til slutføring av nytt sikringsanlegg.

### Kap. 4520 Servicesenteret for departementa

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
02	Ymse inntekter	900	2 578	19 974
03	Brukarbetaling for tilleggsytingar frå departementa	167 974	86 833	65 860
07	Parkeringsinntekter	1 263	1 476	1 813
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	120		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 877		
18	Refusjon sjukepengar	6 890		
	Sum kap. 4520	179 024	90 887	87 647

#### Post 02 Ymse inntekter

På posten vert det mellom anna ført betaling for standard- og tilleggsytingar til Regjeringsadvokaten og driftsinntekter for Det statlege senteret i

Engerdal. Frå 2010 foreslår ein at det på post 03 utelukkande skal verte ført inntekter frå departementa. Post 02 aukar derfor med 17,6 mill. kroner og post 03 vert redusert med tilsvarande beløp.

**Post 03 Brukarbetaling for tilleggsytingar frå departementa**

På posten vert det ført brukarbetaling for tilleggsytingar frå Statsministerens kontor og departementa.

Det vert føreslått å definere lønn- og rekneskapstenesta som standardyting. Det inneber ei overføring av 11 mill. kroner frå departementa til

Servicesenteret for departementa og eit tilsvarende bortfall av inntekter.

Som følge av at det er berekna fullkostprising på tilleggsytingane, vert det føreslått å auke posten med 5,2 mill. kroner.

**Post 07 Parkeringsinntekter**

På posten vert det ført inntekter frå avgift på parkeringsplassar i regjeringskvartalet.

## Programkategori 01.30 Partistøtte

### Kap. 1530 Tilskot til dei politiske partia

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter	1 083	990	1 350
70	Tilskot til dei politiske partia sine sentrale organisasjonar	211 004	220 493	227 209
71	Tilskot til dei politiske partia sine kommunale organisasjonar	26 558	28 665	29 582
73	Tilskot til dei politiske partia sine fylkesorganisasjonar	59 970	62 609	64 612
75	Tilskot til dei politiske partia sine fylkes-ungdomsorganisasjonar	16 067	17 797	18 367
76	Tilskot til dei politiske partia sine sentrale ungdomsorganisasjonar	6 311	6 649	6 862
	Sum kap. 1530	320 993	337 203	347 982

#### Allmenn omtale

Dei administrative oppgåvene knytte til partilova ligg til Fornyings- og administrasjonsdepartementet og fylkesmennene. Statistisk sentralbyrå skal hente inn, behandle og offentleggjere informasjon om partia sine inntekter.

#### Europarådet si evaluering av den norske partifinansiering

GRECO (Group of States against Corruption) vart etablert i 1999 under Europarådet som ein internasjonal samarbeidsavtale og eit verktøy for oppfølging av antikorrupsjonsarbeidet i medlemslanda. GRECO har tilsyn med at landa set i verk dei rettslege instrumenta som Ministerkomiteen har vedteke. Dei aller fleste landa i Europa deltek i GRECO-samarbeidet (46 land i alt inkl. USA). Noreg har vore medlem av GRECO sidan 2001. Medlemskapen inneber ei plikt til å delta i evalueringa av medlemslanda og sjølv la seg evaluere. I tredje evalueringrunde, som har gått føre seg sidan 1.1.2007, har tema vore reglane om korrupsjon i straffelova og openheit rundt finansiering av dei politiske partia. Det siste med utgangspunkt i

Ministerkomiteen sin rekommendasjon 2003/4 «Felles reglar mot korrupsjon i finansiering av politiske parti og valkampanjar». Noreg vart evaluert hausten 2008. Grunnlaget for evalueringa har vore ei skriftleg utgreiing rundt det norske systemet for finansiering av partia i form av svar på GRECO sitt spørjeskjema, inkludert ei omsetjing av relevante lover, føresegner og lovforarbeid. I tillegg vitja eit evalueringsteam frå GRECO Noreg i 2008 for å intervjuje ansvarlege myndigheiter, politiske parti og andre private aktørar.

Elektronisk kopi av rapporten om Noreg ligg på:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/presesenter/pressemeldinger/2009/partiregnskap-skal-bli-apnere>.

Som eit resultat av evalueringa har GRECO gitt Noreg ein frist til 30.8.2010 til å følgje opp desse rekommendasjonane:

- i) At partiorganisasjonane vert pålagde å gi årlege rapportar om utgifter, i tillegg til ordninga i dag med inntektsrekneskapar, ii) at partiorganisasjonane pliktar å sende inn informasjon om eignedelar og gjeld i høveleg grad, iii) at det vert etablert eit standardisert skjema for å gi denne informasjonen.

2. At det vert utarbeidd nærare retningslinjer om rapportering av ikkje-monetære gåver i tillegg til «politiske avtalar» som det i dag er krav om å innrapportere etter partilova.
3. At det vert vurdert å innføre ei plikt til å rapportere inntekter og utgifter under valkampanjar.
4. At det vert etablert klare reglar for å sikre naudsynt sjølvstende for revisorar som reviderer rekneskapen til politiske parti.
5. At det vert sytt for ei høveleg, uavhengig monitorering av partifinansieringa, som òg omfattar valkampanjar, i samsvar med Artikkel 14 i Rec 2003/4.
6. At det vert innført høvelege, fleksible sanksjonar for alle slags brot på partilova, i tillegg til sanksjonane som finst i dag.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil i samarbeid med aktuelle fagmiljø lage eit forslag til om og korleis rekkommandasjonane bør implementerast i partilova. Moglegheiter for å gjere tilpassingar i andre lover og føresegner vil òg bli vurdert.

#### Elektronisk system for handtering av søknader

Departementet har i samarbeid med Statistisk sentralbyrå og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane etablert eit prosjekt for å utvikle ei elektronisk søknads- og rapporteringsordning for alle registrerte politiske parti og partilag. Systemet vart teke i bruk 1.1.2008 og gjer det enklare for partia å søkje om stønad. Systemet har òg gjort administreringa av partilova meir effektiv for fylkesmannsembeta, Statistisk Sentralbyrå og departementet. Systemet vart i 2009 utvida til òg å omfatte eit system for handsaming av saker under Partilovnemnda. Departementet vil i samband med forslag om endring av partilova vurdere når stortingspartia og dei sentrale ungdomsorganisasjonane òg skal omfattast av systemet.

#### Partilovnemndas handheving av partilova

Partilovnemnda har for 2008 lagt til grunn ei streng handheving av partia si plikt til å innrapportere inntektsrekneskapar etter kap. 4 i partilova. Nemnda har i om lag 70 tilfelle halde tilbake stønad for eit år der rapporteringa ikkje har vore i samsvar med lova. Departementet meiner at ein streng handhevingspraksis er viktig og vil vonleg på sikt føre til auka etterleving av lova.

## Budsjett

### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer mellom anna utgifter til drift av Partilovnemnda, den elektroniske søknadsordninga (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) og Partiregisteret (Brønnøysund). Regjeringa foreslår å omdisponere løyving frå post 70 til post 01 grunna auke av utgifter i samband med utvikling og drift av den elektroniske søknadsordninga.

### Post 70 Tilskot til dei politiske partia sine sentrale organisasjonar

Løyvinga er, som tidlegare, øyremerkt registrerte politiske parti og er delt mellom Stemmemstønad (9/10) og Grunnstønad (1/10).

#### Stemmemstønad

Stemmemstønad vert fordelt som ein fast sats per stemme rekna ut på grunnlag av dei årlege løyvingane og resultatet frå sist føregåande stortingsval.

#### Grunnstønad

Grunnstønad vert betalt ut til partiet sin hovudorganisasjon dersom partiet fekk minst 2,5 pst. oppslutning på landsbasis eller vann minst ein stortingsrepresentant ved siste stortingsval. Grunnstønad vert fordelt likt mellom desse partia.

### Post 71 Tilskot til dei politiske partia sine kommunale organisasjonar

Løyvinga er, som tidlegare, øyremerkt registrerte politiske parti og vert delt mellom Stemmemstønad (9/10) og Grunnstønad (1/10). Det er eit krav om at kommunepartia må ha ein organisasjon i den respektive kommunen for å få stemmemstønad og grunnstønad. Fylkesmannen utbetaler tilskotet.

#### Stemmemstønad

Stemmemstønad vert betalt ut frå første stemme utan sperregrense. Satsen vert rekna ut på grunnlag av dei årlege løyvingane og resultatet frå sist føregåande kommunestyreval.

#### Grunnstønad

Grunnstønad vert løyvd til partia sine kommuneorganisasjonar dersom partiet fekk minst 4,0 pst. oppslutning i kommunen eller vann minst ein representant ved kommunestyrevalet. Grunnstønad vert fordelt likt mellom desse partia.

**Post 73 Tilskot til dei politiske partia sine fylkesorganisasjonar**

Løyvinga er, som tidlegare, øyremerkt registrerte politiske parti og vert delt mellom Stemmestønad (9/10) og Grunnstønad (1/10). Det er eit krav om at fylkespartia må ha ein organisasjon i gjeldande fylke for å få stemmestønad og grunnstønad. Fylkesmannen utbetaler tilskotet.

**Stemmestønad**

Stemmestønad vert betalt ut frå første stemme utan sperregrense. Satsen vert rekna ut på grunnlag av dei årlege løyvingane og resultatet frå sist føregåande fylkestingsval.

**Grunnstønad**

Grunnstønad vert løyvd til partia sine fylkesorganisasjonar dersom partiet fekk minst 4,0 pst. oppslut-

ning i kommunen eller vann minst éin representant ved fylkestingsvalet. Grunnstønad vert fordelt likt mellom desse partia.

**Post 75 Tilskot til dei politiske partia sine fylkesungdomsorganisasjonar**

Løyvinga vert delt i samsvar med morpartiet sin del av det totale talet på stemmer som gjekk til parti med fylkesungdomsorganisasjon. Fylkesmannen utbetaler tilskotet.

**Post 76 Tilskot til dei politiske partia sine sentrale ungdomsorganisasjonar**

Løyvinga vert delt i samsvar med morpartiet sin del av det totale talet på stemmer som gjekk til parti med sentral ungdomsorganisasjon. Departementet utbetaler tilskotet.

## Programkategori 01.40 Pensjonar m.m.

Utgifter under programkategori 01.40 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
1541	Pensjonar av statskassa	21 946	21 700	21 600	-0,5
1542	Tilskot til Statens Pensjonskasse	9 126 342	8 357 000	8 138 000	-2,6
1543	Arbeidsgivaravgift til folketrygda	852 000	921 000	762 000	-17,3
1544	Bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse	5 052 098	3 400 000	6 033 000	77,4
1546	Yrkesskadeforsikring	73 749	94 000	92 000	-2,1
1547	Gruppelivsforsikring	99 152	126 000	131 000	4,0
2470	Statens Pensjonskasse	57 415	315 910	312 571	-1,1
	Sum kategori 01.40	15 282 702	13 235 610	15 490 171	17,0

Inntekter under programkategori 01.40 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
4544	Bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse			3 518 000	
4546	Yrkesskadeforsikring	132 906	127 000	136 000	7,1
4547	Gruppelivsforsikring	56 448	47 000	98 000	108,5
5470	Statens Pensjonskasse	22 459	17 059	18 069	5,9
5607	Renter av bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse	1 050 219	1 223 000	734 000	-40,0
	Sum kategori 01.40	1 262 032	1 414 059	4 504 069	218,5

### Allmenn omtale

Kategorien omhandlar både den administrative drifta av Statens Pensjonskasse og dei ytingane som ordningane til Statens Pensjonskasse gir rett til. Statens Pensjonskasse forvaltar Noregs største tenestepensjonsordning, og er ein statsgarantert pensjonskasse. Dette gir staten ansvaret for å finansiere dei pensjonane som vert tente opp. Verdien av desse rettane er estimert til om lag 330 mrd. kroner.

### Medlemmer og regelverk

Staten har sidan 1917 hatt ei lovheimla tenestepensjonsordning for sine embets- og tenestemenn og for skuleverket. Per 31.12.2008 var om lag 960 000 medlemmer knytte til pensjonsordningane som Statens Pensjonskasse administrerer. Av desse er det om lag 240 000 pensjonistar og 290 000 yrkesaktive medlemmer, mens 430 000 har rett til såkalla oppsett pensjon, dvs. at dei tidlegare har opparbeidd pensjonsrettar i Statens Pensjonskasse, men



at dei for tida ikkje er tilsette i ei medlemsverksemd.

Medlemskap er obligatorisk for statstilsette (tilsette i staten som juridisk eining), som utgjer om lag halvparten av dei 290 000 yrkesaktive medlemmene. Dei yrkesaktive medlemmene kan delast inn i fire hovudgrupper med omsyn til arbeidsgivar:

- Statsforvaltninga, Stortingets organ og domstolane (51 pst.).
- Skuleverket i kommunal og fylkeskommunal sektor (36 pst.).
- Selskap/føretak (9 pst.).
- Stiftingar/organisasjonar mv. (4 pst.).

Ytingane frå Statens Pensjonskasse omfattar:

- Alderspensjon.
- Uførepensjon.
- Enkje- og enkjemannspensjon.
- Barnepensjon.

I tillegg administrerer Statens Pensjonskasse:

- Gruppelivsforsikring.
- Erstatning ved yrkesskade.
- Vartpengar.
- Pensjonar av statskassa.
- Førtdpensjon.
- Avtalefesta pensjon (AFP).
- Bustadlån.

Statens Pensjonskasse administrerer òg eigne pensjonsordningar for mellom anna apotekverksemd, statsrådar, stortingsrepresentantar, kunstnarleg personale ved Den norske opera og følgjepersonar i utanrikstenesta.

Pensjonsytingane vert samordna med ytingane frå folketrygda og andre offentlege tenestepensjonsordningar. Samordninga med dei andre offentlege tenestepensjonsordningane skjer gjennom Overføringsavtalen. Overføringsavtalen er inngått mellom Statens Pensjonskasse og andre leverandørar av offentlege tenestepensjonsordningar i kommunale pensjonskassar, livforsikringsselskap og lovfesta pensjonsordningar, og skal sikre at medlemmene sin pensjon ikkje vert påverka når dei skiftar arbeidsgivar i offentlig sektor. Overføringsavtalen stiller mellom anna krav om at det skal vere eit felles pensjonsprodukt, og at pensjonane skal regulerast på same måten som i Statens Pensjonskasse. Dette sikrar dei tilsette årleg regulering av opptente pensjonsrettar òg etter eit skifte frå statleg til privat sektor. Statens Pensjonskasse er koordinerande organ for Overføringsavtalen, og handhevar mellom anna regelverket for oppgjer mellom pensjonsordningane.

## Premiebetaling i Statens Pensjonskasse

Hovudprinsippet for dei statlege verksemdene er at det ikkje vert betalt pensjonspremie. Som hovudprinsipp betaler nettobudsjetterte statlege verksemdar premie, medan dei bruttobudsjetterte ikkje betaler premie. Blant dei ikkje-statlege medlemsverksemdene er premiebetaling eit hovudprinsipp. Ei rekkje ideelle organisasjonar, religiøse organisasjonar og arbeidslivorganisasjonar utgjer likevel eit unntak frå hovudregelen, då dei berre betaler medlemsinnskot.

Samla sett vert det ikkje betalt premie (korkje arbeidsgivarpremie eller medlemsinnskot) for om lag 30 pst. av dei yrkesaktive medlemmene. Dei resterande 70 pst. som det vert betalt premie for, kan delast inn i fire hovudkategoriar:

- Berre medlemsavgift (1 pst.).
- Berre medlemsavgift og AFP-ordning (1 pst.).
- Full premiebetaling utan bruk av fiktive fond/forsikringstekniske oppgjer (58 pst.). Gruppebasert oppfølging som hovudprinsipp.
- Full premiebetaling med bruk av fiktive fond/forsikringstekniske oppgjer (10 pst.). Individuell oppfølging.

Oppfølging med bruk av fiktive fond inneber at ein simulerer avsetning av pensjonsmidlar. Bakgrunnen for denne ordninga er målet om å kunne få ei mest mogleg korrekt aktuariell premieoppfølging av medlemsverksemdene. Medlemsverksemdene betaler til kvar tid det pensjonsordninga kostar og ein unngår at verksemdene anten får overdekning eller vert subsidierte. Ei slik målsetjing er mellom anna uttrykt i St.meld. nr. 33 (1993-1994) *Om medlemskap i Statens Pensjonskasse*, jf. Innst.S. nr. 159 (1993-1994). Ordninga mogleggjer at Statens Pensjonskasse kan gjere forsikringstekniske oppgjer.

Ordninga med fiktive fond har til no berre vore nytta til å følgje opp om lag 100 verksemdar. Dette kjem mellom anna av at det er meir ressurskrevjande å følgje opp verksemdene med slike fond. Ein har derfor prioritert denne typen oppfølging særskilt der dette har vore sett på som viktig ut frå konkurranseomsyn. Den nye forsikringstekniske systemløysinga til Statens Pensjonskasse (jf. omtale nedanfor) gjer det mogleg med ei meir effektiv og automatisert oppfølging av dei fiktive fonda. Departementet vil derfor vurdere nærmare om fleire premiebetalande verksemdar bør følgjast opp på denne måten i framtida. I denne samanhang vil departementet òg vurdere ei eventuell endring av avkastningsmodellen.

Det nye forsikringstekniske systemet gjer det òg mogleg å følgje opp verksemdene på andre måtar enn tidlegare. Fram til no har ein berre nytta

premiar som er fastsette på førehand. Frå 2009 var det lagt opp til å innføre såkalla hendingsbaserte premiar for alle aksjeselskap som har eigne fiktive fond. Denne innføringa er utsett då den systemtekniske løysinga i Statens Pensjonskasse enno ikkje er slik at den oppfyller kvalitetskrava for slik premieoppfølging. Departementet vil kome tilbake til når ei slik endring vil verte innført på eit seinare tidspunkt.

### Hovudutfordringar og utviklingstrekk

Statens Pensjonskasse vil få ein markert auke i arbeidsoppgåver framover. Det er tre hovudårsaker til dette:

- Pensjonsreforma og justert statleg tenestepensjonsordning.
- Tilpassing av IKT-system til pensjonsreforma og regelverket for ny offentlig tenestepensjon vil gi store investeringskostnader og driftskost-


nader slik at Statens Pensjonskasse skal kunne halde fram med å utbetale rett pensjon til rett tid.

- Talet på pensjonar, eksklusive AFP-pensjonar<sup>1</sup> vil auke frå om lag 240 000 til om lag 300 000 i løpet av dei neste 10 åra.

### Veksten i talet på pensjonistar

Talet på pensjonistar i Statens Pensjonskasse har auka kraftig frå 1980 og fram til i dag. Veksten vil truleg skyte fart i tida framover. Talet på alderspensjonistar auka frå om lag 50 000 i 1980 til om lag 119 000 i 2008. Som tabellen nedanfor viser, kan talet på alderspensjonistar kome opp i om lag 200 000 i år 2020 og om lag 260 000 i år 2050.

<sup>1</sup> AFP er utelata av prognosen på grunn av endringar i framskrivningsmåte i høve til tidligare år.



Figur 4.2 Venta utvikling i talet på pensjonistar i SPK

### Pensjonsreforma og avtale om offentlig tenestepensjon og AFP i offentlig sektor

Stortinget har gjennom vedtak i mai 2005 og april 2007 klargjort hovudtrekka i eit nytt pensjonssystem. Alderspensjonen skal framleis vere grunnpilaren i pensjonssystemet. Ny alderspensjon skal sikre ein pensjon rekna ut frå inntekta gjennom heile livet. Samstundes skal alderspensjonen sikre ei minsteinntekt (garantipensjon) i alderdommen for alle.

Stortinget har vedteke at ein kan ta ut fleksibel alderspensjon frå 62 år. Det er òg opna for å kombinere uttak av alderspensjon og arbeid, utan avkorting av pensjonen. Opparbeidde pensjonsrettar skal regulerast i tråd med lønene, medan pensjonar under utbetaling skal regulerast med eit gjennomsnitt av lønns- og prisveksten. Stortinget har òg vedteke å innføre ei ordning med levealdersjustering i alderspensjonen i folketrygda, som inneber

at ein må arbeide noko lenger for same pensjon når levealderen i befolkninga aukar.

Stortinget vedtok lov av 5. juni 2009 nr. 32 om endringar i folketrygdloven (ny alderspensjon), der det mellom anna vart innført nye oppteningsreglar, levealdersjustering, fleksibelt uttak frå 62 år og nye reglar for regulering av alderspensjon. Det vart i tillegg vedteke tilpassingar i alderspensjon opptent etter dagens reglar. Desse pensjonane skal frå 1.1.2011 vere omfatta av nye reglar om fleksibelt uttak, levealdersjustering og ny regulering.

Innføring av fleksibel alderspensjon frå folkestrygda gjer det naudsynt med tilpassingar i reglane om pensjon til gjenlevande ektefelle og barn. På bakgrunn av dette fremja Regjeringa 26. juni 2009 lovforslaget Ot.prp. nr. 106 (2008–2009) *Om lov om endringer i folketrygdloven mv. (tilpasninger i folketrygdens regelverk som følge av pensjonsreformen)* til Stortinget.

Det er avgjerande at pensjonane kan utbetaltast til rett tid og med korrekt beløp til den enkelte. Regjeringa vil sikre at pensjonsreforma vert sett i verk på forsvarleg vis med tilstrekkeleg tid til å setje i verk nytt regelverk, mellom anna med omsyn til naudsynte systemløysingar. Regjeringa foreslo derfor for Stortinget i St.prp. nr. 1 (2008–2009) *Fornyings- og administrasjonsdepartementet* å utsetje iverksetjinga av fleksibelt uttak av ny alderspensjon og ny regulering av løpande pensjonar til 2011.

Endringane i folketrygda som følgje av pensjonsreforma gjer at det er behov for tilpassingar i pensjonsordningane for offentleg tilsette. I lønnsoppgjeret i 2009 vart det inngått avtale om offentleg tenestepensjon og AFP i offentleg sektor. Avtalen inneber at dagens reglar for offentleg tenestepensjon (bruttoordninga) og AFP i offentleg sektor vert vidareført med naudsynte tilpassingar til innføring av fleksibel alderspensjon i folketrygda frå 2011, og tilpassa Stortingets vedtak frå mai 2005.

I samsvar med Stortingets vedtak skal alderspensjon frå offentlege tenestepensjonsordningar levealdersjusterast og regulerast etter nye reglar, på same måte og frå same tidspunkt som alderspensjonen frå folketrygden. Levealdersjusteringa av dagens offentlege tenestepensjon må gjennomførast slik at grunnlovsvernet er sikra. I avtalen vert det gitt ein individuell garanti for opptente rettar i tenestepensjonsordningar per 1.1.2011, som garanterer at medlemmer av offentlege tenestepensjonsordningar med 15 år eller mindre igjen til 67 år er sikra 66 pst. av pensjonsgrunnlagt ved 67 år etter 30 års opptening. Medlemmer av offentleg tenestepensjonsordning som vel å ta ut alderspensjon frå folketrygda før 67 år kan ikkje i tillegg ta ut folketrygd- eller tenestepensjonsberekna AFP.

Utrekninga av tenestepensjon, inkludert samordning med alderspensjon frå folketrygda, skal skje slik at tenestepensjonen ikkje vert påverka av når den nye fleksible alderspensjonen frå folkestrygda vert teken ut. Det er opna for å kompensere for levealdersjusteringa av tenestepensjonen ved å stå i stilling ut over 67 år. Det vart ikkje avtalt endringar i gjeldande særaldersgrenser i lønnsoppgjeret for 2009.

Etter forhandlingsresultatet er det naudsynt å utarbeide eit samordningsregelverk som tek omsyn til fleksibel folketrygd frå 2011. Regjeringa vil fremje naudsynte lovendringar i samordningsregelverket og i lov om Statens Pensjonskasse (tilpassing til levealdersjustering og regulering) til Stortinget, jf. innføring av ny folketrygd frå 2011.

Statens Pensjonskasse må skifte ut pensjonssystemet sitt for å vere i stand til å halde fram med den daglege drifta og implementere maskinell støtte for endringane i pensjonsreforma. Det må òg gjerast fleire naudsynte endringar i Statens Pensjonskasse sin IKT-infrastruktur som følgje av nytt pensjonssystem, irekna produksjons-, drifts-, test- og sikringssystem. Ein vesentleg del av dei endringane som må gjerast, kjem av at Statens Pensjonskasse må tilpasse seg systemtekniske endringar som NAV implementerer i sitt pensjonsprogram. Eit døme er utbetalingsløysinga. Sidan Statens Pensjonskasse utbetalar tenestepensjonane gjennom NAV, må IKT-løysingane i NAV og Statens Pensjonskasse vere samkjørte. Pensjonsreforma vil i tillegg føre til utfordringar knytte til administrativt meirarbeid gjennom forvaltning av fleire regelverk og overgangsordningar.

## PERFORM

På same måte som NAV gjennomfører sitt pensjonsprogram, har Statens Pensjonskasse sett i verk sitt pensjonsprosjekt (PERFORM). Målet med PERFORM er å tilpasse IKT-systema i Statens Pensjonskasse til det nye pensjonsregelverket og sikre den daglege drifta. Ved ombygging og utvikling av nye IKT-system i Statens Pensjonskasse vert det lagt til rette for auka digitalisering av arbeidsprosessane, elektronisk utveksling av data med Statens Pensjonskasse sine samarbeidspartnarar og fleire og betre elektroniske tenester til medlemmer og medlemsverksemdar. Det er såleis ikkje berre pensjonsreforma som gjer det naudsynt med ei fornying av IKT-systema i Statens Pensjonskasse. Det vert lagt til grunn at PERFORM vil vere avslutta innan utgangen av 2011. Prosjektet starta opp i fyrste halvdel av 2008. Det vart løyvd 59,4 mill. kroner i 2008 og 300 mill. kroner i 2009 til PERFORM-prosjektet.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har gjennomført ekstern kvalitetssikring (KS2) av PERFORM. Kostnadsramma for PERFORM vart vedteken av Stortinget i samband med statsbudsjettet for 2009 til 888 mill. kroner (2010-kroner), jf. romartalsfullmakt. Styringsramma vart fastsett til 664 mill. kroner (2010-kroner).

Det står att fleire regelverksavklaringar som vil kunne auke kostnadene til PERFORM, jf. behovet for å utarbeide eit nytt samordningsregelverk. I tillegg har utsetjinga av pensjonsreforma med eitt år auka kostnadene. Departementet vil følgje PERFORM særskilt tett og vil vurdere behovet for ei revidert styringsramme når det endelege pensjonsregelverket er avklart. I denne samanheng vil departementet òg vurdere om det er naudsynt å komme tilbake til Stortinget med forslag til justert kostnadsramme for PERFORM i ein eigen proposisjon.

Statens Pensjonskasse nyttar vesentlege linjeresursar i arbeidet med PERFORM. Denne kostnaden er ein del av samla prosjektkostnader. Dette skaper behov for å erstatte dei linjeresursane som vert brukte i arbeidet med PERFORM for å sikre god drift av dagens system og tenester. Linjekostnadene utgjer om lag 224 mill. kroner av styringsramma på 664 mill. kroner.

#### Synleggjering av pensjonskostnader

I Statens Pensjonskasse sin medlemsdatabase finst detaljert informasjon om dei opptente pensjonsrettane til kvart medlem. Det nye systemet for premieutrekning (utrekning av forsikringstekniske

avsetningar) som er implementert av Statens Pensjonskasse, vil kunne gi eit nytt og betre grunnlag for å få fram systematisk kostnadsinformasjon for analyse, planleggings- og styringsmål innanfor statsforvaltninga. Dette vil mellom anna vere relevant kostnadsinformasjon for statlege verksemdar som vel å føre ein periodisert verksemdsrekneskap i tillegg til kontantrekneskapen.

#### Stortingspensjonar

Statens Pensjonskasse har teke over administrasjonen av Stortinget sin pensjonsordning. For 2010 legg ein til grunn ei vidareføring av dagens budsjettmessige handtering, ved at utbetalingane vert dekte over Stortinget sitt budsjettkapittel 41 via belastningsfullmakt til Statens Pensjonskasse.

#### Hovudmål i 2010

- Statens Pensjonskasse skal forvalte og administrere statens tenestepensjonsordning slik at medlemene og medlemsverksemdene får tenester av høg kvalitet.
- Statens Pensjonskasse skal levere kostnadseffektive tenester for staten med mellom anna bruk av gode tekniske løysingar.
- Statens Pensjonskasse skal medverke til at pensjonsreforma vert sett i verk på forsvarleg vis innan 1.1.2011.

Resultatmål og prioriteringar til det einskilde hovudmål er nærare omtalt under kap. 2470 Statens Pensjonskasse.

### Kap. 1541 Pensjonar av statskassa

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	21 946	21 700	21 600
	Sum kap. 1541	21 946	21 700	21 600

#### Allmenn omtale

Pensjonar av statskassa er heimla i Grunnlova § 75 bokstav i. Ordninga omfattar grupper som ikkje har tent opp pensjonsrettar i Statens Pensjonskasse, men får utbetalt pensjonar likevel. Det er særleg to hovudgrupper som er omfatta av ordninga:

- Arbeidstakarar som har hatt statlege tenesteforhold utan høve til å verte medlem av Statens

Pensjonskasse, kan få tilleggspensjon når dei seinare har vorte medlem med rett til pensjon. Det finst særlege retningslinjer om pensjon for krigsteneste.

- Stadleg tilsette arbeidstakarar ved norske utanriksstasjonar kan få vederlagspensjon av statskassa ut frå tilhøva på staden. Denne ordninga vert administrert i samarbeid med Utanriksdepartementet og pensjonen vert utbetalt gjennom utanrikstenesta.

**Rapport 2008**

Fornyings- og administrasjonsdepartementet gir tilsegn om Pensjonar av statskassa etter søknad. Det har over tid vorte gitt tilsegner om færre nye pensjonar. Det vart gitt tilsegn om 9 nye pensjonar av statskassa i 2008 mot 10 nye pensjonar i 2007.

**Budsjett 2010****Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving**

Løyvinga skal dekkje forventade utbetalingar til pensjonar av statskassa.

**Kap. 1542 Tilskot til Statens Pensjonskasse**

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	8 189 654	8 265 000	8 048 000
22	Sluttoppgjer, <i>overslagsløyving</i>	845 600		
70	For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i>	91 088	92 000	90 000
	Sum kap. 1542	9 126 342	8 357 000	8 138 000

**Allmenn omtale**

Kapitlet er nettobudsjettert. Dei årlege pensjonsutbetalingane vert delvis finansierte av Statens Pensjonskasse sine inntekter. Dette er regulert i lov om Statens Pensjonskasse § 41, der det òg går fram at den delen av netto pensjonsutgifter som ikkje vert finansiert av pensjonsinnskot og fondsavkastning, skal dekkjast av staten ved årlege tilskot. Inntektssida er mellom anna regulert i § 16, som seier at alle medlemmer skal betale innskot med 2 pst. av pensjonsgrunnlaget. I tillegg er ei rekkje verksemder pålagde å yte ein del frå arbeidsgivar. Det vert betalt arbeidsgivardel for om lag 70 pst. av alle medlemmer, mellom anna for nesten alle som ikkje er statstilsette.

Inntektssida utgjer i fyrste rekkje medlemssinnskot og arbeidsgivarpremie frå dei av medlemsverksemdene som er premiebetalande. Dette er innskot for pensjonsrettar som skal utbetalt langt fram i tid, mens utbetalingane er til dei som

tidlegare har vore yrkesaktive. Det er derfor ikkje nokon direkte samanheng mellom utgiftene og inntektene på kapitlet i det ein skilde budsjettåret. Arbeidsgivardelen vert i dei fleste tilfelle rekna ut som ein fellessats for grupper av verksemder. Ein del verksemder får likevel premien rekna ut individuelt, mellom anna dei fleste aksjeselskapa. Arbeidsgivardelen vil derfor variere frå verksemd til verksemd, eller for ulike grupper av verksemder, avhengig av til dømes lønnsnivå, aldersfordeling og pensjonsalder. I tillegg vert inntekter førte frå refusjon for mellom anna yrkesskadeutbetalingar og førtidspensjonar.

Utgiftssida utgjer i fyrste rekkje utbetalingar til alderspensjon, uførepensjon, enkje- og enkjemannspensjon, barnpensjon og avtalefesta førtidspensjon (AFP). I tillegg vert det budsjettert avskrivningar, administrasjonsutgifter og refusjonspensjonar. Det vert òg budsjettert utbetalingar til yrkesskadeforsikring som ikkje vert dekte av det nye premiesystemet frå 1996.

**Rapport 2008**

Tabell 4.1 Auke i talet på pensjonar 2007–2008

Pensjonsart	2007	2008	Endring 07/08	Pst. endring 07/08
Alderspensjon	114 047	119 117	5 070	2,22
Avtalefesta pensjon	11 073	12 001	928	0,41
Førtidspensjon	1 456	1 203	-253	-0,11
Uførepensjon	54 124	56 111	1 987	0,87
Ektefellepensjon	46 026	46 553	527	0,23
Barnepensjon	2 149	2 162	13	0,01
Alle pensjonsartar	228 875	237 147	8 272	3,61

Netto auke i talet på pensjonar var på 8 272 i 2008 eller 3,6 pst., frå 228 875 per 31.12.2007 til 237 147 per 31.12.2008.

**Budsjett 2010**

Det er rekna med at netto utbetalingar i 2010 vil bli på 8138 mill. kroner, fordelt med 8048 mill. kroner på post 01 og 90 mill. kroner på post 70. Dette er om lag 988 mill. kroner lågare enn rekneskap 2008, og om lag 219 mill. kroner lågare enn saldert budsjett 2009. Reduksjonen i 2010 i forhold til saldert budsjett 2009 kjem i fyrste rekkje av auka premieinntekter. Det er lagt til grunn ein vekst på 2,8 pst. når det gjeld pensjonar eksklusive AFP og uførepensjon.

**Pensjonsutbetalingar**

Kategorien «pensjonsutbetalingar» i tabellen nedanfor inkluderer alderspensjon, enkje- og enkjemannspensjon og barnepensjon, uførepensjon og vartpengar. Utbetalingane vil venteleg utgjere 16 137 mill. kroner i 2010. Dette er ein auke på 1687 mill. kroner samanlikna med rekneskap 2008, og 759 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2009. Av denne differansen utgjer trygdeoppgeret i 2009 581 mill. kroner.

Som eit ledd i forbetring av rutinane for kvalitetssikring av oppsette uførepensjonar skal Statens Pensjonskasse gjennomføre jamlege kontrollkøyringar mot NAV sitt pensjonsregister. Det er lagt inn 10 mill. kroner i 2010-budsjettet til utbetalingar knytte til handsaminga av saker som vert avdekte ved slike kontrollkøyringar.

**AFP-pensjonar**

Det er budsjettert med ei utbetaling på 2970 mill. kroner i 2010. Dette er ein auke på 464 mill. kroner samanlikna med rekneskap 2008, og 148 mill. kro-

ner samanlikna med det som er lagt til grunn i saldert budsjett 2009. Trygdeoppgeret i 2009 er berekna å medføre ein auke i utbetalingane i 2010 på 107 mill. kroner.

**Førtidspensjonar**

Utbetalingane til førtidspensjonar er rekna ut til 237 mill. kroner i 2010. Dette er ein nedgang med 89 mill. kroner samanlikna med rekneskap 2008 og ein nedgang med 36 mill. kroner samanlikna med det som vart lagt til grunn i saldert budsjett 2009.

Fordi utgiftene til førtidspensjonar vert refunderte frå verksemdene, er nettoeffekten på kap. 1542 tilnærma budsjettneøytral. Samla sett er det budsjettert med ei netto innbetaling på 2 mill. kroner i 2010 på kap. 1542.

**Premieinntekter – medlemsinnskot**

Overslaget for medlemsinnskot er på 1545 mill. kroner. Dette er 81 mill. kroner høgare enn rekneskap 2008 og 41 mill. kroner høgare enn saldert budsjett 2009. Av dette medfører lønnsoppgeret i 2009 ei aukiing i utbetalingane med 19 mill. kroner.

**Premieinntekter – arbeidsgivarandel**

Overslaget for innbetaling av arbeidsgivarandel er 9650 mill. kroner. Dette er 2217 mill. kroner høgare enn rekneskap 2008 og 1084 mill. kroner høgare enn i saldert budsjett 2009. Auken samanlikna med saldert budsjett 2009 skriv seg frå fleire forhold:

- Premiesatsane for 2010 er auka, i hovudsak som følgje av redusert avkastning på dei fiktive fonda i 2008.

- Premiegrunnlaget som ligg til grunn for faktureringa er auka. Premiegrunnlaget vert oppdatert jamleg på bakgrunn av rapportering frå arbeidsgivarane.
- Effekten av lønnsoppgjeret i 2009 er venta å auke premieinntektene i 2010 med 120 mill. kroner.
- Premieinntektene er reduserte som følgje av at fleire verksemder har meldt seg ut av Statens Pensjonskasse med verknad frå 1.1.2009. Som følgje av at ansvaret for helserefusjonsområdet (Helfo) er overført frå Arbeids- og velferdsdirektoratet til Helsedirektoratet, er premie for helserefusjonsområdet (Helfo) òg trekt ut av premiegrunnlaget, jf. St.prp. nr. 67 (2008–2009) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2009*.

Av andre endringar kan det nemnast at administrasjonspremien er auka frå 0,31 pst. til 0,35 pst. av premiegrunnlaget. Auken i administrasjonspremie skal i hovudsak dekkje følgjekostnader i samband med pensjonsreforma og PERFORM, jf. omtale under kap. 2470, post 24.

I St.prp. nr. 67 (2008–2009) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2009* vart det omtalt korleis systemtekniske og tariffmessige avvik skal handsamast av Statens Pensjonskasse. Det framgjekk at budsjetteffekt for verksemder som netto (etter motrekning) vil få betra solvens, og som følgje av dette lågare premie i eitt eller fleire år, ville kome i 2010. Denne effekten vil fyrst kome i 2011-budsjettet då avvikssaka vil verte handsama i samband med forsikringstekniske oppgjer for 2009 som vert gjennomførte våren 2010.

Tabell 4.2 Inntekter og utgifter til Statens Pensjonskasse

	(i 1000 kroner)		
	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
Sluttoppgjer	845 600	0	0
Pensjonsutbetalingar	14 449 590	15 377 678	16 137 000
AFP-pensjonar	2 506 130	2 822 105	2 970 000
Førtidspensjonar	325 621	272 656	237 000
Yrkesskadeforsikring	3 424	8 412	8 000
Renter pensjonsutbetalingar	27 438	5 493	5 000
Renter refusjonspensjonar	0	1 158	2 000
Avskrivningar	39 844	35 696	37 000
Renter lån av statskassen	1 050 219	1 223 000	0
Administrasjonsutgifter	349 277	359 000	375 000
Utgifter i alt	19 597 143	20 105 198	19 771 000
Medlemsinnskot	1 463 938	1 503 898	1 545 000
Kapitalavkastning	1 022 415	1 195 000	0
Arbeidsgivarinnskot inkl. AFP	7 432 989	8 565 792	9 650 000
Refusjon yrkesskade	2 541	9 215	8 000
Refusjon førtidspensjonar	351 271	275 238	239 000
Refusjonspensjonar andre ordningar	176 742	181 512	189 000
Renteinntekter refusjonspensjonar andre ordningar	0	0	2 000
Gebyr Lån	20 905	18 000	0
Inntekter i alt	10 470 801	11 748 655	11 631 000
Samla tilskot (utgifter – inntekter)	9 126 342	8 356 543	8 138 000

### Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga skal dekkje differansen mellom premieinntekter og pensjonar utbetalte for tidlegare opp-tente rettar for medlemmer i Statens Pensjonskasse. Ein auke i premieinntektene pluss ein forventa auke av utbetalte pensjonar i 2010 og heilårseffekten av lønns- og trygdeoppgjering i 2009 (medrekna G-regulering av pensjonsyttingane) påverkar storleiken på tilskotet.

Til og med statsbudsjettet 2009 har utgiftene knytte til administrasjon av bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse vorte løyvde over kap. 1542 Tilskot til Statens Pensjonskasse, post 01 Driftsutgifter. Tilskot til å dekkje anslått tap/avskrivningar relaterte til bustadlånordninga har òg vorte løyvd under kap. 1542, som del av dei totale avskrivningane. Frå og med statsbudsjettet 2010, vert administrasjonsutgiftene i staden løyvde på ein nyoppretta post 01 Driftsutgifter under kap. 1544 Bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse. Avskrivningane vert løyvde under ein nyoppretta

post 70 under det same kapitlet, medan renteinntektene vert løyvde under kap. 5607 Renter av bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse. Gebyr innbetalt frå lånekundar, som tidlegare vart budsjettert under kap. 1542, vert frå og med statsbudsjettet 2010 løyvd over eit nytt kap. 4544 Bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse.

### Post 22 Sluttoppgjer, overslagsløyving

Det er ikkje varsla utmeldingar frå Statens Pensjonskasse i 2010. Det er såleis ikkje budsjettert med utbetalingar eller innbetalingar til sluttoppgjer.

### Post 70 For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, overslagsløyving

Løyvinga skal dekkje differansen mellom premieinntekter og pensjonar utbetalte for tilsette i ikkje-statlege sosiale og humanitære institusjonar som er medlemmer av Statens Pensjonskasse.

## Kap. 1543 Arbeidsgivaravgift til folketrygda

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	843 000	911 000	754 000
70	For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i>	9 000	10 000	8 000
	Sum kap. 1543	852 000	921 000	762 000

### Allmenn omtale

Postane omfattar arbeidsgivaravgift til folketrygda av utrekna arbeidsgivardel og medlemsinnkot for verksemder som ikkje er pålagde å betale arbeidsgivardel og medlemsinnkot direkte til Statens Pensjonskasse. Avgifta omfattar arbeidsgivaravgift for statsforvaltninga og for andre medlemmer i Statens Pensjonskasse som ikkje betaler premie til Pensjonskassen.

Endringa i utrekna tilskot i forhold til føregåande år kjem av oppdatert utrekna premiegrunnlag for dei ikkje-premiebetalande medlemsverksemdene i Statens Pensjonskasse. Kapitlet utgjer ei teknisk utrekning av arbeidsgivaravgifta.

### Budsjett 2010

#### Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Posten gjeld utrekna arbeidsgivaravgift for arbeidsgivardelen av pensjonsinnkotet og for medlemsinnkotet for statsforvaltninga, for verksemder som ikkje er pålagde å betale arbeidsgivardel og medlemsinnkot direkte til Statens Pensjonskasse. Arbeidsgivaravgift i 2010 er utrekna til 754 mill. kroner. Dette er 89 mill. kroner lågare enn rekneskap 2008, og 157 mill. kroner lågare enn saldert budsjett 2009. Reduksjonen i 2010 i høve til saldert budsjett 2009 skriv seg i fyrste rekkje frå auka premiebetaling i samband med at Aetat etter NAV-reforma har vorte ei premiebetalande verksemd som ein del av NAV.



### Post 70 For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, overslagsløyving

Posten gjeld utrekna arbeidsgivaravgift for arbeidsgivardelen av pensjonsinnskotet og for medlem-

sinnskotet for andre medlemmer i Statens Pensjonskasse som ikkje betaler slikt innskot direkte til Statens Pensjonskasse.

## Kap. 1544 Bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter			31 000
70	Tap/avskrivningar			2 000
90	Utlån, <i>overslagsløyving</i>	5 052 098	3 400 000	6 000 000
	Sum kap. 1544	5 052 098	3 400 000	6 033 000

### Allmenn omtale

I hovudtariffavtalen i staten går det fram at bustadlån kan ytast med inntil 1,5 mill. kroner, etter reglar fastsette av Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Lån kan givast til pensjonistar og yrkesaktive medlemmer av Statens Pensjonskasse etter Lov om Statens Pensjonskasse med tilleggslover. Dersom det ligg føre særskilde grunnar, kan Statens Pensjonskasse òg gi lån til barn som grunna begge foreldra sin død må flytte frå tenestebustad. Statsrådar og stortingsrepresentantar kan òg få lån.

Ordninga vert finansiert ved hjelp av fondet til Statens Pensjonskasse og ved løyvingar over statsbudsjettet når midlane i fondet ikkje strekk til. Lån vert gitt for å skaffe bustad eller for å refinansiere bustadlån. Lån vert gitt mot sikring innanfor 80 pst. av marknadsverdien til bustaden. Lånet har ei maksimal nedbetalingstid på 30 år, der fem år kan vere avdragsfrie.

Renta på bustadlån i Statens Pensjonskasse følger normalrenta for rimelege lån i arbeidsforhold (normrenta). Rentesatsen kan endrast inntil 6 gonger per år. Det vert ikkje tilbudt faste renter knytta til bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse.

Regjeringa har teke initiativ til å få vurdert noverande praksis og behov for å etablere felles løysingar for kapitalforvaltning og rekneskapsføring i forvaltningseiningane Statens lånekasse for utdanning, Husbanken og bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse, jf omtale i Gul bok, kap. 9.4.

Vidare er det gjort ei vurdering av eit meir einarta teknisk rammeverk for fastsetjing av flytande og faste renter i statlege utlånsordningar i desse tre forvaltningseiningane.

På denne bakgrunnen er det i statsbudsjettet for 2010 mellom anna lagt til grunn at:

- Det vert frå budsjettåret 2010 lagt til grunn ei bruttobudsjettering av bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse, jf. nytt kapittel 4544.
- Renteinntekter vert budsjettet og ført i rekneskapen ut i frå opptente renter basert på kalenderåret. Under kvar enkelt post vert det gjort greie for samanhengen mellom opptente og innbetalte renter. Alle kostnader og andre inntekter enn renter vert ført etter kontantprinsippet.
- Det vert oppretta ein eigen tilskotspost (70-post) for å dekkje tap/kostnader knytta til manglande innbetaling frå kundane i budsjetterminen. Under posten vert det gjort greie for kva som vil gå til dekning av manglande avdrag og kva som går til dekning av opptente, ikkje betalte renter i tidlegare og inneverande budsjettermin.
- Konkrete definisjonar og metodeskildringar for berekning av flytande rente vert presentert på forvaltningseiningane sine internettsider, saman med kvalitetssikra renteobservasjonar av flytande rente. Med utgangspunkt i renteobservasjonane vert det utrekna ei årleg effektiv rente og aktuelle nominelle renter etter betalingsfrekvens.

**Rapport 2008**

Tabell 4.3 Utviklinga i bustadlâneordninga i Statens Pensjonskasse

År	Tal på lån			(i mill. kroner)		
	Nye lån	Talet på lån totalt	Total utlånsportef. 31.12.	Brutto utlån	Avdrag	Kapitalbehov
1999	9 424	23 970	4 075	2 970	325	2 645
2000	7 411	26 566	6 038	2 768	812	1 956
2001	13 713	34 069	10 624	6 227	1 633	4 594
2002	10 581	38 181	14 293	6 159	2 499	3 660
2003	4 296	33 640	13 108	2 710	3 895	-1 185
2004	2 320	30 467	11 935	1 447	2 620	-1 173
2005	3 947	29 985	12 205	2 529	2 259	270
2006	4 620	29 368	13 100	3 859	2 964	895
2007	6 564	30 206	16 100	6 395	3 395	3 000
2008	7 552	33 442	21 100	8 184	3 134	5 050

I 2008 utbetalte Statens Pensjonskasse 7552 nye lån. Den totale porteføljen av utlån var ved utgangen av 2008 på 21,1 mrd. kroner, noko som utgjer ein auke på 31,1 pst. frå 2007. Talet på lån var 33 442 og utgjer ein auke på 10,7 pst. Auken kjem i hovudsak av større etterspurnad etter lån. Resultatkravet for 2008 var ei sakshandsamingstid på ein månad for søknader om nye lån og for søknader om refinansiering. Ved utgangen av 2008 var Statens Pensjonskasses sakshandsamingstid under ein månad for søknader om nye lån og 12 veker for søknader om refinansiering. Avviket skriv seg i fyrste rekkje frå auka etterspurnad etter refinansiering av lån.

Løyvinga på kap. 1544 har til og med statsbudsjettet 2009 vore nettobudsjettert og inkludert både utbetaling av nye lån og innbetaling av avdrag og innfriingar. Frå og med 2010 vert det innført eit bruttobudsjetteringssystem, jf. nyoppretta kap. 4544.

**Budsjett 2010****Post 01 Driftsutgifter**

Posten er nyoppretta og skal dekkje kostnadene til Statens Pensjonskasse Forvaltningsbedrift for å administrere bustadlâneordninga. Til og med statsbudsjettet for 2009 har administrasjonskostnadene vore løyvde under kap. 1542, som del av dei totale administrasjonskostnadene til Statens Pensjonskasse, jf. omtale under kap. 1542.

Hovuddelen av kostnadene knytte til administrering av bustadlâneordninga vert dekte av lånekundane gjennom betaling av ulike former for

gebyr, jf. gebyrinntekter under kap. 4544, post 01, og av avkastning på fondet til Statens Pensjonskasse, jf. kap. 5607 Renter av bustadlâneordninga i Statens Pensjonskasse, post 80 Renter.

**Post 70 Tap/avskrivningar**

Posten er nyoppretta og skal dekkje venta tap på utlån. Til og med statsbudsjettet for 2009 har tilskot til å dekkje utrekna tap/avskrivningar relatert til bustadlâneordninga vore løyvde under kap. 1542, som del av dei totale avskrivningane til Statens Pensjonskasse, jf. omtale under kap. 1542. Tap på hovudstol utgjer 1,5 mill. kroner og opparbeid rentegjeld utgjer 0,5 mill. kroner.

**Post 90 Utlån, overslagsløyving**

Løyvinga skal dekkje venta brutto utlån til bustadlån. Brutto innbetalingar vert løyvde på kap. 4544, post 90, jf. omtale under denne posten. Til og med statsbudsjettet for 2009 har løyvinga på posten dekt venta netto utlån til bustadlån ut over det som vert dekt av fondet til Statens Pensjonskasse. Løyvinga på posten har med andre ord tidlegare vist endringa i hovudstol lån det einskilde året. I samband med tilrettelegging for meir systematisk og betre informasjon om statlege utlån vert renteinntektene frå og med statsbudsjettet 2010 løyvd og rekneskapsført ut frå opptente renter basert på kalenderåret, jf. omtale under kapittel 5607.

Overslaget på brutto utbetalingar er på 6000 mill. kroner i 2010. I dette overslaget er det, i samband med innføringa av føringsprinsippet om at

renteinntekter vert løyvd og rekneskapsført ut frå opptente renter basert på kalenderåret, inkludert utlån til opptente, men ikkje betalte renter per 31.12.2010, med 91 mill. kroner. Forventa hovudstol per 31.12.2010 utgjer 1 mrd. kroner. Ute-

stående lån per 31.12.2009 utgjer 23 500 lån. Det er lagt til grunn ei oppdatering av forventa gjennomsnittleg utbetalt beløp i forhold til saldert budsjett 2009. Vidare er det lagt til grunn ein prognose på 100 utbetalte lån per veke i heile budsjettperioden.

## Kap. 4544 Bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Gebyrinntekter, lån			18 000
90	Tilbakebetaling av lån			3 500 000
	Sum kap. 4544			3 518 000

### Post 01 Gebyrinntekter, lån

Posten er nyoppretta og skal dekkje gebyrinntekter frå låntakarane i bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse. Til og med statsbudsjettet 2009 vart innbetalte gebyr frå lånekundane, i form av termingebyr, etableringsgebyr, purregebyr og liknande, løyvde under kap. 1542, jf. omtale under same kapittel. Gebyrprisane vert godkjende av Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

### Post 90 Tilbakebetaling av lån

Posten er nyoppretta skal dekkje venta innbetaling av avdrag på og innfriingar av bustadlån. I tillegg skal løyvinga dekkje tilbakeføring av utrekna opp-

tente, men ikkje betalte renteinntekter ved inngangen til året som er ført under kap. 1544, post 90 Utlån. Til og med statsbudsjettet for 2009 har innbetaling frå lånekundane ved terminforfall og innløysingar vore budsjetterte under kap.1544, post 90, jf. omtale under kap. 1544, post 90. For budsjettåret 2010 er det lagt til grunn årlege innbetalningar på 3 500 mill. kroner, inkludert 61 mill. kroner i tilbakeføring av utrekna opptente renter per 1.1.2010, og 2 mill. kroner i tilbakeføring av tap/kostnadsløyving. Overslaget er basert på ein auke i forventa gjennomsnittleg innløyst sum, pluss årlege forventa avdrag i forhold til saldert budsjett 2009. Føresetnaden om 350 innløysingar per månad i heile budsjettperioden er den same som i saldert budsjett 2009.

## Kap. 5607 Renter av bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
80	Renter	1 050 219	1 223 000	734 000
	Sum kap. 5607	1 050 219	1 223 000	734 000

### Allmenn omtale

Kapitlet gjeld renteinntekter knytte til bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse, jf. kap. 1544 og 4544. Renta på bustadlån i Statens Pensjonskasse følgjer normalrenta for skattlegging av fordel av rimelege lån i arbeidsforhold, og kalla normrenta. Det er Finansdepartementet som fastset normrenta. Renta kan justerast inntil seks gonger i året.

### Budsjett 2010

#### Post 80 Renter

Posten gjeld renteinntekter knytte til bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse, jf. kap. 1544 og 4544. Overslaget på renteinntekter er på 734 mill. kroner i 2010. I dette overslaget er det, i samband med innføringa av føringsprinsippet om at renteinntekter vert løyvd og rekneskapsførde ut frå opptente renter basert på kalenderåret, jf. omtale

under kap. 1544, post 90, inkludert utrekna opprente renter per 31.12.2010 med 91 mill. kroner. Nedgangen i utrekna renteinntekter i 2010 i forhold til saldert budsjett 2009, kjem mellom anna av oppdaterte prognoser for utlansveksten i 2010, i tillegg til rentereduksjon.

Det vert òg lagt til grunn ei innføring av utrekna nominelle renter ut frå betalingsfrekvens/terminstruktur frå 1.1.2010, på grunnlag av den til kvar tid gjeldande effektive normrenta, jf. omtale i Gul bok, kap. 9.4 relatert til eit meir einsarta rammeverk for fastsetjing/utrekning av renter i statlege låneordningar.

Grunna endra føringsprinsipp for renter vil det oppstå visse budsjettekniske overgangseffektar. For bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse vil det oppstå ein eingongseffekt knytt til dette. Bustadlånordninga under Statens Pensjonskasse har i rapporteringa til statsrekneskapen til no bokført renter basert på kontantprinsippet. Ei omlegging av føringa av rekneskapen der opprente renter skal bokførast ut frå kalenderåret, vil tilnærma

innebere ein auke på 61 mill. kroner i oppsamla renter. Dette vil føre til ein auke av den bokførte verdien av utlansmassen i bustadlånordninga under Statens Pensjonskasse per 1.1.2010. Denne eingongseffekten er av rein rekneskapsmessig art og har ikkje nokon innverknad på staten sin reelle økonomiske situasjon.

Av omsyn til konsistens i budsjett og rekneskap, jamføring mellom åra og lik handsaming av omlegginga for alle forvaltningseiningane for statlege utlån, blir det foreslått at slike eingongseffektar blir handterte via staten sin sentrale balansekonto (konto for forskyving i balansen). Det blir foreslått at dette blir gjennomført ved at inngåande balanse for bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse sitt utlån i statsrekneskapen for 2010 blir regulert i samsvar med det som er totale utlån ved utgangen av 2009, basert på det endra føringsprinsippet. Ei slik regulering av inngåande balanse i statsrekneskapen per 1.1. 2010 vil krevje eiga romartalsfullmakt frå Stortinget, jf. forslag til romartalsvedtak.

## Kap. 1546 Yrkesskadeforsikring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	73 749	94 000	92 000
	Sum kap. 1546	73 749	94 000	92 000

### Allmenn omtale

Alle som arbeider i teneste for arbeidsgivar er omfatta av lov av 16. juni 1989 nr. 65 om yrkesskadeforsikring. Staten som arbeidsgivar er sjølvassurandør, men arbeidstakarar i staten har dei same rettane etter lova som andre arbeidstakarar. Arbeidstakarar som er omfatta av Hovudtariffavtalen i staten, er i tillegg dekte av reglane i avtalen om ytingar ved yrkesskadar. Utbetalingar frå desse to regelverka vert samordna, slik at arbeidstakar får erstatning etter det regelverket som gir høgast sum. Yrkesskadeordninga omfattar personskadar som kjem av arbeidsulykker og sjukdomar som følgje av påverknad frå skadelege stoff eller arbeidsprosessar. Erstatning skal ytast utan omsyn til om nokon har skyld i skaden. Vilkåret er at skaden/sjukdomen skjer i arbeid på arbeidsstaden og i arbeidstida.

Frå 1.1.1996 er yrkesskadeforsikringa i staten basert på eit premiesystem. Dette inneber at det vert kravd ein premie av arbeidsgivarar kvart år som skal dekkje kostnadene for dei skadane som

vert konstaterte dette året. Det gjeld òg om skaden vert meld og gjord opp fleire år seinare. Når Statens Pensjonskasse handsamar saker der skaden vart konstatert før 1.1.1996, utbetaler Statens Pensjonskasse erstatninga for deretter å krevje summen refundert frå den aktuelle arbeidsgivaren, med tillegg av eit administrasjonsgebyr. Skadar konstaterte etter 1.1.1996 vert dekte av innbetalt premie.

Etter lov om yrkesskadeforsikring er staten som sjølvassurandør ansvarleg for ei rekkje andre grupper som er definerte som arbeidstakarar. Dette er grupper som er sysselsette av staten, men som likevel fell utanom tenestemannslova og hovudtariffavtalen.

For nokre grupper av personar som ikkje er arbeidstakarar, men som er i arbeidslignande tilhøve, har krav om yrkesskadeerstatning vorte handsama av dei ulike fagdepartementa. Frå 1.1.2004 skal alle krav om erstatning etter yrkesskadeforsikringslova handsamast av Statens Pensjonskasse.

Skadeomfanget for gruppene er moderat. Overføringa får administrative og økonomiske verkna-

der både for Statens Pensjonskasse og for dei departementa saker vert overførte frå. I gjennomsnitt har Statens Pensjonskasse avslutta ni slike saker per år etter at dei overtok handsaminga av desse sakene.

### Rapport 2008

I 2008 hadde Statens Pensjonskasse 204 utbetalningar i yrkesskadesaker mot 198 i 2007, noko som utgjør ein auke på 3 pst. I omlag 86 pst. av sakene vart erstatningane utbetalt innan fire veker etter

at naudsynt dokumentasjon låg føre. Resultatkrauet for 2008 var at minst 80 pst. av erstatningane skulle utbetalast innan fire veker.

### Budsjett 2010

#### Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Framlegget til løyving på denne posten skal dekkje utgiftene til yrkesskadeutbetalingane i 2010. Løyvinga skal òg dekkje kostnadene til Statens Pensjonskasse Forvaltningsbedrift for å administrere yrkesskadeordninga, jf. omtalen under kap. 2470.

## Kap. 4546 Yrkesskedeforsikring

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Premieinntekter	132 906	127 000	136 000
	Sum kap. 4546	132 906	127 000	136 000

### Post 01 Premieinntekter

Framlegget til løyving gjeld innbetaling av yrkesskedeforsikringspremie frå alle arbeidsgivarane som er omfatta av ordninga. Utrekna innbetalt pre-

mie er monaleg høgare enn venta utbetalt erstatning i 2010. Dette har samband med at det ofte kan ta fleire år før skadetidspunktet vert konstatert, og utbetalingane kjem dermed ofte fleire år etter at premien er innbetalt.

## Kap. 1547 Gruppelivsforsikring

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	99 152	126 000	131 000
	Sum kap. 1547	99 152	126 000	131 000

### Allmenn omtale

Løyvinga gjeld § 23 i hovudtariffavtalen.

at alle opplysningar var mottekne. I snitt vart eingongsbeløpa utbetalt etter fire dagar.

### Rapport 2008

I 2008 vart det utbetalt forsikring etter 187 personar med til saman 99,2 mill. kroner, mot 213 personar med til saman 84,3 mill. kroner i 2007. Resultatkrauet for 2008 var at eingongsbeløpa etter gruppelivsordninga skulle utbetalast innan sju dagar etter at alle opplysningane vert mottekne. Seks saker av 187 vart utbetalt meir enn sju dagar etter

### Budsjett 2010

#### Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga gjeld erstatningsutbetalingar og kostnadene til Statens Pensjonskasse Forvaltningsbedrift for å administrere gruppelivsordninga, jf. omtale under kap. 2470. Overslaget for 2010 er på 131 mill. kroner. Dette er 5 mill. kroner høgare enn saldert budsjett 2009. Auken i 2010 i forhold til saldert budsjett 2009 er i fyrste rekkje ein effekt av trygdeoppgjeret i 2009.

**Kap. 4547 Gruppelivsforsikring**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Premieinntekter	56 448	47 000	98 000
	Sum kap. 4547	56 448	47 000	98 000

**Post 01 Premieinntekter**

Posten gjeld verksemdar som betaler gruppelivs-premie direkte til Statens Pensjonskasse. Budsjetterte premieinntekter i 2010 er 98 mill. kroner. Dette er 51 mill. kroner høgare enn saldert bud-

sjett 2009. Auken i 2010 i forhold til saldert budsjett 2009 skriv seg i fyrste rekkje frå endringar i ordninga i samband med tariffoppgjøret 2008 ved at ytingane er betra, hovudsakleg som følge av at avkortinga for aukande alder er fjerna.

**Kap. 2470 Statens Pensjonskasse**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
24	Driftsresultat	-34 484	-11 532	26 628
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	91 899	327 442	285 943
	Sum kap. 2470	57 415	315 910	312 571

**Allmenn omtale**

Statens Pensjonskasse er ei forvaltningsbedrift. Det går eit klart skilje mellom pensjons- og forsikringsordningane og det administrative apparatet i verksemda som forvaltar og administrerer ordningane. Rekneskapsmessig er det skipa ei eining for pensjons- og forsikringsordningane (Statens Pensjonskasse Forsikring) og ei anna eining for administrasjonsapparatet (Statens Pensjonskasse Forvaltningsbedrift). Statens Pensjonskasse Forvaltningsbedrift har ein aktivitetsbasert økonomimodell der verksemda får betalt for dei einskilde tenestene som vert utførte for pensjonsordningane. Fornyings- og administrasjonsdepartementet fastset prisane for tenestene.

**Rapport 2008**

Statens Pensjonskasse skal utbetale korrekt utrekna pensjon til rett tid. I 2008 vart alle nye pensjonar som er omfatta av utbetalingsgarantien til pensjonskassen, utbetalte til rett tid. Utbetalingsgarantien seier at dersom ein søker om pensjon i tide, skal pensjonen utbetalast fyrste månad etter lønnsophøyr. Dette gjeld alderspensjonar, uførepensjonar og etterlatnepensjonar.

Statens Pensjonskasse har prioritert arbeidet med å auke kvaliteten i pensjonsutrekninga, dvs. sørge for korrekt utrekning og utbetaling av pensjon. Resultatmålet for 2008 var at minst 96 pst. av nye pensjonar skal utbetalast rett ved fyrste gongs utbetaling. Resultatet vart 95,6 pst. Generelt kjem feilutbetalingar i hovudsak av feil i grunnlagsdata og i samordning av pensjonar. For 2008 kan ein òg vise til mange nyrekrutteringar og utfordringar knytte til å opparbeide naudsynt kompetanse. Arbeidet med pensjonsreforma har òg medført eit stort press på dei tilsette i forhold til å levere linjeoppgåver til rett tid og av god kvalitet, samstundes som dei skal støtte opp om PERFORM-prosjektet. Statens Pensjonskasse har fokus på kvaliteten i pensjonsutbetalingane, og arbeider heile tida med å analysere avvik og setje i verk tiltak for å stabilisere kvaliteten.

I 2008 vart det utbetalt renter for til saman 27,4 mill. kroner. Av dei totale pensjonsutbetalingane tilsvarer dette 1,6 promille, noko som var i tråd med resultatkravet. Av dette utgjorde renteutbetalingar til statsarbeidarane om lag 11,9 mill. kroner.

For dei andre ordningane som Statens Pensjonskasse administrerer, vert det vist til rapportdelen under dei respektive kapitla.

Statens Pensjonskasse har gjennomført forsikringstekniske oppgjør innan fastsett frist for verksemder med fiktive fond i pensjonskassen.

### Informasjon og service

Kundesenteret i Statens Pensjonskasse svarte på om lag 140 800 telefonar i 2008. I tillegg kom det drygt 22 700 e-postmeldingar og 2300 brev. Gjennom utvikling av internettløyningar arbeider Statens Pensjonskasse med å betre tilgang til og flyt av informasjon. Somme arbeidsgivarar har direkte tilgang til å kontrollere og rette opp eigne data i systemet til Statens Pensjonskasse. Medlemene har høve til å kontrollere si eiga pensjonsoppteining, og alle lånesøknader kan sendast elektronisk til Statens Pensjonskasse.

Om lag 93,7 pst. av alle telefonar vart svarte på ved fyrste gongs oppringing, det same som i 2007. Brev vart i hovudsak svarte på innan fire veker, eller med førebels svar innan fire veker.

Statens Pensjonskasse har prioritert ulike informasjonstiltak knytte til utviklinga i pensjonsordninga til dei ulike medlemsverksemdene. Verksemder med tildelte fond får no betre oppfølging og informasjon enn tidlegare, jf. innføring av nytt premieberekning og kontoføringssystem.

### Kvalitetssikring av medlemsdata

Ei viktig oppgåve for Statens Pensjonskasse er å registrere og oppdatere medlemsdata. Kvar ein-skild arbeidsgivar har plikt til å sende inn naudsynte medlemsdata til Statens Pensjonskasse. Totalt omfattar dette i overkant av 1600 arbeidsgivarar.

Medlemsdata vert nytta til fleire formål. Dei vert brukte til å rekne ut korrekt pensjonspremie for arbeidsgivarane, rekne ut korrekt pensjon for pensjonistane og gi informasjon om framtidig pensjon til medlemene. Vidare er medlemsdata kritisk for utrekning av forpliktingane og andre analyseformål. Kvaliteten på medlemsdata er heilt sentral for at Statens Pensjonskasse skal kunne vere ein profesjonell, brukarretta aktør.

Kvaliteten på medlemsdata er framleis ikkje god nok. Statens Pensjonskasse har i fleire år arbeidd med å betre kvaliteten på historiske data. I tillegg til det interne arbeidet med å rette opp data, arbeider Statens Pensjonskasse saman med medlemsverksemdene for å betre rutinane for innrapportering.

Prosjektet i Statens Pensjonskasse for kvalitetssikring av historiske medlemsdata har gradvis vorte utvida dei seinare åra, og planen for dette

arbeidet omfattar no alle medlemmer (aktive og oppsette) i pensjonskassen. Aktive medlemmer er no i hovudsak ferdig kvalitetssikra. Det gjenstående kvalitetssikringsarbeidet er i hovudsak retta mot oppsette medlemmer, der Statens Pensjonskasse prioriterer etter alder og har teke dei eldste medlemmene først. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har stramma inn tidsplanen for arbeidet med kvalitetssikringa av medlemsdata og kvalitetssikringa skal vere slutført seinast 1.7.2010. Då skal data for om lag 720 000 medlemmer vere kvalitetssikra.

### Driftsstabilitet

Statens Pensjonskasse sitt pensjonssystem (MP) har vore driftstilgjengeleg 99,57 pst. av tida i 2008. I 2007 var tilsvarende tal 99,34 pst. Målsetjinga er at systemet er tilgjengeleg minst 99,5 pst. av tida. Den stabile tilgjengelegeheita i 2008 viser at dei tiltak som er gjennomførte dei siste åra på opprydding i basis infrastruktur og etablering av eit godt driftsfundament, har gitt gode resultat.

Hovudoppgåva til IKT-området i 2008 har vore knytt til å førebu og klargjere organisasjonen for PERFORM-prosjektet. Dette prosjektet har vist seg å verte meir omfattande enn først venta. For å handtere PERFORM både på kort og lang sikt, har IKT-området vorte omorganisert og fått fleire tilsette. Det er inngått avtalar med leverandørar om ekstern forvaltning av ein del av Statens Pensjonskasse sin systemportefølje. I tillegg har PERFORM medført etablering av ny ekstern lokalisering og ei tilnærma dobling av talet på IKT-brukarar i Statens Pensjonskasse (inkludert konsulentar).

### Pensjonsreforma – PERFORM

PERFORM-prosjektet har i oppgåve å implementere pensjonsreforma i Statens Pensjonskasse. I tillegg til å implementere nytt regelverk skal prosjektet òg sikre at nye og eksisterande systemløyningar blir lagde over på ei ny og moderne teknisk plattform. Prosjektet har ei total kostnadsramme på 888 mill. kroner, og ei styringsramme på 664 mill. kroner.

I 2008 og fyrste halvår av 2009 har dei viktigaste aktivitetane vore prega av tilpassingar i systemløyningane mot nye og endra systemløyningar i NAV. I 2010 og 2011 vil prosjektet sitt hovudfokus vere å implementere nytt regelverk knytt til pensjonsreforma for å sikre at nye ytingar kan reknast ut korrekt og med høg kvalitet når reforma trer i kraft.

### Resultatmål og prioriteringar i 2010

Statens Pensjonskasse skal forvalte og administrere statens tenestepensjonsordning slik at medlemmene og medlemsverksemdene får tenester av høg kvalitet.

- Statens Pensjonskasse skal utbetale korrekt pensjon til rett tid. Av nye pensjonar skal minst 96 pst. vere korrekte ved fyrste gongs utbetaling.
- Av endra pensjonar (til dømes endra pensjonsstatus gjennom året) skal minst 94 pst. vere korrekte ved fyrste gongs utbetaling.
- Statens Pensjonskasse skal vidareføre arbeidet med å betre kvaliteten i medlemsdatabasen mellom anna ved å sørje for at jamleg rapportering om medlemene vert henta inn og lagde i medlemsdatabasen.
- Statens Pensjonskasse skal innan 1.7.2010 vere ferdig med å kvalitetssikre medlemsdata frå tilbake i tid.
- Statens Pensjonskasse skal drive målretta informasjon til medlemmer og medlemsverksemdar om rettar og plikter.
- Statens Pensjonskasse skal sikre god driftsstabilitet i kjerneverksemda sine systemløyvingar og med det redusere risikoen for brot i tenesteproduksjonen.
- Statens Pensjonskasse skal yte god service mot medlemene målt i høve til låge restansar og god brukarretting av tenestene med gode nettbaserte tenester og tilgjengelege telefonenester.

- Statens Pensjonskasse skal utbetale forsikringsbeløpa under gruppelivsforsikring innan sju dagar etter at naudsynt dokumentasjon er motteken.
- Statens Pensjonskasse skal utbetale minst 85 pst. av forsikringsbeløpa under yrkesskadeforsikringa innan fire veker etter at naudsynt dokumentasjon er motteken.
- Statens Pensjonskasse skal handsame søknader om nye lån og refinansiering innan ein månad.

Statens Pensjonskasse skal levere kostnadseffektive tenester for staten med mellom anna bruk av gode tekniske løyvingar.

- Statens Pensjonskasse skal gjennomføre årlege forsikringstekniske oppgjer innan 15. mai for medlemsverksemdar med fiktive fond.
- Statens Pensjonskasse skal syte for god kostnadskontroll av PERFORM-prosjektet innanfor gjeldande styrings- og kostnadsrammer.
- Statens Pensjonskasse skal nå eit driftsresultat på 26,6 mill. kroner i 2010.

Statens Pensjonskasse skal medverke til at pensjonsreforma vert sett i verk på forsvarleg vis innan 1.1.2011.

- Statens Pensjonskasse skal sikre framdrift og leveransar innan PERFORM-prosjektet i 2010 slik at pensjonsreforma kan setjast i verk 1.1.2011.

### Budsjett 2010

#### Post 24 Driftsresultat

Underpost	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
24.1	Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-397 859	-400 253	-447 090
24.2	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	318 517	325 498	371 326
24.3	Avskrivningar	16 447	46 164	69 674
24.4	Renter av staten sin kapital	-474		14 649
24.5	Til investeringsformål	22 459	17 059	18 069
24.6	Til reguleringsfond	6 426		
	Sum post 24	-34 484	-11 532	26 628

#### Underpost 24.1 Driftsinntekter, overslagsløyving

Inntekta til Statens Pensjonskasse Forvaltningsbedrift er knytt til betaling for dei administrative

tenestene av pensjonsordningar og andre produkt i Statens Pensjonskasse Forsikring. Om lag 90 pst. av inntekta kjem frå administrasjon av dei ulike pensjonsordningane, der inntekt knytt til den statlege pensjonsordninga etter lov om Statens Pen-



sjonskasse utgjør det aller meste. Inntektsauken kjem i hovudsak av auka volum, justerte administrative prisar som følgje av kostnadsutviklinga og behov for inndekking av følgjekostnader knytte til PERFORM-prosjektet.

Statens Pensjonskasse har frå 2009 teke over sakshandsaminga av Stortinget si pensjonsordning frå Stortingets Pensjonsstyre. Dette fører til ein auke i driftsinntektene med om lag 1 mill. kroner i 2010.

Ny systemløysing for utbetaling av pensjonar er teken i bruk frå 2009. Dette har ført til at prisane på dei tenestene NAV utfører som rekneskapsfører for Statens Pensjonskasse i samband med pensjonsutbetalingane, har vorte reduserte. Tenestepreisane til Statens Pensjonskasse skal nedjusterast i samsvar med dette.

#### **Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving**

Per 31.12.2008 hadde Statens Pensjonskasse Forvaltningsbedrift om lag 342 årsverk. Lønnskostnader utgjør omlag halvparten av verksemdas driftskostnader.

Dei auka driftsutgiftene kjem i hovudsak av venta pris- og lønnsvekst i tillegg til auka kostnader som følgje av pensjonsreforma. Inkludert i driftsutgiftene er òg kostnader knytte til investeringsprosjekta som ikkje kan aktiverast.

Pensjonsreforma og PERFORM-prosjektet ber med seg følgjekostnader på 47,5 mill. kroner i 2010. Det er lagt inn ein tilsvarende auke i tenestepreisane jf. omtale under underpost 24.1 Driftsinntekter. Auken gjeld kostnader som ikkje er inkluderte i styringsramma for PERFORM, slik som følgjekostnader i samband med nye IKT-system, kompliserande sakshandsaming som følgje av fleire ulike regelverk og større informasjonsbehov blant medlemene i Statens Pensjonskasse. Auken i driftskostnader blir delvis dekt gjennom høgare administrasjonspremie for dei av medlemsverksemdene som er premiebetalande, jf. omtale under kap. 1542.

#### **Underpost 24.3 Avskrivningar**

Statens Pensjonskasse avskriv aktiverte driftsmidlar. Avskrivningane startar året etter kjøpsåret. Det

vert nytta lineære avskrivningar der historisk kostpris på aktiverte driftsmidlar vert avskriven med satsar på 15 pst. for inventar og 25 pst. for kontor-maskinar (inkludert IKT-utstyr og programvare). Prosjektet PERFORM vert avskrive med ein sats på 10 pst. Dette fordi prosjektet når det er avslutta vil ha ei venta lengre levetid enn det som er normalt for andre investeringar. Det er lagt til grunn at det vil skje kontinuerlege leveransar i PERFORM i prosjektperioden der avskrivningane startar året etter ferdigstilt delleveranse.

#### **Underpost 24.4 Renter av staten sin kapital**

I samsvar med reglane for forvaltningsbedrifter, skal det svarast rente for den kapital som er investert i bedrifta. Det høge nivået på investeringar i budsjettperioden medfører ein auke i rentekostnadene.

#### **Underpost 24.5 Til investeringsformål**

Posten omfattar avsetning til eigenfinansierte investeringar, jf. kap. 5470, post 30.

#### **Underpost 24.6 Til reguleringsfondet**

Reguleringsfondet skal nyttast til å dekkje svingingar i verksemda sin økonomi mellom ulike år, og til å dekkje effektane av lønnsoppgjer og uføresette utgifter i det einskilde budsjettåret. Fondet er ein del av eigenkapitalen til forvaltningsbedrifta. Ein legg til grunn at fondet kan nyttast til gjenkjøp av mellom anna systemløysingar. Det vert gjort framlegg om at det vert gitt høve til å omdisponere inn-til 10 mill. kroner frå reguleringsfondet til investeringsformål, jf. forslag til romartalsfullmakt.

#### **Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast**

Løyvingsforslaget under posten skal gå til investeringar knytte til pensjonsreforma, PERFORM og til investeringar knytte til dei ulike kundeområde i Statens Pensjonskasse. Det er i forslaget til løyving sett av 256,8 mill. kroner til Statens Pensjonskasses pensjonsprosjekt (PERFORM) i 2010. Ein viser til omtale av prosjektet under kategoriomtalen.

Tabell 4.4 Balanse Statens Pensjonskasse

	(i 1000 kroner)	
	Rekneskap 2007	Rekneskap 2008
<b>Eigedelar</b>		
<i>Anleggsmidler</i>		
Driftsmidler, eidegdommar	109 904 038	185 356 299
Sum anleggsmidler	109 904 038	185 356 299
<i>Omløpsmidlar</i>		
Varebeholdningar, varer i arbeid	0	0
Kortsiktige fordringar	102 468	93 081
Kortsiktige plasseringar	0	0
Mellomvære med statskassen	18 181 120	24 253 597
Sum omløpsmidlar	18 283 588	24 346 678
Sum eigedelar	128 187 626	209 702 977
<b>Eigenkapital og gjeld</b>		
<i>Eigenkapital</i>		
Eigenkapital utan reguleringsfond	120 021 113	142 480 113
Reguleringsfondet	9 707 138	16 132 909
Sum eigenkapital	129 728 251	158 613 022
<i>Langsiktig gjeld</i>		
Statens renteberande kapital	-10 117 075	42 876 186
Anna langsiktig gjeld	0	0
Sum langsiktig gjeld	-10 117 075	42 876 186
<i>Kortsiktig gjeld</i>		
Kortsiktig gjeld	8 576 450	8 213 769
Sum kortsiktig gjeld	8 576 450	8 213 769
Sum eigenkapital og gjeld	128 187 626	209 702 977

### Kap. 5470 Statens Pensjonskasse

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
30	Avsetning til investeringsformål	22 459	17 059	18 069
	Sum kap. 5470	22 459	17 059	18 069

#### Post 30 Avsetning til investeringsformål

Løyvinga gjeld avsetningar til investeringsformål til inntekt i statsrekneskapen, jf. omtale under kap. 2470, underpost 24.5.

## Programkategori 01.50 Konkurransopolitikk

Utgifter under programkategori 01.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
1550	Konkurransetilsynet	93 924	85 277	86 321	1,2
	Sum kategori 01.50	93 924	85 277	86 321	1,2

Inntekter under programkategori 01.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
4550	Konkurransetilsynet	7 231	210	217	3,3
	Sum kategori 01.50	7 231	210	217	3,3

### Allmenn omtale

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har det overordna ansvaret for gjennomføringa av dei sektorovergripande verkemidla i konkurransepolitikken. Dette inneber mellom anna eit ansvar for:

- Utforming og forvaltning av den norske konkurranselova, pristiltakslova og EØS-konkurranselova med forskrifter, og i tillegg lov om offentlige anskaffelser og lov om offentlig støtte med forskrifter m.m.
- Deltaking i arbeidet med utvikling av nytt EØS-relevant konkurranseregelverk for føretak i EU og gjennomføring av slikt regelverk som vert vedteke.
- Styring av Konkurransetilsynet, medrekna sekretariatet til Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA).
- Å syte for at det vert lagt tilstrekkeleg vekt på konkurranseomsyn innanfor andre politikkområde.

Det er i hovudsak Konkurransetilsynet som står for den daglege utøvinga av konkurransepolitikken gjennom handheving av konkurranselova og andre føresegner. I det følgjande er det i all hovudsak departementet sitt arbeid på det konkurransepolitiske området som skal omtalast. Verksemda til Konkurransetilsynet vert omtalt under kap. 1550.

Direktoratet for forvaltning og IKT har ei viktig rolle i kompetansehevinga på innkjøpsområdet gjennom eit styrkt kompetansetilbod for offentlege innkjøp. Verksemda til direktoratet vert omtalt under kap. 1560 Direktoratet for forvaltning og IKT.

### Konkurranselova

Føremålet med konkurranselova er å fremje konkurranse for effektiv bruk av ressursane i samfunnet, med særleg vekt på forbrukarane sine interesser. Viktige trekk ved konkurranselova er at:

- Lova forbyr samarbeid som avgrensar konkurransen mellom føretak og forbyr føretak å utnytte ei dominerande stilling på ein utilbørleg måte.
- Lova pålegg Konkurransetilsynet å gripe inn mot føretakssamanslutningar som tilsynet finn vil føre til eller forsterke ei vesentleg innskrenking av konkurransen. Meldeplikta for føretakssamanslutningar gir Konkurransetilsynet høve til å oppdage slike potensielt konkurranseregulerande fusjonar og oppkjøp av føretak.

### EØS-konkurransereglane for føretak

Konkurransetilsynet skal handheve forboda i EØS-avtalen mot samarbeid som minskar konkurransen

mellom føretak og mot utilbørleg utnytting av eit føretak sin dominerande posisjon. Konkurransereglane i EØS og Noreg svarar til konkurransereglane i EU.

### Reglane om offentlege innkjøp

Offentlege innkjøp spelar ei stor rolle for bruken av ressursar i offentleg sektor, og er ein viktig marknad for næringsdrivande. I 2007 utgjorde samla innkjøp av varer og tenester i offentleg sektor om lag 272 mrd. kroner (ekskl. oljesektoren). Reglane om offentlege innkjøp har som mål å medverke til at offentlege midlar vert utnytta best mogeleg gjennom kostnadseffektive innkjøp, samstundes som allmenta har tillit til at offentlege innkjøp skjer på ein samfunnstenleg måte. Regelverket er eit prosessuelt rammeverk som mellom anna stiller krav til konkurranse, god forretningskikk, at innkjøpa er forholdsmessige, at leverandørar vert handsama likt, og at oppdrag er føreselelege, transparente og kan etterprøvast.

God bruk av reglane gir effektive offentlege innkjøp, der det offentlege må opptre profesjonelt og sørgje for at ein får mest mogleg igjen for fellesskapet sine pengar. Dermed kan ein frigjere ressursar som kan brukast til fornying og auka velferd. Gjennom å vere ein krevjande og konstruktiv innkjøpar kan ein òg sikre andre samfunnsomsyn, som sosiale og miljømessige omsyn.

### Reglane om offentleg støtte

Hovudregelen i EØS-avtalen artikkel 61 er at offentleg støtte til næringsverksemd ikkje er tillate. Det er likevel gjort ei rekkje unntak frå hovudregelen. I 2007 vart det totalt tildelt om lag 15 mrd. kroner i statsstøtte. Det finst ulike retningslinjer som nedfeller unntak frå støtteforbodet. Mellom anna kan støtte til føremål som forskning, utvikling og innovasjon, miljø, kompetanseheving og region vere tillate dersom den er notisert til og godkjend av EFTA sitt overvakingsorgan, ESA.

Dessutan finst det eit såkalla gruppeunntak for støttetiltak som generelt vert vurderte å vere i tråd med EØS-avtalen. For tiltak som oppfyller kriteria i unntaket gjeld ikkje notifikasjonsplikta, men støtta må meldast til ESA innan 20 dagar etter at den er sett i verk.

Støttegivar, det vil seie mellom anna departement, fylkeskommune eller kommune, har ansvar for at støtte vert gitt i samsvar med reglane, og for at støtte vert godkjend av ESA når det er påkravd. Departementet sikrar norske interesser i saker (notifikasjons- og klagesaker) mellom norske styresmakter og ESA på området og samordnar saks-

handsaminga og korrespondansen med ESA. I samband med dette hjelper Fornyings- og administrasjonsdepartementet støttegivarar ved utarbeidinga av nye støtteordningar og notifikasjonar.

Sommaren 2009 hadde ESA 8 norske notifikasjonar og 34 norske klagesaker til handsaming.

Departementet har dessutan ansvar for å sikre at norske interesser vert ivaretekne ved utforminga av nye reglar i EU-kommisjonen.

### Hovudlinjer i konkurransepolitikken

Styresmaktene legg rammene for kvar det skal vere konkurranse og korleis konkurransen skal verke på ulike område ved utforming og handheving av konkurranseregelverket og ved utforming av andre offentlege reglar og tiltak som påverkar konkurransen.

Konkurranse gir i hovudsak positive verkningar. Ressursane vert utnytta godt, marknadsaktørane vert meir effektive og vert dermed meir konkurransedugande på internasjonale marknader. Konkurranse gir forbrukarane eit breitt tilbod på varer og tenester med god kvalitet til låg pris.

Samstundes er det viktig å hugse på at konkurranse ikkje alltid er eit riktigt verkemiddel for å nå viktige samfunns mål. For å løyse problem knytte til svikt i marknaden som til dømes forureiningar, naturlege monopol som i kraftnettet og tilverking av kollektive gode som vegar, er det òg påkravd med anna offentleg styring og kontroll enn tilsyn med marknadene. Marknaden åleine tek heller ikkje tilstrekkeleg omsyn til fordeling av velferd. Difor har Regjeringa slått fast at ein innan viktige område som helse, omsorg, utdanning og tryggleik mellom anna i jernbanesektoren, skal byggje på fellesskapsløysingar og styrkje ansvaret til det offentlege.

I mange marknader treng ein ikkje å setje i verk særskilde tiltak for å nå særlege samfunns mål. I slike marknader vert sunn konkurranse fremja gjennom konkurranselova. I tillegg gjer reglane for offentlege innkjøp sitt til å stimulere konkurransen.

I omregulerte marknader, som til dømes i telesektoren, er det særlege konkurransereglar som vert handsama av sektorstyresmaktene, i tillegg til reglane i konkurranselova som er Konkurransetilsynet sitt ansvar. Når marknader vert omregulerte og opna for konkurranse, inneber det ei utviding av det praktiske verkeområdet til konkurranselova. Då er det viktig med ei god samordning mellom sektorstyresmakter og konkurransemyndighetene for å unngå motstridande politiske signal og motstridande verkningar av handheving av regelverket.

På ein del område er det påkravd å setje i verk offentlege tiltak for å fremje ulike samfunnsmål. Offentlege tiltak kan gjennomførast for å korrigere marknadssvikt utan stor innverknad på konkurransen. Avgift på forureiningar er eit døme på korrigering av svikt i marknaden. I andre høve vert det sett i verk tiltak som grip inn i marknads- og konkurransetilhøva. Det kan til dømes vere konsepsjonsordningar som skal sikre at aktørane i marknaden har tilstrekkelege kvalifikasjonar, men som gjer det vanskelegare å etablere seg for nye konkurrentar. Her set både konkurranselova og dei offentlege reguleringane rammer for konkurransen.

Konkurransestyresmaktene skal peike på konkurranseskadelege verknader av offentlege reguleringar og foreslå tiltak som kan avgrense dei skadelege verknadene. I mange konkurransesaker vil verknadene vere små for den einskilde forbrukaren og større for den næringsdrivande. Dei sistnemnde vil òg drive meir aktiv lobbyverksemd. I utøvinga av konkurransepolitikken må styresmaktene difor vere særleg merksame på vevinga av omsyn til forbrukarane opp mot næringsomsyn. Dei offentlege tiltaka må òg liggje innanfor rammene av konkurransereglane i EØS-avtalen og EØS-regelverket om offentlege innkjøp og offentleg støtte.

Sunne konkurransemarknader vert best sikra gjennom ei streng konkurranselov og eit effektivt tilsyn frå konkurransestyresmaktene. Konkurranselova og EØS-konkurranselova skal motverke handlingar som hindrar marknadsmekanismene i å fungere, slik som misbruk av marknadsmakt og konkurranseavgrensande avtalar mellom føretak. Saman med regelverket for offentleg støtte til næringslivet og regelverket for offentlege innkjøp skapar dette ein heilskapleg konkurransepolitikk.

### Hovudmål og strategiar

I dei marknadene der Regjeringa ønskjer konkurranse, skal konkurransestyresmaktene føre ein aktiv konkurransepolitikk for å sikre gode og rimelege varer og tenester til forbrukarane og fremje effektivitet i desse marknadene.

For å oppnå dette arbeider regjeringa mot desse hovudmåla på det konkurransepolitiske området:

- Konkurranselova, EØS-konkurranselova, regelverket om offentlege innkjøp og regelverket om offentleg støtte skal utviklast i samsvar med internasjonale reglar og plikter slik at dei vert effektive verkemiddel for å fremje konkurranse.

- Regelverket om offentlege innkjøp skal sikre at offentlege midlar vert utnytta best mogeleg gjennom kostnadseffektive innkjøp samstundes som allmenta har tillit til at offentleg innkjøp skjer på ein samfunnstenleg måte, mellom anna ved at ein tek miljø- og samfunnsansvar.
- Etatsstyringa av Konkurransetilsynet skal ha klare mål, gi ei tydeleg rollefordeling mellom departement og tilsyn, og ei resultatoppfølging som sikrar ei effektiv utøving av konkurransepolitikken og handheving av lovene.
- Norske interesser skal takast omsyn til når ESA handsamar klager og notifikasjonar etter regelverket om offentleg støtte.
- Departementet og Konkurransetilsynet skal saman syte for at det vert lagt vekt på konkurranseomsyn der Regjeringa ynskjer konkurranse. Mellom anna skal departementet:
  - Hindre tildeling av ulovleg offentleg støtte og motverke skadeleg støtte
  - Synleggjere omsynet til konkurransen ved offentlege tiltak.

### Vidareutvikling av lover og føresegner

#### Konkurranselova

I St.prp. nr. 1 (2008–2009) *Fornyings- og administrasjonsdepartementet* vart det informert om at regjeringa på ulikt vis hadde styrkt innsatsen for å kjempe mot kartell og motverke konkurransekriminalitet. Departementet varsla om at det hadde bede Konkurransetilsynet om å leggje fram forslag til lovendingar som er naudsynte for å styrkje handhevinga av konkurranselova. Forslaga Konkurransetilsynet la fram, gjaldt endring av reglane om sanksjonslempe i konkurranselova og forskrift 22. august 2005 nr. 909 om utmåling og lemping av lovbrotsgebyr og i tillegg reglane om utmåling av lovbrotsgebyr i forskrifta.

Ordninga med lempe i konkurranselova § 31 er innført for å gi tilstrekkeleg motiv for deltakarar i ulovlege kartell til å hjelpe styresmaktene med å avsløre slik verksemd og bryte ut av kartellet. Deltakarane i kartell er i utgangspunktet i eit konkurranseforhold med kvarandre, men vel å delta i kartellet fordi dette løner seg betre enn å konkurrere. Seljarane kan koordinere åtferda si til skade for kjøparane, som er forbrukarar, offentlege innkjøparar eller private føretak. Typiske døme er avtalar om ikkje å konkurrere på pris, eller at konkurrentar deler marknader eller kundar mellom seg.

Føretak som tilstår eige lovbrøt for Konkurransetilsynet, har krav på at sanksjonen vert minka eller heilt fell bort. Sidan lovbrøtet består i ulovleg samarbeid med andre føretak, vil tilståinga samstundes gi informasjon om lovbrøt frå dei andre

involverte. Utan slike tilståingar og tips frå tilsette, konkurrentar eller kjøparar er det særst vanskeleg å oppdage kartellsamarbeid fordi prova som regel er få og fragmentariske. Ofte er det hemmelege avtaler mellom nokre få involverte personar.

Det er difor viktig å ha effektive føresegner som kan medverke til oppdaging og oppklåring av slike lovbrøt. Noverande lempingsreglar har ikkje hatt den forventede effekten. Gjennom endringar som kan gi dei som varslar Konkurransetilsynet anonymitet og gi involverte personar tryggleik for at dei i same mon som føretaket dei er tilknytte, får nedsett sanksjon, er det von om at reglane verkar meir effektivt.

Gjennom høyringsnotat av 12.12.2008 kom departementet med forslag som var tufta på framlegget frå tilsynet om å styrkje programmet for lemping og vern av identitet for varslarar av ulike slag. Departementet arbeider no med forslag om lovendingar grunna på høyringsnotatet og merkadene frå høyringsinstansane som truleg vil verte presentert for Stortinget hausten 2009. Samstundes vert det òg arbeidd med endringar av reglane om utmåling og dei nærare vilkåra for lemping i forskrift 22.8.2005 nr. 909 om utmåling og lemping av lovbrøtsgebyr.

Etter § 16 har Konkurransetilsynet rett til å peike ut ein *forvaltar* til å hjelpe seg ved gjennomføringa av inngrep mot føretakssamanslutningar. Bakgrunnen for føresegna var mellom anna eit ønske om å konsentrere ressursane til tilsynet om kjerneverksemda og nytte forvaltar til oppgåver der tilsynet ikkje hadde kompetanse. Departementet sende sommaren 2007 på høyring eit framlegg om forskrift i medhald av konkurranselova § 16 om verksemda til ein forvaltar. Departementet vedtok forskrift om forvaltar 15.9.2008.

Ein rapport med evaluering av *bokavtalen* vart levert til statsråden i Kultur- og kyrkjedepartementet 27.5.2009. Det er lagt til grunn at den skal vere utgangspunktet for eventuelle nye endringar i konkurranseregelverket i 2011.

Departementet har òg bede Konkurransetilsynet greie ut unntak frå konkurranselova § 10, slik at busselskap kan samarbeide om fylkeskryssande ekspressbussruter. Eit forslag vart sendt på allmenn høyring sommaren 2008 med frist 1.10.2008. Etter at saka var sendt på høyring, gjennomførte ESA bevissikring hos fleire ekspressbusselskap i Noreg. Undersøkingane er framleis i gang. Departementet meiner det er lite formålstenleg å gi ei unntaksforskrift så lenge det er usikkert kva som vil verte utfallet av ESA sine undersøkingar.

Konkurransetilsynet har vedteke ei føresegn om delvis unntak frå gjennomføringsforbødet i konkurranselova § 19 første ledd for visse typar

erverv av verdipapir. Føresegna vart iverksatt 1.4.2009. Føresegna inneber at eit offentleg overtakingstilbod eller ein serie transaksjonar i verdipapir som vert omsett i ein regulert marknad slik som Oslo Børs og Oslo Axess, delvis kan gjennomførast utan hinder av regelen om gjennomføringsforbod i konkurranselova § 19 første ledd.

#### *Reglane om offentlege innkjøp*

Reglane om offentlege innkjøp må vere i samsvar med internasjonale forpliktingar. Samstundes har ein eit spelerom i den konkrete utforminga av dei nasjonale reglane. Styresmaktene skal sørge for rett og tenleg utforming og fortolking av regelverket, og skal følgje opp det internasjonale samarbeidet om offentlege innkjøp i EØS og WTO.

Regjeringa har sett ned eit offentleg utval som skal greie ut korleis ein best kan gjennomføre nye EØS-reglar for handheving av reglane om offentlege innkjøp. Føremålet er at ein skal etterleve innkjøpsreglane betre, mellom anna ved å sikre leverandørar betre høve til inngrep før ein inngår offentlege kontraktar. Reglane har særleg merksemd på handheving av ulovlege direkte innkjøp. Utvalet skal òg vurdere korleis det samla norske handhevingssystemet best kan organiserast. I denne samanheng vil det vere aktuelt å vurdere kva oppgåver som skal ligge til Klagenemnda for offentlige anskaffelser i framtida. I 2010 skal nye reglar om handheving av innkjøpsreglane på allmenn høyring.

#### *Reglane om offentlig støtte*

På bakgrunn av finanskrisa opna EU-kommisjonen i 2008 for nye støttetiltak som skal gjelde fram til 31.12.2010. Føremålet med dei mellombelse reglane er mellom anna å medverke til at bedrifter får lettare tilgang til kapital. I løpet av dei næraste to åra skal dei einskilde verksemdene kunne få ein samla stønad på opptil 500 000 euro. I tillegg kan dei få støtte i form av redusert garantipremie, subsidierte renter på alle lån, og ytterleg reduserte renter for lån til investeringar knytte til grønne produkt. Det skal bli lettare å la små og mellomstore bedrifter få meir risikokapital. Krava til kortsiktig eksportkredittforsikring vert òg enklare. Det er òg eit utvida rom for å gi støtte til finansinstitusjonar. Offentleg støtte må framleis førehandsmeldast til ESA før den kan løyvast, men dersom støtta er i tråd med dei nye reglane, vert den godkjend.

EU-kommisjonen vedtok òg ei ny kommisjonsforordning i 2008, om eitt stort gruppeunntak for forskjellige typar støtte, det såkalla supergruppeunntaket. Forordninga vart innlemma i EØS-avta-

len og deretter i norsk rett i løpet av hausten 2008. Dette «supergruppeunntaket» samlar eksisterande og nokre nye gruppeunntak i ei felles forordning. Denne forordninga omfattar visse typar regionalstøtte, støtte til små og mellomstore bedrifter, miljøstøtte, støtte i form av risikokapital, forskings-, utviklings- og innovasjonsstøtte, opplæringsstøtte og sysselsetjingsstøtte. Regelverket skal nyttast på alle sektorar av næringslivet og skal sikre at støtta er transparent og har ein insentiveffekt. Supergruppeunntaket gir norske styresmaktar utvida rom til å gi offentleg støtte.

### Internasjonalt arbeid

Som følge av Noregs plikter og rettar etter EØS-avtalen er departementet ansvarleg for saksførebuing, utforming av norske posisjonar og gjennomføring av avgjerder i EØS-organ på konkurranseområdet. Difor er det viktig og naudsynt for konkurransemyndigheitene å delta både i EU- og EØS-fora for å vareta Noregs interesser, både direkte i enkeltsaker og ved utvikling av regelverk som er EØS-relevante. Avgjerder og regelverk gir rammer for norske politikarar, forvaltninga og norsk næringsliv.

I samband med utforminga av nye reglar i EU-kommisjonen, vil departementet sitt arbeid med å sikre norske interesser i prosessen, innebere både at departementet syter for å klårgjere og samordne norske interesser internt i den norske forvaltninga og freistar å påverke regelverksutforminga i Kommisjonen. Det skjer ved høyringar og møte med norske føretak og styresmakter, deltaking i Kommisjonen og ESA sine rådgivande komitear og arbeidsgrupper, samarbeid med andre nordiske styresmakter og gjennom skriftlege kommentarar. Departementet har òg ansvar for at reglane vert innlemma i EØS-avtalen og vert gjennomførte i norsk rett.

Vidare er konkurransestyresmaktene sentrale i arbeidet med å sikre norske interesser i einskildsaker (notifikasjons- og klagesaker om offentleg støtte) mellom norske styresmaktar og ESA/Kommisjonen på området og samordning av sakshandsaminga.

Konkurransestyresmaktene deltek òg i OECD. Men deltaking her har ein heilt annan karakter enn i EØS-samanheng. Diskusjonar inneber både utveksling av erfaringar og utarbeiding av rekommandasjonar baserte på beste praksis. Arbeidet føregår i større grad på premissane til dei nasjonale fagmyndigheitene og munnar ikkje ut i bindande normer eller vedtak som vert handheva overfor statar og føretak. Deltaking i OECD gir

norske konkurransestyresmakter ei ytterlegare moglegheit til å påverke politikk- og regelverksutforminga i EØS. Eksempel på tema som har vore handsama i 2009, er konkurransepolitikk i økonomiske krisetider, konkurranse i revisjonsbransjen, standardar for å vurdere fusjonar mellom føretak, konkurransepolitikk i nettverksmarknader og korleis patentsystemet kan nyttast av aktørar til å hindre konkurranse og innovasjon.

Dei nordiske konkurransemyndigheitene har årlege konferansar og drøftar saker av felles interesse.

### Prioriterte område

#### Auka innsats mot konkurransekriminalitet

Brot på konkurranselova (konkurransekriminalitet) fører med seg omfattande kostnader for samfunnet, men er vanskeleg å avdekkje. Konkurranssekriminalitet vert kjenneteikna ved at seljarane på ulike måtar koordinerer åtfërda si til skade for kjøparane, som er innbyggjarar, offentlege innkjøparar eller private føretak. Typiske døme på dette er at konkurrentar avtaler å ikkje konkurrere på pris, eller deler marknader eller kundar mellom seg.

Regjeringa har styrkt innsatsen mot kartell og konkurransekriminalitet. Det er både i 2008 og 2009 gitt ekstra løyvingar til Konkurransetilsynet for å styrkje dette arbeidet. Forutan å auke evna til etterforskning, analysar og oppbygging av nye avanserte IKT-system, har Konkurransetilsynet sett i verk særskild overvaking av bygg- og anleggssektoren i samband med regjeringa si tiltakspakke, ei særskild overvaking av marknaden for asfalt våren 2009, og ein informasjonskampanje om ulovleg kartellverksemd og lempingsprogrammet i konkurranselova. Konkurransetilsynet har og offentliggjort ei sjekklister for innkjøparar som rettar søkjelyset mot kva ein skal sjå etter for å avsløre brot på konkurranselova i vurderingar av tilbod.

#### IKT-sektoren

IKT er sentralt for effektivisering og fornying av offentleg sektor og samfunnet generelt. Regjeringa er oppteken av at det er god konkurranse i marknaden for IKT, og då er eit aktivt tilsyn og effektiv handheving av konkurranselova sentralt. Vidare kan det offentlege medverke til auka konkurranse i desse marknaden ved til dømes å gjere bruk av opne standardar. Konkurransetilsynet skal gjere ein gjennomgang av desse marknaden. Gjennomgangen er støtta av ei ekstern utgreiing som skal ligge føre 1.11.2009.

### Ein offensiv innkjøpspolitikk

Regjeringa har ansvaret for at reglane for offentlege innkjøp er så gode som mogleg, og at handhevingssystemet er formålstenleg utforma og sikrar god etterleving.

Klagenemnda for offentlege anskaffelser er eit uavhengig organ som handsamar klager om brot på innkjøpsregelverket. Nemnda skal sikre eit raskt og rimeleg klagealternativ på eit lågt konfliktnivå og medverke til auka kompetanse og rettsavklaringar på området. I 2007 vart handhevinga skjerpa ved at nemnda fekk høve til å fastsetje gebyr ved ulovlege direkte innkjøp.

Regjeringa er oppteken av at Klagenemnda for offentlege anskaffelser skal vere eit godt alternativ til domstolen når det gjeld behandling av brot på reglane om offentlege innkjøp. I 2008 vart det difor innført krav om sakshandsamingstid på 3 og 4 månader (gebyrsaker) i Klagenemnda for offentlege anskaffelser. Desse krava er førte vidare i 2009. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2009 vart nemnda sitt budsjett styrkt mellom anna for å sikre at sakshandsamingstida for klagesaker held seg innanfor fristane. Sjå elles omtale under kap.1550 Konkurransetilsynet og omtalen av utgreiinga av nye reglar for handheving av innkjøpsreglane.

I St.meld. nr. 36 (2008–2009) *Det gode innkjøp* går det fram at gode reglar om innkjøp og eit godt handhevingssystem ikkje aleine er nok for å unngå brot på innkjøpsregelverket og for å få til vellykka innkjøp. Innkjøpsfagleg kompetanse og planlegging av kvart enkelt innkjøp er òg vesentleg.

Gjennom etableringa av Direktoratet for forvaltning og IKT, med ei eiga avdeling for offentlege

innkjøp, la regjeringa i 2008 grunnlaget for eit nasjonalt kompetansesenter for offentlege innkjøp og arbeidet med å sikre betre, enklare og sikrere offentlege innkjøp vart intensivert. Direktoratet skal ha ei heilskapleg tilnærming til å forbetre og effektivisere offentlege innkjøp. Dette skal mellom anna gjerast ved rettleiing og kurs, gjennom å ha fokus på å leggje til rette for samfunnsnyttige innkjøp og gjennom ei sterkare satsing på elektroniske handelssløysingar, til dømes elektronisk faktura og konkurransegjennomføringsverktøy. For å auke bruken av e-handel blant offentlege oppdragsgivarar og leverandørar legg ein opp til at løyvingane under kap. 1560 Direktoratet for forvaltning og IKT, post 01 Driftsutgifter vert auka over ein fem-årsperiode. Den auka løyvinga til elektronisk handel skal nyttast til å finansiere ulike kostnader brukarane har ved bruk av e-handelsplattforma Ehandel.no. Regjeringa vil vidareutvikle tilbodet i direktoratet, og særleg ha fokus på innkjøpsfag og kompetanse om styring og organisering av offentlege innkjøp. Jf. omtale under kap. 1560 Direktoratet for forvaltning og IKT.

Leiarfokus og god forankring av innkjøpsaktiviteten i verksemdene er saman med formålstenleg organisering sentrale føresetnader for profesjonelle, effektive og korrekte innkjøp. Utan dette vil òg andre tiltak, som til dømes kompetansetiltak, ha avgrensa effekt. Regjeringa vil styrkje rettleiingstilbodet om organisering av offentlege innkjøp, og greie ut auka samordning om offentlege innkjøp. På bakgrunn av utgreiinga vil Regjeringa vurdere organisatoriske tiltak for auka samordning av offentlege innkjøp.

## Kap. 1550 Konkurransetilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter	88 808	80 057	80 934
23	Klagenemnda for offentlege anskaffelser	5 116	5 220	5 387
	Sum kap. 1550	93 924	85 277	86 321

### Allmenn omtale

Konkurransetilsynet skal føre tilsyn med konkurranseforholda i norsk økonomi. Det rettslege grunnlaget for tilsynet si verksemd er konkurranselover og EØS-konkurranselova. Tilsynet skal mellom anna føre kontroll med føretakssamanslutnin-

gar og handheve forbod mot misbruk av dominerande stilling og konkurransehemmande samarbeid. Konkurransetilsynet skal òg peike på konkurransehemmande verknader av offentlege tiltak.



Konkurransetilsynet har ansvaret for handhevinga av lova. Lova har strenge sanksjonsføresegner mot ulovlege kartellavtalar og misbruk av dominerande stilling, og dette fører til at verksemdene konkurrerer til fordel for forbrukarane og til fremje av eit effektivt næringsliv.

Konkurransetilsynet har òg det administrative ansvaret for verksemda i Klagenemnda for offentlege anskaffelser, medrekna ansvaret for eit sekretariat som utgreier og klargjer sakene for behandling i klagenemnda. Saksmengda til Klagenemnda for offentlege anskaffelser har auka jamt sidan tilsynet fekk ansvaret for nemnda i 2005, og saksområdet har omfattande politisk og offentleg merksemd.

## Rapport 2008

### Handheving av forboda i konkurranselovera

Konkurranselova forbyr i § 10 samarbeid som avgrensar konkurransen og i § 11 misbruk av dominerande stilling. Avdekking av ulovleg pris-samarbeid, tilbodssamarbeid og marknadsdeling er ei høgt prioritert oppgåve for Konkurransetilsynet.

Forboda i konkurranselovera §§ 10 og 11 vert sanksjonerte av Konkurransetilsynet ved idømming av lovbrotsgebyr eller ved at forholdet vert meldt til politiet. Vidare legg tilsynet stor vekt på å auke dei førebyggjande og preventive verknadene av arbeidet sitt:

- Målretta informasjons- og rettleiingsverksemd om konkurranselovgevinga.
- Kontinuerleg arbeid for å avdekkje konkurransekriminalitet gjennom ulike metodar for etterforskning og overvaking.
- Gode samarbeidsrelasjonar med offentlege innkjøparar og påtalemakta.
- Effektive insentivordningar, der lempingsordninga står sentralt.

Internasjonale studiar tyder på at ulovleg kartellverksemd kan føre til prisar som ligg 15–40 pst. over det nivået ein ville hatt med sunn konkurranse. Kartell fører til auka kostnader, dårlegare produkt og svakare vekst og innovasjonsevne i økonomien på lang sikt. Kartellnedkjemping har i 2008 vore høgt prioritert i tilsynet sitt arbeid, med styrkt fokus og kompetanse på å etterforske brot på konkurranselovera. I tråd med dette, og den tilleggsøyvinga som tilsynet fekk for å gjennomføre tiltak for å styrkje arbeidet med å avdekkje kartell, er det etablert ein eigen etterforskningsseksjon bemanna med medarbeidarar med særleg kompetanse innan teknisk og taktisk etterforskning. Eit

nytt laboratorium for sikring og analyse av beslaglagt digital informasjon er kome på plass.

Omdømmeundersøkinga i 2008 viser at tilsynet framleis har ei utfordring når det gjeld å gi auka kunnskap om lempingsordninga. Tilsynet har i samarbeid med NHO gjennomført ein informasjonskampanje retta mot NHO sine medlemmer. Gjennom ein serie seminar for NHO sine region- og bransjeforeiningar har Konkurransetilsynet spreidd kunnskap om konkurranselovera og lempingsordninga.

Risikoen for å verte avslørt og straffa påverkar marknadsatferda hos verksemda, og fører til at færre tek sjansen på å bryte konkurranselovera. Slike allmennpreventive effektar av tilsynet si handheving og sanksjonering kan ikkje målast gjennom dei sakene som tilsynet faktisk handsamar. Avdekking av eit kartell i ein marknad verkar avskrekkande på eksisterande kartell i andre marknader, og fører difor til færre kartell i framtida. Arbeidet med avdekking av denne typen lovbrot er krevjande, og stiller krav til både taktiske og tekniske sider ved etterforskningsfunksjonen i tilsynet.

Av saker som tilsynet har arbeidd med i 2008 er det fatta vedtak i tre saker som omhandlar ulovleg samarbeid:

- Marknadsdeling i marknaden for eddiksyre der aktørane fekk pålegg om opphøyr og lovbrotsgebyr på samla 2,9 mill. kroner.
- Tilbodssamarbeid i røyrliggjarmarknaden, med vedtak om lovbrotsgebyr på i alt 750 000 kroner.
- Tilbodssamarbeid mellom to legespesialistar, med vedtak om pålegg om opphøyr av konkurransekskadeleg samarbeid.

I tillegg er eit tilbodssamarbeid (etter gammal lov) innanfor ventilasjonsbransjen meldt påtalemakta.

Oslo tingrett sin dom i mars 2009 oppheva Konkurransetilsynet sitt vedtak om å gi Tine BA eit gebyr på 45 mill. kroner for misbruk av dominerande stilling og for samarbeid som avgrensar konkurransen. Konkurransetilsynet har anka dommen inn for Borgarting lagmannsrett.

Tilsynet har vidare etablert overvakingssordningar knytte til daglegvarekjedene sine avtalar med dei største leverandørane, Tines bruttomargar, og prisutviklinga i engrosmarknaden for kraft.

På oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet har Konkurransetilsynet vurdert om det er behov for å gi ei forskrift etter konkurranselovera § 14 for å regulere tilgangen til bustadannonser på internett. Tilsynet sitt forslag var at departementet fastset ei forskrift som pålegg nettportalane å gi alle tilgang til bustadannonsering på

vilkår som er ikkje-diskriminerande. Føremålet er å auke konkurransen på marknaden for eigedomsmeikling ved å gjere det lettare for andre enn eigedomsmeiklarar å tilby tenester i samband med kjøp og sal av bustad. Forskrifta er vedteke hausten 2009 og trer i kraft 1.1.2010.

### Kontroll med føretakssamanslutningar

Konkurransetilsynet skal gripe inn mot fusjonar og oppkjøp som vil føre til eller forsterke ei vesentleg avgrensing av konkurransen i strid med konkurranselova sitt føremål. I Noreg gjeld meldeplikt ved føretakssamanslutningar for føretak. Desse har plikt til å melde frå til Konkurransetilsynet dersom dei ved samanslåinga får ei samla årleg omsetning som overstig 50 mill. kroner, og begge føretaka omset for meir enn 20 mill. kroner årleg. Frå 1.7.2008 vart det forbode å gjennomføre fusjonar og oppkjøp som er meldepliktige etter konkurranselova, før Konkurransetilsynet har handsama saka. Samtidig vart det opp til partane sjølve å fastsetje når dei vil gi tilsynet melding om føretakssamanslutninga.

Tilsynet handsama 444 meldingar om fusjonar og oppkjøp i 2008 etter § 16 i konkurranselova. Dei aller fleste føretakssamanslutningane som vert melde til Konkurransetilsynet er uproblematiske, og heile 96 pst. av alle fusjonar og oppkjøp som vart melde til Konkurransetilsynet i 2008 vart gjennomførte utan innvendingar frå tilsynet. Dette er oppkjøp eller fusjonar som medverkar til omstrukturering i norsk næringsliv, utan å ha konsekvensar som strid mot føremålet til konkurranselova. Tilsynet si handsaming er effektiv, ved at saker som ikkje gir grunn for uro i høve til konkurransen vert avslutta raskt, og på denne måten vert ressursane prioriterte til handsaming av dei sakene som er viktige ut frå konkurranseomsyn.

Omdømmeundersøkingane til tilsynet viser at Konkurranselovgivinga, eksistensen av eit Konkurransetilsyn, og den presedens som vert skapt gjennom dei konkurransesakene tilsynet handsamar, medverkar til at føretakssamanslutningar som openbert er konkurranseskadelege ikkje vert gjennomførte.

Av dei sakene som fekk ei grundigare handsaming av Konkurransetilsynet i 2008 er det særleg 4 saker som kan trekkjast fram:

- Shell/YX og
- Rema 1000/Lidl, som begge vart tillatne på vilkår knytte til verknader i enkelte lokale marknader.
- Eurofins oppkjøp av Lantmännen vart godteke på vilkår av at Eurofins Danmark selde dotter-

selskapet LabNett AS til ein ekstern, uavhengig aktør.

- Konkurransetilsynet vedtok forbod mot føretakssamanslutninga mellom Opplysningen Mobil AS og Aspiro Søk AS. Avgjerda i denne saka vart anka, men Fornyings- og administrasjonsdepartementet har oppretthalde Konkurransetilsynet sitt vedtak om å forby Opplysningen Mobil AS sitt kjøp av Aspiro Søk.

Dei to fyrstnemnde sakene er døme på at tilsynet i fusjonskontrollen er oppteke av at konkurransen fungerer i lokale marknader til beste for forbrukarane. Eit anna døme på den lokale dimensjonen i tilsynet sitt arbeid er at tilsynet i 2008 assisterte EU-kommisjonen i vurderinga av Statoil/JET-saka. Den norske delen av oppkjøpet vart godkjend på vilkår av at StatoilHydro skil ut og vidaresel alle JET-stasjonar i Noreg, for å oppretthalde konkurransen i lokale marknader med JET-nærvær.

Som ledd i arbeidet med å forbetre handteringa av saker om inngrep mot føretakssamanslutningar, vedtok Konkurransetilsynet i august 2009 «Veileder til saksbehandling i saker om foretakssammenlutninger». Føremålet med rettleiaren er å betre kjennskapen til Konkurransetilsynets sakshandsaming ved kontroll med føretakssamanslutningar.

### EØS-arbeidet

EØS-enkelt saker er handtert i samsvar med notifikasjonsreglane for «EFTA Network». Det er eit tett samarbeid mellom Konkurransetilsynet og ESA. Dette sikrar riktig handsaming av EØS-saker i samsvar med EØS-konkurranselova sine føresegner. Vidare har Konkurransetilsynet aktivt delteke i DG Comp/ECN sitt arbeid når det gjeld generelle policyspørsmål, i samsvar med Noreg sine rettar etter EØS-avtalen sin protokoll 23 artikkel 1 a. Konkurransetilsynet har òg samarbeidd direkte med DG Comp i EU/EØS-saker som vedkjem norske aktørar og norske marknader.

### Effektiv etterspurnadsside i marknadene

Etter konkurranselova § 9 c skal Konkurransetilsynet føre tilsyn med dei forskjellige marknadene. Dette inneber mellom anna å setje i verk tiltak for å gjere marknadene meir gjennomsynlege.

Kraftprisoversikta på tilsynet si heimeside gjer det mogleg for forbrukarane å samanlikne kraftprisar, og har jamleg fleire tusen brukarar per veke. Det er gjennomført mange byte av straumleverandør i 2008, og omtrent like mange har no spotpris kontrakt som standard variabel kontrakt.

I drosjemarknaden har somme fylkeskommunar endra reglane og gitt utvida plikt til å opplyse om prisar etter at tilsynet i ei påpeiking av konkurranseavgrensande tilhøve i drosjemarknaden oppmoda fylkeskommunane om å treffe tiltak som kan betre prisopplysninga i drosjemarknaden.

I 2007 deltok tilsynet i ei arbeidsgruppe leia av Kredittilsynet med medlemmer frå næringa og andre styresmakter. Arbeidsgruppa foreslo at det vert etablert ei bransjenorm, som skal gjere det enklare for kundane å byte bank. Dette arbeidet har ført til dei nye reglane om bankbyte som tredde i kraft i mai 2008.

### Konkurransesyn i marknader der Regjeringa ynskjer konkurranse

Etter konkurranselova § 9 e skal Konkurransetilsynet peike på konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak, og fremje moglege tiltak for å bøte på desse. I rapporten «Konkurransen i Norge» vert konkurransesituasjonen presentert i seks utvalde norske marknader, med forslag til tiltak som kan betre konkurransen. Ein viser til omtale av rapporten nedanfor.

I 2008 har tilsynet kome med 3 påpeikningar etter § 9 e:

- Konkurransetilsynet oppmoda Statens Forureiningstilsyn om å vurdere tiltak for å styrkje konkurransen mellom retursystem og mellom underleverandørane deira gjennom å gjere endringar i det gjeldande regelverket.
- Konkurransetilsynet tilrådde at formidlingsplikta for TV 2 med heimel i kringkastingsforskrifta § 4-2 vert oppheva.
- Konkurransetilsynet viste i ei påpeiking til Voss kommune til at det i vurderinga av om eit område skulle endrast frå industriformål til forretningsformål, og burde leggjast vekt på konkurransen i daglegvaremarknaden som eit sjølvstendig positivt moment. Kommunestyret på Voss vedtok i etterkant av Konkurransetilsynet si påpeiking ei endring i reguleringsplanen for det aktuelle området, slik at det vart opna for å etablere daglegvareforretning i eit handelssenter.

Konkurransetilsynet har vidare assistert departementet mellom anna i vurdering av prisreguleringa for drosjetenester, og om det skal gjennomførast ei utjamning av fraktkostnader for drivstoff.

Konkurransetilsynet skal òg prioritere tilsynet med konkurransen i IKT-sektoren og gjennomføre ei vurdering av marknads- og konkurransetilhøva og behovet for tiltak. Som eit ledd i arbeidet med

oppfølging og gjennomgang av konkurransetilhøva i marknadene for programvare vart rapporten «Konkurranse og innovasjon i programvaremerkene» utarbeidd i 2008. Vidare arrangerte Konkurransetilsynet våren 2008 eit seminar med fokus på potensielle problemstillingar i den norske marknaden.

Konkurransetilsynet kan òg gjennom direkte rådgiving medverke til å oppnå endringar som skal gi betre konkurranse utan at tilsynet gjennomfører formelle inngrep. Viktige saker som reforhandling av avtalen mellom TV2 og Canal Digital på satellittplattform og den nye avtalen om medierettar for norsk toppfotball er viktige døme. Reforhandling av avtalen mellom TV2 og Canal Digital førte til at både Canal Digital og Viasat sine sjåarar fekk tilgang til fleire av dei viktigaste TV-kanalane. Avtale om medierettar for norsk toppfotball inneber at rettane vert fordelte på fleire kringkastarar og formidla på ulike plattformer.

### Klagenemnda for offentlige anskaffelser

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 118 dagar ved årsskiftet 2008/ 2009 for vanlege klagesaker, og 144 dagar for saker der det er påstand om ulovleg direktekjøp, òg kalla gebyrsaker. Sakshandsamingstida i Klagenemnda for offentlige anskaffelser er i dag med andre ord høgare enn kravet i tildelingsbrevet. Dette har samanheng med at saksmengda har auka i 2008 samanlikna med 2007. I 2008 kom det inn 224 saker, mens det til samanlikning kom inn 157 saker i 2007. I tillegg har gebyrsakene vist seg å vere svært ressurskrevjande, og sakshandsamingsprosessen tek lengre tid enn dei vanlege klagesakene. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2009 vart budsjettet til nemnda styrkt, mellom anna for å sikre ei kort sakshandsamingstid på klagesaker.

I løpet av 2008 avgjorde klagenemnda for offentlige anskaffelser 172 saker. Nemnda handsama 28 gebyrsaker i 2008.

Auken i mengda saker til Klagenemnda for offentlige anskaffelser har halde fram inn i 2009, og det må forventast at saksmengda vil etablere seg på eit nivå som er dobbelt så høgt som i 2006 og 2007. Dette kan tyde på at tiltrua til nemnda som eit raskt og effektivt alternativ til domstolshandsaming er aukande. Det er likevel viktig å leggje til rette for at sakshandsamingstida held seg innanfor dei krava som er sette. Bemanninga i sekretariatet er difor auka i 2008, og dei tiltaka som er sette i verk er forventa å bringe sakshandsamingstida innanfor kravet på 3 månader i løpet av 2009.

### Synleggjering av verknadene av konkurransepolitikken

Rapporten «Konkurransen i Norge» tek for seg konkurransesituasjonen i seks viktige marknader med særlege utfordringar, med tilråding om tiltak som kan betre konkurransen. Rapporten er ein del av tilsynet sitt arbeid med å evaluere og synleggjere verknadene av verksemda til tilsynet. Rapporten tek for seg verknader av konkurransepolitikken i viktige marknader som:

- Sluttbrukarmarknaden for elektrisk kraft.
- TV-marknaden.
- Marknaden for betalingskort.
- Apotek- og legemiddelmarknaden.
- Daglegvaremarknaden.
- Meierimarknaden.

Vidare trekkjer rapporten fram nokre konkrete saker tilsynet har arbeidd med, for å vise kva verknad konkurransepolitikken har hatt i viktige marknader, mellom anna luftfartsmarknaden, ferjemarknaden, TV-marknaden og bokmarknaden.

Det er òg ei viktig oppgåve for Konkurransetilsynet å gi informasjon til næringslivet, forbrukarane og det offentlege om konkurranselova og tilsynet si handheving av denne. Ein viktig måte å gjere dette på, er å informere om avgjerda i konkrete saker. Alle vedtak og avgjerder vert difor lagde ut på tilsynet si heimeside. Vidare vert sakene ofte omtalte i media. Tilsynet har òg inngått eit samarbeid med NHO og andre næringslivsorganisasjonar med sikte på å auke næringslivet sin kunnskap om konkurranselova.

### Mål og prioriteringer 2010

Hovudmåla for Konkurransetilsynet sitt arbeid i 2010 vil vere:

- Effektiv handheving av konkurranselova med tilhøyrande forskrifter og oppfølging av EØS-konkurranselova.
- Overvaking av sentrale marknader for å avdekkje ulovleg pris- og tilbodssamarbeid.

- Vektlegging av konkurranseomsyn innanfor andre politikkområde der Regjeringa ønskjer konkurranse.
- Effektiv sakshandsaming i sekretariatet for Klagenemnda for offentlige anskaffelser.

Konkurransetilsynet har dei seinaste åra styrkt arbeidet med å avdekkje og førebyggje ulovleg samarbeid. Denne satsinga skjer som ledd i ei langsiktig prioritering frå tilsynet si side. Konkurransetilsynet har òg sett i gang ei styrking og systematisert overvaking av sentrale marknader i Noreg, og vil prioritere dette arbeidet i 2010.

Konkurransetilsynet vil i 2010 halde fram med arbeidet med å få gjennomslag for nødvendige endringar i konkrete saker utan formelle vedtak, og samtidig leggje vekt på å avgrense ressursbruken i tilknytning til handsaming av klagar over mogelege brot på konkurranselova som tilsynet ikkje finn grunnlag for å prioritere.

Det er eit mål at sakshandsaminga til sekretariatet for Klagenemnda for offentlige anskaffelser i 2010 skal gjennomførast innanfor fastsette fristar, og at den faglege standarden skal halde same høge nivå som tidlegare.

I 2010 vil Konkurransetilsynet òg prioritere tiltak for å betre kjennskapen til konkurranselova og Konkurransetilsynets arbeid.

### Budsjett 2010

#### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønns- og driftsutgifter for vanleg drift i Konkurransetilsynet. Tilsynet hadde 93 årsverk per 1.7.2009.

#### Post 23 Klagenemnda for offentlige anskaffelser

Posten dekkjer utgifter til lønn og drift av sekretariatet for klagenemnda. Vidare vert det dekt honorar og andre utgifter for medlemmene av nemnda.

**Kap. 4550 Konkurransetilsynet**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
02	Ymse inntekter	1 127	210	217
03	Lovbrottsgebyr	3 665		
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	63		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 834		
17	Refusjon lærlinger	36		
18	Refusjon sjukepengar	506		
	Sum kap. 4550	7 231	210	217

**Post 02 Ymse inntekter**

Posten gjeld inntekter for gebyr i tilknytning til Klagenemnda for offentlige anskaffelser.

**Post 03 Lovbrottsgebyr**

Gebyr kan mellom anna tildømmast ved brot på konkurranselova sitt forbod mot samarbeid som avgrensar konkurransen, forbodet mot utilbørleg utnytting av dominerande stilling og påbodet om alminneleg melding av føretakssamanslutningar. Etter at EØS-konkurranselova av 2004 vart sett i verk, kan Konkurransetilsynet òg tildømme gebyr

ved brot på dei tilsvarende føresegnene i EØS-avtalen artikkel 53 og 54.

Ved dei alvorlegaste brota kan det tildømmast gebyr på inntil 10 pst. av den årlege omsetnaden til eit føretak.

For å tvinge fram oppretthalding av einskiltvedtak etter konkurranselova av 2004, kan Konkurransetilsynet gi tvangsmulkt som lauper inntil tilhøvet er retta. Det same gjeld for å sikre at pålegg om å gi opplysningar etter krava i lova vert oppfylte.

Det er uvisst kor stor den samla summen for gebyr og tvangsmulkt kan bli. Det er difor ikkje gjort framlegg om løyving på denne posten.

## Programkategori 01.60 Forvaltningsutvikling og IKT-politikk

Utgifter under programkategori 01.60 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
1560	Direktoratet for forvaltning og IKT	135 589	252 825	263 652	4,3
1561	IKT-politikk	44 956	26 877	27 238	1,3
1562	Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram	15 558	20 149	20 821	3,3
	Sum kategori 01.60	196 103	299 851	311 711	4,0

### Allmenn omtale

Regjeringa ønskjer ein sterk offentleg sektor der ein løyser dei store fellesoppgåvene i offentleg regi. Då er vidare utvikling og fornying av forvaltninga heilt naudsynt. I åra som kjem er bruk av IKT den viktigaste enkeltfaktoren som kan fornye offentleg sektor. Samstundes er IKT-politikken drivar for utviklinga i heile samfunnet, mellom anna ved at IKT stimulerer verdiskaping i næringslivet.

Noreg har ein velfungerande og omstillingsdyktig offentleg sektor. Samfunnet endrar seg raskt, og statsforvaltninga har òg tilpassa seg og endra seg mykje dei siste tiåra. Framover møter vi fleire utfordringar som set krav til forvaltninga, mellom anna:

Samfunnet vert meir differensiert, mangfaldig og individualisert. Då må forvaltninga gjere krevjande val mellom kva for tenester som kan vere standardiserte og kva for tenester som må vere spesialtilpassa.

Internasjonaliseringa set nye krav til kva kunnskap vi treng og aukar tilfanget på kunnskap. Samstundes vert det endå viktigare at statsforvaltninga er ein kompetent deltakar i internasjonale samarbeidsorgan.

Innbyggjarane forventar kvalitet, effektivitet og service. Forvaltninga må leggje til rette for at brukarane kan vere med og forme tenestene.

Ny teknologi legg til rette for effektiv saks- handsaming og samhandling med innbyggjarane.

Det krev meir standardiserte elektroniske løysingar i offentleg sektor. Nyskapande og gode løysingar ein stad bør kome til nytte andre stader. Folk må få informasjon på ein sikker og effektiv måte, og dei må i større grad kunne få avgjort sakene sine elektronisk. Forvaltninga må utnytte dei effektiviseringsvinstane som IKT opnar for.

Nye utfordringar krev ei forvaltning med høg kompetanse og godt leiarskap. Samordna og heilskapleg tenking må prege forvaltningsutviklinga. Det er ofte komplekse og usikre samanhengar mellom offentleg innsats og resultata av innsatsen. Treffsikker verkemiddelbruk og betre kunnskap om mål og verkemiddel er ei stor utfordring for forvaltninga. God og gjennomtenkt forvaltningsutvikling på tvers av sektorar krev eit fagleg sterkt forvaltningspolitisk apparat som kan kartlegge utviklingstrekk, peike på område der det trengst forbetringar og medverke til fornying av offentleg sektor.

Ny informasjons- og kommunikasjonsteknologi endrar ikkje berre rammevilkåra for forvaltninga. IKT har i aukande grad blitt ein drivande faktor i samfunnsutviklinga meir generelt. Teknologien i seg sjølv endrar seg radikalt på få år, og det same gjer bruksområda og bruksomfanget. Det påverkar næringsliv, privatsfæren, offentleg sektor og heile samfunnet ved å gjere ny næringsutvikling, nye offentlege tenester, og nye former for sosialt samspel mogleg. Smart bruk av IKT er ein av dei viktigaste grunnane til auka produktivitet.

Det er spesielt den omfattande bruken av internett som no gir opphav til ei rekkje nye utfordringar, og som krev at ein må finne nye løysingar på eksisterande problemstillingar. Det gjeld mellom anna på område som elektronisk kommunikasjon og breiband, informasjonstryggleik og personvern, elektronisk identifikasjon, opphavsrett, helse, kompetanse og utdanning, miljø, standardisering, inkludering og demokratiutvikling. For å dra nytte av dei nye moglege fordelane og handtere dei nye problema, må ein sjå desse utfordringane i samanheng, og koordinere politikk og tiltak.

### Mål og strategiar

Statsforvaltninga og resten av offentleg sektor skal vere prega av kvalitet, effektivitet, brukarretting, openheit og medverknad. St.meld. nr. 19 (2008–2009) *Ei forvaltning for demokrati og fellesskap*, St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjonssamfunn for alle* og regjeringa sin strategi for fornying av offentleg sektor frå oktober 2007 legg desse måla til grunn.

I Innst.S. nr. 321 (2008–2009) slutta Stortinget seg til at forvaltninga skal fremje demokrati og rettstryggleik og stå for fagleg integritet og effektivitet. Å verkeleggjere desse verdiane krev eit målretta arbeid i statsforvaltninga for effektiv organisering, gode arbeidsformer og kompetanseheving blant leiarar og andre tilsette. Demokrati og deltaking frå folk krev at forvaltninga er open og legg til rette for at innbyggjarar og brukarar av offentlege tenester kan kome fram med synet sitt. Forvaltninga må arbeide med god informasjon og kommunikasjon, skrive klart og ha god kunnskap om korleis brukarane og innbyggjarane opplever møtet med statsforvaltninga. Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Direktoratet for forvaltning og IKT vil i 2010 leggje vekt på arbeidet med tenlege organisasjons- og arbeidsformer og brukarretta offentlege tenester.

Verksemdene i offentleg sektor kjøper inn varer og tenester for meir enn 270 mrd. kroner i året. Dette er fellesskapet sine midlar som skal nyttast på ein best mogleg måte. Regelverket for offentlege innkjøp skal sikre best moglege innkjøp gjennom konkurranse og openheit, fremje viktige samfunnsomsyn og bidra til miljøvennlege og innovative løysingar. For å gjere korrekte og gode innkjøp må verksemdene ha tilstrekkeleg kunnskap om regelverk og kompetanse i innkjøpsfag. I St.meld. nr. 36 (2008–2009) *Det gode innkjøp* la regjeringa fram forslag om styrkt innkjøpskompetanse og utvikling av nettverk for auka profesjonalisering av innkjøpsfunksjonen i offentleg sektor.

Direktoratet for forvaltning og IKT har ei sentral rolle i dette arbeidet, og skal i 2010 vidareutvikle kompetanse- og rettleiingstilbodet sitt for verksemdsleiarar og innkjøparar i statlege og kommunale verksemdar.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi skal gjere det enklare å få informasjon frå staten og for staten å hente inn informasjon elektronisk frå folk, organisasjonar og verksemdar. IKT legg òg til rette for effektiv sakshandsaming og informasjonsutveksling mellom offentlege etatar, innanfor dei grensene som omsynet til personvernet set. Utviklinga av elektronisk ID og bruken av elektronisk signatur er grunnleggjande føresetnader for utviklinga av ei elektronisk forvaltning og papirlaus kommunikasjon internt i staten. Det vil vere grunnlaget for at informasjonsutvekslinga vert meir effektiv, sakshandsaminga raskare og at offentleg sektor kan utvikle meir avanserte tenester. eID og e-signatur aukar samstundes tryggleiken for den som gir informasjon til forvaltninga.

Regjeringa har innført klare krav til statlege verksemdar om betre samordning av IKT-investeringane. Alle statlege IKT-investeringar skal gjerast i tråd med dei statlege arkitekturprinsippa som Direktoratet for forvaltningsutvikling og IKT forvaltar. Det vert stilt krav i budsjettprosessen om at det ikkje vert løyvd midlar til nye IKT-prosjekt utan at det i forkant er gjort ei vurdering av om delar av funksjonaliteten allereie er utvikla andre stader i staten og korleis det nye systemet vil kunne spele saman med andre IKT-system. Mellom anna skal Altinn, MiSide og felles eID som hovudregel takast i bruk i alle relevante tilfelle. Opne standardar gir lik tilgang til offentlege tenester, uavhengig av kva slags datautstyr brukaren har. Det opnar for gjenbruk av løysingar og kan redusere offentlege verksemdar si binding til IKT-leverandørar. For å kunne bruke IKT meir effektivt i staten, må statlege etatar støtte seg på felleskomponentar, felles arkitekturprinsipp og felles standardar. Saman med eID og elektronisk signatur er etablering av felleskomponentar, gjennomføringa av felles arkitekturprinsipp og standardar på tvers av etatsgrensene dei viktigaste fellestiltaka for IKT-utviklinga i staten i 2010.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi påverkar utviklinga i fleire sektorar. Regjeringa vil utnytte potensialet IKT kan ha i klimapolitikken. Fornuftig bruk av IKT vil støtte opp under arbeidet for berekraftig økonomisk vekst som både sikrar velferda og skånar miljøet.

IKT påverkar òg samfunnsdeltakinga, mellom anna gjennom bruk av sosiale medium og brukarskapt innhald på Internett. IKT-politikken skal leggje til rette for at alle kan meistre det digitale

samfunnet. Regjeringa vil prioritere universell utforming av IKT-løysingar. Tryggleik og tillit i elektronisk kommunikasjon og sikring mot identitetstjuveri er avgjerande for at folk og verksemder kan utnytte IKT fullt ut. IKT-politikken må leggje til rette for at alle har tilbod om breiband med tilfredsstillande kapasitet. Satsing på IKT-forskning og utvikling skal bidra til at verksemder, organisasjonar og innbyggjarar kan nytte IKT til fordel for seg og samfunnet som heilskap.

IKT-politikken er i høg grad internasjonalt orientert og er eit viktig område for internasjonalt

samarbeid og koordinering. Noregs innsats er særleg retta mot arbeidet som skjer i EU og OECD. Noreg deltek i fleire IKT-program, som er eit av dei mest omfattande samarbeidsområda innan EU/EØS. I det europeiske samarbeidet vert det mellom anna arbeidd med utvikling og spreiding av felleseuropeiske elektroniske løysingar og analysar og statistikk ved hjelp av tematiske nettverk. Eit EU-program, IDABC, som Noreg deltek i, skal fremje elektroniske tenester mellom forvaltningane, næringsliv og innbyggjarar.

## Kap. 1560 Direktoratet for forvaltning og IKT

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter	108 292	116 354	157 714
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	27 297	56 471	44 978
23	Elektronisk ID, <i>kan overførast</i>		80 000	60 960
	Sum kap. 1560	135 589	252 825	263 652

### Allmenn omtale

Det overordna målet for Direktoratet for forvaltning og IKT er å sikre ei systematisk og kontinuerleg utvikling av statleg sektor i tråd med dei måla Stortinget og regjeringa set. Direktoratet si verksemd skal føre til at statsforvaltninga er kjenne-teikna av kvalitet, effektivitet, brukarretting, openheit og medverknad, og at den er organisert og leidd på ein god og målretta måte.

Direktoratet for forvaltning og IKT skal utføre oppgåver for Fornyings- og administrasjonsdepartementet og for andre departement og underliggjande verksemder. Direktoratet skal òg på eige initiativ ta opp problemstillingar som gjeld forvaltninga.

Direktoratet tilbyr kompetansetiltak, metodar og verktøy, rettleiing, rådgiving, analysar og informasjonsformidling innanfor sitt ansvarsområde. Fagområda omfattar mellom anna:

- Organisering og omstilling i staten.
- Utvikling av leiarar og medarbeidarar i staten.
- Styring og samordning av IKT i offentleg sektor, inklusive å utvikle og forvalte felles IKT-løysingar og å koordinere nasjonal deltaking i internasjonale IKT-program.
- Offentlege innkjøp.
- Statleg kommunikasjon overfor innbyggjarar og andre.

Direktoratet må ha nært samarbeid med mellom anna Senter for statleg økonomistyring og samarbeide tett med miljø som driv med IKT-utvikling i forvaltninga for å sørge for at ulike sektorovergripande initiativ utfyller kvarandre og er godt koordinerte.

Direktoratet for forvaltning og IKT vart oppretta 1.1.2008 og innebar at Statskonsult AS, Noreg.no. og Ehandelssekretariatet vart samla. Somme oppgåver og medarbeidarar frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet har òg gått inn i den nye verksemda. Direktoratet er lokalisert i Oslo og Leikanger og har om lag 150 tilsette.

### Rapport 2008

#### Medverke til ein god offentleg sektor

Direktoratet skulle gjennom utgreiing og analyse utvikle og formidle kunnskap om forvaltningsutviklinga og om organisering, leiing og andre verke-middel for forbetring av offentleg sektor.

I 2008 har direktoratet mellom anna gjennomført to større områdegjennomgangar. Den eine var om utviklinga i direktorata si faglege rolle, og vart presentert på ein konferanse i desember 2008. Den andre var om korleis innkjøpsverksemda er organisert i 13 statlege verksemder. Her gjekk direktoratet òg gjennom avgjerder i Klagenemnda for offent-



lige anskaffelser og Riksrevisjonen sine merknader.

Direktoratet har samla inn og formidla kunnskap om organisasjonsutviklinga i staten, mellom anna i *Forvaltningsutsyn* (Rapport 2008:10) og *Organisasjonsendringar i staten 1992–2007* (Rapport 2008:3). Direktoratet for forvaltning og IKT har medverka i arbeidet med stortingsmeldinga om forvaltningspolitikk og i arbeidet med ny statleg kommunikasjonspolitikk. Direktoratet har gitt råd til og gjennomført utgreiingar for ei rekkje departement og statlege verksemder om fornying, omstilling og organisering, og har saman med Senter for statlig økonomistyring utarbeidd ein rettleiar i utrekning av samfunnsøkonomiske kostnader og vinstar ved statlege omstillingar.

Direktoratet for forvaltning og IKT har leia prosjektet Klart språk i staten der òg Språkrådet er med. Prosjektet skal stimulere til at alt staten skriv skal vere enkelt å forstå. Prosjektet har utvikla ein språkleg verkøykasse på internett ([www.klarsprak.no](http://www.klarsprak.no)), ei støtteordning for verksemder som vil forbetre språket sitt, ein klarspråkspris og tre kampanjefilmar. Direktoratet lanserte prosjektet for innbyggjarar og statstilsette tidleg i 2009.

### Assistere i ei aktiv personal- og kompetanseutvikling

Direktoratet skulle mellom anna medverke til tverrgående kompetanse og forankring av felles verdiar i statsforvaltninga og til utvikling av god leiarskap i statlege verksemder.

I 2008 har Direktoratet for forvaltning og IKT mellom anna teke del i utarbeidinga av den nye plattformen for leiging i staten og har utvikla ei rekkje tiltak som skal medverke til formidling og gjennomføring av leiarplattformen. Direktoratet har gjennomført fleire verksemdsinterne og opne leiarprogram, mellomleiarprogram og mentorprogram, og har vidareutvikla karriereprogrammet i staten. Desse tiltaka skal utvikle leiarkompetansen og styrkje medarbeidarskapen i staten.

Direktoratet har støtta og gitt råd til verksemder under omstilling og har etablert nettverk for å samle og dele kunnskap om og erfaring med gode omstillingsprosessar. Direktoratet driftar òg nettverk for nye arbeidsformer i departementsfelleskapet.

Direktoratet for forvaltning og IKT har arbeidd med Kvoteringsprosjektet (opplæring og nettverksbygging om mangfald) og eit traineeprogram i direktorata. Prosjekta held fram i 2009. Direktoratet har laga eit e-læringsprogram om mangfaldslei-

ing i samarbeid med Integrerings- og mangfaldsdirktoratet. Programmet ligg på nettstaden [www.mangfoldsportalen.no](http://www.mangfoldsportalen.no).

### Leggje til rette for koordinert og kostnadseffektiv IKT-bruk i offentleg sektor

Regjeringa varsla i St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjonssamfunn for alle* ei sterkare samordning og styring av IKT i offentleg sektor. Direktoratet si oppgåve har vore å medverke til god utnytting av IKT i forvaltninga og til effektiv elektronisk samhandling internt i forvaltninga og med innbyggjarar og næringsliv. Direktoratet skulle gjennomføre analysar og utgreiingar som grunnlag for strategiutforming i departementa.

I 2008 har Direktoratet for forvaltning og IKT mellom anna teke del i Skattedirektoratet sitt arbeid med kravspesifikasjon for eID på tryggleiksnivå 3. Utviklings- og forvaltningsorganisasjonen for eit felles samtrafikkniv for eID er etablert. Førebuande arbeid for etablering og oppstart av eit eID-program i 2009 er gjennomført.

Direktoratet har teke over ansvaret for Standardiseringssekretariatet og har utarbeidd versjon 2 av referanse katalogen, med standardar for mellom anna dokumentutveksling og multimedieinnhald.

Direktoratet for forvaltning og IKT har forvaltningsansvar for nettportalen [noreg.no](http://noreg.no), som er ein samla inngang til offentleg informasjon og tenester, og for Miside, som er den personlege delen av [Noreg.no](http://Noreg.no). Gjennom Miside kan innbyggjarane få utført offentlege tenester og få innsyn i informasjon om seg sjølve i offentlege register. Miside er utvikla slik at ho etter vel to år i drift gir tilgang til meir enn 400 elektroniske tenester frå 65 kommunar og 12 statlege etatar. Ved årsskiftet var det om lag ein halv million registrerte brukarar av Miside.

Direktoratet driftar svartenesta som er knytt til [Noreg.no](http://Noreg.no). Svartenesta og brukarstøtta på Miside/MinID hadde samla i gjennomsnitt 4300 kontaktar per månad i 2008 mot 3200 i 2007.

Direktoratet har gjennomført ei kvalitetsvurdering av 693 offentlege nettstader. Vurderinga viser at kvaliteten er høgare i 2008 enn i 2007. I tillegg har direktoratet, i samarbeid med Helsedirektoratet, arbeidd med universell utforming av nettstader.

Direktoratet har vorte nasjonalt kontaktpunkt for EU-programma CIP-ICT og IDABC og har etablert eit nasjonalt nett for tilknytning til det felleseuropeiske kommunikasjonsnettverket sTesta.

Høykom var eit program for breibandbaserte tenester og breibandsinfrastruktur med sekretariat i Forskningsrådet. Direktoratet har registrert Høykom-erfaringar frå kommunesektoren, og har i

samarbeid med KS sett i gang tiltak for betre elektronisk samhandling i kommunesektoren.

### Leggje til rette for samfunnstenlege, kostnadseffektive og kvalitetsretta innkjøp

Direktoratet skulle medverke til auka verdiskaping gjennom mest mogleg effektiv ressursbruk ved offentlege innkjøp og til at offentlege innkjøp skjer på ein ryddig og samfunnstenleg måte. Direktoratet skulle òg medverke til at offentlege innkjøparar følgjer regelverk for innkjøp og sikrar effektiv og miljøvenleg bruk av offentlege ressursar.

I 2008 har hovudaktivitetane til Direktoratet for forvaltning og IKT på dette området vore konsentrert om det brukarane treng av innkjøpsstøtte, og korleis direktoratet best skal leggje til rette for informasjonsdeling gjennom dei nettverka direktoratet skal opprette og drifte.

Direktoratet for forvaltning og IKT har saman med Miljøverndepartement arbeidd for at miljøbelastninga knytt til offentlege innkjøp vert minimert. Arbeidet med innføring av heilskapelege elektroniske innkjøpsprosessar i offentleg sektor har lagt til rette for betre, enklare og sikrare offentlege innkjøp.

Direktoratet for forvaltning og IKT har ansvaret for drift av Doffin og Ehandel.no, og har starta arbeidet med ny e-handelsplattform til Ehandel.no. Direktoratet leier PEPPOL (Pan European Public Procurement Online), som er eit storskala pilotprosjekt for tilrettelegging av elektronisk handel på tvers av landegrenser i Europa. Leiarrolla gir direktoratet ansvar for fagleg og administrativ koordinering av prosjektet overfor eit konsortium med 14 deltakarar frå åtte land, EU-kommisjonen og involverte tredjepartar.

### Mål og prioriteringar 2010

Hovudmåla for Direktoratet for forvaltning og IKT i 2010 er :

- Ei betre organisert, brukarretta og effektiv statsforvaltning.
- Kompetente leiarar og medarbeidarar i staten.
- Ein felles infrastruktur for eID i offentleg sektor.
- Koordinert, brukarretta og kostnadseffektiv IKT-bruk i offentleg sektor.
- Samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta innkjøp.

### Ei betre organisert, brukarretta og effektiv statsforvaltning

Direktoratet skal utvikle, systematisere og formidle kunnskap om organisering, leing og andre verkemiddel for fornying og effektivisering av statsforvaltninga. Direktoratet skal leggje vekt på kva for effektar ulike endringar har på sektorpolitikken og på overordna politiske mål, og skal særleg arbeide med problemstillingar der det er viktig å overføre erfaringar til andre delar av forvaltninga. Direktoratet skal gi råd og rettleiing i tråd med organisasjonsprinsippa som er trekte opp i St.meld. nr. 19 (2008–2009) *Ei forvaltning for demokrati og fellesskap*. Direktoratet skal hjelpe departement og underliggjande verksemder i utviklingsarbeidet og medverke til gode omstillingsprosessar. Direktoratet skal vere ein pådrivar for at brukarretting og brukarmedverknad får ein sentral plass i utviklingsarbeidet.

Direktoratet skal medverke til at offentleg informasjon og nettstader er tilgjengelege og universelt utforma og skal stå for den praktiske oppfølginga av staten sin kommunikasjonspolitikk og av prosjektet «Klart språk i staten». Direktoratet skal gjennom tenestene knytte til Noreg.no og Miside gi innbyggjarane rettleiing og råd i kontakten med offentleg sektor.

### Kompetente leiarar og medarbeidarar i staten

Direktoratet skal vere ein pådrivar og ei støtte for departementa og underliggjande verksemder i arbeidet med å styrkje leiaraskapen og utvikle individuelle leiarar og medarbeidarar. Ei av oppgåvene er å gi statlege verksemder eit godt tilbod av felles og målretta kurs- og kompetansetiltak tilpassa det statleg tilsette treng. Direktoratet skal følgje opp arbeidet med å utvikle ein strategi for kompetanseutvikling i staten. Direktoratet for forvaltning og IKT skal byggje opp eit fagmiljø på leing i staten. Direktoratet skal utfordre etablert praksis og trekkje fram døme på nye arbeidsformer og metodar for kompetanseutvikling.

Direktoratet for forvaltning og IKT skal etablere ein felles infrastruktur for e-læring og tilby eit e-læringsverktøy for nye leiarar i staten. Tilbodet til leiarane skal både styrkje leiaraskapen i staten og den individuelle dugleiken. Det skal famne leiarar på alle nivå og i alle fasar av leiarkarrieren. Direktoratet skal følgje opp medarbeidarundersøkinga frå hausten 2009 og skal gi støtte til verksemder som vil gjennomføre undersøkingar i eiga verksemd.

### Koordinert, brukarretta og kostnadseffektiv bruk av IKT i offentleg sektor

Direktoratet skal arbeide for betre samordning og styring av IKT i offentleg sektor og medverke til effektiv elektronisk samhandling mellom ulike delar av forvaltninga og mellom forvaltninga og innbyggjarar og næringsliv jf. St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjonssamfunn for alle*.

Direktoratet skal etablere eit program for felles IKT-infrastruktur og skal forvalte og vidareutvikle felles arkitekturprinsipp i forvaltninga. Direktoratet skal identifisere kva som trengst av nye fellesløyser og felleskomponentar og skal medverke til bruk av opne standardar, mellom anna vidareutvikle referanse katalogen over forvaltningsstandardar.

Direktoratet for forvaltning og IKT skal forvalte Noreg.no og Miside. Direktoratet skal vere ansvarleg for å utvikle og gjennomføre viktige IKT-prosjekt og tilby statlege verksemdar eit nettbasert rettleiingsopplegg for gjennomføring av IKT-prosjekt.

Direktoratet for forvaltning og IKT skal førebu seg på frå 2011 å ha tilsyn med krava til universell utforming av IKT-løyser, jf. diskriminerings- og tilgjengeleglova. Direktoratet skal understøtte norsk deltaking i det internasjonale IKT-samarbeidet, mellom anna ved å vere nasjonalt kontaktpunkt for EU-programma CIP-ICT og IDABC.

### Drive og vidareutvikle ein felles infrastruktur for eID i offentleg sektor

Direktoratet skal arbeide fram tiltak for å støtte opp under utviklinga av elektronisk forvaltning, jf. St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjonssamfunn for alle*. Direktoratet skal etablere ein robust og framtidsretta infrastruktur for eID som gjer det mogleg for innbyggjarane å logge seg på offentlege tenester med same elektroniske identifikasjon, uavhengig av kor tenestene kjem frå. Direktoratet skal i 2010 drive og vidareutvikle infrastrukturen, mellom anna distribuere felles eID og drifte ID-porten (samtrafikknøvet). Direktoratet skal gi innbyggjarar og næringsliv hjelp i bruk av eID og skal gi råd og tilby kompetansehevande tiltak i innføring av eID til offentlege etatar.

### Samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta innkjøp

Direktoratet skal medverke til at offentlege innkjøp skjer på ein ryddig og samfunnsstenleg måte. Direktoratet skal følgje opp regjeringa sin hand-

lingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp i samsvar med oppdrag frå Miljøverndepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet. Direktoratet skal arbeide for at miljøbelastninga ved offentlege innkjøp vert minst mogleg.

Direktoratet for forvaltning og IKT skal gi statlege verksemdar rettleiing i innkjøp og utvikle tilbod som kan hjelpe leiarar å organisere og styre innkjøpsområdet på ein god og formålstenleg måte. Direktoratet skal sjå til at statleg tilsette har eit kurstilbod tilpassa ulike innkjøpsoppgåver og skal leggje til rette for deling av kompetanse, erfaring og verktøy gjennom å utvikle og styrkje nettverk av innkjøparar.

Direktoratet skal vidareutvikle det nettbaserte rettleiingstilbodet og forvalte og vidareutvikle tenestetilbodet på Ehandel.no og Doffin.

Bruk av elektroniske løyser vil gjere offentlege innkjøp betre, enklare og sikrere. Direktoratet skal difor ha ei sterkare satsing på elektroniske løyser. For å auke bruken av e-handel blant offentlege oppdragsgjevarar og leverandørar legg ein opp til at løyvingane vert auka over ein fem-årsperiode, slik at bruken av e-handelsplattforma i større grad vert finansiert over direktoratet sitt budsjett, framfor av brukarane som i dag.

Direktoratet skal i tillegg leggje til rette for ei felles løyser for elektronisk faktura i offentleg sektor. Direktoratet skal leie PEPPOL-prosjektet om tilrettelegging for offentlege innkjøp på tvers av landegrensar i tråd med avtale med EU.

## Budsjett 2010

### Post 01 Driftsutgifter

Posten skal mellom anna dekkje lønns- og driftsutgifter, kurs- og kompetansetiltak, områdegjennomgangar og prioriterte oppgåver som vert fastsette i tildelingsbrev. Auken i løyvinga er mellom anna knytt til at lønns- og driftsutgiftene til tidlegare E-handelsekretariatet og svartenesta for Miside/Noreg.no er overførte frå postane 21 og 22. Den auka løyvinga til elektronisk handel skal nyttast til å finansiere ulike kostnader brukarane har ved bruk av e-handelsplattforma Ehandel.no. Direktoratet gjennomfører konkurranse om drift og eventuell vidareutvikling av ei ny e-handelsplattform. Departementet vil ta endeleg stilling til innrettinga av ordninga når konkurransen er avslutta.

Av løyvingsforslaget er om lag 3 mill. kroner knytte til internasjonalt samarbeid om forvaltningsutvikling og institusjonsbygging i samarbeid med Utanriksdepartementet og Norad. Utgiftene vert dekte ved tilsvarande inntekter under ny inntektspost 04 Internasjonale oppdrag.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Posten skal mellom anna dekkje drift og vidareutvikling av Miside, EU-prosjektet Pan-European Public Procurement Online (PEPPOL) og IKT-prosjekta i direktoratet. Utgiftene til Miside vart tidlegare løyvde under post 22.

### Post 23 Elektronisk ID, kan overføres

Posten skal dekkje utgiftene til det vidare arbeidet med å utvikle og drive ein felles infrastruktur for elektronisk ID og e-signatur for offentleg sektor. Posten skal mellom anna nyttast til å drifte og vidareutvikle ID-porten (samtrafikknavet), vidareutvikle samspel med private aktørar som tilbyr eID, samt arbeidet med å utvikle funksjonar for signering og utvikle fellesfunksjonar for bruk av verksemdssertifikat i kommunikasjon med og i offentleg sektor og nasjonal eID.

## Kap. 4560 Direktoratet for forvaltning og IKT

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Sal av informasjonsmateriell	75		
02	Andre inntekter	6 893		
03	Diverse inntekter	4 268	4 620	9 268
04	Internasjonale oppdrag		3 000	3 096
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	316		
18	Refusjon sjukepengar	958		
	Sum kap. 4560	12 510	7 620	12 364

### Post 02 Andre inntekter

Kurs- og kompetansetiltaka skal underbygge hovudmåla for direktoratet, og er som regel dekte gjennom ordinær rammefinansiering. Direktoratet kan likevel krevje inndekking av reise- og opphaldsutgifter mv. Dekking av verksemda sine kostnader knytte til store konferansar og liknande kan førast under posten.

### Post 03 Diverse inntekter

Direktoratet for forvaltning og IKT er prosjektkoordinator for EU-prosjektet Pan-European Public Procurement Online (PEPPOL). Direktoratet skal mellom anna fordele og refundere midlar som del-

takarlanda har nytta i prosjektdeltakinga, og budsjetterte inntekter frå dette arbeidet er i 2010 9 mill. kroner. Inntekter frå sal av informasjonstenester er budsjetterte med 0,3 mill. kroner.

### Post 04 Internasjonale oppdrag

Forslaget er knytt til direktoratet sitt arbeid med internasjonalt samarbeid om forvaltningsutvikling og institusjonsbygging i samarbeid med Utanriksdepartementet og Norad, i tillegg til assistanse til dei andre departementa og direktorata sitt internasjonale arbeid. Samla utgifter i direktoratet til internasjonale oppdrag skal ikkje overstige inntektene under denne posten.

## Kap. 1561 IKT-politikk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
22	Samordning av IKT-politikken, <i>kan overførast</i>	29 406	17 463	16 022
50	Breiband, <i>kan overførast</i>	10 150		
70	Tilskot til standardisering (NorStella)	1 400	1 062	596
71	Tilskot til fri programvare (FriProg)		4 176	4 310
72	Tilskot til førebyggjande informasjonssikring (NorSIS)	4 000	4 176	6 310
	Sum kap. 1561	44 956	26 877	27 238

### Allmenn omtale

Måla i IKT-politikken er lagde fram i St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjonssamfunn for alle*. Fornyings- og administrasjonsdepartementet utformer og sørgjer for ei samordna gjennomføring av IKT-politikken. Dette inneber ansvar for å samordne og leggje premisser for utvikling og bruk av IKT på alle samfunnsområde. Samordningsansvaret omfattar òg koordinering av Noreg si internasjonale deltaking på IKT-området, i tillegg til utarbeiding av samfunnsanalyser, oversikter og statistikk for utvikling og bruk av IKT i Noreg.

For offentleg sektor vil departementet prioritere betre styring og samordning av bruken av IKT. Det inneber satsing på opne standardar, felles IKT-arkitektur, bruk av felleskomponentar og felles retningslinjer for bruk av fri programvare. Departementet skal særleg identifisere, koordinere og følgje opp område der tverrgåande initiativ er nødvendige.

### Rapport 2008

#### IKT-arkitektur og opne standardar

Departementet har arbeidd for at IKT-utviklinga i offentleg sektor skal skje innafor ei felles overordna ramme. For at innbyggjarar og næringsliv skal kunne møte ei effektiv og brukarvennleg elektronisk forvaltning, må offentlege verksemder ha nokre overordna prinsipp som regulerer korleis dei utviklar IKT-systema sine. Det offentlege må utvikle fellesløysingar som alle offentlege verksemder nyttar i tenesteytinga.

Departementet har gjennomført ei høyring på forslag til eit arkitektur-rammeverk. Forslaget inneheldt mellom anna utkast til prinsipp som skal leggjast til grunn for utviklinga av offentlege IKT-system og forslag til felles IKT-løysingar som bør utviklast sentralt for heile offentleg sektor. Forsla-

get inneheldt òg tilrådingar om styring og finansiering av ein felles offentleg IKT-arkitektur. Konklusjonane frå høyringa er mellom anna omtalte i St.meld. nr. 19 (2008–2009) *Ei forvaltning for demokrati og fellesskap*.

Opne standardar legg til rette for lik tilgang til offentlege tenester for brukarane og for betre elektronisk samhandling, både internt i offentleg sektor og i kommunikasjonen med innbyggjarar og næringsliv. I tillegg reduserer opne standardar bindingane til IKT-leverandørar, (jf. St.meld. nr. 17 (2006–2007), tiltak 7.5, 7.11). Fornyings- og administrasjonsdepartementet har etablert eit breitt samansett råd som gir departementet tilrådingar om bruk av opne standardar i det offentlege, såkalla forvaltningsstandardar. Direktoratet for forvaltning og IKT er sekretariat for Standardiseringsrådet.

Retningslinjer for konkrete standardar som offentlege verksemder skal leggje til grunn i IKT-systema sine, er samla i Referansekatalog for IT-standardar i offentleg sektor. Katalogen er tilgjengeleg på regjeringa.no. Standardiseringsrådet leverte i desember 2008 innstilling til versjon 2 av referansekatalogen. Innstillinga omfattar tilrådingar og obligatoriske krav om bruk av opne standardar ved publisering av dokument og multimedie-innhald på offentlege internettsider, ved utveksling av elektroniske dokument som vedlegg til e-post og for teiknsett som skal nyttast ved elektronisk informasjonsutveksling. Med utgangspunkt i forslaget, og etter ei brei høyring, lanserte departementet versjon 2 av katalogen i 2009.

#### Fri programvare

Departementet har arbeidd for at offentlege verksemder tek i bruk fri programvare. Deling av programvare kjem organisasjonar, verksemder og innbyggjarar til gode. Meir bruk av fri programvare i

offentleg sektor kan redusere leverandørbindingar som kan vere usunne for konkurransen i programvaremarknaden. Fri programvare kan òg skape grunnlag for auka kompetanseutvikling og innovasjon i samfunnet.

Departementet har i 2008 gjennomført ulike utgreiingar knytte til å få opp bruken av fri programvare i offentlig sektor. Departementet har støtta til forskning og utviklingsprosjekt som har til formål å fremje bruk av fri programvare i offentlig sektor.

**Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare**  
Kompetansesenteret vart oppretta i 2007. Senteret har i tråd med føringane i tilskottsbrev frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet, gjennomført ei rekkje tiltak for kompetanseutvikling i bruk av fri programvare i offentlig sektor. Mellom anna har senteret arrangert og delteke på nasjonale og regionale konferansar og har publisert informasjonsmateriale om fri programvare.

#### Elektronisk ID og signatur i offentlig sektor

Fornyings- og administrasjonsdepartementet offentliggjorde våren 2008 tiltak for bruk av eID og e-signatur i offentlig sektor. Departementet gav Direktoratet for forvaltning og IKT i oppdrag å starte opp arbeidet med å gjennomføre tiltaka. Skattedirektoratet fekk i oppdrag å greie nærare ut enkelte av tiltaka. Direktoratet for forvaltning og IKT etablerte saman med Skattedirektoratet ein første versjon av ein felles eID på mellomhøgt tryggleiksnivå, og Skattedirektoratet leverte ein omfattande kravspesifikasjon og eit planverk for vidare arbeid med denne versjonen. Direktoratet planla og utgreidde òg oppstart av eit program for vidareutvikling og drift av den felles infrastrukturen for eID i offentlig sektor. Dette arbeidet vert integrert i eID-programmet som Direktoratet gjennomfører.

#### Digital deltaking og inkludering

Utviklinga i informasjons- og kommunikasjonsteknologien går raskt, med stadig nye tenester. Det er mogleg å fornye, utvikle og tilby fleire elektroniske tenester i takt med at fleire tek dei i bruk. Å bidra til at fleire får digital kompetanse og hindre at eit digitalt skilje forsterkar seg, har stått sentralt for departementet. Noreg er blant dei landa i verda som har høgast digital deltaking og kompetanse i befolkninga, særleg blant seniorar (Europe's Digital Competitiveness Report Volume 2: i2010 – ICT Country Profiles {COM(2009) 390} ). Auken i bruk

av breiband har vore sterkast i den gruppa som tradisjonelt heng etter, nemleg husstandar med låg inntekt (Statistisk Sentralbyrå, IKT i husholdningene, 2. kvartal 2008). Fornyings- og administrasjonsdepartementet har mellom anna auka støtta til foreninga Seniornett, som arbeider for å auke den digitale kompetansen blant seniorar. I tillegg har departementet støtta eit pilotprosjekt, leidd av Senter for seniorpolitikk, om arbeidslivet som læringsarena for eldre tilsette. Departementet har òg satsa på barnehagane som digital læringsarena. I tillegg har departementet støtta opplæring og informasjon retta mot kvinner med innvandringsbakgrunn og tiltak for å betre folkebiblioteka si rolle i utviklinga av digital kompetanse.

#### Universell utforming

IKT-løysingar kan ofte vere unødvendig kompliserte å bruke for personar med nedsett rørsleevne eller sansar. Alle skal ha lik rett til å nytte seg av informasjonsteknologiar som er allment utbreidde i samfunnet. IKT-løysingar som er tilgjengelege for alle, skal ha grensesnitt som ikkje ekskluderer eller diskriminerer innbyggjarar eller samfunnsgrupper.

Som oppfølging av St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjonssamfunn for alle*, er krav til universell utforming av IKT teke inn i diskriminerings- og tilgjengeleglova av 2008. Fornyings- og administrasjonsdepartementet gjennomførte i 2008 eit forprosjekt for å klargjere korleis krava skal operasjonaliserast i forskrift.

#### Mogleg innføring av elektronisk faktura til staten

Ei arbeidsgruppe la våren 2008 fram ein rapport om ei mogleg felles løysing for elektronisk faktura i staten. Rapporten var på brei høyring hausten 2008 og det var allmenn støtte til dei fleste av forslaga.

#### Andre gjennomførte IKT-tiltak

##### Vidarebruk av offentlig informasjon

Vidarebruksdirektivet (direktiv 2003/98/EF) er gjennomført i ny offentliglov med forskrift, med verknad frå 1.1.2009. Arbeidet med vidarebruk av offentlig informasjon er òg følgt opp ved at departementet har delteke i Public Sector Information Group. Gruppa vart etablert av EU-kommisjonen i 2002 og følgjer gjennomføringa av vidarebruksdirektivet i dei ulike EU/EØS-landa. I regi av arbeidsgruppa arrangerte departementet eit møte i Noreg der Fornyings- og administrasjonsdepartementet gjorde greie for status for Noreg.

## Vinstrealisering og verdiskaping ved bruk av IKT

Offentleg sektor investerer store summar i IKT. Dei samfunnsøkonomiske vinstane ved IKT-investeringane i offentleg sektor er truleg store, særleg verknadene av effektivisering, betra kvalitet og nye tenester. Sommaren 2008 sette departementet i gang ei utgreiing om å gi betre oversikt over noverande vinstmålingar og utvikle betre metodar for måling og realisering av vinstar ved utvikling av elektronisk forvaltning, jf. òg omtalen av samordning av IKT-investeringar og felles arkitektur. Statistisk sentralbyrå analyserte på oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet samanhengane mellom utdanningsnivå, bruk av IKT og verdiskaping i norske bedrifter. Resultata viser mellom anna at bruk av IKT er viktig for auka produktivitet i verksemder, og at effekten av IKT-bruk er større når arbeidskrafta har høg utdanning. Analysane er dei første av sitt slag i Noreg.

## Web 2.0 og sosiale media

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har lagt vekt på å følgje opp og vidareutvikle politikken for det som blir omtalt som web 2.0, eller sosiale medium. Departementet initierte og støtta konkrete analysar på feltet i 2008, med rapportane *eBorger 2.0*, *Den alminnelige borger som leverandør av offentlig informasjon* (Sintef IKT) og *Nye nettfenomener, staten og delektulturen* (Universitetet i Oslo). I tillegg til å vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget, har departementet lagt vekt på nær dialog med innbyggjarane og aktuelle utviklar- og forskarmiljø. Dette har skapt debatt og auka medvit om utviklinga.

## Breiband

Fornyings- og administrasjonsdepartementet lyste ut tilskott til breibandsutbygging på til saman 35 mill. kroner i 2008. Pengane vart øyremerkte Oslo, Akershus og Vestfold fordi desse fylka ikkje var omfatta av breibandspengane over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett. Pengane frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet vart fordelte av Høykom-sekretariatet i Forskningsrådet. Det kom inn søknader frå Akershus og Vestfold på til saman om lag 22,5 mill. kroner. Oslo søkte ikkje. Søknadene frå Akershus og Vestfold vart godkjende, og det er venta at prosjekta vil gi om lag 6000 nye breibandsliner i dei to fylka.

## NorStella

NorStella har òg i 2008 vore sekretariat for e2b-forumet og for Samtrafikkgruppa for utveksling av standardiserte e-handelsmeldingar. NorStella deltok i internasjonale fora som driv med standardisering av e-handelsmeldingar og i nasjonale grupper for standardisering av elektronisk samhandling og programvare som høyrer med.

NorStella har frå og med 2008 arbeidd med å etablere og gjennomføre konkrete, eksternt finansierte prosjekt som kan vise praktisk bruk av opne internasjonale standardar for elektronisk samhandling med høg verdi for deltakarane.

## Norsk Senter for Informasjonssikring

Norsk Senter for Informasjonssikring spreier kunnskap om informasjonstryggleik i det offentlege rommet. Senteret har gjennomført fleire tiltak for å betre tryggleiken og gjere bruken av IKT i samfunnet mindre sårbar. Norsk Senter for Informasjonssikring har utvikla fleire haldningsskapinge filmar, foredrag og kurs. Saman med private og offentlege verksemder har senteret gjennomført fleire aktivitetar for å auke kompetansen om informasjonstryggleik, mellom anna «Nasjonal sikkerhetsdag», sikkerhetskongressen «sikker.info» og NRK sitt barne-tv-konsept «Klar-Ferdig-Gå». I tillegg har Norsk Senter for Informasjonssikring gjennomført eigne spørjeundersøkingar og prosjekt for samarbeidspartnarar.

Arbeidet er prega av at målgruppa for senteret har mange og vanskelege tryggleiksutfordringar. Norsk Senter for Informasjonssikring har derfor satsa på opplæring og på å heve kompetansen heilt ut til sluttbrukarane, og har laga rettleiingar, foreslått tiltak og gitt råd som målgruppa kan bruke på ein konkret måte i arbeidet for å auke tryggleiken.

## Mål og prioriteringar 2010

Å følgje opp St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjonssamfunn for alle* krev koordinering av IKT-politikken på tvers av sektorar og område, og regjeringa vil i 2010 prioritere følgjande område innanfor IKT-politikken:

### Arkitektur – samordna utvikling av IKT i offentleg sektor

IKT-arkitektur er eit rammeverk for å byggje opp IKT-system som kan samhandle med kvarandre slik at tenesteytinga frå det offentlege vert brukarvennleg og effektiv. Å etablere ein overordna IKT-arkitektur for offentleg sektor skal framleis vere ei

prioritert oppgåve for departementet. Arkitekturprinsipp, felles offentlege IKT-løysingar (til dømes eID), felles standardar, og nye rutiner for planlegging og samordning av IKT-tiltak utgjer rammeverket. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil saman med andre departement og Direktoratet for forvaltning og IKT etablere rutiner for planlegging og samordning av IKT-tiltak. Arbeidet vil føre vidare tiltaka regjeringa signaliserte i St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjonssamfunn for alle*, tiltak 7.4, 7.6 og 7.7 og St.meld. nr. 19 (2008–2009) *Ei forvaltning for demokrati og fellesskap*.

### Opne standardar

Regjeringa skal framleis prioritere arbeidet med å auke bruken av opne standardar. Opne IKT-standardar gjer det enklare for det offentlege å samhandle internt, og folk slepp å kjøpe ein spesiell programvare for å få tilgang til offentleg informasjon. Standardiseringsrådet, som er oppnemnt av Fornyings- og administrasjonsdepartementet, tek sikte på å leggje fram versjon 3 av referansekatalogen i 2010. Den vil venteleg inkludere retningsliner for bruk av IKT-standardar på fleire nye bruksområde og vil oppdatere krava og tilrådingane som allereie finst i referansekatalogen. Forskrifta om bruk av obligatoriske IKT-standardar i forvaltninga skal etter planen tre i kraft frå 1.1.2010. Departementet vil i 2010 etablere reviderings- og vedlikehaldsregimet for forskrifta.

### Fri programvare

Regjeringa vil arbeide for at det offentlege tek i bruk meir fri programvare. Slik vil det offentlege verte mindre bunde av programvareleverandørane og det kan skjerpe konkurransen i marknaden for programvare. Bruk av fri programvare vil òg leggje grunnlaget for innovasjon. Departementet vurderer ulike tiltak for å stimulere til meir deling av programvare i det offentlege.

### Elektronisk ID og e-signatur

Departementet vil vidareutvikle og revidere regelverket for bruk av eID og e-signatur i tråd med regjeringa sitt mål om effektiv bruk av eID og e-signatur. Departementet vil saman med Nærings- og handelsdepartementet og Post- og teletilsynet vurdere tiltak for styrkt tilsyn på området. Vidare vil departementet følgje utviklinga i marknaden for eID-løysingane og greie ut tiltak som kan leggje til rette for at eID kan brukast òg der det er ønskeleg med anonymitet for dei personane som kommuniserer elektronisk.

### Elektronisk faktura

Regjeringa vil innføre eit felles standardformat for elektronisk faktura, jf. St.meld. nr. 36 (2008–2009) *Det gode innkjøp*. Det framtidige målet er at heile offentleg sektor brukar elektronisk faktura og at ordninga gjeld for alle typar faktura og betalingskrav. Departementet vil i dialog med næringslivet vurdere nærare kva som er den beste måten å forankre eit slikt pålegg på og om det skal gjelde unnatak for visse betalingskrav. Departementet vil òg vurdere ei forskrift som gjer standardformatet gjeldande for kommunar og fylkeskommunar.

I god tid før eit eventuelt pålegg om bruk av elektronisk faktura, vil departementet etablere ein nett-portal til bruk for alle verksemder som enno ikkje har ei elektronisk løysing til å handtere elektronisk faktura. Nett-portalen skal vere tilpassa krav om universell utforming.

### Digital inkludering og kompetanse

Arbeidet for at alle som ønskjer det kan ta del i informasjonssamfunnet, vil halde fram. Dei siste åra har langt fleire teke i bruk internett. 84 pst. av husstandane har tilgang til internett, og 73 pst. av husstandane koplar seg til via breiband (Statistisk Sentralbyrå, 2. kvartal 2008). Tre av fire brukte i 2008 PC dagleg eller nesten kvar dag. Det er ein auke på 73 pst. frå året før. Framleis er det fleire menn enn kvinner som dagleg bruker PC. Personar med høg utdanning bruker PC meir enn dei med låg utdanning.

Departementet vil utvikle kunnskapsgrunnlaget som konkrete prosjekt og initiativ har gitt. Ut frå kunnskap om kva som hindrar ulike grupper av innbyggjarar i å bli effektive IKT-brukarar, vil Fornyings- og administrasjonsdepartementet arbeide nært saman med andre departement og sentrale aktørar for å utvikle og gi støtte til målretta tiltak retta mot aktuelle grupper, mellom anna Seniornett. Seniornett er drive fram av eldsjeler som arbeider for å utvikle den digitale kompetansen hos dei mest livserfarne innbyggjarane i Noreg.

### Web 2.0 og sosiale nettmedium

Sjølv om oppslutninga om konkrete tenester som Facebook, Nettby og Twitter kan variere over tid, har denne måten å dele, publisere og kommunisere på vorte meir vanleg, særleg blant dei yngre. Nye generasjonar vil ha med seg desse medievane inn i arbeids- og organisasjonsliv. Sosiale medium gir rom for deltaking, medverknad og innovasjon. På den andre sida kan dei setje personvernet under press og representere ei utfordring for



informasjonstryggleiken. Endra bruksvanar og den teknologiske utviklinga utfordrar òg dei forretningsmessige modellane.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil ta initiativ til at forvaltninga tek i bruk sosiale nettmedium. Nokre etatar, kommunar og departement har allereie gått føre, men det er framleis eit stort potensial for å utvikle forvaltninga til å bli meir open og brukarretta ved å bruke nye sosial nettmedium. Samstundes er det krevjande å finne løysingar som gir dei fordelane ein ønskjer å oppnå, mellom anna fordi teknologi og bruksmønster endrar seg raskt. Departementet vil difor følgje utviklinga og ta initiativ til analysar og betre statistikk. Å utnytte dei fordelane dei nye tenestene kan gi, krev nær dialog med fleire aktørar, både tradisjonelle innhaldsprodusentar og nye utviklarar. For å stimulere til nye tenester, innovasjon og nye former for demokratisk deltaking, vil departementet vurdere å gi støtte til konkrete prosjekt som tek opp i seg denne nye måten å utvikle tenester på.

### IKT og klima

Smart bruk av IKT kan medverke til reduserte utslepp av klimagassar og kan leggje grunnlaget for langsiktig verdiskaping i norsk næringsliv. Departementet vil særleg arbeide med korleis forvaltninga kan ta i bruk IKT på ein betre måte, som til dømes videokonferansar og grønne innkjøpsreglar for IKT-utstyr og -tenester. Departementet vil òg greie ut føresetnader for grønne datasenter, som er senter som reduserer energiforbruket til IKT ved å utnytte fordelar ved samlokalisering, lokal kjøling og nærleik til energikjelder eller kan nytte overskottsvarme til oppvarming.

Særleg satsinga på «smart grøn vekst» kan ha stort potensial for positive klimaeffektar på sikt. I dette omgrepet ligg store tverrsektorielle område som smarte bygg, energinett og transportnett på den eine sida, og ein politikk for å fremje avmaterialiserte (virtuelle) varer og tenester på den andre sida. Politikken byggjer vidare på regjeringa si satsing på breiband og neste generasjons nett, ENØK og koordinering av IKT i offentleg sektor. Innsatsen kan på sikt innebere vidareutvikling av regelverk på sektorområde, vidare arbeid med standardisering, satsing på nødvendig infrastruktur for elektronisk kommunikasjon og samarbeid med aktuelle aktørar om incentivordningar. Områda må vidareutviklast i samarbeid med andre departement og etablerte aktørar.

### Universell utforming av IKT-løysingar

Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengeleva) gjeld frå 1.1.2009. Formålet med lova er å styrkje det rettslege vernet mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Det inneber mellom anna ei plikt til at nye IKT-løysingar skal vere universelt utforma innan 2011 og seinast eitt år etter at forskrifta er trådd i kraft. Eksisterande IKT-løysingar skal vere universelt utforma innan 2021.

I løpet av 2010 vil departementet leggje fram ei forskrift for universell utforming av allment tilgjengelege IKT-løysingar. Forskrifta vil regulere grensesnittet for nye IKT-løysingar som er tilgjengelege for allmenta. Dette vil bety at nye løysingar må følgje nærmare bestemte prinsipp, standardar og rettleiingar for universell utforming. Departementet tek sikte på at forskrifta skal omfatte løysingar som vert tilgjengelege gjennom opne nettverk, som webløysingar, og IKT-løysingar som vert allment tilgjengelege gjennom automatar og liknande. Krava vil gjelde både privat og offentleg sektor. Regjeringa vil òg arbeide med informasjonstiltak og andre tiltak for å fremje universell utforming av IKT-løysingar. Departementet forventar at forskrifta må oppdaterast etter rundt to til tre år, for å ta inn over seg nye standardar som har kome til, og for å utvide verkeområdet om det er praktisk og ønskjeleg. Direktoratet for forvaltning og IKT vil føre tilsyn med at forskrifta vert etterlevd.

### IKT-forsking

Ei arbeidsgruppe leidd av Fornyings- og administrasjonsdepartementet og med representantar frå Kunnskapsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Samferdsledepartementet og Forskningsrådet skal våren 2010 leggje fram forslag til ein samla strategi for IKT-forsking. Strategien skal byggje på St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for endring* (Forskingsmeldinga).

### Vidarebruk av offentleg informasjon

Den nye offentleglova med forskrifter trådde i kraft 1.1.2009. Den inneheld nye reglar om vidarebruk av offentleg informasjon og gjennomfører EU-direktiv 2003/98/EF. Bakgrunnen for direktivet er eit ønskje om å leggje til rette for innovasjon og verdiskaping gjennom forskrifter om like vilkår og prinsipp for prising av vidarebruk av offentleg informasjon. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil i 2010 greie ut kor stort potensialet for

verdiskaping er i utvalde sektorar og vil vurdere kva for tiltak som skal til for å utløse innovasjons-effekten og verdiskapingspotensialet som ligg i vidarebruk av offentlege data. Departementet vil òg kartleggje kva for informasjon som finst tilgjengeleg i dei forskjellige etatane og til kva vilkår. Ein del av dette er å fullføre og evaluere igangsette pilotprosjekt. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil følgje med på korleis nye prisingsprinsipp utviklar seg og på utviklinga av nye reglar og forbod mot avtalar om einerett for distribusjon av offentleg informasjon.

### Breiband

Regjeringa sitt mål om tilbod om breiband til heile landet er så godt som nådd. Breibandsdekninga var i juni 2009 på 99,9 prosent. Regjeringa ønskjer at Noreg til kvar tid har ein velutbygd og framtidretta infrastruktur for breiband. Det gjer utbygginga av breiband til ein kontinuerleg prosess. Regjeringa foreslår i 2010 å setje av midlar til utbygging av breiband over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett.(kap. 551 post 61). Løyvinga skriv seg frå at fleire kommunar frå og med 2007 fekk gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift og dermed fell utanfor verkeområdet for næringsretta utviklingsmidlar. Då oppstod det såkalla restbeløpet ved at avgiftsfordelen frå og med 2007 følgjer adressa til verksemda og ikkje adressa til arbeidstakaren, jf. St.prp. nr. 1 (2006–2007) for *Kommunal- og regionaldepartementet*. Vidare er det bestemt at denne ramma skulle nyttast til utbygging av breibandnettet innanfor det distriktspolitiske verkeområdet, jf. St. prp. nr. 69 (2006–2007) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2007*. Restbeløpet for 2010 vil først vere avklart tidleg i 2010.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har i 2009 kartlagd kor stor kapasitet Noreg treng i framtida og korleis den forventade framtidige kapasitetsutviklinga for breiband vil vere. Departementet arbeider òg med å utvikle eit faktagrunnlag som kan resultere i nye mål og ny politikk på området. Som ein del av arbeidet greier Fornyings- og administrasjonsdepartementet og dei andre involverte departementa ut mellom anna verkemiddel, utbyggingmodellar og kostnader.

### NorStella

NorStella vart oppretta i januar 2003 og er ei medlemsstyrt, nøytral, privat stifting med ikkje-kommersielle formål. NorStella er ein pådrivar for standardisert elektronisk samhandling i og med offentleg sektor og for forenkling av forretnings-

prosessar i næringslivet nasjonalt og på tvers av grensene. Målet for arbeidet i 2010 er å føre vidare arbeidet med å representere norske interesser i internasjonal standardisering, spreie kunnskap om verdien av felles standardar, og demonstrere nytta av opne standardar for elektronisk samhandling i praktiske prosjekt med eksterne deltakarar.

### Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare

Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare (Friprog-senteret) vart oppretta i 2007. Bak kompetansesenteret står ulike offentlege verksemder og interesseorganisasjonar. Senteret har som mål å spreie informasjon og betre kompetansen om fri programvare i offentleg sektor, for slik å fremje bruken av fri programvare. Hovudmålgruppa for senteret er offentleg sektor, men senteret skal òg vere ein pådrivar for bruk av fri programvare for heile samfunnet. Senteret har arbeidd aktivt med å betre kompetansen om fri programvare i offentleg sektor ved å formidle kunnskap, byggje nettverk og etablere arenaer for deling av programvare og kunnskap.

For offentleg sektor skal Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare ha ei rolle som tilretteleggjar og pådrivar for å kvalitetssikre fri programvare og gjere den tilgjengeleg for alle. Sentret skal rettleie og informere om fri programvare og arrangere internasjonale, nasjonale og regionale konferansar. I tillegg skal sentret drive kompetansenettverk og utvikle, finansiere og realisere innovasjonsprosjekt. Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare skal arbeide i lag med tilsvarende senter i andre land og relevante utdannings- og forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt.

### Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS)

Norsk senter for informasjonssikring har vore i permanent drift sidan januar 2006. Norsk Senter for Informasjonssikring har som overordna mål å betre tryggleiken og gjere informasjons- og kommunikasjonsteknologi i samfunnet mindre sårbar. Senteret har markert seg som ein fagleg uhilda aktør innan informasjonssikring og arbeider målretta for å auke kompetansen og merksemda om informasjonstryggleik.

Norsk Senter for Informasjonssikring skal gjere brukarane medvitne om truslar og sårbare punkt, opplyse om sikringstiltak og påverke til gode haldningar gjennom førebyggjande kompetanseutvikling og informasjonsutveksling. Dei primære målgruppene er norske verksemder i privat og offentleg sektor, inkludert kommunane. Senteret skal prioritere dei små og mellomstore verk-

semdene. Norsk Senter for Informasjonssikring skal òg, så langt råd er, auke tryggleikskompetansen hos innbyggjarane generelt. Det er eit viktig prinsipp at informasjonen skal vere open. Alle samfunnsgrupper skal kunne dra nytte av sentret sine tenester og informasjon. Norsk Senter for Informasjonssikring er eit sentralt ledd i regjeringa si satsing på informasjonssikring. Sentret samarbeider og utfyller NorCERT (Norwegian Computer Emergency Response Team) i Nasjonalt tryggingssorgan (Nasjonalt sikkerhetsmyndighet NSM).

Det er viktig at verksemder, media og det offentlege har ein nøytral offentleg instans som arbeider med informasjonstryggleik. Stadig fleire verksemder tar kontakt for råd og rettleiing. Sentret må derfor ha tilstrekkeleg spelerom, kompetanse og ressursar til å løyse oppgåvene og møte etterspurnaden.

Auka bruk av IKT generelt og internett spesielt i alle lag av samfunnet gjer det nødvendig å intensivere arbeidet med sikring av informasjon og nett. Derfor auka Fornyings- og administrasjonsdepartementet løyvinga til Norsk Senter for Informasjonssikring på Gjøvik med 2 mill. kroner i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2009. Departementet foreslår å føre vidare dette nivået i 2010. Løyvinga vil gjere NorSIS si hovudverksemd uavhengig av bidrag frå næringslivet. Det vil gjere det heilt klart at NorSIS gir uavhengige råd, og vil gjere at verksemda ikkje må ha fokus på å skaffe kortsiktig finansiering.

#### Utteksling av grunndata på personinformasjonsområdet

Fornyings- og administrasjonsdepartementet sette saman med Finansdepartementet ned ei arbeidsgruppe i 2006 for å kartleggje kva som trengst av data frå folkeregisteret og krav til innhald og kvalitet for slike data. Eit overordna mål for dette arbeidet er å sikre at eit framtidig folkeregister framleis vil vere staten sitt sentrale register med nøkkelinformasjon om kvar enkelt innbyggjar. Rapporten frå arbeidsgruppa har vore på alminneleg høyring og Fornyings- og administrasjonsdepartementet, i samarbeid med Finansdepartementet, arbeider med oppfølginga av rapporten og mandat for det vidare arbeidet. Nokre av forslaga frå arbeidsgruppa må greiast ut vidare.

#### Budsjett 2010

##### Post 22 Samordning av IKT-politikken, kan overførast

Løyvinga vert nytta til politikktutvikling og styrings- og samordningstiltak på IKT-området. Mellom anna dekkjer løyvinga støtte til foreininga Seniornett og andre tiltak for å inkludere alle i informasjonssamfunnet. Departementet sitt arbeid med utgreiingar mellom anna av breibandsutviklinga, utvikling av og eksperimentering med nye digitale tenester, arbeidet med IKT-standardar for forvaltninga, IKT-tryggleik og regelverksarbeid med vidare vert utgiftsført på posten.

##### Post 70 Tilskot til standardisering (NorStella)

Løyvinga skal nyttast til å delta i internasjonal standardisering av elektroniske handelsmeldingar og elektroniske forretningsprosessar, med mål om å fremje norske synspunkt og interesser. Vidare skal løyvinga dekkje arbeidet med å leggje til rette for nasjonal standardisering av utveksling av elektroniske handelsmeldingar, med samhandling mellom næringslivet og forvaltninga som kjerneområde.

I lys av at Direktoratet for forvaltning og IKT skal arbeide med standardar i forvaltninga, vert løyvinga trappa ned frå og med 2009 og avvikla i 2012.

##### Post 71 Tilskot til fri programvare (FriProg)

Løyvinga skal nyttast til driftstilskott til Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare. Kompetansesenteret arbeider for å fremje kompetanse og informasjon om fri programvare i offentleg sektor, for slik å auke bruken av fri programvare. Senteret skal mellom anna rettleie og informere offentlege verksemder om fri programvare. Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell kontroll av innsende årsmeldingar, og rekneskap stadfest av revisor.

##### Post 72 Tilskot til førebyggjande informasjonssikring (NorSIS)

Regjeringa foreslår å auke driftstilskottet til Norsk senter for informasjonssikring med 2 mill. kroner og samstundes frita senteret frå kravet om at ein tredel av driftsutgiftene i Norsk Senter for Informasjonssikring skal komme frå private aktørar.

## Kap. 1562 Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter			4 027
70	Tilskot til internasjonale program, <i>kan overførast</i>	15 558	20 149	16 794
	Sum kap. 1562	15 558	20 149	20 821

### Allmenn omtale

IKT-politikken er internasjonalt orientert og er eit viktig område for internasjonalt samarbeid og koordinering. Noreg sin innsats er særleg retta mot EU og OECD. Utfordringane ligg mellom anna i å tilpasse regelverk, løysingar og strategiar til allmenne utviklingstrekk som konvergens, dvs. samansmelting av teknologiar som kringkasting og breiband, framveksten av nye tenester og det at tenester, næringar og innbyggjarar vert stadig meir grensekryssande. Vidare er arbeidsplassane i stigande grad IKT- og høgkunnskapsbaserte. Informasjonsteknologien spelar òg ei viktig rolle i å møte den globale miljøutfordringa.

EU legg sterk vekt på verdien av IKT som drivar for økonomisk vekst. EU-kommisjonen meiner IKT er grunnlag for nesten 50 pst. av produktivitsveksten i EU. IKT er òg ein hovudkomponent i EU sin tiltakspakke for å dempe dei negative effektane av finanskrisa. EU sin overordna plan for IKT-politikk er *i2010, A European Information Society for Growth and Employment*. Planen er ein sentral del av den «nye Lisboa-strategien». Noreg deltek aktivt i ulike fora for å setje i verk og vidareutvikle i2010-initiativet. i2010-planen er under revisjon, og det er venta at EU vil leggje fram ein ny plan våren 2010.

i2010-planen har gitt mange viktige resultat: auka utbygging av breiband, Europa som leiande på mobil kommunikasjon, lågare prisar på mobil-samtalar i Europa, felles europeisk nødnummer-112 og arbeid med ein tryggare nettbruk for barn og unge. Sentralt i arbeidet med ein ny europeisk IKT-strategi er IKT som grunnlag for nye arbeidsplassar og vekst, IKT si rolle for ein lågkarbon-økonomi, høgastig internett, eit ope internett og skaping av europeisk innhald på nettet.

Forslaget til løyving gjeld program i regi av EU som Noreg tek del i etter EØS-avtalen, og som er knytte til utviklinga av informasjonssamfunnet og elektronisk forvaltning. Løyvingsforslaget dekkjer programkontingentar og andre utgifter til følgjande EU-program:

- CIP (rammeprogram for konkurranseevne og innovasjon).
- IDABC/ISA (Elektroniske tenester mellom forvaltning, næringsliv og innbyggjarar).
- ENISA (Europeisk nettverks- og informasjonstryggleiksbyrå).
- Safer Internet Programme (program for trygg bruk av internett for barn og unge).

Noreg si deltaking i det omfattande europeiske samarbeidet på IKT-området, irekna statistisk samarbeid og politiske samarbeidsarenaer, er i hovudsak knytt til desse programma og forankra i i2010-strategien. Løyvinga dekkjer òg tilskot til andre IKT-relaterte aktivitetar og samarbeidsområde, nasjonale oppfølgingsaktivitetar og utgifter til nasjonale ekspertar i EU-kommisjonen. Dei norske nasjonale ekspertane innan IKT-politikken er knytte til arbeidet med eGovernment, eInclusion og arbeidet med samordning av IKT-politikken i EU (i2010).

For å medverke til at aktuelle norske miljø kan dra nytte av EU-programma IDABC og CIP og få uttelling i prosjektløyvingar, har Direktoratet for forvaltning og IKT teke over som nasjonalt kontaktpunkt for CIP- og IDABC-programmet frå 2009.

OECD er ein arena for globalt samarbeid om viktige prinsipp i IKT-politikken. I 2008 heldt OECD ein ministerkonferanse om framtida for internettøkonomien. Konferansen vedtok ein deklarasjon for utvikling av ein politikk for bruk og utvikling av internett til å møte framtidens sosiale behov, berekraftig økonomisk vekst og tryggleik og personvern ved kommunikasjon over nettet. Noreg deltek aktivt i OECD sitt arbeid med å utforme politikk.

### Rapport 2008

CIP – EU sitt rammeprogram for konkurranseevne og innovasjon – IKT-politisk støtteprogram (2007–2013)

CIP er eit omfattande program som legg til rette for nye IKT-satsingar og stimulerer til brei bruk av IKT blant innbyggjarar, næringsliv og styresmak-

ter. Programmet skal i første rekkje gjennomføre pilotprosjekt for å utvikle og setje i verk felles europeiske elektroniske løysingar. I 2008 var programmet retta mot mellom anna offentlege elektroniske tenester, digital inkludering og IKT for energieffektivisering og miljø.

Resultatet frå utlysingane har så langt vore positive for Noreg. Noreg er med i fleire tematiske nettverk og prosjekt. Noreg leier eit prosjekt som skal gjere det enklare for offentleg sektor i europeiske land å kjøpe inn på tvers av landegrensene. Prosjektet – Pan European Public Procurement Online (PEPPOL) – er eit nøkkelprosjekt for å bygge den indre marknaden i EU.

Frå 2009 vart den tematiske vidareføringa av EU-programmet eContent innlemma i IKT-programmet (Nærings- og handelsdepartementet sitt budsjettkapittel, jf. St.prp. nr. 61 (2004–2005) *Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContent plus)*).

Ansvar for nasjonal oppfølging vart ført over til Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Departementet har peikt ut Direktoratet for forvaltning og IKT til nasjonalt kontaktpunkt for CIP-IKT. Direktoratet utformar verkemiddel for å stimulere til norsk deltaking i søkjarkonsortium, mellom anna ei støtteordning for utarbeiding av prosjektsøknader til CIP.

**Elektroniske tenester mellom forvaltning, næringsliv og innbyggjarar (IDABC-programmet – 2005–2009)**

Noreg har teke del i det tidlegare IDA-programmet sidan 1997. Det var i 2008 stor aktivitet både i dei støtteaktivitetane som gjeld fleire sektorar og i dei særskilte sektorprosjekta.

Særleg viktig for Noreg var overgangen til ei ny sikker plattform for elektronisk kommunikasjon, det såkalla sTESTA-nettverket. sTESTA er ein tverrgående aktivitet innan IDABC. Målet er å etablere eit sikkert nettverk mellom forvaltninga i deltakarlana. I 2008 vart det etablert eit felles aksesspunkt til kvart land. Desse aksesspunktane er avgjerande for den kommunikasjonen ei rekkje statlege verksemder har med EU-land. Mellom anna politiet, NAV, Utlendingsdirektoratet og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap kommuniserer med EU gjennom dette nettverket. Fleire andre statlege verksemder vil verte kopla opp i løpet av 2009.

## ENISA

Det europeiske nettverks- og informasjonstryggleiksbyrået (ENISA) vart formelt oppretta i mars 2004. ENISA har som føremål å betre EU si evne til å ta opp og svare på nettverks- og informasjonstryggleiksproblem.

ENISA har tre langsiktige innsatsområde: gjere europeiske nett meir robuste, utvikle og drive samarbeidsmodellar, og identifisere nye truslar og skape tillit. Innafor ramma av desse tre områda har byrået i 2008 mellom anna kartlagt nasjonale regime for robuste nett og analysert operatørane sine tiltak, hatt særskilt merksemd på kompetanseutvikling og erfaringsdeling mellom landa når det gjeld CERT-verksemd (Computer Emergency Response Teams), og etablert rammeverk for å vurdere nye truslar.

Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS), NorCERT og Post- og teletilsynet har etter oppstarten av ENISA teke aktivt del i og medverka til byrået sine faglege aktivitetar. Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Samferdsledepartementet har veksla på å vere observatør i ENISAs Management Board.

## Mål og prioriteringar 2010

Noreg skal påverke og bidra i det internasjonale arbeidet på IKT-området. Det er eit mål at norsk næringsliv og norske fagmiljø dreg nytte av den norske deltakinga i EU-program og at dei kan delta i prosjekt og nytte høvet til internasjonal eksponering. Dette krev at Noreg deltek aktivt, koordinert og målretta.

**CIP – EU sitt rammeprogram for konkurranseevne og innovasjon – IKT-politisk støtteprogram (2007–2013)**

CIP-programmet omfattar fleire politikkområde og tre sjølvstendige delprogram med eigne budsjett og styringsgrupper:

- Entreprenørskaps- og innovasjonsprogrammet (hovudansvar Nærings- og handelsdepartementet).
- Energiprogrammet (hovudansvar Olje- og energidepartementet).
- IKT-programmet (hovudansvar Fornyings- og administrasjonsdepartementet).

Regjeringa vil sikre at det vert etablert ordningar for samarbeid slik at dei nasjonale initiativa er best mogleg samordna, ikkje minst fordi bruk av IKT står sentralt i alle delprogramma.

IKT-programmet rettar særleg merksemda mot finansiering av større pilotprosjekt som tek sikte på å utvikle felles europeiske elektroniske løysingar. I tillegg til dei større transnasjonale pilotane, vil ei rekkje tematiske nettverk verte etablerte innan ulike IKT-politiske fagområde. Programmet vil òg finansiere samarbeid om statistikk og analyse av IKT-utviklinga.

Gjennom å delta i programmet ønskjer departementet mellom anna å få til ei meir strategisk tilnærming til IKT- og forvaltningsutvikling. For næringslivet gir norsk deltaking høve til å vise produktane sine i ein europeisk samanheng og å nå nye marknader.

Som del av programdeltakinga dekkjer Noreg òg oppfølgingsaktivitetar nasjonalt og tre nasjonale ekspertar i Europakommisjonen sitt generaldirektorat for informasjonssamfunnet (DG INFSO).

ISA – EU sitt program for felles elektroniske løysningar for europeisk forvaltning

Noreg har teke del i EU-programmet IDABC (Interoperable Delivery of European eGovernment Services to public Administrations, Businesses and Citizens) frå og med 2006, jf. St.prp. nr. 54 (2005–2006). *Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 41/2006 av 10. mars 2006 om innlemming i EØS-avtala av EU-programmet IDABC.*

Programmet er det tredje i rekkja, og arbeidsprogrammet for IDABC går ut i 2009.

Programmet ISA (2010-2015) - «*Interoperability Solutions for European Public Administrations*» vil frå 2010 erstatte IDABC. Programmet skal bidra til elektroniske løysingar som kan støtte opp under samhandling mellom europeiske forvaltningsorgan. Programmet skal dessutan støtte opp under

gjennomføring av felles europeisk politikk og aktivitetar. Det er ikkje enno teke stilling til norsk deltaking i ISA.

## ENISA

Mandatet til ENISA gjekk opphavleg ut 13.3.2009, men EU-parlamentet og Rådet valde å forlengje byrået sitt mandat til 13.3.2012. Noreg deltek i ENISA sitt Management Board med representantar frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Samferdsledepartementet. Dei to departementa deler likt dei årlege kostnadene for å delta i ENISA. I 2010 og åra framover vil ENISA prioritere arbeid med å gjere europeiske elektroniske kommunikasjonsnettverk meir robuste, utvikle og forbetre modellar for samarbeid mellom landa, identifisere risikomoment og styrkje informasjonsaktiviteten mot små og mellomstore bedrifter.

## Budsjett 2010

### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til lønn og drift for nasjonale ekspertar som deltek i EU-programma. Utgiftene har tidlegare vore budsjetterte under post 70.

### Post 70 Tilskot til internasjonale program, kan overførast

Løyvinga skal dekkje norsk deltaking i IKT-delen av CIP-programmet og norsk deltaking i EU-programma IDABC, Safer Internet Plus og EU-byrået ENISA. Løyvinga vil dekkje estimert kontingent for norsk deltaking.

## Programkategori 01.70 Personvern

Utgifter under programkategori 01.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
1570	Datatilsynet	27 252	27 955	30 989	10,9
1571	Personvernemnda	979	1 650	1 683	2,0
	Sum kategori 01.70	28 231	29 605	32 672	10,4

### Allmenn omtale

Personvern inneber å verne om den enkelte sin integritet og privatliv. Individuelle og kollektive personverninteresser skal ikkje krenkjast gjennom handsaming i verken offentleg eller privat sektor. Ut frå kvar enkelt innbyggjar si legitime interesse, skal handsaminga av personopplysningar vere relevant, forholdsmessig og nøyaktig, i tillegg til å representere kvalitet og aktualitet. Handsaminga skal òg innrettast slik at den enkelte er i stand til å kontrollere opplysningar om seg sjølv.

Nokre prinsipp står sentralt i oppbygginga av personvernlovgivinga. Prinsippa byggjer på eit grunnleggjande ideal om at alle skal ha råderett over personopplysningar om seg sjølv. Av dei sentrale prinsippa er:

- Det skal vere saklege grunnar for innsamling og bruk av personopplysningar. Opplysningane skal samlast inn til klare og legitime føremål og brukast i samsvar med desse.
- Registrering av personopplysningar skal i størst mogleg grad vere basert på frivillig, tydeleg og informert samtykke. Opplysningar i offentlege register, der registrering er pliktig, skal vere lovheimla.
- Ved innhenting av personopplysningar har alle rett til å få opplyst om det er frivillig eller obligatorisk å gi frå seg personopplysningane, kva føremål opplysningane skal brukast til og om dei vil bli utleverte til andre.
- Den som er ansvarleg for at data vert registrerte, skal hjelpe den registrerte med å få innsyn i kva for opplysningar som er lagra, kva dei skal brukast til og kvar dei er henta frå.

- Opplysningar som vert registrerte, skal vere korrekte. Ukorrekte opplysningar skal endrast, slettast eller sperrast. Overskotsinformasjon og opplysningar som ikkje lenger trengst for føremålet med registreringa, skal slettast.
- Informasjonstryggleik skal sikrast.
- Når nye teknologiske løysingar vert tekne i bruk, bør det leggjast til rette for anonyme eller sporfrie alternativ.

### Hovudutfordringar og utviklingstrekk

Personvernspørsmål har kome sterkt i fokus dei seinare åra og i aukande omfang har det vorte gjennomført tiltak for å verne om den enkelte sitt personvern. I Personvernkommisjonen sin rapport «Individ og integritet» NOU 2009:1, er det likevel peikt på ei rekkje utfordringar for personvernet som regjeringa vil arbeide vidare med. Verksemdene sin kunnskap om personvernreglar og deira etterleving av desse er lite tilfredsstillande. Det vert stadig avdekt manglande internkontroll og informasjonstryggleik, spesielt med omsyn til manglande sletting av personopplysningar når føremålet er oppfylt. Verksemdene sitt kunnskapsnivå og etterleving av personvernregelverket må aukast. Bruk av personvernombod er eit tiltak som vil kunne føre til at regelverket vert overhalde på ein betre måte. I St.prp. nr. 67 (2008–2009) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2009* vart det løyvd midlar til å utgreie og eventuelt utvikle ordninga vidare.

Personvern blant barn og unge byr på spesielle utfordringar. Barn og unge er i mange høve sjølve ikkje kompetente nok til å forstå kva personvernkonskvensar deira handlingar kan få. Barn og

unge og deira føresette treng difor rettleiing for god bruk av internett, og i tillegg hjelp til å rette opp dersom det har skjedd nettkrenking eller uønskt nettytring. I tillegg har det vist seg å vere utfordringar knytte til personvernet i grunnskulen. Det er behov for utgreiing av om elevar vert overvaka og kontrollerte meir enn nødvendig, kor omfattande dette i så fall er, og på kva område innan skulesektoren det er viktigast å gjere noko. Det er sett i gang både eit prosjekt som vil etablere ei rettleiingsteneste for fjerning av uønskte nettytringar/ internettkrenkingar og eit prosjekt om korleis personvernet i grunnskulen kan styrkjast, jf. St.prp. nr. 67 (2008–2009) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2009*.

Den teknologiske utviklinga set personvernet under press. Nye kommunikasjonsmetodar, forskingsmetodar og registreringsmetodar er noko av det som byr på personvernutfordringar. Overvaking og registrering av internettbruk, registrering i samband med offentleg transport og innsamling av biometrisk materiale gjer det mogleg å framskaffe detaljert oversikt over den enkelte sine handlingar, rørslemønster og fysiske eigenskapar.

Utviklinga krev personvern fremjande teknologiar som kan handtere den massive informasjonsmengda desse teknologiske hjelpemidla fangar opp. Det må arbeidast for løysingar som tek omsyn til ei konstant teknologisk utvikling. I tillegg treng vi eit regelverk som famnar om dagens og framtidige teknologiske trendar.

### Mål og strategiar

Hovudmålet er at alle skal ha personvern slik det er heimla i Personopplysningslova og tilhøyrande forskrift.

Personopplysningslova gjeld for alle som handterer personopplysningar. Alle statlege organ vil såleis bidra til å sikre personverninteressene, men Datatilsynet står likevel i ei særstilling når det gjeld det statlege arbeidet for å nå hovudmålet. Verksemda i Datatilsynet er bygd opp kring tre hovudstrategiar; tilsyn, opplysning/rettleiing, og deltaking i råd/utval og høyringsarbeid. Tidlegare var løyve og konsesjonar ein viktig strategi, men denne måten å sikre personvernet på har dei seinare åra vorte mindre vektlagd.

## Kap. 1570 Datatilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter	27 252	27 955	30 989
	Sum kap. 1570	27 252	27 955	30 989

### Allmenn omtale

Datatilsynet skal gjennom tilsyn og sakshandsaming kontrollere at lover og forskrifter om handsaming av personopplysningar blir følgde, og at feil og manglar vert retta. Datatilsynet skal informere om utviklinga i samfunnet og aktuelle problemstillingar som gjeld handsaming av personopplysningar. Datatilsynet har ei viktig rolle i å skape aktiv debatt og merksemd om sentrale personvernspørsmål, og gi råd og rettleiing både til privatpersonar, verksemdar og styresmakter. Tilsynet skal også overvake personvernet si stilling i samfunnet på område der Datatilsynet ikkje har direkte vedtakskompetanse. Datatilsynet har 35 årsverk og er lokalisert i Oslo.

### Rapport 2008

St.meld. nr. 5 (2008–2009) *Datatilsynets og Personvernemndas årsmeldingar for 2007* gir utfyllande informasjon. Årsmeldingar for 2008 vert lagde fram i ei stortingsmelding hausten 2009.

### Tilsynsaktiviteten

Målet for 2008 var å gjennomføre minst 130 tilsyn innan prioriterte område. Datatilsynet gjennomførte 141 kontrollar i 2008. Av desse var 139 stadlege kontrollar. Omfanget var noko høgare enn i 2007, då det vart gjennomført 134 tilsyn. Tilsyna har avdekt omfattande brot på regelverket, i den forstand at tilsynet har varsla eller fatta vedtak mot 50 til 60 pst. av verksemdene som var gjenstand for kontroll. Oftast ser ein brot på reglar om:

- Krav om ryddig handsaming av personopplysningar (internkontroll).



- Krav om informasjonstryggleik.
- Krav til sletting av opplysningar.

### Deltaking i råd og utval med meir

Som deltaking i norske offentlege råd og utval, er også deltaking på internasjonale møte og arbeidsgrupper ein viktig arena for å påverke personvern-utviklinga. Målet for 2008 var å medverke til tilstrekkeleg vektlegging av personvernet gjennom aktiv deltaking i slike fora, i tillegg til høyringsarbeid. I 2008 har Datatilsynet teke del i nærare tjue nasjonale/internasjonale råd, utval, årlege konferansar og liknande. Datatilsynet mottok i alt 136 høyringssaker i 2008. I 55 tilfelle hadde Datatilsynet merknader til forslaga.

### Satsing på kommunikasjonsiltak

Målet for kommunikasjonsverksemda var å skape merksemd og å gi kunnskap om plikter og rettar etter personvernlovgivinga. Målet er nådd mellom anna ved hjelp av Datatilsynet si heimeside, ei juridisk svarteneste på telefon og e-post, og gjennom mediekontakt. Datatilsynet har utvikla ein organisasjon der mange medarbeidarar har god medietrening og deltek i debattar på radio og fjernsyn. På denne måten er Datatilsynet aktiv i den offentlege debatten og har stor kapasitet til å kunne tale personvernet si sak når sjansen byr seg. Regjeringa har auka ressursane til informasjonstiltak dei seinare og dette har sett Datatilsynet i stand til å auke informasjonsarbeidet i 2008.

Undervisingsopplegget «Du bestemmer» er vidareført og det er satsa vidare på mellomtrinnet i skulen. Basert på ein manuskonkurranse vart det i 2008 produsert ulike filmar som no er blitt ein del av undervisningsopplegget. Vidare vart det i 2008 utarbeidd ein rettleiar om bilete av barn på Internett. Denne vart send ut til alle barnehagane i heile landet og skular med 1.-7. trinn. Datatilsynet har i 2008 også gjennomført eit prosjekt der personvern vart uttrykt gjennom kunst. Resultatet av dette arbeidet vart presentert på Oslo S i samarbeid med KORO (Kunst i offentlege rom, tidlegare Statens utsmykkingsfond).

### Sakshandsaming

Målet for 2008 var at enkle saker skulle verte handsama innan 5 veker og kompliserte saker i gjen-

nomsnitt innan 10 veker. For ein mindre del av sakene var sakshandsamingstida lenger enn målsetjinga. Ved utgangen av august hadde Datatilsynet 108 saker til handsaming som var eldre enn 10 veker. Datatilsynet auka ressursinnsatsen til sakshandsaming utover hausten og utgangen av året viste såleis eit betre resultat. Talet på saker til handsaming som var eldre enn 10 veker, vart redusert til 68 saker.

### Mål og prioriteringar 2010

Datatilsynet skal bidra til realisering av hovudmålet om at alle skal ha personvern slik det er heimla i Personopplysningslova og tilhøyrande forskrift. I 2010 vil styrkt personvern for barn og unge vere eit mål med særskilt merksemd. Dei prosjekta som fekk løyving i St.prp. nr. 67 (2008–2009) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2009*, vil verte vidareførte i 2010.

I 2010 skal følgjande aktivitetar ha prioritet i Datatilsynet:

- Gjennomføre risikobasert tilsyn innan prioriterte område for å redusere talet på lovbrøt.
- Medverke til at personvernet vert vektlagt, mellom anna ved å delta i råd, utval og samarbeidsfora og gjennom høyringsfråsegner.
- Vidareføre satsinga på kommunikasjonsiltak for å skape merksemd om personvernet og auke kunnskapen om plikter og rettar etter lovgivinga og god skikk.
- Syte for korrekt og effektiv sakshandsaming i samsvar med føremål og krav i forvaltningslova. Som hovudregel skal innkomne saker svarast på innan ti veker.
- Etablere ei prøveordning med rettleiingstene for sletting av uønskte nettytringar og internettkrenkingar.
- Utvide personvernombodsordninga og heve kunnskapen om personvern, internkontroll og informasjonstryggleik i norske verksemdar.
- Utgreie og setje i verk tiltak for å styrkje personvernet for elevar i grunnskulen.

### Budsjett 2010

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvingsforslaget dekkjer lønns- og driftsutgifter for Datatilsynet. Regjeringa foreslår ei styrking av løyvinga til drift med 3 mill. kroner.

**Kap. 1571 Personvernemnda**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter	979	1 650	1 683
	Sum kap. 1571	979	1 650	1 683

**Allmenn omtale**

Personvernemnda har sju medlemmer med personlege varamedlemer. Per 1.1.2009 var det eit skifte av leiar og nestleiar, og to av dei andre medlemmene i nemnda. Funksjonstida er fire år. Personvernemnda er klageorgan for vedtak fatta av Datatilsynet og nemnda behandlar klagenefortløpande.

**Rapport 2008**

I løpet av året kom det inn seks klager til handsaming i Personvernemnda. Alle vart handsamaferdig. I tillegg vart tre saker frå 2007 handsamafer-

dig. I tre av sakene er Datatilsynet sine vedtak heilt eller delvis omgjorde. Talet på klager svingar frå år til år, men har gått noko ned dei siste åra. Fleire av sakene i 2008 har i staden vore komplekse og prinsipielle. Alle vedtak som personvernemnda fattar, vert publiserte på nemnda si heimeside og i ein eigen database i lovdata.

**Budsjett 2010****Post 01 Driftsutgifter**

Forslaget til løyving dekkjer utgifter til sekretariatet for nemnda, ei stilling, og godtgjersle for medlemmene.

## Programkategori 01.80 Byggje- og eigedomspolitik

Utgifter under programkategori 01.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
1580	Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga	1 761 189	1 065 490	874 000	-18,0
1581	Eigedomar til kongelege føremål	59 248	61 586	43 337	-29,6
1582	Utvikling av Fornebuområdet	22 112	7 000	11 000	57,1
1583	Utvikling av Pilestredet Park	1 773			
2445	Statsbygg	844 732	1 218 531	1 491 867	22,4
Sum kategori 01.80		2 689 054	2 352 607	2 420 204	2,9

Inntekter under programkategori 01.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
4581	Eigedomar til kongelege føremål	137	131	135	3,1
5445	Statsbygg	940 700	900 000	916 545	1,8
5446	Sal av eigedom, Fornebu	120 284	23 600	23 600	0,0
Sum kategori 01.80		1 061 121	923 731	940 280	1,8

### Allmenn omtale

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har eit overordna ansvar for byggje- og eigedomspolitikken i staten. Dette inkluderer mellom anna gjennomføring av byggjeprojekt i regi av Statsbygg, forvaltning av eigedommar som inngår i den statlege husleigeordninga, og ansvar for utforming av retningsliner for statens interne handtering av byggje- og eigedomssaker.

Statsbygg er eit viktig verkemiddel i regjeringa sin byggje- og eigedomspolitik. Nærare omtale av Statsbygg si verksemd er gitt under kap. 2445 Statsbygg.

Departementet har for 2010 gjort strukturelle endringar i ulike delar av programkategori 01.80, og gitt kategorien nytt namn. Det er lagt til grunn ein meir overordna målstruktur i proposisjonen. Denne dannar grunnlaget for vidare operasjonali-

sering og utforming av resultatkrav i tildelingsbrevet frå departementet til Statsbygg.

### Utfordringar og utviklingstrekk

Regjeringa har som mål å redusere den negative miljøpåverknaden frå byggje- og eigedomsverksemda. Blant dei viktigaste utfordringane i åra framover er ytterlegare reduksjon i energibruken og energiomlegging i eksisterande bygningsmasse. Statsbygg har i 2009 laga ein miljøanalyse som grunnlag for det vidare arbeidet på området.

Statleg omstilling og fornying inneber òg eit auka behov for endringar i bygningar og lokale der statlege verksemdar held til. Dette gjeld både lokale som staten eig og lokale som vert leigde i marknaden. Fleksible ordningar for gjennomføring av ombyggingar og tilpassingar i staten sine eigne lokale er difor viktig. Ein forenkla budsjettprosess

for prosjekt der leigetakar kan dekkje leiga innanfor sine økonomiske rammer (såkalla kurante byggeprosjekt) er viktig for denne fleksibiliteten. Ved tilpassing og forhandling av kontraktar i marknaden kan Statsbygg gi råd til statlege verksemder. Departementet meiner at ei slik rådgivingsteneste, basert på det statlege verksemder har behov for, bør styrkjast i kommande periode.

Staten sine eigedommar representerer store verdier, både økonomisk og kulturelt. Eit verdibevarande vedlikehald er særskilt viktig, ikkje berre av økonomiske årsaker, men òg av omsyn til kulturhistoriske og arkitektoniske verdier. Mange statlege bygg oppførde i 60- og 70-åra vil i åra som kjem måtte skifte ut større tekniske anlegg. Dette krev store investeringar som gjer det naudsynt å vurdere kor store krav ein skal stille til driftsresultat frå Statsbygg i komande år, dersom ein skal klare å finansiere investeringane innanfor Statsbyggs budsjett.

Regjeringa la 14.5.2009 fram ein ny handlingsplan for universell utforming og auka tilkomst for perioden 2009–2013. Regjeringa sin visjon er at Noreg skal vere universelt utforma innan 2025. Den største utfordringa er knytt til utbetring av eksisterande omgivelser. Dette gjeld også for statlege bygg. Forvaltninga av statlege bygg er fordelt på fleire departement og underliggjande etatar. I handlingsplanen er det planlagt gjennomført tiltak som skal medverke til at visjonen vert realisert. Bygg forvalta av Statsbygg vert oppgraderte i tråd med Statsbyggs handlingsplan. Desse tiltaka vil halde fram til krava om universell utforming er innfridde i tråd med visjonen.

Regjeringa la i august 2009 fram ein handlingsplan for arkitektur. Der er det stadfesta at staten skal vere eit førebilete i arbeidet med arkitektonisk kvalitet. Statsbygg vil som stor statleg byggherre og eigedomsforvaltar spele ei sentral rolle i denne samanhengen. Departementet vil i styringsdialogen følgje opp dei tiltaka som er relevante for Statsbygg.

## Mål og strategiar

Regjeringa har følgjande overordna mål for staten si bygge- og eigedomsdrift:

### Hovudmål 1

Byggeprosjekta vert gjennomførte i tråd med godkjende økonomiske rammer og avtalt framdrift.

#### Strategi

For å lukkast med hovudmål 1 er det viktig å utnytte marknaden godt, ha gode anbudsprosessar ved kjøp av både konsulent- og entreprenørteneister, og ein godt utvikla prosjektmetodikk. Gjennomført forprosjekt ligg til grunn for utrekning av kostnadsrammene. Dette skal sikre at prosjektet er godt gjennomarbeidd når ein gjer vedtak om oppstart, slik at risikoen for avvik vert redusert.

### Hovudmål 2

Eigedomsforvaltninga er kostnadseffektiv.

#### Strategi

For å nå hovudmål 2 er det vesentleg å leggje til grunn eit verdibevarande vedlikehald. Brorparten av eigedommane som Statsbygg forvaltar inngår i den statlege husleigeordninga. Denne ordninga dannar det økonomiske grunnlaget for eit regelmessig vedlikehald. Effektivitet og kvalitet i eigedomsforvaltninga skal sikrast gjennom ein kombinasjon av innkjøpte vedlikehaldstenester og eige driftspersonell med inngåande kjennskap til bygningane.

## Oversikt over staten sine eigedommar

I eit eige vedlegg til proposisjonen følgjer ei oversikt over staten sine eigedommar.

**Kap. 1580 Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	23 944	40 000	84 000
31	Igangsetjing av byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	7 190	60 000	
33	Vidareføring av byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	1 608 356	953 000	773 000
36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i>	14 817	12 490	13 000
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	106 882		4 000
	Sum kap. 1580	1 761 189	1 065 490	874 000

**Allmenn omtale**

Løyvingsforslaga gjeld investeringar i bygg utanfor husleigeordninga der Statsbygg er byggherre, medan oppdragsgivaren sjølv skal forvalte eigdommen etter at prosjektet er ferdig.

**Rapport 2008**

Følgjande byggjeprojekt vart ferdigstilte i 2008:

**Nytt Operahus, Oslo**

Det nye operahuset vart opna 12. april 2008. Bygget har fått mykje positiv omtale og er godt besøkt, både som operahus og som attraksjon. Forventa sluttkostnad er på 4 278 mill. kroner. Dette er om lag 78 mill. kroner lågare enn kostnadsramma på 4 356 mill. kroner. Sluttarbeida er venta ferdige i løpet av 2010. Siste del av slutttoppgjera vil bli utbetalt i 2010 og 2011.

Operabygningen vert forvalta av Statsbygg under kap. 2445 Statsbygg. Husleiga skal dekkje forvaltning, drift og vedlikehald, men ikkje avkastning på investert kapital, jf. føresetnadene i St.prp. nr. 48 (1998–99) *Om nytt operahus (II)* og Innst. S. nr. 213 (1998–99)

**Universitet i Bergen, Studentsenteret**

Studentsenteret vart teke i bruk frå semesterstart 2008, drygt eitt år seinare enn planlagt. Forventa sluttkostnad for prosjektet er 410 mill. kroner, noko som er om lag 58 mill. kroner høgare enn

kostnadsramma. Av denne summen er 15 mill. kroner finansiert av Universitetet i Bergen for ekstra funksjonar utover det vedtekte forprosjektet. Det har vore store problem knytte til grunnforhold og fundamenteringsarbeidet. Senteret inneheld mellom anna rom for trening, symjehall, kafé, restaurant, butikk og andre tilbod for auka studentvelferd ved Universitetet i Bergen. Trass i utfordringane med gjennomføringa av prosjektet, verkar det no som om senteret fungerer godt, og at det utgjør eit viktig og populært tilbod til studentar og tilsette.

**Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB), Sørhellingsa**

Overlevering til brukar skjedde i august 2008 i tråd med plan. Opphavleg bygning frå 1979 er bygd om og rehabilitert. Kostnadsramma var på 227,1 mill. kroner. Forventa sluttkostnad er 190 mill. kroner. Formålet med rehabiliteringa var å opne bygningsen og tilpasse den til framtidig bruk, mellom anna for å samle Institutt for naturforvaltning i eitt bygg. Det er lagt stor vekt på miljøvennleg teknologi i prosjektet.

**Mål og prioriteringar 2010**

Målet er at byggjeprojekta på kap. 1580 vert gjennomførte i tråd med godkjende økonomiske rammer og avtalt framdrift. Det er ikkje foreslått oppstart av nye byggjeprojekt i 2010.

Følgjande prosjekt på kap. 1580 har tidlegare fått oppstartløyving og er under arbeid i 2010, jf. løyvinga på post 33 Vidareføring av byggjeprojekt:

Tabell 4.5 Oppstarta byggjeprojekt under kap. 1580 (i mill. kroner)

Prosjekt	Oppstart	Avtalt ferdigstilling	Kostnadsramme per 1.7.2010	Forslag 2010
<i>Bygg under KKD:</i>				
Prosjekt Nytt Operahus	2002	2008	<sup>1</sup> 4 356,0	6,0
<i>Prosjekt under KD:</i>				
UiO, Institutt for informatikk II (IFI II)	2006	2010	1 372,1	285,0
UiO, Domus Media	2008	2012	534,4	138,0
UiB, Nytt Odontologibyg	2009	2012	822,4	175,0
<i>Prosjekt under LMD:</i>				
Bioforsk, Plantevernbygningen, fase 2	2008	2010	51,4	12,0
<i>Prosjekt under JD:</i>				
Halden fengsel	2007	2010	1 551,1	150,0
Prosjekt i reklamasjonsfase				7,0
Samla forslag post 33				773,0

<sup>1</sup> Prisnivå per 1.7.2008. Justering av kostnadsramma er i tråd med føresetnadene i St.prp. nr. 48 (2001-2002).

Statsbygg har fullmakt til å fordele midlane på posten på dei ulike prosjekta. Statsbygg gjer jamlege vurderingar av behov for likviditet i prosjekta, basert på framdrift og utbetalingstakt. Den skiserte fordelinga av budsjettposten på enkeltprosjekt må difor ikkje oppfatast som bindande.

Løyvinga til Prosjekt Nytt Operahus vil gå til sluttoppgjær. Siste del av oppgjera er venta å kome til utbetaling i 2011.

Universitetet i Oslo, Institutt for informatikk II i Gaustadbekkdalen, er venta ferdig i 3. kvartal 2010. Prosjektet er i ein krevjande økonomisk situasjon. I St.prp. nr. 87 (2008–2009) *Om nytt informatikkbygg ved Universitetet i Oslo (IFI2)* vart det difor foreslått å auke kostnadsramma til 1372,1 mill. kroner (prisnivå 1.7.2010). Bygget er planlagt teke i bruk til semesterstart 2010.

Domus Media ved Universitetet i Oslo skal rehabiliterast. Prosjektet starta opp i 2008. Fase 1 omfattar istandsetjing av Domus Media (Aulaen og Vestfløya). Rehabilitering av Aulaen hadde byggjearbeid i juni 2009. Målet er å bli ferdig med rehabilitering av Aulaen til universitetet sitt 200-års jubileum i 2011. Dei resterande arbeida i fase 1 er venta ferdige i slutten av 2012.

Målet med nytt Odontologibyg ved Universitetet i Bergen er å etablere ein moderne studiestad for odontologi. Venta byggjearbeid er ultimo 2009 med ferdigstilling våren 2012.

Renovering av Plantevernbygningen ved Bioforsk, fase 2, vart starta opp i 2008. Fase 1 av renoveringa vart ferdigstilt i 2004. Formålet med fase 2

er å fullføre rehabiliteringa av bygningen, og leggje til rette for eit velfungerande forskings- og utviklingsmiljø. Venta ferdigstilling er første halvdel 2010.

Halden fengsel blir Noregs mest moderne fengselsbygning og skal vere ferdig i april 2010. Statsbygg overtok forvaltninga av dei statlege fengselseigedommane frå 1.1.2009. Halden fengsel vil difor komme inn under den statlege husleigeordninga og skal forvaltaast av Statsbygg.

## Budsjett 2010

### Post 30 Prosjektering av bygg, kan overførast

Posten vert nytta til prosjektering av prioriterte byggjesaker som ikkje har øyremerkte prosjekteringsløyving. I 2010 er det mellom anna lagt opp til å nytte midlane til prosjektering av Noregs Idretts-høgskule, nytt teknologibyg ved Universitetet i Tromsø og utvikling av bygningsmassen ved Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo. Det vert gjort førebuingar til ein plan- og designkonkurranse for Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo. Midlane vil dessutan bli nytta til ferdigstilling av forprosjekt for rehabilitering av tunbygningane ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB), og til oppstart av forprosjekt for samlokalisering av Noregs veterinærhøgskule og Universitetet for miljø- og biovitenskap på Ås. I tillegg skal det nyttast midlar til prosjektering av universitetsutbygginga i Gaustadbekkdalen i Oslo.

**Post 31 Igangsetjing av byggjeprojekt, kan overførast**

Posten vert nytta til oppstart av nye byggjeprojekt. Det er ikkje forslag om å setje i gang prosjekt i 2010.

**Post 33 Vidareføring av byggjeprojekt, kan overførast**

Posten inneheld løyvingar til vidareføring av byggjeprojekt som Stortinget tidlegare har vedteke å starte opp. Løyvinga skal sikre optimal framdrift i dei pågåande prosjekta. Prosjekta er lista i eigen tabell over.

**Post 36 Kunstnarisk utsmykking, kan overførast**

Posten inneheld løyvingar til kunstnarisk utsmykking i statlege bygg. Ettersom midlar til kunstnarisk utsmykking ikkje vert tekne med ved utrek-

ninga av husleige, gjeld løyvinga òg byggjeprojekt som vert finansierte over kap. 2445 Statsbygg. Tildelinga til kvart prosjekt skjer etter føresegner i kongeleg resolusjon av 5.9.1997, der ulike typar bygg er klassifiserte i fem kategoriar. Løyvingane til kunstnarisk utsmykking varierer mellom 0,5 pst. og 1,5 pst. av kostnadsramma, avhengig av kva kategori bygget tilhøyrrer.

**Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast**

Løyvinga skal nyttast til innkjøp av laust inventar og utstyr i nytt bygg, R6 i regjeringskvartalet. Prosjektet omfattar alt utstyr som ikkje inngår i byggjeprojektet og som trengst for at brukarane; Helse- og omsorgsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Servicesenteret for departementa, skal kunne ta bygget i bruk. Det vert foreslått ei kostnadsramme på 77 mill. kroner (prisnivå 1.7.2010).

**Kap. 1581 Eigedomar til kongelege føremål**

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter	21 646	22 028	22 429
30	Ekstraordinært vedlikehald, Bygdøy Kongsgard, <i>kan overførast</i>	3 520		
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	34 082	39 558	20 908
	Sum kap. 1581	59 248	61 586	43 337

**Allmenn omtale**

H.M. Kongen har disposisjonsrett til Det kgl. slott, Bygdøy kongsgard (hovudbygning med sidebygning og omkringliggjande park) og Oscarshall slott i Oslo, i tillegg til Stiftsgarden i Trondheim og Gamlehaugen i Bergen. Ved Stiftsgarden og Gamlehaugen har staten v/Statsbygg ansvaret for bygningar, interiør og utomhusareal. Ved eigedommane i Oslo har Statsbygg ansvar for ytre vedlikehald, tekniske installasjonar og større vedlikehaldsarbeid, medan Det kgl. hoff har ansvar for innvendig vedlikehald og parkanlegg. Det er inngått egne avtalar mellom staten v/Statsbygg og Det kgl. hoff basert på denne ansvarsdelinga.

Alle eigedommane under kap. 1581 har stor nasjonal verdi. Dette stiller særskilte krav til for-

valtninga av eigedommane. Alle bygningsmessige tiltak skjer i nært samarbeid med Det kgl. hoff og Riksantikvaren.

**Rapport 2008**

Ei prioritert oppgåve i 2008 var rehabiliteringa av Oscarshall slott. Slottet ligg ved Frognerkilen på Bygdøy i Oslo. Oscarshall er rekna for å vere eit av nygotikkens hovudverk i Noreg. Oscarshall har vore stengd for publikum under oppussinga. Slottet vart gjenopna i august 2009.

**Mål og prioriteringar 2010**

Målet er at Statsbygg skal syte for god forvaltning og drift av dei kongelege eigedommane, i tråd med inngåtte forvaltningsavtalar og antikvariske prin-

sipp. Byggjeprojekta skal gjennomførast i tråd med godkjende økonomiske rammer og avtalt framdrift.

I 2010 er det ei prioritert oppgåve å rehabilitere Sæterhytta på Bygdøy kongsgard. Sæterhytta skal vere ferdig rehabilitert i 2011. Kostnadsramma er på 29,9 mill. kroner (prisnivå 1.7.2010).

### Budsjett 2010

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje Statsbygg sine kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald av statlege eigedommar som vert nytta til kongelege føremål.

#### Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga skal dekkje bygningsmessige arbeid av investeringsmessig karakter. I 2010 vil løyvinga i hovudsak gå til rehabilitering av Sæterhytta på Bygdøy kongsgard, som vart gitt i gåve til kongeparet i samanheng med deira 70-årsdagar. I tillegg vil det verte utført andre mindre tiltak på kongelege eigedommar, mellom anna vil arbeida på Stiftsgarden i Trondheim verte fullførte, jf. St.prp. nr. 37 (2008–2009) *Om endringer i statsbudsjettet 2009 med tiltak for arbeid.*

### Kap. 4581 Eigedomar til kongelege føremål

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Ymse inntekter	137	131	135
	Sum kap. 4581	137	131	135

#### Post 01 Ymse inntekter

Posten omfattar publikumsinntekter frå omvisningar i Stiftsgarden og Gamlehaugen.

### Kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	529		500
30	Investeringar, Fornebu, <i>kan overførast</i>	19 543	7 000	10 500
70	Erstatningar og oppgjjer, <i>kan overførast</i>	2 040		
	Sum kap. 1582	22 112	7 000	11 000

#### Allmenn omtale

Staten sin eigedom på Fornebu i Bærum kommune utgjorde ein vesentleg del av det arealet som vart endra frå tidlegare hovudflyplass til eit område for bustader, næringsverksemd, rekreasjon m.m. Budsjettkapitlet vart etablert for å dekkje staten sine utgifter i samband med dette eigedomsutviklingsprosjektet. Løyvingane har gått ned dei seinare åra, men staten v/Statsbygg vil ha mindre

utgifter i samband med oppfølging av prosjektet fram til 2016.

#### Rapport 2008

Statsbygg ferdigstilte i 2008 hovuddelen av utviklingsprosjektet på Fornebu, medrekna opprydding i forureina grunn og sal av staten sine tomter. I 2008 var det aktivitet i samband med oppfølging av kontraktar og frådeling av tomter etter regulering. Det meste av utbygginga av vegar, teknisk



infrastruktur og grøntområde vart ferdigstilt i 2008, men noko vil stå att til seinare år i påvente av at andre utbyggjarar får avslutta prosjekta sine. Alle offentlege vegar vart overleverte til Statens vegvesen eller Bærum kommune innan utgangen av 2008.

### Mål og prioriteringar 2010

Målet er å sikre naudsynt oppfølging av eigedomsutviklingsprosjektet på Fornebu, i tråd med føringane som er lagde. I 2010 vil det i hovudsak vere arbeid med oppfølging av kjøpekontraktar og frådelling og overskøyting av eigedommar etter kvart som områda vert ferdig regulerte.

### Budsjett 2010

#### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga skal dekkje Statsbygg sine administrative utgifter i arbeidet med etterbruk av Fornebu.

#### Post 30 Investeringar, Fornebu, kan overførast

Løyvinga skal dekkje staten sin del av investeringar i infrastruktur og grøntområde på Fornebu og kostnader for frådelling av tomter etter regulering. Kostnadsramma for infrastrukturprosjektet på Fornebu er 1317 mill. kroner (per 1.7.2009). Det er inngått avtale mellom staten og Oslo kommune, som tidlegare grunneigarar, om deling av kostnadene.

## Kap. 2445 Statsbygg

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
24	Driftsresultat	-447 422	-548 456	-548 456
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	74 316	71 000	96 000
31	Igangsetjing av ordinære byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	89 697	227 500	
32	Igangsetjing av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>	84 814	82 000	48 000
33	Vidareføring av ordinære byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	473 013	576 287	908 800
34	Vidareføring av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>	385 860	610 200	787 523
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	85 210	100 000	100 000
49	Kjøp av eigedomar, <i>kan overførast</i>	99 244	100 000	100 000
Sum kap. 2445		844 732	1 218 531	1 491 867

### Allmenn omtale

Kap. 2445 gjeld Statsbygg sitt driftsbudsjett, som mellom anna omfattar administrasjon, drift og vedlikehald av eigedommane. I tillegg inneheld kapitlet investeringsbudsjett med løyvingar til byggjeprojekt som skal inngå i den statlege husleigeordninga, og løyvingar til kjøp av eigedommar.

Statsbygg er eit viktig verkemiddel i regjeringa si gjennomføring av byggje- og eigedomspolitikken. Statsbygg har som hovudoppgåve å utføre byggherretenester, forvalte eigedomsmassen og gi råd til statlege verksemder i spørsmål om lokalbruk og utvikling av eigedom. Statsbygg skal òg implementere og ivareta sektorpolitiske føringar

retta mot byggje- og anleggsnæringa. Regjeringa vil at Statsbygg skal utvikle kostnadseffektive, funksjonelle og gode lokale for statlege verksemder, der miljøomsyn, universell utforming og arkitektonisk kvalitet står sentralt. Statsbygg må samarbeide med byggjebansjen om å nå ambisiøse mål på miljøområdet, og leggje til rette for teknologisk utvikling og fornying gjennom bruk av nye digitale verktøy for prosjektering og forvaltning av bygg. Statsbygg har ansvar for å forvalte store nasjonale verdier på vegner av staten. Dei kulturhistoriske verdiane ved fleire av anlegga er uerstattelege, og må difor handsamast med høg fagleg

kompetanse, i nært samarbeid med antikvariske styresmakter.

Statsbygg er ei forvaltningsbedrift underlagd Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Statsbygg har om lag 780 tilsette. I tillegg til hovudkontoret, som er lokalisert i Oslo, har Statsbygg fem regionkontor. Statsbygg er i stor grad ein innkjøpsorganisasjon. I byggjeprojekta vert nesten alle innsatsfaktorane kjøpte etter konkurranse i marknaden. Statsbygg organiserer, planlegg og gjennomfører for tida om lag 200 større og mindre prosjekt i ulike fasar.

Innan eigedomsforvaltninga vert om lag 70 pst. av dei utførde tenestene kjøpte i marknaden. Eigenproduksjonen innanfor eigedomsforvaltninga utgjer med andre ord om lag 30 pst., og omfattar i hovudsak driftspersonell med ansvar for den daglege drifta på eigedommane.

Inntektene til Statsbygg er i hovudsak leigeinntekter frå statlege verksemdar og utgjer i 2010 nær 3,4 mrd. kroner.

Byggjeprojekta som Statsbygg er byggherre for vert finansierte etter to ulike modellar; ordinære byggjeprojekt og kurantprosjekt. Ordinære byggjeprojekt vert fremja enkeltvis for Stortinget, med kostnadsramme per prosjekt og moglegheit for heil eller delvis husleigekompensasjon for brukaren. Kurantprosjekta er prosjekt der dei statlege oppdragsgivarane sjølv dekkjer husleigekostnadene innanfor eksisterande budsjettammer. Dei vert handsama etter forenkla budsjettprosedyrar, etter særskild fullmakt frå Stortinget.

Kostnadsrammene for alle prosjekt vert kalkulerte på bakgrunn av eit gjennomført forprosjekt og fastsette på eit nivå der det er 85 pst. sannsynleg at kostnadsrammene vert haldne. Kostnadsramma vert kvalitetssikra gjennom særskilte uvisseanalyser gjennomførde av uavhengige konsulentar. Kostnadsramma utgjer den øvre ramma for prosjektet, medan kostnadsstyringa i prosjekta vert basert på ei styringsramme som ligg under dette, tilsvarende 50 pst. risiko for overskridingar. Differansen mellom kostnadsramma og styringsramma utgjer uvisseavsetjinga i prosjektet.

### Rapport 2008

Nedanfor følgjer rapportering på dei måla som vart sette for Statsbygg i 2008:

**Mål: God budsjett disiplin – riktig styring innanfor kostnadsramma**

Kravet var at samla sluttkostnad for alle prosjekt ikkje skulle overskride styringsramma med meir enn 1 pst. I 2008 vart resultatet 16,7 pst. Målet vart

dermed ikkje nådd. Hovudårsaka til dette er at Prosjekt Nytt Operahus, Studentsenteret ved Universitetet i Bergen og Norsk Arkitekturmuseum av ulike grunnar vart dyrare enn dei opphavleg fastsette styringsrammene. Resultatet i 2008 er utrekna på bakgrunn av estimert sluttkostnad, sidan alle sluttoppgjer ikkje var ferdige ved utgangen av 2008.

**Mål: God budsjett disiplin – låge overføringar frå ein termin til den neste**

Det vart sett som krav at overføringane av budsjettmidlar til neste termin ikkje skulle overstige 7,5 pst. av disponibel tildeling. Resultatet for 2008 vart 7,4 pst.

**Mål: Tilfredsstillande avkastning på totalkapitalen**

Det var sett som krav at resultat før finanskostnader i prosent av gjennomsnittlig investert kapital for året skulle utgjere minimum 6 pst. Resultatet for 2008 blei 6 pst.

**Mål: Høg utleigegrad**

Kravet var at utleigd areal i forhold til totalarealet skulle utgjere minimum 98 pst. Utleigd areal var i 2008 på 98,6 pst.

**Mål: Nøgde leigetakarar**

I 2008 gjennomførte Statsbygg ei ny undersøking av kor nøgde leigetakarane er. Denne undersøkinga kan ikkje samanliknast med tidlegare undersøkingar gjennomførte i Statsbygg. Den nye undersøkinga er gjennomført av ein ekstern leverandør, og det er nytta ein metode som følgjer internasjonal standard for å måle kor nøgde leigetakarane er. Ut i frå målemetoden i undersøkinga ligg resultatata på grensa mellom middels og svakt. Statsbygg vil søkje å forbetre resultatet ved å setje i verk ulike tiltak. Tilsvarende undersøking vil bli gjennomført på nytt i 2010.

**Mål: Effektiv energibruk i bygningar forvalta av Statsbygg**

Klimakorrigert energiforbruk i bygningar forvalta av Statsbygg skulle i 2008 ikkje overstige 210 kWh/kvm. Justert for normert driftstid vart klimakorrigert energiforbruk i 2008 201,7 kWh/kvm. For å redusere energibruken i eksisterande bygningsmasse har Statsbygg i 2008 gjennomført 17 tiltak med ein berekna energireduksjon på

1 118 000 kWh. På grunnlag av energiregistreringar i energioppfølgingssystemet på eigedommane, vert det utarbeidd ein årleg rapport om energibruken i eigedommar forvalta av Statsbygg.

**Mål:** Ivaretaking av samfunnsmessige føringar

*Delmål: Universell utforming*

Statsbygg følgjer opp intensjonen i regjeringa sin handlingsplan for universell utforming og auka tilgjengelegheit 2009–2013. I tråd med Statsbygg sin handlingsplan for universell utforming 2007–2010 skal minimum 6 pst. av vedlikeholdsmidlane nyttast til tiltak for å gjere eksisterande bygningar betre tilgjengelege. I 2008 vart det i tråd med målsetjinga gjennomført tiltak for om lag 20 mill. kroner. Alle tiltak vert gjennomførte i samarbeid med leigetakarane. Store tiltak vert koordinerte og gjennomførte i samband med ombygnings- og rehabiliteringsprosjekt. Statsbygg sitt system for registrering og publisering av tilgjengelegheit i bygningane på nettstaden [www.byggforalle.no](http://www.byggforalle.no) vert nytta av både Statsbygg og andre offentlege forvaltarar. Statsbygg har meir enn 350 av sine publikumsretta bygningar registrerte på nettstaden.

*Delmål: FOU-arbeid*

FoU-arbeidet i Statsbygg var i 2008 på omlag 12 mill. kroner. Delar av desse midlane vart nytta på prosjekt som skal gi ei berekraftig utvikling innan bygge-, anleggs- og eigedomsnæringa. Tyngda av forskings- og utviklingstiltaka i 2008 har vore retta mot fagområda byggjeprosess (inkludert BIM = bygningsinformasjonsmodellar), eigedomsforvaltning, miljø og energi. Arbeidet med utvikling av BIM har stått for den største FoU-satsinga til Statsbygg i 2008, med i underkant av halvparten av midlane.

Energibruk og klimapåverking har vore viktige tema for Statsbygg det siste året. Statsbygg har teke i bruk den såkalla tiltaksmodellen i forskrifta og teke omsyn til signala som styresmaktene har gitt om klimautfordringar. Mellom anna er det utarbeidd eit fagleg grunnlag for å utforme ein klimastrategi og gode klimamål for Statsbygg.

*Delmål: Arkitektur*

Statens byggeskikkpris 2008 blei tildelt arkitektkontoret Snøhetta for nybygget til Den norske opera og ballett med Statsbygg som byggherre. Operahuset blei òg kåra til det beste kulturbygget i 2008 under World Architecture Festival i Barcelona. Time Magazine kåra Svalbard globale frøkvelv til den sjette beste nyskapinga i verda i 2008. Den høgaste arkitekturprisen i Noreg, A.C. Hou-

ens diplom for framifrå arkitektur, vart tildelt fem byggverk i 2008, mellom anna Ivar Aasen-tunet frå 2000 med Sverre Fehn som arkitekt og Statsbygg som byggherre. Høgskolen i Molde, ein av dei 40 høgskulane som Statsbygg forvaltar, mottok Fagrorlas miljøpris for Møre og Romsdal 2008.

*Delmål: Kulturminne*

Statsbygg har gjennom heile 2008 halde fram med utarbeiding av sektorvise landsverneplanar og teke del i den interdepartementale referansegruppa i prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar. Det er òg utarbeidd ein strategi for korleis kulturhistoriske eigedommar som Statsbygg forvaltar skal sikrast aktiv bruk i framtida. Arbeidet med eigne forvaltningsplanar for kulturhistoriske eigedommar er starta opp.

**Ferdigstilte byggjeprojekt i 2008**

I 2008 vart 13 kurantprosjekt ferdigstilte, med ein samla sluttkostnad på om lag 752 mill. kroner. Dette gjeld mellom anna Sentralarrest i Oslo, Arkitekturmuseet i Oslo, Svalbard globale frølager, Norway House i Brussel, Bodø fengsel, avdeling Fauske, Nye Alta ungdomsheim og ambassaden i Katmandu i Nepal.

Det var ingen såkalla ordinære byggjeprojekt som vart avslutta i 2008 (prosjekt med særskilte løyvingar innanfor den statlege husleigeordninga som Statsbygg skal forvalte etter ferdigstilling). Slutførte prosjekt utanfor husleigeordninga, som skal forvaltast av sektorane sjøve, er rapporterte under kap. 1580 Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga.

**Mål og prioriteringar 2010**

Det er sett mål for Statsbygg innanfor dei oppgåvene dei utfører som byggherre, eigedomsforvaltar og rådgivar. Måla for 2010 vil verte operasjonalserte i tildelingsbrevet til Statsbygg.

**Mål:**

*Byggherrefunksjonen (gjeld alle prosjekt der Statsbygg er byggherre):*

- Byggjeprojekta vert gjennomførte i tråd med godkjende økonomiske rammer og avtalt framdrift.
- Nybygg overoppfyller krav til energibruk i lov og forskrift.
- Nybygg overoppfyller krav til universell utforming i lov og forskrift.
- Oppdragsgivarane er tilfredse med Statsbygg som byggherre.

*Eigedomsforvaltning:*

- Eigedomsforvaltninga er kostnadseffektiv og miljøvennleg.
- Leigetakarane er tilfredse med Statsbygg si forvaltning av eigedommane.
- Bygga som Statsbygg forvaltar er universelt utforma innan 2025.

*Rådgiving:*

- Statsbygg si rådgiving overfor statlege verksemder i lokalspørsmål er styrkt.

*Prioriteringar:*

Det er ikkje foreslått oppstart av nye ordinære byggjeprojekt i 2010 under kap. 2445. Kurantprosjekt vil bli gjennomførte med bakgrunn i bestillingar frå statlege verksemder, innanfor dei fullmaktene som gjeld.

Stortinget har tidlegare gitt oppstartløyving til fylgjande prosjekt på kap. 2445 som vil vere under arbeid i 2010, jf. løyvinga på post 33 Vidareføring av byggjeprojekt:

Tabell 4.6 Oppstarta ordinære byggjeprojekt under kap. 2445 (i mill. kroner)

Prosjekt	Oppstart	Avtalt ferdigstilling	Kostands-	Forslag
			ramme per 1.7.2010	
<i>Bygg under KD:</i>				
Høgskolen i Vestfold, samlokalisering	2008	2010	798,2	175,0
Samisk vitskapsbygg i Kautokeino	2006	2009	452,0	19,8
Høgskolen i Oslo, Patologibygget i Pilestredet Park (sjukepleieutdanninga) <sup>1</sup>	2009	2013	755,4 <sup>1</sup>	80,0
Høgskolen i Bergen, samlokalisering <sup>1</sup>	2009	2014	2 341,6 <sup>1</sup>	140,0
Høgskulen i Sogn og Fjordane, sentralbygg i Sogndal	2009	2012	357,9	50,0
<i>Bygg under JD:</i>				
Gulating Lagmannsrett	2009	2011	432,6	145,0
Steinkjer Tinghus	2009	2011	100,0	50,0
Oslo fengsel, aktivitetsbygg	2009			0
<i>Bygg under FAD:</i>				
Regjeringskvartalet, R6	2008	2012	1 016,2	220,0
Regjeringskvartalet, fellesarbeid				9,0
Prosjekt i reklamasjonsfasen				20,0
Samla forslag post 33				908,8

<sup>1</sup> Oppdatering av kostnadsrammene er under arbeid. Dei vil etter planen bli lagde fram for Stortinget hausten 2009.

Statsbygg har fullmakt til å fordele midlane på posten på dei ulike prosjekta og gjer jamleg vurderingar av likviditetsbehovet i prosjekta, basert på framdrift og utbetalingstakt. Den skisserte fordelinga av budsjettposten på enkeltprosjekt kan difor bli endra. Sjå nærare omtale i budsjettproposisjonane til dei respektive fagdepartementa.

Høgskolen i Vestfold skal samlast på Bakken-teigen i Horten kommune. Ved handsaminga av St.prp. nr. 67 (2008–2009) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2009* vart det ved-

teke å utvide kostnadsramma med 8 mill. kroner for å installere varmpumpe som varmeløysing.

Samisk vitskapsbygg i Kautokeino var ferdig til skulestart haustsemesteret 2009. Det er venta at sluttkostnaden vil liggje under kostnadsramma.

Høgskolen i Oslo, sjukepleieutdanninga, omfattar ombygging og rehabilitering av det tidlegare Patologibygget ved det gamle rikshospitalet i Pilestredet Park. Bygget skal innehalde nye lokale for sjukepleieutdanninga. I St.prp. nr. 67 (2008–2009) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet*

2009 vart det orientert om at regjeringa ville komme tilbake til Stortinget med forslag til endeleg kostnadsramme. Forslag vil etter planen bli lagt fram seinare i haust. Forslaget til løyving skal sikre at det ikkje vert unødige opphald i prosjektgjennomføringa.

Høgskulen i Bergen, samlokalisering, omfattar nybygging på Kronstad for å samle høgskulen i eitt anlegg. I St.prp. nr. 67 (2008–2009) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2009 vart det orientert om at regjeringa ville komme tilbake til Stortinget med forslag til endeleg kostnadsramme. Forslag vil etter planen bli lagt fram seinare i haust. Forslaget til løyving skal sikre at det ikkje vert unødige opphald i prosjektgjennomføringa.

Ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal, skal det oppførast eit sentralbygg for å samle høgskulen sine aktivitetar i Sogndal på Fosshaugane Campus. Forventa byggjeart er 2. kvartal 2010 med ferdigstilling 2. kvartal 2012.

Nybygg for Gulating Lagmannsrett i Bergen har planlagt byggjeart i juni 2009 og ferdigstilling sommaren 2011.

Steinkjer tinghus skal utvidast for å slå saman Stjør- og Verdal og Inderøy tingrett til ein domstol. Byggjeart var september 2009 og prosjektet er planlagt ferdigstilt i første halvår 2011.

Det skal oppførast nytt aktivitetsbygg ved Oslo fengsel, jf. St.prp. nr. 37 (2008–2009) *Om endringer i statsbudsjettet 2009 med tiltak for arbeid*, men forprosjektet er ikkje ferdigstilt. Regjeringa kjem tilbake til Stortinget med forslag om kostnadsramme. Det vert derfor ikkje fremja forslag om løyving til vidareføring på noverande tidspunkt.

Utviding av regjeringskvartalet (R6) skal gi nye kontorlokale for Helse- og omsorgsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet. I tillegg vil Servicesenteret for departementa ha nokre funksjonar i bygget som skal tene heile regjeringskvartalet. Prosjektet fekk oppstartløyving ved handsaminga av statsbudsjettet for 2008. Prosjektet omfattar eigedommane i Keysersgate 6-8 og Teatergata 9. Riving er gjennomført og byggjeart skjer hausten 2009. R6 vil venteleg stå ferdig fyrste halvår 2012. Det er forslag om eiga løyving til inventar og utstyr under kap. 1580, post 45.

## Budsjett 2010

### Post 24 Driftsresultat

Underpost	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
24.1	Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-2 856 010	-3 227 519	-3 393 100
24.2	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	1 163 513	1 156 002	1 279 847
24.3	Avskrivningar	405 043	594 011	618 000
24.4	Renter av staten sin kapital	3 947	52 298	53 500
24.5	Til investeringsformål	940 700	900 000	916 545
24.6	Til reguleringsfondet	-104 615	-23 248	-23 248
	Sum post 24	-447 422	-548 456	-548 456

Resultatrekneskapen omfattar berre den delen av drifta som kjem inn under Statsbyggs eige kapittel (kap. 2445 Statsbygg) i statsrekneskapen. På same måte omfattar balansen berre dei bygningane som Statsbygg forvaltar, der nesten alle er inntektsgivande eigedommar innanfor statens husleigeordning.

#### Underpost 24.1 Driftsinntekter, overslagsløyving

Inntektene er i hovudsak husleige frå statlege leigetakarar og inntekter frå sal av eigedommar. Auken i inntekter kjem i hovudsak av indeksregu-

lering av eksisterande leigeavtalar og nye leigeinntekter frå ferdigstilte byggjeprojekt og kjøpte eigedommar.

#### Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Driftsutgiftene dekkjer utgifter til Statsbyggs administrasjon og drift, planlagt vedlikehald og forvaltning av eigedomsmassen. Statsbygg har òg ansvar for å forvalte einskilde ikkje-inntektsgivande eigedommar utan særskild løyving. Utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av denne eigedomsmassen vert i hovudsak dekte av midlar frå dei inntektsgivande eigedommane. Auken i driftsutgifter

kjem i hovudsak av pris- og lønnsauke, auka vedlikehaldsinnsats og styrking av organisasjonen innanfor eigedomsforvaltning og prosjektgjennomføring.

#### **Underpost 24.3 Avskrivningar**

Alle aktiva som kan avskrivast, vert avskrivne lineært, men med ulik avskrivningstid.

#### **Underpost 24.4 Renter av staten sin kapital**

Løyvinga er i samsvar med gjeldande retningsliner for utrekning av renter i statlege forvaltningsbedrifter.

#### **Underpost 24.5 Til investeringsformål**

Posten gjeld avsetjing til investeringsføremål, jf. omtale under kap. 5445 post 39. Avsetjinga utgjer Statsbygg si eigenfinansiering av byggjeprojekta. Gevinst ved sal av eigedom vert òg ført på denne posten.

#### **Underpost 24.6 Til reguleringsfondet**

I 2010 er det lagt opp til å bruke 23,2 mill. kroner av reguleringsfondet. Fondet vert nytta til å kompensere eventuelle avvik i driftsinntekter og driftsutgifter. Vidare skal fondet dekkje eventuelle skadetilfelle på eigedommane Statsbygg forvaltar. Med heimel i fullmakta som gir Statsbygg løyve til å overskride årlege løyvingar, kan Statsbygg òg nytte midlar frå fondet til å utvide ramma for investeringsbudsjettet under kap. 2445 Statsbygg.

#### **Post 30 Prosjektering av bygg, kan overførast**

Posten vert nytta til prosjektering av prioriterte byggjesaker som ikkje har øymerkt prosjekteringsløyving. Løyvinga dekkjer prosjektering av bygg fram til fullført forprosjekt og gjeld både kurantprosjekt og ordinære prosjekt. I 2010 er det mellom anna lagt opp til prosjektering av ulike tiltak ved Ullersmo fengsel, Drammen og Stavanger tinghus, Samisk kunstmuseum, Noregs Handelshøgskule og Huseby kompetansesenter, i tillegg til ei rekkje andre prosjekt. Innafor løyvinga på posten er det avsett 25 mill. kroner til vidare prosjektering av nytt Nasjonalmuseum.

#### **Post 31 Igangsetjing av ordinære byggjeprojekt, kan overførast**

Posten vert nytta til igangsetjing av prosjekt som Statsbygg skal leige ut og forvalte. Det vert ikkje foreslått oppstart av nye ordinære byggjeprojekt i 2010.

#### **Post 32 Igangsetjing av kurantprosjekt, kan overførast**

Løyvinga omfattar midlar til byggjestart for prosjekt som skal forvaltast av Statsbygg, der leigetakaren eller det ansvarlege fagdepartementet dekkjer den tilhøyrande husleiga innanfor eksisterande økonomiske rammer (kurante byggjeprojekt). Prosjekta vert gjennomførte med bakgrunn i husleigeavtalar mellom Statsbygg og leigetakarane. Ordninga vert regulert i fullmakta som omhandlar gjennomføring av byggjeprojekt utan framlegging av eiga kostnadsramme for Stortinget (kurantprosjektordninga).

#### **Post 33 Vidareføring av ordinære byggjeprojekt, kan overførast**

Posten inneheld vidareføringsløyvingar til ordinære prosjekt som Stortinget tidlegare har vedteke å setje i gang. Bygga skal leigast ut og forvaltast av Statsbygg. Løyvinga for 2010 skal sikre optimal framdrift i dei pågåande prosjekta, jf. oversikt over.

#### **Post 34 Vidareføring av kurantprosjekt, kan overførast**

Løyvinga vert nytta til vidareføring av kurantprosjekt som er starta opp i tidlegare budsjetterminar. Prosjekta inkluderer så vel tilpassing/rehabilitering av eksisterande lokale som tilbygg og nybygg. Det er for tida om lag 60 slike byggjeprojekt under arbeid.

#### **Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast**

Løyvinga skal dekkje kostnader til mindre ombyggingar, utvidingar, brukartilpassingar og installering av tekniske anlegg av investeringskarakter på alle eigedommar som Statsbygg forvaltar.

#### **Post 49 Kjøp av eigedomar, kan overførast**

Løyvinga vert nytta til kjøp av eigedommar og tomter i tilknytning til aktuelle byggjeprojekt.

Tabell 4.7 Statsbyggs balanse

	Rekneskap 2007	Rekneskap 2008	Overslag 2009	Overslag 2010
<b>Eigedelar:</b>				
Omløpsmidlar	510 580	358 447	434 514	396 480
Sum omløpsmidlar	510 580	358 447	434 514	396 480
<i>Inntektsgivande eigedommar:</i>				
Bygg under arbeid	1 298 159	1 443 797	2 326 884	3 583 382
Ferdigstilte bygg/eigedommar	19 140 741	19 876 687	26 911 235	27 383 034
Sum inntektsgivande eigedommar	20 483 900	21 320 484	29 238 119	30 966 416
<i>Ikkje-inntektsgivande eigedommar:</i>				
Bygg under arbeid	39 869	43 143	43 143	43 143
Ferdigstilte bygg/eigedommar	83 630	83 630	83 630	83 630
Obligasjonar/leigebuarinnskot	30 865	30 864	30 864	30 864
Sum ikkje-inntektsgivande eigedommar	154 634	157 637	157 637	157 637
Inventar og utstyr	32 052	34 306	70 663	85 851
Sum anleggsmidlar	20 625 316	21 512 427	29 466 419	31 209 904
Sum eigedelar	21 135 896	21 870 874	29 900 932	31 606 384
<b>Gjeld og egenkapital:</b>				
Kortsiktig gjeld	206 980	159 462	159 462	159 462
Renteberande gjeld staten	822 122	765 259	1 491 430	2 283 369
Ikkje renteberandre gjeld staten	253 206	256 480	256 480	256 480
Sum langsiktig gjeld	1 075 328	1 021 739	1 747 910	2 539 849
Reguleringsfond	303 600	198 985	175 737	152 489
Eigenkapital elles	19 549 988	29 490 688	27 817 823	28 754 584
Sum egenkapital	19 853 588	20 689 673	27 993 560	28 907 073
Sum gjeld og egenkapital	21 135 896	21 870 874	29 900 932	31 606 384

Auken i samla eigedelar utgjer 1,7 mrd. kroner frå 2009 til 2010. Av dette utgjer bygg under arbeid 1,3 mrd. kroner, medan resten er ferdigstilte bygg og kjøp av eigedom. Auken på 1,7 mrd. kroner vert

dekt med eigenkapitalfinansiering på 900 mill. kroner og auking av langsiktig gjeld med 800 mill. kroner.

## Kap. 5445 Statsbygg

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
39	Avsetning til investeringsformål	940 700	900 000	916 545
	Sum kap. 5445	940 700	900 000	916 545

**Post 39 Avsetning til investeringsformål**

Under denne posten er det ført avsetningar frå driftsrekneskapen som vert nytta til investeringsfø-

remål. Midlane vert førte til inntekt i statsrekneskapen, jf. omtale under kap. 2445 post 24, underpost 24.5.

**Kap. 5446 Sal av eigedom, Fornebu**

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
40	Salsinntekter, Fornebu	120 284	23 600	23 600
	Sum kap. 5446	120 284	23 600	23 600

**Post 40 Salsinntekter, Fornebu**

Alle kjøparar av eigedom på Fornebu skal vere med å betale for utbygginga av infrastruktur etter

ein bestemt fordelingsnøkkel. Inntektene omfattar innbetalingar i samband med infrastrukturbidrag frå tidlegare sal av eigedommar.



*Del III*  
*Orienteringar*



## 5 Omtale av særlege emne

### 5.1 Oppmodingsvedtak nr. 247

«Stortinget ber Regjeringen legge til rette for å øke takten i bredbåndsutbyggingen slik at målet om bredbånd til alle husstander, bedrifter og offentlige institusjoner kan nås i løpet av 2007. Regjeringen bes kommentere status for framdrift i budsjettene.»

Konsulentselskapet Nexia har på oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet oppdatert status og prognosar for breibandsutviklinga i Noreg per 30.6.2009. Det er henta inn informasjon frå dei fleste utbyggjarar/tilbydarar som har eigen infrastruktur for breiband. Det er òg henta inn informasjon om dekning og breibandsutbygging frå ansvarlege for forvaltning av statlege midlar knytte til breibandsutbygging i fylke og kommunar. Undersøkinga gir estimat for breibandsdekninga i alle norske kommunar per 30.6. og 31.12.2009.

Nexia har i undersøkinga definert breiband som kapasitetar over 640 kbit/s (nedstrøms).

Kapasitetsgrensa er ei tolking av den bruksorienterte breibandsdefinisjonen Stortinget vedtok i samband med handsaming av breibandsmeldinga, St.meld. nr. 49 (2002-2003) *Breiband for kunnskap og vekst*. Denne definisjonen stiller krav til moglegheit til å overføre levande bilete, og Nexia har lagt til grunn den kapasiteten som trengst for å overføre direkte sendingar frå Stortinget – 640 kbit/s. Same definisjon er lagt til grunn i tidlegare undersøkingar.

Rapporten frå Nexia viser at 99,9 pst. av husstandane i Noreg hadde tilbod om breiband i juni 2009. Dette talet inkluderer mobilt breiband. Undersøkinga viser òg at 99,2 pst. av husstandane per juni 2009 hadde tilbod om fast breibandsaksess. Breibandsdekning (inkludert mobilt breiband) per 31.12.2009 er estimert til framleis å være 99,9 pst., mens breibandsdekning i form av fast aksess er estimert til 99,3 pst. på same tidspunkt.

Tabellen under viser breibandsdekning per fylke 31.12.2008, 30.6.2009 og 31.12.2009.

	Breibandsdekning 31.12.2008		Breibandsdekning 30.06.2009		Breibandsdekning 31.12.2009	
	Fast aksess	Inkl. mobilt	Fast aksess	Inkl. mobilt	Fast aksess	Inkl. mobilt
		breiband		breiband		breiband
Akershus	99,1%	≈100,0%	99,2%	≈100,0%	99,4%	≈100,0%
Aust-Agder	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%
Buskerud	98,8%	≈100,0%	99,3%	≈100,0%	99,6%	≈100,0%
Finnmark	98,9%	≈100,0%	98,9%	≈100,0%	98,9%	≈100,0%
Hedemark	98,7%	≈100,0%	98,8%	≈100,0%	99,2%	≈100,0%
Hordaland	98,5%	≈100,0%	98,6%	≈100,0%	98,7%	≈100,0%
Møre og Romsdal	99,4%	≈100,0%	99,5%	≈100,0%	99,5%	≈100,0%
Nordland	97,2%	99,3%	97,4%	99,4%	97,7%	99,4%
Nord-Trøndelag	98,4%	≈100,0%	98,7%	≈100,0%	98,8%	≈100,0%
Oppland	97,7%	≈100,0%	97,9%	≈100,0%	98,0%	≈100,0%
Oslo	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%
Rogaland	99,6%	≈100,0%	99,6%	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%
Sogn og Fjordane	97,6%	99,3%	98,5%	99,3%	98,6%	99,4%
Sør-Trøndelag	99,5%	≈100,0%	99,5%	≈100,0%	99,5%	≈100,0%
Telemark	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%
Troms	98,1%	99,1%	98,2%	99,1%	98,2%	99,1%
Vest-Agder	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%	≈100,0%
Vestfold	99,3%	≈100,0%	99,4%	≈100,0%	99,5%	≈100,0%
Østfold	99,1%	≈100,0%	99,4%	≈100,0%	99,5%	≈100,0%
Noreg Totalt	99,0%	99,9%	99,2%	99,9%	99,3%	99,9%

Kjelde: Nexia og Econ Pöyry (I den fylkesvise oversikta er alle estimat >99,6% satt lik ≈100%)

Rapporten viser også at breibandsdekninga vert lågare dersom ein ser på høgare kapasitetar. Til dømes er dekninga for 12 Mbit/s (eller meir) nedstraumshastigheit estimert til om lag 77 pst. per 30.6.2009, mens dekninga for 25 Mbit/s (eller meir) nedstraumshastigheit er estimert til 54 pst. på same tidspunkt. Dekninga for dei høgare kapasitetane er betre rundt dei største byene enn i utkantstrøka.

Det primære målet til regjeringa har vore at heile landet skal ha tilgang til breiband. Det målet er no så godt som nådd med ei estimert breibandsdekning på 99,9 pst, men framleis manglar truleg rundt 2-3000 husstandar eit tilfredsstillande tilbod. I tillegg til å fullføre jobben med å gi tilbod om breiband til alle, vil regjeringa arbeide vidare med to hovudutfordringar:

- Få opp bruken av breiband.
- Høgare kapasitet i nettet.

### Få opp bruken av breiband

Den mest nærliggjande utfordringa utover full dekning er å få opp bruken. Det er ei prioritert oppgåve både for å motverke digitale skilje og for å utløse heile samfunnsnyttan og det økonomiske potensialet som følgjer av å få (tilnærma) alle på nett. Eit digitalt skilje er uheldig ettersom stadig meir av den sosiale kontakten, skulearbeidet og anna skjer via nettet.

### Høgare kapasitet i nettet

Eit mål om høgare kapasitet må byggje på ei vurdering av kva kapasitet det er sannsynleg at brukarane vil ha behov for framover, kva kapasitet marknaden vil levere, og kva styresmaktene skal gjere der marknaden ikkje vil levere tilstrekkeleg kapasitet. Utviklinga av og behovet for kapasitet er usikker. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har derfor fått utarbeidd ein studie som har vur-

dert framtidig kapasitetsutvikling og kapasitetsbehov for breiband i Noreg. Vidare har Fornyings- og administrasjonsdepartementet sett ned ei interdepartemental arbeidsgruppe som mellom anna har vurdert mål og verkemiddel på breibandsområdet framover. Rapporten frå arbeidsgruppa ble lagt fram 4. september 2009.

## 5.2 Sektorovergripande miljøpolitikk

### Servicesenteret for departementa

Servicesenteret for departementa har i fleire år hatt eit eige system for miljøeining innan ramma av Grøn stat og i 2008 vart systemet integrert med verksemda sitt HMS-system. I tråd med dette systemet vert det fastsett mål for HMS-arbeidet som òg inkluderer mål innan miljøområdet. Som ein del av systemet vert utfordringane kartlagde og identifiserte miljøtiltak vert førte inn ein spesifikk miljøhandlingsplan. Døme på tiltak i 2008:

- Det er utarbeidd sorteringsguidar for avfallshandtering til bruk i verksemda og departementa, i tillegg til at det er etablert ein eigen miljøstasjon der ulike avfallsfraksjonar vert sorterte.
- Ein del produkt og varer som skal avhendast vert òg gjenbrukte. Krava i regjeringa sin handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp er implementerte. Det vert stilt krav om miljøvennleg drift hos underleverandørar.
- Verksemda har eit eige hustrykkeri som er svanemerkt. Reinholdstenesta nyttar berre svanemerkte produkt. I produksjon av publikasjonar vert det nytta miljøvennleg papir.

### Målsetjingar

Ambisjonsnivå og satsingar innan miljøområdet er nedfelt i verksemda sin strategiske plan for perioden 2008–2010. Hovudprinsippet i strategien er at miljøatsingar skal innarbeidast i tenesteytinga og spesifikt vere ein del av tenesteområda Web, tryggleik, IKT og e-sakshandsaming. Fleire av tiltaka har effektiviseringsgevinstar i tillegg til miljøgevinstane. Døme på dette er:

- Tilbod om elektroniske støttesystem til departementsfellesskapet vil fremje elektronisk kommunikasjon og dermed redusere papirforbruket.
- Satsing på elektronisk publisering og rådgiving til departementa for å få ned prenteopplag og auke delen av elektronisk publisering.
- Bruk av elektroniske skjema i staden for papirbaserte blankettar.

- Omlegging til elektroniske tidsskrift i biblioteket.
- Ny abonnementsordning for elektroniske publikasjonar.
- Fokus på miljøaspektet (avhending, straumforbruk med meir) i samband med innkjøp av IKT-utstyr.

I samsvar med strategien har verksemda spesielt arbeidd med følgjande:

- Utgreiing av behovet for dokumentasjon innan miljøområdet (miljøstatistikk).
- Miljøhandlingsplan for 2009 og 2010.
- Vurdering om verksemda skal innføre ei ordning med miljøsertifisering.
- Førebu ei brukarundersøking innan miljøområdet for å få skaffe meir kunnskap om miljøutfordringane. I samband med undersøkinga er det planlagt å gjennomføre målretta informasjonskampanjar.
- Tiltak for å redusere papirforbruket i regjeringskvartalet; det gjeld spesielt omlegging av abonnementsordninga for offentlege publikasjonar.
- Utgreiing av om verksemda skal knyte seg til Grønt punkt ordninga for emballasjeretur.

Som intern tenesteleverandør for Statsministerens kontor og departementa arbeider verksemda for at tenesteproduksjonen i minst mogeleg grad skal ha negativ innverknad på miljøet, og at miljøarbeidet kan medverke til effektiv bruk av ressursar i all intern tenesteproduksjon.

### Aktuelle tiltak på kort og lang sikt

Verksemda vil vidareutvikle miljøretta arbeid. Miljøfokus er innarbeidd i strategisk plan for 2008–2010.

Grøn stat-satsinga vil halde fram mellom anna gjennom:

- Arbeide vidare med å ta i bruk miljøkriteria for innkjøp i samsvar med handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp.
- Vurdere korleis problemstillingar kring etisk handel skal implementerast i innkjøpsprosesser.
- Førebu gradvis innføring av ei ordning med miljøsertifisering av verksemda.
- Følgje opp miljøundersøkinga hausten 2009. Målet er å etablere eit kunnskapsgrunnlag for ei vidareutvikling av innsatsområda i Grøn stat, og å gi meir informasjon om gode miljøtiltak til brukarane.
- Samarbeide med Statsbygg for å gjennomføre tiltak for å sikre ein reduksjon av straumforbru-

ket både når det gjeld drift av eiga verksemd og blant brukarane av tenestene.

Som eit ledd i å styrkje miljøarbeidet på lang sikt skal verksemda arbeide med å vidareutvikle rolla som pådrivar overfor departementa. Mellom anna vil Servicesenteret for departementa bidra med informasjon til departementa om miljøleingsystem, i tillegg til at det etterkvart kan opprettast eit eige brukarforum for departementa på miljøområdet.

## Statsbygg

### *Viktige miljøutfordringar*

#### *Farlege stoff*

Bygg- og anleggsnæringa nyttar rundt 50 000 ulike produkt og 19 pst. av desse er klassifiserte som helse- og miljøskadelege. Styresmaktene har prioritert å redusere eller fase ut bruken av eit utval av desse stoffa.

#### *Energiforbruk*

Oppføring av nybygg er ein viktig årsak til auka energibruk i Noreg. Det er utfordringar knytte til utforming og tekniske løysingar for nye bygg, og til energieffektivisering av eksisterande bygningsmasse. Bruk av fossilt brennstoff som energikjelde for oppvarming i offentlege bygg har ein klimapåverknad.

#### *Material- og ressursforbruk*

Byggjenæringa bruker store mengder byggjematerialar og er årleg opphav til over 1,5 mill. tonn byggavfall, eller om lag 15 pst. av dei totale avfallsmengdene i Noreg. Byggavfallet er svært ulikt samansett, noko av dette har uheldig miljøpåverknad om det ikkje vert teke hand om på ein riktig måte. Det beste tiltaket for å redusere avfallsmengdene er å hindre at avfall oppstår. Det kan bli gjort gjennom betre planlegging og prosjektering, betre utføring av arbeid på byggjeplass, betre lagring og organisering av byggjevarer på byggjeplass, o.a.

Frå 1.1.2008 er det krav om minst 60 pst. kjelde-sortering ved nybygg og rehabilitering av eldre bygg. Statsbygg har hatt dette som eit internt mål i fleire år, og nådd det med til dels god margin. Kjeldesorteringsprosenten per 20.3.2009 var 71 pst. Dei tyngste avfallskomponentane er betong, tegl, tre og metall.

Store mengder materialar vert skifta ut etter kort tid som følgje av vass- og fuktskadar. Byggjekostnadsprogrammet har vurdert at fukt- og vass-

relaterte byggjeskadar årleg kostar 12-15 mrd. kroner. Byggjematerialar med rett kvalitet og innslag av resirkulerte materialar er viktige element for å få ned ressursbruken i byggjenæringa.

#### *Klimaendring*

Noreg skal redusere utslepp av klimagassar. Undersøkingar viser at bygg- og anleggsnæringa står for 13,5 pst. av klimapåverknaden i landet, under føresetnad av at ein ikkje reknar utslepp på bruk av elektrisk straum. Om lag 7 pst. av klimagassutsleppa i Noreg kjem frå produksjonen av byggjematerialar. Om lag 4 pst. av klimagassutsleppa kjem frå drift av bygg. Mange offentlege bygg nyttar olje som oppvarmingskjelde. Utbygging av fjernvarme og betre marknadsvilkår for bruk av varmpumper og biobrenselanlegg vil gjere det mogleg å redusere desse utsleppa. Heile 40 pst. av Noregs el-forbruk går til drift av bygningar.

Oppføring av nybygg er ei viktig årsak til auka energibruk i Noreg. Det er utfordringar knytte til utforming og tekniske løysingar for nye bygg, og til energieffektivisering av eksisterande bygningsmasse. Trass i stort fokus på energibruk i både offentlege og private bygg dei siste 20-30 åra, har utviklinga i hovudsak gått i retning av auka energibruk per kvadratmeter.

#### *Målsetjingar*

For perioden 2005–2009 har Statsbygg følgjande mål:

- Avgrense miljøbelastning ved val av produkt og materiale.
- Redusere miljøbelastninga som følgje av avfallsproduksjon og –handtering.
- Redusere energibehov og energibruk i bygg.
- Implementere eit miljøstyringssystem som er sertifisert etter NS-EN ISO 14001.

Statsbygg utarbeider miljømål for verksemda i eigne fireårige strategiar og arbeider no med ein ny strategi for 2010-2014.

#### *Resultat i 2008 i høve til fastsette mål*

Det er utarbeidd ein miljørekneskap for Statsbygg for 2008. Verksemda gjennomfører ei vurdering av dei oppnådde resultatata kvart år og tilpassar om det trengst tiltak, mål og styringssystem. Gjennomgangen viser at Statsbygg når dei delmål som er knytte til miljømål 2 og 4. Organisasjonen har ei utfordring i å nå dei delmål som støttar opp om miljømål 3. Statsbygg intensiverer derfor innsatsen sin her

mellom anna gjennom deltaking i Lågenergiprogrammet.

Statsbyggs miljømål skal evaluerast og reviderast i 2009. Evalueringa av miljømåla saman med Statsbygg sine egne analyser «Grunnlag for utvikling av miljøområdet 2007–2012» og «Klimautfordringene for Statsbygg», vil vere viktige innspel i arbeide med å utarbeide miljømål for neste periode.

#### *FoU-satsing*

Statsbygg si FOU-satsing var i 2008 på om lag 12 mill. kroner. Om lag 15 pst. av desse midlane var øyremerkt prosjekt som kan vere til hjelp for ei berekraftig utvikling innan byggje-, anleggs- og eigedomsnæringa.

- Innan miljøområdet har Statsbygg i 2008 prioritert klimautfordringa. Hovudsatsinga i 2008 var knytt til avslutning, vidareutvikling og bruk av resultatane frå vårt fleirårige FoU-prosjekt knytte til utviklinga av ein klimagassmodell.
- I tillegg vart FoU-prosjekt Statsbyggs klimastrategi, et kunnskapsgrunnlag gjennomført i 2008.

Ein sentral del av Statsbygg si FoU-verksemd óg i 2008 har vore BIM-satsinga (byggningsinformasjonsmodellar). BIM-teknologien vil endre og effektivisere samhandlinga i heile bygg-, anlegg- og eigedomsnæringa (BAE-næringa). I april 2008 passerte Statsbygg ein viktig milepæl ved å gå ut med si første oppdragsinnbyding der ein krev at rådgivarane nyttar BIM frå starten av.

#### *Kompetanseheving*

Statsbygg sine miljømål inneheld delmål knytte til kompetanseheving. Det er i 2008 gjennomført omfattande opplæringstiltak i organisasjonen for å auke kompetansen rundt alle tema i miljømåla.

#### *Avgrensing av miljøbelastning ved val av produkt og materiale*

- Statsbygg sine standardkontraktar set krav til å unngå bruk av farlege stoff som er oppførde på styresmaktene si obs-liste. Det skal rapporterast til Statsbygg dersom leverandørar ønskjer å nytte slike stoff.
- Statsbygg har innført forbod mot bruk av tropisk trevirke i bygg og på byggjeplassar for å redusere faren for bruk av trevirke frå regnskog.
- Slike miljøkrav er no óg innførte for «mindre prosjekt», dvs. investeringsprosjekt og vedlike-

haldsprosjekt med ei kostnadsramme under 10 mill. kroner.

#### *Redusere miljøbelastninga som følgje av avfallsproduksjon og -handtering*

- Det er utvikla egne prosjekteringsrettleiingar for riveoppdrag. Desse rettleiingane vert nytta i alle relevante prosjekt.
- Det er innført krav til kjeldesortering, avfallsmengder og kvartalsvise avfallsrekneskapar i alle byggjeprosjekta. Resultat frå 2008 viser at ein ligg godt an i høve til målsetjinga om 60 pst. kjeldesortering.

#### *Redusere energibehov og energibruk i bygg*

Statsbygg vedtok i 2007 å ta i bruk ny teknisk forskrift før overgangsperioden til juli 2009 var over. Det vart òg vedteke å bruke tiltaksmetoden i forskrifta som basis for energikrav. Det er innført krav om energimål for alle nye byggjeprosjekt. I snitt ligg måla for alle kategoriar bygg på 180 kwh/m<sup>2</sup>. Statsbygg har lagt desse krava til grunn i sin miljøhandlingsplan. Statsbygg har også eit resultatkrav for energibruk i heile eigedomsmassen, jf. omtalen under programkategori 01.80 Byggje- og eigedomspolitik. Energibruken skal vere maksimalt 210 kwh/m<sup>2</sup>. Energiforbruket var i 2008 om lag 206,4 kwh/m<sup>2</sup>, som er lågare enn resultatkravet.

#### *Aktuelle miljøtiltak på kort og lang sikt*

I 2010 er følgjande tiltak planlagde:

- Ytterlegare styrking av miljøkompetansen internt i organisasjonen, hos eksterne samarbeidspartnarar og leigetakarar. Miljøkompetanse i Statsbygg sin eigen organisasjon er viktig, men Statsbygg er òg avhengig av miljøkompetansen i bransjen og hos leverandørar. Utvikling av miljøkompetanse i bransjen er derfor eit fokusområde.
- Vidareutvikle og vedlikehalde miljøstyringssystemet.
- Medverke til berekraftig utvikling.
- Implementere nye miljømål for perioden 2010–2014.
- Vidareutvikle systematikk i høve til miljøvern ved innkjøp av varer og tenester i statlege bygg.
- Vidareutvikle miljøomsyn i kontraktutinar.

#### *Budsjett for miljøatsing*

Statsbygg si FOU-satsing var i 2008 på om lag 12 mill. kroner. Om lag 15 pst. av desse midlane var

øyremerkt prosjekt som kan vere til hjelp for ei berekraftig utvikling innan bygge-, anleggs- og eigedomsnæringa. Ut over dette vil miljøsatsingar på ulike område vere innarbeidde i dei ulike prosjekta Statsbygg arbeider med.

### 5.3 Grøn stat

#### Servicesenteret for departementa

Servicesenteret for departementa har i lang tid arbeidd med miljøspørsmål og for å leggje til rette for ein heilskap i miljøarbeidet vart arbeidet med Grøn stat og miljøleining i 2008 integrert med verksemda sitt HMS-system. Hovudelementa i arbeide med Grøn stat er knytte til områda avfall, transport, energi og innkjøp.

#### Avfall

Forbruket av papir i regjeringskvartalet er redusert frå 364 tonn i 2006, til 297 tonn i 2008. Årsaka til dette kan vere at dokument i større grad vert lesne elektronisk og at det i mindre grad vert teke papirutskrifter. I tillegg er det fleire publikasjonar som no vert lagra elektronisk og berre vert trykte opp dersom det er behov for det. Difor vert det mindre behov for å sende utgåtte publikasjonar frå lager til makulering.

Mengda restavfall er òg redusert dei siste åra, frå 161 tonn i 2006 til 145 tonn i 2008. Det er noko usikkert kva årsakene til dette er, men dette heng truleg saman med at det no vert resirkulert fleire fraksjonar enn tidlegare.

#### Transport

Eit bidrag til å redusere CO<sub>2</sub>-utslepp frå aktivitet knytt til regjeringskvartalet vil vere å redusere bruk av bil og flyreiser. Reiseverksemda kan redusere mellom anna ved auka bruk av videokonferansar. Dei felles videokonferansesystema har langt større kapasitet enn det som vert utnytta i dag. Det kan sjå ut som terskelen for å nytte slike system framleis er ganske høg i departementa. Servicesenteret for departementa arbeider med å vidareutvikle videokonferanseteknologien og redusere terskelen for bruk av utstyret.

#### Energiforbruk

Det samla straumforbruket i Regjeringskvartalet viser ein nedgang i perioden 2006–2008, frå 28 929 834 kWh til 25 857 577 kWh. Statsbygg har hovudansvaret for forvaltninga av straum og fjernvarme i regjeringskvartalet, men Servicesenteret

for departementa har, som største brukar, stor merksemd knytt til straumforbruk i samband med tenesteproduksjonen sin, i tillegg til at brukarar av tenestene medverkar til å halde forbruket nede.

#### Innkjøp

Servicesenteret for departementa har ei nøkkelrolle i å medverke til at miljøvennlege produkt vert valde, sidan verksemda har ansvar for avtalar som kan påverke forbruket i regjeringskvartalet. Det gjeld til dømes kopipapiravtale og møbelavtalar. Vidare har verksemda ei sentral rådgivingsrolle overfor departementa i samband med offentlege innkjøp.

#### Statsbygg

Statsbygg er miljøsertifisert etter miljøstandarden ISO 14001 og arbeider kontinuerleg med oppfølging av miljømåla, interne miljørevisjonar, kompetanseoppbygging og ikkje minst med vidareutvikling av prosedyrar, miljøkrav i kontraktar og rapporteringsmalar.

#### Direktoratet for forvaltning og IKT

Det offentlege skal føre an når det gjeld å etter spørje miljøvennlege varer og tenester. Direktoratet for forvaltning og IKT har ansvaret for å følgje opp ein treårig handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp frå Regjeringa. Regjeringa sin handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar sørgjer for at klima- og energitiltak vert prioriterte i statlege innkjøp. Handlingsplanen er utarbeidd av Miljøverndepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet, og Direktoratet for forvaltning og IKT har oppfølgingsansvaret.

Det er eit mål at forbruk og produksjon skal vere mest mogleg berekraftig. Offentleg sektor må gå føre og vise veg når dei handlar. Auka vekt på miljø, livsløpskostnader og positivt omdøme kan òg medverke til ein betre og meir økonomisk effektiv offentlig sektor.

Direktoratet for forvaltning og IKT sette i 2008 i gang eit prosjekt om miljøleining for å kartleggje og styre direktoratet sin direkte og indirekte påverknad på det ytre miljøet. Målet vart å sertifisere verksemda som Miljøfyrtårn i 2009. Ved å innføre miljøleining gjennom eit sertifisert system vil direktoratet òg få fagleg autoritet i arbeidet med å innføre miljøleining i andre offentlege verksemdar. Kriterium og bransjekrav for sertifisering av offentlege verksemdar er ikkje klare enno, så der-



for ventar verksemda med eiga innføring til desse krava ligg føre.

### Konkurransetilsynet

Arbeidet med miljøeiing og Grøn Stat i Konkurransetilsynet inngår som ein del av det ordinære arbeidet og utforming av resultatmål for tilsynet si verksemd. Hovudelementa i arbeide med miljøeiing er knytt til områda avfall, transport, energi og innkjøp.

#### Avfall

Avfallsmengda av papir frå tilsynets verksemd er beskjeden. Det er likevel gjennomført ein del tiltak på dette området. Konkurransetilsynet har for fullt teke i bruk elektroniske rutinar for inngåande post, fakturahandsaming og elektronisk reiserekningssystem. Dette medverkar òg til å redusere forbruket av papir. Tilsynet har mellom anna innført eit nytt system for å redusere omfanget av utskrifter og det er innført dobbeltsidig utskrift som standard ved all kopiering og utskrift. Dette tiltaket åleine vil redusere papirforbruket vesentleg i høve til dagens nivå.

#### Transport

Tilsynet har ei omfattande reiseverksemd, både innanlands og utanlands, og gode tiltak på dette området vil gi vesentlege miljøeffektar. Dei viktigaste tiltaka så langt har vore etablering av moglegheiter for videomøte mellom tilsynet sine kontor i Oslo og Bergen. Dette tiltaket vert vurdert som ein suksess og Konkurransetilsynet arbeider med å utvide bruken av videokonferansar òg i høve til eksterne aktørar.

#### Energiforbruk

Tilsynet sine kontorlokale er utstyrte med moderne løysingar for optimalisering av energibruk.

#### Innkjøp

Konkurransetilsynet har etablert eit innkjøpssamarbeid med Bergen kommune. Dette medfører at Tilsynet får tilgang på alle rammeavtalar som Bergen kommune inngår. Konkurransetilsynet har teke opp spørsmålet om miljøsertifisering og miljømerking i samband med innkjøp med Bergen kommune og dei ønskjer òg å leggje vekt på innkjøp som er miljøvennlige.

### Statens pensjonskasse

Statens pensjonskasse er ei rein kontorbasert verksemd, der aktiviteten i liten grad skaper miljømessig risiko. Statens pensjonskasse har likevel gjennomført fleire mindre tiltak på miljøside, spesielt knytte til avfallshandtering og energiøkonomisering:

- Det er etablert ordningar for forskriftsmessig gjenvinning av PC-ar og elektronisk materiell i tillegg til returpapir.
- Avfall som inneheld skadelege stoff (mellom anna PCB i lysrøyr) vert deponert på forskriftsmessig måte.
- Det vert kravd at innkjøp knytte til reinhald, papir o.a. skal vere miljømerkte.
- Det er etablert døgnstyring på energikrevjande system, som ventilasjon, oppvarming og PC-ar o.a.

Det er gjort justeringar av talet på lyspunkt, slik at straumforbruket vert lågare, mellom anna vert det ikkje nytta utvendig flombelysning

### Fylkesmennene

Alle fylkesmannsembete har innarbeidd system for miljøeiing anten som del av Grøn stat eller gjennom eigne ordningar for miljøsertifisering. I handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp heiter det at statlege verksemder med vesentlege miljøutslepp bør innføre tredjeparts sertifisert miljøeiingssystem og at andre verksemder skal ha enkle miljøeiingssystem. Det er viktig at embeta har eit godt omdømme i fylket og går føre også i miljø- og klimaarbeidet. Departementet bad difor Fylkesmennene i tildelingsbrevet for 2009 om å vurdere å innføre ei tredjeparts sertifisering tilpassa verksemda, til dømes Miljøfyrtårnet si ordning og fleire embete har alt innført dette.

På oppdrag frå Miljøverndepartementet skal fylkesmennene ta initiativ til å etablere innkjøpsnettverket rundt om i fylka. I samband med dette skal det mellom anna gis opplæring i bruk av dei nye kriteria for miljøomsyn i offentlege innkjøp.

## 5.4 Oppfølging av § 1a i likestillingslova

Nedanfor følgjer ein omtale av arbeidet med likestilling i staten, likestilling internt i departementet og likestilling i Fornyings- og administrasjonsdepartementets underliggjande etatar.

## Likestilling i staten

### Likestilling mellom kvinner og menn i det statlege tariffområdet

Fornyings- og administrasjonsdepartementet er overordna arbeidsgivar og tariffpart i det statlege tariffområdet. Departementet har som overordna statleg arbeidsgivar eit særleg ansvar for å leggje til rette for at den statlege personalpolitikken fører til likestilling mellom kjønna. Det at arbeidslivet legg til rette for at alle får høve til å utfalde seg, er ein viktig føresetnad for likestilling mellom kvinner og menn.

Likestillingstiltaka innan det statlege området har dei siste åra særleg vore retta mot å fremje

likelønn mellom kvinner og menn, og mot målet om 40 pst. representasjon av begge kjønn i leiande stillingar i staten.

### Likelønn i staten

Når det gjeld lønn og kjønn, syner tal frå Statens Sentrale Tenestemannsregister (SST) for perioden 1.10.2004 til 1.10.2008 at kvinner tilsette i staten har hatt ein høgare vekst enn menn i gjennomsnittleg inntening i månaden. I same periode har kvinnene auka sin del av utførte årsverk frå 44,2 pst. til 46,8 pst.

Tabell 5.1 Tal årsverk og gjennomsnittleg månadsforteneste per årsverk 1.10.2004–1.10.2008

	Tal årsverk		Endring 2004-08	Gjennomsnittleg mnd.forteneste per årsverk		Endring 2004-08
	1.10.04	1.10.08		1.10.04	1.10.08	
Alle	119 260	127 198	6,7%	28 494	34 927	22,6%
Kvinner	52 726	59 548	12,9%	26 743	33 102	23,8%
Menn	66 534	67 650	1,7%	29 882	36 533	22,3%

Det statlege tariffområdet er den sektoren som har minst skilnad i lønn mellom kvinner og menn. Nokre delar av andre sektorar har mindre skilnad, men her er kvinndelen av samla tal tilsette høgare. Rapport frå Statistikk og berekningsutvalet i staten 2009 syner at kvinner har ei gjennomsnittleg årslønn på 91,5 pst. av det menn har. Berekningane byggjer på heiltidstilsette/heiltidsekvivalentar.

I hovudtariffoppgjeret for 2008–2010 vart dei sentrale partane i staten einige om å leggje større tyngd på likelønnsutfordringane i samanheng med den lokale lønnsdanninga i tariffområdet. Dette vart gjort i samband med at Likelønnskommisjonen la fram sin rapport, NOU 2008:6 Kjønn og lønn. Fakta, analyser og verkemiddel for likelønn. Hovudtariffavtalen har mellom anna denne ordlyden: «den lokale lønnspolitikken utformes slik at likelønn, midlertidig ansatte og ansatte i permisjon skal ivaretas».

I samband med dei lokale forhandlingane skal kvinner ha ein større del av potten enn ei pro rata fordeling vil måtte gi. I forhandlingane bør det leggjast særleg vekt på å vurdere tilhøvet mellom innplassering av kvinner og menn i/og mellom stillingskodar ut frå tilsvarende kvalifikasjonar, oppgåver og ansvar. I tillegg skal arbeidstakarar som har permisjon med lønn, kome inn under forhandlingane, og skal vurderast med omsyn til lønn.

Arbeidstakarar som før verknadstidspunktet har teke til att i tenesta etter foreldrepermisjon utan lønn, jf. arbeidsmiljølova § 12-5, eller omsorgspermisjon utan lønn, jf. fellesføresegnene § 20 nr. 6, skal vurderast med omsyn til lønn.

Nytt i hovudtariffavtalen for perioden 2008–2010 er òg at verksemdene skal ta sjølvstendig ansvar med å rette opp forskjell i lønn som har samanheng med kjønn, slik at der dokumenterte lønnskilnader ikkje kan forklarast med anna enn kjønn, skal arbeidsgivaren i samråd med dei tilfittvalde rette opp lønnskilnadene i medhald av likestillingslova § 5.

I tariffoppgjeret i 2009 vart dei sentrale partane einige om å nedsetje ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utarbeide forslag til tiltak for å sikre likelønn i staten. Tiltaka skal gi grunnlag for eit likelønnsløft i tilknytning til hovudoppgjeret i 2010. Tiltaka skal òg tilpassast staten sitt særpreg og mellom anna byggje på likelønnskommisjonen sin rapport. Rapporten frå arbeidsgruppa skal leggjast fram innan 1.2.2010.

### Kvinner til leiarstillingar

I det statlege tariffområdet har kvinndelen samla sett vore aukande frå 2001 til 2008, frå 29 pst. i 2001 til 39 pst. ved utgangen av 2008. Det totale talet på

kvinner har hatt ein svak auke. Kjønnfordelinga i statleg sektor sett under eitt er tilfredstillande og utviklinga er positiv frå eit likestillingsperspektiv. Det har difor ikkje vore naudsynt å gjere noko for å auke delen av kvinner i statleg forvaltning generelt. Nokre statlege etatar kan likevel ha utfordringar i høve til ei god fordeling mellom kjønna, og tiltak må difor skje på kvar einskild arbeidsplass. Tilpassingsavtalen som gjeld i den einskilde verksemda skal innehalde regler om dette.

Ulike regjeringar har sett det som lite tilfredstillande at kvinnedelen i leiande stillingar i statleg

sektor har vore for låg. Det har sidan 2001 vore ein auke i kvinner i leiande stillingar i staten, og det vert arbeidd vidare for å auke prosentdelen. Ved utgangen av 2008 var 39 pst. av dei om lag 10 000 leiarane i staten kvinner. I toppleiarstillingane er kjønnfordelinga dårlegare. Av dei om lag 300 toppleiarane med leiarlønnskontrakt i staten, var 28 pst. kvinner ved utgangen av 2008. Innsatsen dei siste åra har derfor særleg vore retta mot å auke kvinnedelen i desse viktige stillingane.

Tabell 5.2 Prosentdelen kvinner og menn i alle leiarstillingar og toppleiarstillingar i statleg sektor 2005–2008

Leiargrupper	Kjønn	1.1.2005	1.1.2006	1.1.2007	1.1.2008
Alle leiarar i staten	Kvinner	36	37	38	39
	Menn	64	63	62	61
Toppelarar	Kvinner	25	27	27	28
	Menn	75	73	73	72

Kjelde: Statens sentrale tenestemannsregister

### Likestilling internt i Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Departementet tilstrevar likestilling gjennom rekrutterings- og lønnspolitikk, kompetanseutvikling, og i form av fleksibilitet og tilrettelegging av arbeidssituasjonen. Per 31.12.2008 var det 201 tilsette, 108 menn og 93 kvinner. I løpet av 2008 vart det tilsett 15 medarbeidarar i faste stillingar, av desse var 10 kvinner og 5 menn. Kjønnfordelinga innåt i dei ulike avdelingane varierer, og har eksempelvis ein prosentdel kvinner frå 23,1 pst. til 61,9 pst.

#### Kjønn fordelt på ulike stillingskategoriar

Departementet har ei overvekt av menn i leiarstillingar med personalansvar. I toppleiargruppa var det høvesvis 57 pst. menn og 43 pst. kvinner, medan det i mellomleiargruppa var høvesvis 75 pst. menn og 25 pst. kvinner per 31.12.2008. Det var likeeins ei overvekt av menn i gruppa av seniorrådgivarar, medan kjønnfordelinga i gruppa av rådgivarar var relativt jamn. Det var vidare ei klår overvekt av kvinner i dei lågaste stillingskategoriane.

### Lønn

Per 31.12.08 var gjennomsnittslønna for menn 8 lønnstrinn høgare enn gjennomsnittslønna for kvinner. Forskjellen i gjennomsnittslønn kan i hovudsak forklarast med ei overvekt av menn i dei øvste stillingskategoriane, og høgare gjennomsnittsalder for menn. Innåt i dei ulike stillingskategoriane der begge kjønn var representerte, hadde menn høgare gjennomsnittslønn i gruppa av avdelingsdirektørar, underdirektørar og seniorrådgivarar, medan kvinner hadde høgare gjennomsnittslønn i gruppa av rådgivarar, førstekonsulentar og konsulentar. Dei lokale lønnsforhandlingane etter HTA pkt. 2.3.3 medførte lønnsopprykk for 42 kvinner og 41 menn. Av dei totale lønnsmidlane i dei lokale lønnsforhandlingane gjekk 49 pst. til kvinner. Det var fleire menn enn kvinner som fekk lønnsopprykk etter HTA pkt. 2.3.4 i 2008.

#### Deltaking i prosjekt og arbeidsgrupper

Fleire tilsette i departementet deltek i ulike interne, interdepartementale, nasjonale og internasjonale prosjekt og arbeidsgrupper. Den samla oversikten for 2008 viser ei overvekt av menn i slike prosjekt og arbeidsgrupper.

### Overtid

Menn arbeide meir overtid enn kvinner i 2008, både med omsyn til tal på overtidstimar og tal på medarbeidarar som arbeide overtid.

### Deltid

Ved utgangen av 2008 arbeide høvesvis 20,4 pst. av kvinnene og 4,6 pst. av mennene deltid.

### Likestilling i politikkområda under Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Nedanfor følgjer ei nærmare orientering om arbeidet med likestilling i enkelte av departementets underliggjande etatar.

#### Datatilsynet/personvernområdet

Personvern handlar om å verne om den personlege integriteten og privatlivet til det einskilde menneske, uavhengig av kjønn. Oppdraget til Datatilsynet er såleis kjønnsnøytralt. Datatilsynet må likevel vere merksam på at det ikkje oppstår utilisikta kjønnsforskjellar mellom menn og kvinner når det gjeld arbeidet med å fremje personverninteressene.

#### Fylkesmannsembeta

Fylkesmannen arbeider innanfor ei rekkje fagområde som har stor relevans for kommunane sitt arbeid og i høve til tenesteyting til borgarane, til dømes innanfor miljø, jordbruk, utdanning, helse og på barne- og familieområdet. Fylkesmannen skal arbeide aktivt og målretta for å fremje likestilling og påverke kommunane til det same på alle politikkområda. Det vil òg i 2009 verte arbeidd med informasjonstiltak, mellom anna i form av kurs, for å betre innsatsen til Fylkesmannen etter kravet i likestillingslova om aktivitetsplikt.

Fylkesmannen skal stimulere til lokalt omstillings- og fornyingsarbeid og medverke til å skape ein kultur for omstilling i kommunane. Fylkesmennene sitt arbeid med omstilling og fornying må òg sjåast i samanheng med arbeidet knytt til likestilling.

Det må gjerast ei særskild vurdering innanfor dei spesifikke fagområda for å sjå om det trengst kjønns spesifikke tiltak. Dette er delegert til fylkesmennene.

### Statsbygg

Statsbygg er ein viktig bidragsytar innan statleg tenesteproduksjon og forvaltning, mellom anna gjennom rådgiving, byggherrearbeid, forvaltning av statleg eigedom, utviklingsprosjekt og arealplanlegging. Det er ei sentral utfordring å tilpasse eigedomsmassen til det brukarane til kvar tid treng, men ivaretaking av likestillingsomsyn er ikkje noka stor problemstilling. Det at eigedommar skal vere lagde til rette for begge kjønn, er sjølv sagt. Derimot rettar etaten no fokus mot ivaretaking av personar med nedsett funksjonsevne og universell utforming av dei bygga Statsbygg bygger og/eller forvaltar.

#### Statens pensjonskasse

Det er fleire aspekt knytte til kjønnsnøytralitet innanfor pensjon og forsikring. I hovudtrekk går det på to element; kostnader for arbeidsgivar og storleiken på ytinga for mottakar. For at ei ordning skal kunne kallast kjønnsnøytral må:

- dei faste ytingane vere like for begge kjønn
- arbeidsgivar betale lik premie uavhengig av kjønn.

Utfordringa ligg på risikoelementa. Kvinner lever lenger og har høgare risiko for å verte uføre. Dette fører til at krava til forsikringsmessig avsetning til alders- og uførepensjon er høgare for kvinner enn for menn. Når det gjeld etterlatnedekning er situasjonen motsett. Fordi kvinner lever lenger enn menn er kostnaden for etterlatnedekning for ein kvinneleg tilsett lågare enn for ein mannleg tilsett. Dette vert fanga opp forsikringsmessig gjennom bransjetariffen. Ut frå reelle erfaringsbaserte skilnader i risikoelementa mellom kvinner og menn, er det ein motsetnad mellom det å ha like faste ytingar for begge kjønn og det at arbeidsgivar skal betale lik premie uavhengig av kjønn. Skal premien vere lik må krava til dei forsikringsmessige avsetningane vere like. Kvinner vil i så fall få ei lågare fast yting, men over fleire år enn menn. Skal den faste ytinga vere lik, vert premien ulik.

Bruttoordninga i Statens Pensjonskasse er kjønnsnøytral for medlemene fordi den faste pensjonen er lik for kvinner og menn. Det same gjeld for netto ytingsbaserte pensjonar i marknaden elles. Når det gjeld kostnaden for arbeidsgivar er den ikkje kjønnsnøytral. For dei av Statens Pensjonskasse sine kundar som har fiktive fond vil den einskilde kunden kunne påverke premien gjennom å endre kjønnsfordelinga blant dei tilsette. Tilsvarende vil det vere for netto ytingsordningar i marknaden elles. For dei av Statens Pensjonskasse sine

kundar som er ein del av eit premiefellesskap, vil ikkje kvar kunde sjølv kunne påverke kostnaden for si verksemd direkte, men for fellesskapet. Kjønnsnøytraliteten ligg i synleggjeringa av tala og kunden sitt høve til å påverke/diskriminere på grunnlag av kjønn. Dei reelle underliggjande skil-

nadene i levealder og uføreuttak er gjeldande og vert tekne omsyn til, men på eit aggregert nivå.

Nedanfor blir storleikar viste frå Statens Pensjonskasse sin statistikk for 2008, fordelte på kjønn.

Pensjonsart	Brutto utbetalt %	Mengda pensjonar	Mengda pensjonar %
<i>Uførepensjon</i>			
Menn	8,2%	17 981	7,6%
Kvinner	12,9%	38 130	16,1%
<i>Enkje/enkjemannspensjon</i>			
Menn	0,7%	6 267	2,6%
Kvinner	13,5%	40 286	17,0%
<i>Annan pensjon</i>			
Menn	41,7%	71 459	30,1%
Kvinner	23,0%	63 024	26,6%
<i>Sum</i>			
Menn	50,6%	95 707	40,3%
Kvinner	49,4%	141 440	59,7%
<i>Totalt</i>	100,0%	237 147	100,0%

Annan pensjon består av alderspensjon, avtalefesta pensjon, spesiell førtidspensjon og barnepensjon.

EFTA-domstolen krev i ein dom av 30.10.2007 at enkjer og enkjemenn etter medlem i Statens Pensjonskasse vert likestilte. Bakgrunnen for saka er ei endring i lov om Statens Pensjonskasse frå

1.10.1976. Regjeringa er einig i dommen, og det vart 12.6.2009 vedteke ei endring i mellom anna lov om Statens Pensjonskasse for å sikre at enkjer og enkjemenn etter medlem i Statens Pensjonskasse blir likestilte. Endringa gjeld pensjonsrettar opp-  
tente etter 1.1.1994. Ikrafttredingstidspunkt for endringa vil bli fastsett seinare.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

tilrår:

1. I Prop. 1 S om statsbudsjettet for år 2010 vert dei summane førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter under kap. 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470	Kr	21 057 427 000
b. Sum inntekter under kap. 4510–4581, 5445–5446, 5470 og 5607	Kr	5 699 337 000

---

## Forslag til vedtak om løyving for budsjettåret 2010, kapitla 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470, 4510–4581, 5445–5446, 5470 og 5607

### I Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Det kongelege hus				
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga			
	01 Apanasje		9 031 000	
	50 Det kongelege hoff		142 509 000	151 540 000
2	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa			
	01 Apanasje		7 515 000	
	50 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa sin stab mv.		15 728 000	23 243 000
	Sum Det kongelege hus			174 783 000
Administrasjon mv.				
1500	Fornyings- og administrasjons- departementet			
	01 Driftsutgifter		149 489 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		65 067 000	
	22 Forsking, <i>kan overførast</i>		13 416 000	227 972 000
1503	Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde			
	70 Tilskot		126 707 000	126 707 000
	Sum Administrasjon mv.			354 679 000
Fylkesmannsembeta				
1510	Fylkesmannsembeta			
	01 Driftsutgifter		1 208 018 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		154 800 000	1 362 818 000
	Sum Fylkesmannsembeta			1 362 818 000
Fellestenester i regjeringskvartalet				
1520	Servisesenteret for departementa			
	01 Driftsutgifter		350 397 000	
	22 Fellesutgifter i regjeringskvartalet		81 818 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		43 871 000	476 086 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	Sum Fellestenester i regjeringskvartalet			476 086 000
		Partistøtte		
1530	Tilskot til dei politiske partia			
	01 Driftsutgifter		1 350 000	
	70 Tilskot til dei politiske partia sine sentrale organisasjonar		227 209 000	
	71 Tilskot til dei politiske partia sine kommunale organisasjonar		29 582 000	
	73 Tilskot til dei politiske partia sine fylkesorganisasjonar		64 612 000	
	75 Tilskot til dei politiske partia sine fylkesungdomsorganisasjonar		18 367 000	
	76 Tilskot til dei politiske partia sine sentrale ungdomsorganisasjonar		6 862 000	347 982 000
	Sum Partistøtte			347 982 000
		Pensjonar m.m.		
1541	Pensjonar av statskassa			
	01 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>		21 600 000	21 600 000
1542	Tilskot til Statens Pensjonskasse			
	01 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>		8 048 000 000	
	70 For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i>		90 000 000	8 138 000 000
1543	Arbeidsgivaravgift til folketrygda			
	01 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>		754 000 000	
	70 For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i>		8 000 000	762 000 000
1544	Bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse			
	01 Driftsutgifter		31 000 000	
	70 Tap/avskrivningar		2 000 000	
	90 Utlån, <i>overslagsløyving</i>		6 000 000 000	6 033 000 000
1546	Yrkesskedeforsikring			
	01 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>		92 000 000	92 000 000
1547	Gruppelivsforsikring			
	01 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>		131 000 000	131 000 000
2470	Statens Pensjonskasse			
	24 Driftsresultat			
	1 Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-447 090 000		
	2 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	371 326 000		
	3 Avskrivningar	69 674 000		



Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	4 Renter av staten sin kapital	14 649 000		
	5 Til investeringsformål	18 069 000	26 628 000	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>		285 943 000	312 571 000
	Sum Pensjonar m.m.			15 490 171 000
Konkurransopolitikk				
1550	Konkurransetilsynet			
	01 Driftsutgifter		80 934 000	
	23 Klagenemnda for offentlige anskaffelser		5 387 000	86 321 000
	Sum Konkurransopolitikk			86 321 000
Forvaltningsutvikling og IKT-politikk				
1560	Direktoratet for forvaltning og IKT			
	01 Driftsutgifter		157 714 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>		44 978 000	
	23 Elektronisk ID, <i>kan overføres</i>		60 960 000	263 652 000
1561	IKT-politikk			
	22 Samordning av IKT-politikken, <i>kan overføres</i>		16 022 000	
	70 Tilskot til standardisering (NorStella)		596 000	
	71 Tilskot til fri programvare (FriProg)		4 310 000	
	72 Tilskot til førebyggjande informasjonssikring (NorSIS)		6 310 000	27 238 000
1562	Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram			
	01 Driftsutgifter		4 027 000	
	70 Tilskot til internasjonale program, <i>kan overføres</i>		16 794 000	20 821 000
	Sum Forvaltningsutvikling og IKT-politikk			311 711 000
Personvern				
1570	Datatilsynet			
	01 Driftsutgifter		30 989 000	30 989 000
1571	Personvernnemnda			
	01 Driftsutgifter		1 683 000	1 683 000
	Sum Personvern			32 672 000
Byggje- og eigedomspolitikk				
1580	Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga			

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	84 000 000	
	33	Vidareføring av byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	773 000 000	
	36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i>	13 000 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	4 000 000	874 000 000
1581		Eigedomar til kongelege føremål		
	01	Driftsutgifter	22 429 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	20 908 000	43 337 000
1582		Utvikling av Fornebuområdet		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	500 000	
	30	Investeringar, Fornebu, <i>kan overførast</i>	10 500 000	11 000 000
2445		Statsbygg		
	24	Driftsresultat		
	1	Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-3 393 100 000	
	2	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	1 279 847 000	
	3	Avskrivningar	618 000 000	
	4	Renter av staten sin kapital	53 500 000	
	5	Til investeringsformål	916 545 000	
	6	Til reguleringsfondet	-23 248 000	-548 456 000
	30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	96 000 000	
	32	Igangsetjing av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>	48 000 000	
	33	Vidareføring av ordinære byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	908 800 000	
	34	Vidareføring av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>	787 523 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	100 000 000	
	49	Kjøp av eigedomar, <i>kan overførast</i>	100 000 000	1 491 867 000
		Sum Byggje- og eigedomspolitik		2 420 204 000
		Sum departementets utgifter		21 057 427 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Samlede inntekter				
4510	Fylkesmannsembeta			
	01	Inntekter ved oppdrag	154 760 000	154 760 000
4520	Servicesenteret for departementa			
	02	Ymse inntekter	19 974 000	
	03	Brukarbetaling for tilleggsyttingar frå departementa	65 860 000	
	07	Parkeringsinntekter	1 813 000	87 647 000
4544	Bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse			
	01	Gebyrinntekter, lån	18 000 000	
	90	Tilbakebetaling av lån	3 500 000 000	3 518 000 000
4546	Yrkesskadeforsikring			
	01	Premieinntekter	136 000 000	136 000 000
4547	Gruppelivsforsikring			
	01	Premieinntekter	98 000 000	98 000 000
4550	Konkurransetilsynet			
	02	Ymse inntekter	217 000	217 000
4560	Direktoratet for forvaltning og IKT			
	03	Diverse inntekter	9 268 000	
	04	Internasjonale oppdrag	3 096 000	12 364 000
4581	Eigedomar til kongelege føremål			
	01	Ymse inntekter	135 000	135 000
5445	Statsbygg			
	39	Avsetning til investeringsformål	916 545 000	916 545 000
5446	Sal av eigedom, Fornebu			
	40	Salsinntekter, Fornebu	23 600 000	23 600 000
5470	Statens Pensjonskasse			
	30	Avsetning til investeringsformål	18 069 000	18 069 000
5607	Renter av bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse			
	80	Renter	734 000 000	734 000 000
		Sum Samlede inntekter		5 699 337 000
		Sum departementets inntekter		5 699 337 000

## Fornyings- og administrasjonsdepartementets alminnelige fullmakter

### *Fullmakter til å overskride gitte løyvingar*

#### II

##### Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2010 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1510 post 21	kap. 4510 post 01
kap. 1520 post 01	kap. 4520 postane 02 og 03

#### III

##### Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2010 kan overskride løyvinga under kap. 2470 Statens Pensjonskasse, post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, med inntil 10 mill. kroner mot dekning i reguleringsfondet.

### *Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar*

#### IV

##### Fullmakt til å gjennomføre investeringsprosjektet PERFORM

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2010 kan gjennomføre PERFORM-prosjektet i Statens Pensjonskasse, inkludert å kunne forplikte staten innanfor ei samla kostnadsramme på 888 mill. kroner.

### *Andre fullmakter*

#### V

##### Fullmakt til nettobudsjettering

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2010 kan nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1510 Fylkesmannsembeta, post 21 Spesielle driftsutgifter, refusjonar av utgifter til felleslester der Fylkesmannen samordnar utgiftene.

#### VI

##### Fullmakt til regulering av inngåande balanse i bustadlâneordninga i Statens pensjonskasse

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet som ei overgangsordning ved omlegging til føring av opptente renter basert på kalenderåret for statlege utlån, kan regulere inngåande balanse i kapitalrekneskapen for utlån gjennom bustadlâneordninga i Statens Pensjonskasse pr. 1.1.2010 mot konto for forskyving i balansen, tilsvarende totale utlån til kundane basert på endra føringsprinsipp.

**Byggje- og eigedomsfullmakter***Fullmakter til å overskride gitte løyvingar*

## VII

## Fullmakter til overskriding

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2010 kan:

1. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30-49, med inntil 175 mill. kroner mot dekning i reguleringsfondet.
2. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30-49, med beløp som tilsvarear inntekter frå sal av eigedommar, og medrekne ubrukte inntekter frå sal av eigedom ved berekning av overført beløp.

## VIII

## Omdisponeringsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2010 kan omdisponere:

1. under kap. 1580 Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga, mellom postane 30-45.
2. under kap. 1581 Eigedommar til kongelege formål, frå post 01 til post 45.
3. under kap. 2445 Statsbygg, mellom postane 30-49.

*Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar*

## IX

## Fullmakt til å pådra staten forpliktingar knytte til investeringsprosjekt

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2010 kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for å gjennomføre dei byggjeprojekta og andre investeringsprosjekt som er omtalte under kap. 1580 Byggjeprojekt utanfor huseleigeordninga, kap. 1581 Eigedommar til kongelege formål, kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet og kap. 2445 Statsbygg i Prop. 1 S (2009–2010), innanfor dei kostnadsrammene som er oppgitte der.

## X

## Fullmakter i samband med kurantprosjektordninga

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2010 kan:

1. under kap. 2445 Statsbygg, post 32, Igangsetjing av kurantprosjekt, setje i gang byggjeprojekt utan at desse er omtalte med kostnadsramme overfor Stortinget, når leigetakaren har dei husleigemidlar som trengst innanfor gjeldande budsjettammer.
2. under kap. 2445 Statsbygg, post 32 Igangsetjing av kurantprosjekt og post 34 Vidareføring av kurantprosjekt, pådra staten forpliktingar utover budsjettåret innanfor ei samla ramme på 1 500 mill. kroner for gamle og nye forpliktingar i samband med gjennomføringa av byggjeprojekta.

*Andre fullmakter*

## XI

## Diverse fullmakter

Stortinget samtykkjer i at:

1. Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2010 kan:
  - a) godskrive det enkelte byggje- og eigedomsprosjektet med innbetalt dagmulkt, konvensjonalbot og erstatning for misleg-

halden entreprise, ved at innbetalinga blir postert i statsrekneskapa på vedkommande investeringspost som ein utgiftsreduksjon.

- b) godkjenne sal, makeskifte eller bortfeste av eigedom forvalta av Statsbygg eller av stat-

- lege verksemder som ikkje har eiga salsfullmakt, for inntil 500 mill. kroner totalt i budsjettåret.
- c) godkjenne kjøp av eigedom finansiert ved salsinntekter, innsparte midlar eller midlar frå reguleringsfondet for inntil 150 mill. kroner i kvart enkelt tilfelle, og for inntil 300 mill. kroner totalt, utover løyvinga på kap. 2445 Statsbygg, post 49 Kjøp av eigedom.
  - d) overdra statlege spesialskuleeigedommar til underpris eller vederlagsfritt til kommunar og fylkeskommunar, dersom ansvaret for skuledrifta blir overteke av kommunen eller fylkeskommunen.
  - e) gjere bortfeste, sal og makeskifte av eigedommar som trengst ved disponering av statens eigedommar på Fornebu for inntil 100 mill. kroner.
  - f) korrigere Statsbyggs balanse i dei tilfelle prosjekterings- og investeringsmidlar førte på kap. 2445 Statsbygg blir overførte til andre budsjettkapittel eller prosjekta ikkje blir realiserte.
  - g) avhende statleg fast eigedom til barnehageformål direkte til kommunar til marknadstakst.
2. Kongen i 2010 kan avhende statleg eigedom til lågare pris enn marknadspis der særlege omsyn tilseier det.
-

**Vedlegg 1****Tal på arbeidstakarar/årsverk i staten per 1.3.2009****Generelt**

Stortinget vedtok 19.6.1997 mellom anna å oppheve § 10 i løyvingreglementet som omhandlar stillingar som budsjettrettsleg omgrep. Vilkår i Innst.S. nr. 243 (1996–1997) frå Stortingets presidentskap er at det i tilknytning til det årlege løyvingframlegget vert gitt ei oversikt over talet på tilsette i statlege verksemder.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har utarbeidd ei oversikt på grunnlag av data i det sentrale tenestemannsregisteret for statleg tariffområde per 1.3.2009.

**Arbeidstakarar som vert lønte etter staten sitt lønnsregulativ**

Statens sentrale tenestemannsregister (SST) inneheld data for alle tilsette som vert lønte etter Lønnsregulativ for staten (statleg tariffområde), dvs. arbeidstakarar i anten faste eller mellombels (engasjerte) stillingar på heiltid eller deltid. Statsaksjeselskap, statsføretak og statlege verksemder

som er endra til stiftingar, er ikkje omfatta av dette registeret. Tilsette ved dei statlege grunn- og vidaregåande skulane og spesialpedagogiske kompetansesenter inngår i talmaterialet.

Tilsette i toppleiar- eller dommarstillingar er rapporterte til SST, men er berre med under punktet Samandrag.

Statistikken for statleg tariffområde omfattar i alt 140 080 regulativlønte arbeidstakarar per 1.3.2009. 83 pst. av desse er tilsette i heiltidsstillingar. 44 pst. av dei tilsette på heiltid er kvinner medan kvinndelen av alle tilsette utgjør 48 pst. Talet på årsverk er rekna ut frå rapportert stillingsstorleik og er 129 228. Kvinndelen av utførde årsverk er 47 pst.

**Samandrag – talet på tilsette i staten per 1.3.2009 målt i talet på personar og årsverk**

Alle som er haldne utanfor datagrunnlaget i dei to siste tabellane, er med i tabellen under.

	Tal	Årsverk
Faste og mellombels tilsette regulativlønte arbeidstakarar	140 080	129 228
Tilsette lønte etter overeinskomst, timelønte, tilsette permitterte med redusert lønn og tilsette som staten har arbeidsgivaransvaret for, men som ikkje får lønn over statsbudsjettet <sup>1</sup>	5409	2 180
Toppleiarar og dommarar på eigne kontraktar	854	846
Statlege arbeidstakarar i alt	146 343	132 254

<sup>1</sup> Årsverketallet er eit overslag

**Tabell 1.1 per 1.3.2009 viser tilsette etter kjønn, tenesteforhold, årsverk og etat/institusjon i tenestemannsregisteret. Talet på årsverk er utrekna på grunnlag av dellønnsprosent (stillingsdel) rapportert på den enkelte arbeidstakar**

Etat/virksomhet	Menn						Kvinner			
	Tilsatte	Årsverk	Av disse				I alt	Av disse		
			I alt	Heltids-tilsatte	Deltids-tilsatte	Årsverk		Heltids-tilsatte	Deltids-tilsatte	Årsverk
<i>I alt</i>	140 080	129 228	73 283	65 118	8 165	68 520	66 797	51 275	15 522	60 708
<i>Statsministerens kontor</i>	67	65	34	34	0	34	33	25	8	31
<i>Arbeids- og inkluderingsdepartementet (aid)</i>	292	282	99	97	2	99	193	156	37	183
Arbeidsretten	2	2	0	0	0	0	2	2	0	2
Direktoratet for arbeidstilsynet	559	537	253	242	11	248	306	259	47	289
Direktoratet for arbeidstilsynet	101	98	43	41	2	42	58	52	6	57
Arbeidstilsynets regionale administrasjon	458	439	210	201	9	206	248	207	41	232
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	206	199	66	65	1	66	140	122	18	134
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	148	145	45	45	0	45	103	93	10	100
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet indre østland	11	10	3	3	0	3	8	6	2	7
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet sør	10	10	4	4	0	4	6	5	1	6
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet vest	15	14	7	6	1	7	8	6	2	7
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet Midt-Norge	12	11	2	2	0	2	10	7	3	9
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet nord	10	10	5	5	0	5	5	5	0	5
Internasjonalt fag- og formidlingssenter for reindrift	7	5	4	2	2	3	3	2	1	3
Kompetansesenteret for urfolks rettigheter	4	4	1	1	0	1	3	3	0	3
Arbeids- og velferdsdirektoratet	287	279	109	103	6	106	178	151	27	173
NAV drift og utvikling	799	772	405	387	18	398	394	326	68	374
NAV forvaltning	238	221	86	77	9	83	152	113	39	138
NAV hjelpemiddelsentraler og spesialenheter	1 183	1 096	522	472	50	500	661	478	183	596
NAV klage og anke	142	135	37	27	10	33	105	93	12	102
NAV kontroll og innkreving	205	198	79	77	2	78	126	105	21	120
NAV pensjon	343	332	105	95	10	101	238	213	25	231
NAV servicetjenester	506	476	138	132	6	136	368	286	82	340
NAV Østfold	575	526	162	141	21	153	413	294	119	373
NAV Akershus	860	793	188	169	19	178	672	518	154	615



Etat/virksomhet	Menn						Kvinner			
	Tilsatte	Årsverk	Av disse				I alt	Av disse		
			I alt	Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte	Årsverk		I alt	Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte
NAV Oslo	1 125	1 069	335	320	15	329	790	648	142	740
NAV Hedmark	364	341	108	98	10	104	256	199	57	237
NAV Oppland	433	373	112	85	27	98	321	206	115	275
NAV Buskerud	558	506	118	96	22	105	440	328	112	401
NAV Vestfold	502	460	136	111	25	123	366	281	85	337
NAV Telemark	435	398	119	104	15	112	316	236	80	286
NAV Aust-Agder	308	269	92	74	18	82	216	150	66	187
NAV Vest-Agder	397	357	126	110	16	118	271	191	80	239
NAV Rogaland	718	670	169	160	9	166	549	416	133	505
NAV Hordaland	900	828	240	210	30	226	660	502	158	603
NAV Sogn og Fjordane	267	234	55	47	8	52	212	146	66	182
NAV Møre og Romsdal	513	464	130	114	16	122	383	282	101	342
NAV Sør-Trøndelag	609	560	179	152	27	165	430	334	96	395
NAV Nord-Trøndelag	331	297	103	87	16	94	228	167	61	202
NAV Nordland	630	571	193	166	27	179	437	327	110	392
NAV Troms	425	392	117	100	17	109	308	250	58	283
NAV Finnmark	274	253	73	67	6	70	201	164	37	183
NAV utland	184	173	51	50	1	51	133	101	32	123
Pensjonstrygden for sjømenn	39	37	17	15	2	16	22	20	2	21
Petroleumstilsynet	164	155	87	80	7	83	77	60	17	72
Riksmeklingsmannen	2	2	0	0	0	0	2	2	0	2
Sametinget	131	128	49	46	3	48	82	77	5	80
Sametinget Karasjøk	57	56	26	25	1	26	31	29	2	30
Sametinget Kautokeino	47	46	11	11	0	11	36	34	2	35
Sametinget Varangerbotn	7	7	2	1	1	2	5	5	0	5
Sametinget Tromsø	8	8	6	5	1	6	2	1	1	2
Sametinget Tysfjord	12	12	4	4	0	4	8	8	0	8
Statens arbeidsmiljøinstitutt	119	112	60	53	7	59	59	43	16	54
Trygderetten	69	65	29	29	0	29	40	31	9	36
Utlendingsdirektoratet	1 089	1 058	322	311	11	318	767	670	97	740
Utlendingsdirektoratet	1 021	993	305	294	11	301	716	625	91	691
Utlendingsdirektoratet region indre Øst	13	13	3	3	0	3	10	9	1	10
Utlendingsdirektoratet region Sør	11	11	2	2	0	2	9	9	0	9
Utlendingsdirektoratet region Vest	13	13	2	2	0	2	11	10	1	11
Utlendingsdirektoratet region Midt-Norge	12	12	4	4	0	4	8	7	1	8

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Etat/virksomhet	Menn						Kvinner			
	Tilsatte	Årsverk	Av disse			I alt	Av disse			
			Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte	Årsverk		Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte	Årsverk	
Utlendingsdirektoratet region Nord	19	18	6	6	0	6	13	10	3	12
Utlendingsnemnda	232	230	74	73	1	74	158	143	15	156
<i>Barne- og likestillingsdepartementet</i>	174	164	60	53	7	57	114	87	27	107
Barne- ungdoms- og familiedirektoratet	177	171	65	62	3	64	112	97	15	107
Barne- ungdoms- og familieetaten regionene	4 696	4 136	1 597	1 144	453	1 394	3 099	2 201	898	2 741
Barneombudet	13	12	2	2	0	2	11	8	3	10
Forbrukerombudet	31	30	16	15	1	16	15	13	2	15
Forbrukerrådet	136	124	55	45	10	51	81	56	25	72
Fylkesnemndene for sosiale saker	83	78	19	17	2	18	64	50	14	60
Likestillings- og diskrimineringsnemnda	2	1	1	0	1	0	1	1	0	1
Likestillings- og diskrimineringsombudet	47	45	13	13	0	13	34	27	7	32
Sekretariatet for markedsrådet og forbrukertvistutvalget	8	8	2	2	0	2	6	5	1	6
Statens institutt for forbruksforskning sifo	57	50	20	15	5	17	37	31	6	34
<i>Finansdepartementet</i>	298	289	168	162	6	166	130	100	30	123
Kredittilsynet	237	226	111	106	5	109	126	97	29	117
Oljeskattekontoret	36	36	21	21	0	21	15	14	1	15
Senter for statlig økonomistyring	349	340	136	129	7	135	213	185	28	205
Skattedirektoratet	236	231	125	119	6	123	111	96	15	107
Skatteetatens it- og servicepartnere	716	677	331	322	9	328	385	303	82	350
Skatteopplysningen	298	280	86	82	4	85	212	156	56	195
Skatt Øst	1 635	1 559	594	567	27	585	1 041	831	210	974
Skatt Midt-Norge	637	600	225	206	19	217	412	319	93	382
Skatt Sør	867	807	310	287	23	301	557	384	173	506
Skatt Vest	1 057	993	380	359	21	372	677	510	167	621
Skatt Nord	495	477	165	158	7	162	330	290	40	315
Statens innkrevingssentral	330	314	89	86	3	88	241	182	59	226
Statistisk sentralbyrå	1 023	957	475	435	40	455	548	403	145	502
Toll- og avgiftsetaten	1 823	1 763	941	915	26	932	882	721	161	831
Toll- og avgiftsdirektoratet	274	267	132	125	7	129	142	130	12	138
Tollregionene	1 549	1 496	809	790	19	803	740	591	149	693
<i>Fiskeri- og kystdepartementet</i>	113	110	50	47	3	49	63	54	9	61
Fiskeridirektoratet	477	443	261	244	17	254	216	153	63	189

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Etat/virksomhet	Tilsatte		Årsverk		Menn			Kvinner			
					I alt	Av disse		I alt	Av disse		
						Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte		Årsverk	Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte
Fiskeridirektoratet administrasjon	208	196	101	93	8	97	107	80	27	99	
Regionale enheter	269	247	160	151	9	157	109	73	36	90	
Havforskningsinstituttet	510	484	321	297	24	309	189	144	45	175	
Kystverket	1 033	996	871	839	32	857	162	118	44	139	
Kystdirektoratet	105	102	61	57	4	60	44	40	4	43	
Kystverkets distriktsadministrasjon	736	703	624	600	24	613	112	72	40	90	
NIFES, nasjonalt institutt for ernæring og sjømatforskning	142	133	52	45	7	48	90	70	20	85	
<i>Fornyings- og administrasjonsdepartementet</i>	168	161	93	89	4	92	75	54	21	69	
Datatilsynet	36	34	11	10	1	11	25	20	5	23	
Departementenes servicesenter	498	480	272	259	13	268	226	181	45	212	
Direktoratet for forvaltning og ikt	126	121	55	52	3	54	71	59	12	67	
Fylkesmannsembetene	2 324	2 184	961	839	122	908	1 363	1 101	262	1 275	
Konkurransetilsynet	93	90	48	45	3	47	45	40	5	43	
Statens pensjonskasse	343	336	143	139	4	141	200	186	14	196	
Statsbygg	797	770	526	493	33	515	271	214	57	255	
Statsbygg hovedkontor	339	327	161	150	11	159	178	142	36	168	
Regionadministrasjonen	105	102	55	51	4	54	50	45	5	48	
Drift av statseiendommer	353	342	310	292	18	303	43	27	16	39	
<i>Forsvarsdepartementet</i>	306	301	202	202	0	202	104	87	17	99	
Forsvaret forsvarets militære organisasjon fmo	15 765	15 286	13 234	12 723	511	12 864	2 531	2 273	258	2 422	
Forsvarets forskningsinstitutt	685	661	497	474	23	485	188	150	38	176	
Forsvarsbygg	1 386	1 323	791	765	26	780	595	464	131	543	
Nasjonal sikkerhetsmyndighet	133	131	100	96	4	99	33	26	7	32	
<i>Helse- og omsorgsdepartementet</i>	195	189	61	60	1	61	134	114	20	128	
Bioteknologinemnda	8	7	2	2	0	2	6	2	4	5	
Helsedirektoratet	573	541	186	170	16	178	387	310	77	363	
Helseøkonomiforvaltningen	568	512	114	92	22	102	454	331	123	410	
Klagenemnda for behandling i utlandet	1	1	0	0	0	0	1	0	1	1	
Nasjonalt folkehelseinstitutt	648	593	208	162	46	185	440	341	99	408	
Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten	147	130	57	43	14	48	90	76	14	82	
Norsk pasientskadeerstatning	118	114	33	30	3	31	85	77	8	83	
Pasientskadenemnda	29	27	11	8	3	10	18	17	1	17	

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Etat/virksomhet	Menn						Kvinner			
	Tilsatte	Årsverk	Av disse			I alt	Av disse			
			Heltids-tilsatte	Deltids-tilsatte	Årsverk		Heltids-tilsatte	Deltids-tilsatte	Årsverk	
Statens autorisasjonskontor for helsepersonell	33	32	7	7	0	7	26	23	3	25
Statens helsepersonellnemnd	5	4	0	0	0	0	5	4	1	4
Statens helsetilsyn	83	78	32	29	3	30	51	43	8	48
Statens institutt for rusmiddel-forskning	41	38	13	11	2	11	28	22	6	26
Statens legemiddelverk	227	214	67	60	7	64	160	124	36	150
Statens strålevern	106	102	53	48	5	52	53	48	5	51
<i>Justis- og politidepartementet</i>	313	302	118	115	3	117	195	159	36	186
Den militære påtale- og disipli-nærmyndighet	7	7	6	6	0	6	1	1	0	1
Den sivile påtalemyndighet	147	141	59	57	2	59	88	70	18	82
Direktoratet for nødkommuni-kasjon	47	46	33	32	1	33	14	13	1	14
Direktoratet for samfunns-sikkerhet og beredskap	616	581	369	348	21	360	247	185	62	221
Hovedkontoret	234	227	131	122	9	127	103	90	13	100
DSBS skoler	84	79	54	53	1	54	30	17	13	25
Regionale enheter	35	33	24	24	0	24	11	5	6	9
Sivilforsvarets hovedmaga-sin og sivilforsvarsleire	10	8	6	5	1	6	4	1	3	2
Sivilforsvarsdistriktene	253	235	154	144	10	149	99	72	27	86
Kommisjonen for gjenoppta-kelse av straffesaker	12	12	4	4	0	4	8	7	1	8
Konfliktrådene	68	65	20	20	0	20	48	38	10	45
Kontoret for voldsoffererstat-ning	24	21	8	7	1	8	16	10	6	13
Kriminalomsorgen KIA/KIF	3 636	3 466	2 112	1 996	116	2 066	1 524	1 182	342	1 400
Kriminalomsorgens it-tjeneste	37	36	21	20	1	21	16	14	2	16
Kriminalomsorgens utdan-ningssenter	513	509	258	251	7	255	255	252	3	254
Namsfogdkontor	162	155	48	43	5	45	114	100	14	110
Norges grensekommisær	4	4	2	2	0	2	2	2	0	2
Nye kripes	426	415	212	208	4	211	214	179	35	204
Politi- og lensmannsetaten	11 750	11 234	6 943	6 772	171	6 872	4 807	3 681	1 126	4 362
Østfold politidistrikt	546	520	319	315	4	317	227	168	59	203
Follo politidistrikt	319	298	158	150	8	154	161	113	48	144
Romerike politidistrikt	541	523	297	292	5	295	244	199	45	228
Asker og Bærum politidis-trikt	366	350	185	179	6	183	181	130	51	167
Oslo politidistrikt	2 424	2 368	1 490	1 450	40	1 476	934	800	134	892
Hedmark politidistrikt	396	376	228	220	8	225	168	133	35	152

Etat/virksomhet	Tilsatte		Årsverk		Menn			Kvinner			
					I alt	Av disse		I alt	Av disse		
						Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte		Årsverk	Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte
Gudbrandsdal politidistrikt	150	139	99	99	0	99	51	29	22	40	
Vestoppland politidistrikt	215	205	118	117	1	118	97	77	20	87	
Nordre Buskerud politidis- trikt	184	172	100	98	2	99	84	59	25	73	
Søndre Buskerud politidis- trikt	426	404	234	228	6	231	192	142	50	173	
Vestfold politidistrikt	480	457	274	270	4	272	206	148	58	184	
Telemark politidistrikt	430	412	269	259	10	264	161	129	32	148	
Agder politidistrikt	659	615	406	390	16	398	253	170	83	217	
Rogaland politidistrikt	630	604	381	374	7	378	249	177	72	226	
Haugaland og Sunnhord- land politidistrikt	262	247	148	148	0	148	114	83	31	99	
Hordaland politidistrikt	936	892	584	573	11	579	352	256	96	312	
Sogn og Fjordane politidis- trikt	200	186	115	114	1	115	85	54	31	71	
Sunnmøre politidistrikt	236	220	140	136	4	139	96	63	33	81	
Nordmøre og Romsdal politi- distrikt	254	242	147	144	3	146	107	82	25	96	
Sør-trøndelag politidistrikt	560	539	354	342	12	350	206	160	46	189	
Nord-trøndelag politidistrikt	310	292	184	177	7	181	126	92	34	111	
Helgeland politidistrikt	186	175	108	102	6	105	78	62	16	70	
Salten politidistrikt	187	177	102	98	4	100	85	63	22	77	
Midtre Hålogaland politidis- trikt	269	257	159	157	2	158	110	87	23	99	
Troms politidistrikt	299	291	178	175	3	177	121	104	17	114	
Vestfinnmark politidistrikt	124	120	70	69	1	70	54	48	6	51	
Østfinnmark politidistrikt	161	154	96	96	0	96	65	53	12	58	
Politidirektoratet	155	152	91	90	1	91	64	55	9	61	
Politiets data- og materielltje- neste	207	201	127	124	3	126	80	64	16	75	
Politiets utlendingsenhet	258	255	150	149	1	150	108	97	11	106	
Politiets høgskolen	252	244	126	119	7	123	126	108	18	121	
Redningstjenesten	43	43	32	32	0	32	11	11	0	11	
Hovedredningssentralen i Sør-Norge	24	24	19	19	0	19	5	5	0	5	
Hovedredningssentralen Nord-Norge	19	19	13	13	0	13	6	6	0	6	
Sikkerhet og beredskap	374	370	236	230	6	234	138	130	8	136	
Siviltjenesteadministrasjo- nen og forskolen for sivile vernepliktige	24	23	8	7	1	8	16	14	2	16	
Spesialenheten for politisaker	26	26	13	13	0	13	13	13	0	13	
Statens sivilrettsforvaltning	48	46	8	8	0	8	40	33	7	38	

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Etat/virksomhet	Menn						Kvinner			
	Tilsatte	Årsverk	Av disse			I alt	Av disse			
			I alt	Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte		Årsverk	I alt	Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte
Sysselmannen på Svalbard	31	30	17	16	1	17	14	12	2	13
Utrykningspolitiet	45	43	27	27	0	27	18	12	6	16
Økokrim (sentr. enhet for e.forskn. og påtale av øk.krim. og miljøkrim)	131	129	72	70	2	72	59	54	5	57
<i>Kommunal- og regionaldepartementet</i>	180	174	72	69	3	71	108	88	20	104
Husleietvistutvalget	6	6	1	1	0	1	5	3	2	5
Kompetansesenter for distriktsutvikling	10	10	5	5	0	5	5	5	0	5
Statens bygningstekniske etat	59	58	29	27	2	28	30	29	1	30
<i>Kultur- og kirkedepartementet</i>	153	147	56	51	5	55	97	75	22	92
Abm-utvikling	69	67	25	24	1	25	44	35	9	42
Arkeologisk museum, staverger	66	60	23	20	3	21	43	33	10	38
Arkivverket	247	227	115	109	6	112	132	91	41	115
Riksarkivet	124	116	67	65	2	66	57	38	19	50
Statsarkivet i Oslo	10	10	5	5	0	5	5	4	1	5
Statsarkivet i Hamar	15	14	5	5	0	5	10	6	4	9
Statsarkivet i Kongsberg	12	12	5	5	0	5	7	6	1	7
Statsarkivet i Kristiansand s	13	11	7	7	0	7	6	3	3	4
Statsarkivet i Stavanger	15	13	4	3	1	4	11	7	4	9
Statsarkivet i Bergen	23	21	8	8	0	8	15	10	5	13
Statsarkivet i Trondheim	23	20	8	5	3	7	15	12	3	13
Statsarkivet i Tromsø	9	9	4	4	0	4	5	5	0	5
Sami arkiiva/samisk arkiv	3	2	2	2	0	2	1	0	1	0
Bispedømmerådene og kirkerådet	268	229	115	96	19	105	153	90	63	124
Det praktisk-teologiske seminar	15	14	5	5	0	5	10	6	4	9
Forvaltningsorganet for opplysningsvesenets fond	49	47	26	26	0	26	23	17	6	21
Lotteri- og stiftelsestilsynet	61	58	27	25	2	26	34	26	8	33
Nasjonalbiblioteket	356	334	151	139	12	145	205	159	46	189
Nasjonalbiblioteket avd Rana	193	185	97	93	4	96	96	78	18	90
Nasjonalbiblioteket avd Oslo	163	149	54	46	8	50	109	81	28	99
Nidaros domkirkes restaureringsarbeider	60	51	31	29	2	30	29	17	12	21
Norsk filminstitutt	91	89	40	37	3	39	51	46	5	49
Norsk kulturråd	55	51	21	19	2	20	34	22	12	31
Norsk lokalhistorisk institutt	11	9	7	5	2	5	4	2	2	3
Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek	48	44	19	17	2	18	29	20	9	27

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Etat/virksomhet	Menn						Kvinner			
	Tilsatte	Årsverk	Av disse				I alt	Av disse		
			I alt	Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte	Årsverk		I alt	Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte
Norsk språkråd	32	28	15	12	3	14	17	12	5	15
Presteskapet	1 500	1 395	1 108	984	124	1 045	392	301	91	350
Rikskonsertene	70	66	34	26	8	32	36	32	4	34
Riksteatret	31	31	8	8	0	8	23	21	2	23
Statens medieforvaltning	48	48	21	21	0	21	27	26	1	27
Utsmykkingsfondet for off. bygg	13	13	3	3	0	3	10	10	0	10
<i>Kunnskapsdepartementet</i>	333	312	108	97	11	105	225	169	56	207
Arkitektur- og designhøgskolen	138	118	80	57	23	67	58	44	14	51
Foreldreutvalget for grunnsko- len FUG	8	7	1	1	0	1	7	5	2	6
Meteorologiske institutt	293	277	184	170	14	179	109	80	29	98
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen	55	52	24	22	2	23	31	25	6	29
Kunsthøgskolen i Bergen	110	80	59	28	31	41	51	26	25	39
Kunsthøgskolen i Oslo	225	172	108	61	47	84	117	61	56	88
Norges handelshøgskole	412	342	266	198	68	216	146	103	43	126
Norges idrettshøgskole	238	203	138	102	36	114	100	76	24	89
Norges musikkhøgskole	230	170	149	74	75	106	81	50	31	64
Norges veterinærhøgskole	473	444	178	162	16	170	295	240	55	274
Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring NOVA	108	95	44	38	6	41	64	46	18	54
Norsk utenrikspolitisk institutt NUPI	69	63	45	37	8	41	24	17	7	22
Senter for internasjonalisering av høyere utdanning	71	70	23	22	1	23	48	45	3	47
Statens lånekasse for utdanning	318	301	120	114	6	118	198	148	50	184
Statlige høgskoler	9 426	8 358	4 125	3 283	842	3 654	5 301	3 876	1 425	4 704
Statlige spesialpedagogiske kompetansesentre	890	800	241	203	38	222	649	475	174	578
Norges teknisk vitenskapelige universitet	6 169	4 671	3 732	2 355	1 377	2 710	2 437	1 519	918	1 961
Universitetet for miljø- og biovi- tenskap	1 069	941	579	452	127	504	490	359	131	436
Universitetet i Agder	997	866	483	385	98	423	514	336	178	443
Universitetet i Bergen	3 835	3 232	1 962	1 461	501	1 636	1 873	1 310	563	1 597
Universitetet i Oslo	7 013	5 879	3 615	2 655	960	2 942	3 398	2 544	854	2 937
Universitetet i Stavanger	1 109	965	551	428	123	468	558	419	139	496
Universitetet i Tromsø	2 845	2 393	1 419	1 038	381	1 172	1 426	1 036	390	1 220
Utdanningsdirektoratet	259	250	100	97	3	99	159	134	25	151
Grunnskolen, kombinerte barne- og ungdomsskoler	19	16	5	4	1	5	14	6	8	12

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Etat/virksomhet	Menn						Kvinner			
	Tilsatte	Årsverk	Av disse			I alt	Av disse			
			Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte	Årsverk		Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte	Årsverk	
Videregående skoler	140	116	54	40	14	47	86	42	44	69
Vox - nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	91	87	27	25	2	26	64	54	10	61
<i>Landbruks- og matdepartementet</i>	165	158	66	61	5	64	99	81	18	94
Bioforsk	425	384	227	176	51	205	198	142	56	179
Mattilsynet	1 412	1 302	544	474	70	516	868	630	238	786
Mattilsynet hovedkontoret	152	144	51	46	5	49	101	82	19	95
Mattilsynet regionene	1 260	1 158	493	428	65	468	767	548	219	691
Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning	67	57	43	31	12	36	24	16	8	21
Norsk institutt for skog og landskap	219	205	136	108	28	128	83	61	22	77
Reindriftsforvaltningen	57	55	31	28	3	30	26	23	3	25
Statens landbruksforvaltning	196	190	86	82	4	85	110	84	26	105
Veterinærinstituttet	363	342	116	106	10	112	247	201	46	230
Veterinærinstituttets distriktsadm.	89	83	27	24	3	26	62	47	15	57
<i>Miljøverndepartementet</i>	248	237	105	96	9	103	143	113	30	134
Direktoratet for naturforvaltning	253	247	153	147	6	152	100	75	25	95
Norsks kulturminnefond	7	7	3	3	0	3	4	4	0	4
Norsk polarinstitutt	144	138	88	82	6	85	56	51	5	54
Norsk polarinstitutt	122	116	73	67	6	70	49	44	5	47
Norsk polarinstituttets reg. enheter	22	22	15	15	0	15	7	7	0	7
Riksantikvaren	146	140	57	52	5	55	89	73	16	85
Statens forurensningstilsyn	299	287	113	102	11	110	186	147	39	177
Statens kartverk	773	730	366	330	36	354	407	294	113	376
<i>Nærings- og handelsdepartementet</i>	198	192	91	88	3	90	107	88	19	101
Bergvesenet med bergmesteren for Svalbard	16	16	10	9	1	10	6	6	0	6
Brønnøysundregistrene	519	497	210	203	7	207	309	246	63	291
Garanti-instituttet for eksportkreditt	41	39	22	22	0	22	19	14	5	17
Justervesenet	81	79	57	54	3	56	24	22	2	23
Justervesenet	43	42	23	21	2	22	20	19	1	20
Justerkamrene	38	37	34	33	1	34	4	3	1	4
Norges geologiske undersøkelser	215	207	140	131	9	137	75	57	18	70
Norsk akkreditering	21	21	9	9	0	9	12	11	1	12
Norsk romsenter	29	27	22	18	4	20	7	7	0	7



Etat/virksomhet	Menn						Kvinner			
	Tilsatte	Årsverk	Av disse				I alt	Av disse		
			I alt	Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte	Årsverk		I alt	Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte
Sjøfartsdirektoratet	299	292	198	194	4	196	101	88	13	96
Sjøfartsdirektoratet	193	191	117	115	2	116	76	71	5	75
Sjøfartsdirektoratet distrik- tene	106	101	81	79	2	80	25	17	8	22
Skipsregistrene	18	18	5	5	0	5	13	13	0	13
Styret for det industrielle retts- vern	263	254	92	86	6	90	171	135	36	163
<i>Olje- og energidepartementet</i>	143	140	70	69	1	70	73	61	12	70
Norges vassdrags- og energidi- rektorat	467	454	298	285	13	293	169	143	26	161
Norges vassdrags- og energi- direktorat	338	327	198	188	10	194	140	116	24	133
Regionkontorene	96	95	67	65	2	66	29	27	2	29
Anleggsmenheter	33	32	33	32	1	32	0	0	0	0
Oljedirektoratet	212	205	119	115	4	117	93	72	21	88
<i>Samferdselsdepartementet</i>	140	137	74	67	7	73	66	56	10	64
Havarikommisjonen for sivil luftfart og jernbane (hslb)	35	34	23	21	2	22	12	10	2	12
Jernbaneverket	3 061	3 001	2 513	2 431	82	2 481	548	459	89	521
Jernbaneverket	278	270	132	128	4	131	146	125	21	140
Jernbaneverket infrastruktur	1 685	1 655	1 573	1 523	50	1 551	112	97	15	104
Jernbaneverket trafikk	725	715	543	535	8	541	182	151	31	174
Bane energi	51	51	43	43	0	43	8	8	0	8
Jernbaneverket infrastruktur utbygging konsulenttjenes- ter	303	293	210	193	17	205	93	73	20	88
Jernbaneverket norsk jern- banemuseum	19	17	12	9	3	11	7	5	2	6
Luftfartstilsynet	169	164	111	106	5	109	58	49	9	55
Post- og teletilsynet	150	148	100	97	3	99	50	47	3	49
Post- og teletilsynet	131	130	81	79	2	80	50	47	3	49
Postog teletilsynet region- kontorene	19	19	19	18	1	19	0	0	0	0
Statens jernbanetilsyn	35	35	15	15	0	15	20	19	1	20
Vegvesenet	5 052	4 862	3 174	2 991	183	3 110	1 878	1 467	411	1 751
Vegdirektoratet	513	498	292	271	21	286	221	190	31	212
Region 1 Øst	1 359	1 313	865	814	51	847	494	399	95	466
Region 2 Sør	915	878	590	561	29	580	325	223	102	298
Region 3 Vest	912	878	581	545	36	569	331	255	76	308
Region 4 Midt-Norge	715	678	446	416	30	434	269	193	76	244
Region 5 Nord	638	617	400	384	16	393	238	207	31	224

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Etat/virksomhet	Menn						Kvinner			
	Tilsatte	Årsverk	Av disse			I alt	Av disse			
			Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte	Årsverk		Heltids- tilsatte	Deltids- tilsatte	Årsverk	
<i>Utenriksdepartementet</i>	787	772	335	326	9	333	452	408	44	439
Utenriktjenesten	643	642	335	334	1	335	308	303	5	307
Det norske fredskorpset, sekretariatet	32	31	14	14	0	14	18	15	3	17
Direktoratet for utviklingssamarbeid – NORAD	240	234	98	92	6	96	142	130	12	138
Regjeringsadvokatembetet	53	51	25	24	1	25	28	20	8	26
Domstoladministrasjonen	73	72	29	27	2	28	44	42	2	44
Høyesterett	42	41	15	15	0	15	27	22	5	26
Jordskifteoverrettene	12	12	6	6	0	6	6	3	3	6
Jordskifterettene	253	241	175	161	14	170	78	58	20	71
Lagmannsrettene	124	117	14	14	0	14	110	88	22	103
Tingrettene	959	880	169	159	10	164	790	585	205	717
Den norske stats husbank	349	336	138	129	9	136	211	177	34	200
Riksrevisjonen	507	491	225	209	16	220	282	239	43	271

**Tabell 1.2 viser tilsette etter tenesteforhold, kjønn, fylke og kommune. I denne tabellen er talet på sysselsatte per 4. kvartal 2008, medan talet på statlege arbeidstakarar er registrert per 1.3.2009.**

Fylke/kommune	Sysse- sette	Tjeneste- menn	Tjeneste- menn i pst. av sysselsette	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
<i>Hele landet</i>	2 525 000	140 080	5,55 %	116 393	51 275	65 118	23 687	15 522	8 165
<i>01 Østfold</i>	119 253	3 698	3,10 %	3 005	1 450	1 555	693	547	146
0101 Halden	12 554	690	5,50 %	566	239	327	124	87	37
0104 Moss	15 155	665	4,39 %	542	262	280	123	96	27
0105 Sarpsborg	23 626	987	4,18 %	798	382	416	189	144	45
0106 Fredrikstad	35 232	856	2,43 %	696	392	304	160	136	24
0111 Hvaler	1 202	36	3,00 %	30	3	27	6	6	0
0118 Aremark	377	8	2,12 %	5	0	5	3	2	1
0119 Marker	1 306	54	4,13 %	46	14	32	8	8	0
0121 Rømskog	232	1	0,43 %	1	1	0	0	0	0
0122 Trøgstad	1 499	51	3,40 %	44	10	34	7	6	1
0123 Spydeberg	2 091	13	0,62 %	9	4	5	4	4	0
0124 Askim	6 026	121	2,01 %	96	55	41	25	24	1
0125 Eidsberg	5 150	75	1,46 %	64	28	36	11	8	3
0127 Skiptvet	957	37	3,87 %	22	15	7	15	9	6
0128 Rakkestad	3 336	20	0,60 %	15	6	9	5	5	0
0135 Råde	2 510	13	0,52 %	11	6	5	2	2	0
0136 Rygge	5 684	22	0,39 %	21	10	11	1	1	0
0137 Våler	1 231	37	3,01 %	28	16	12	9	8	1
0138 Hobøl	1 085	12	1,11 %	11	7	4	1	1	0
<i>02 Akershus</i>	244 925	6 893	2,81 %	5 688	2 683	3 005	1 205	841	364
0211 Vestby	5 405	97	1,79 %	64	48	16	33	20	13
0213 Ski	13 238	417	3,15 %	345	171	174	72	64	8
0214 Ås	7 568	1 589	21,00 %	1 229	565	664	360	188	172
0215 Frogn	4 365	55	1,26 %	50	32	18	5	4	1
0216 Nesodden	4 316	39	0,90 %	30	22	8	9	8	1
0217 Oppegård	9 461	48	0,51 %	40	24	16	8	6	2
0219 Bærum	69 169	1 156	1,67 %	978	469	509	178	134	44
0220 Asker	25 452	228	0,90 %	166	87	79	62	47	15
0221 Aurskog-Høland	4 804	68	1,42 %	48	30	18	20	17	3
0226 Sørums	4 094	30	0,73 %	24	14	10	6	6	0
0227 Fet	2 458	30	1,22 %	27	15	12	3	3	0
0228 Rælingen	2 586	21	0,81 %	14	12	2	7	5	2
0229 Enebakk	2 586	22	0,85 %	15	6	9	7	6	1
0230 Lørenskog	16 725	83	0,50 %	73	41	32	10	9	1
0231 Skedsmo	26 025	2 072	7,96 %	1 796	777	1 019	276	214	62
0233 Nittedal	7 632	35	0,46 %	33	22	11	2	2	0

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Fylke/kommune	Syssel- sette	Tjeneste- menn	Tjeneste- menn i pst. av sysselsette	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
0234 Gjerdrum	1 422	5	0,35 %	2	1	1	3	3	0
0235 Ullensaker	21 980	628	2,86 %	550	239	311	78	49	29
0236 Nes	5 453	49	0,90 %	38	20	18	11	6	5
0237 Eidsvoll	6 663	161	2,42 %	126	66	60	35	33	2
0238 Nannestad	2 584	53	2,05 %	37	20	17	16	13	3
0239 Hurdal	939	7	0,75 %	3	2	1	4	4	0
<i>0301 Oslo kommune</i>	427 902	39 710	9,28 %	33 758	17 209	16 549	5 952	3 970	1 982
<i>04 Hedmark</i>	86 773	3 684	4,25 %	2 998	1 407	1 591	686	525	161
0402 Kongsvinger	8 948	785	8,77 %	625	271	354	160	143	17
0403 Hamar	18 931	1 605	8,48 %	1 336	618	718	269	193	76
0412 Ringsaker	13 957	222	1,59 %	178	101	77	44	36	8
0415 Løten	1 754	15	0,86 %	14	10	4	1	1	0
0417 Stange	6 636	109	1,64 %	89	36	53	20	11	9
0418 Nord-Odal	1 619	45	2,78 %	40	17	23	5	5	0
0419 Sør-Odal	2 461	16	0,65 %	14	8	6	2	2	0
0420 Eidskog	1 935	17	0,88 %	13	3	10	4	4	0
0423 Grue	2 055	51	2,48 %	38	25	13	13	9	4
0425 Åsnes	3 059	36	1,18 %	27	8	19	9	7	2
0426 Våler	1 579	18	1,14 %	13	5	8	5	4	1
0427 Elverum	9 983	455	4,56 %	365	194	171	90	70	20
0428 Trysil	2 942	31	1,05 %	26	12	14	5	3	2
0429 Åmot	1 735	93	5,36 %	69	34	35	24	12	12
0430 Stor-Elvdal	1 124	56	4,98 %	43	14	29	13	7	6
0432 Rendalen	808	7	0,87 %	7	2	5	0	0	0
0434 Engerdal	637	19	2,98 %	15	9	6	4	4	0
0436 Tolga	613	6	0,98 %	6	4	2	0	0	0
0437 Tynset	3 343	85	2,54 %	67	29	38	18	14	4
0438 Alvdal	1 171	7	0,60 %	7	4	3	0	0	0
0439 Folldal	708	3	0,42 %	3	1	2	0	0	0
0441 Os	775	3	0,39 %	3	2	1	0	0	0
<i>05 Oppland</i>	88 111	2 899	3,29 %	2 267	1 019	1 248	632	445	187
0501 Lillehammer	16 024	1 181	7,37 %	934	420	514	247	171	76
0502 Gjøvik	16 047	889	5,54 %	689	333	356	200	134	66
0511 Dovre	1 424	25	1,76 %	23	6	17	2	0	2
0512 Lesja	943	15	1,59 %	12	4	8	3	3	0
0513 Skjåk	1 065	8	0,75 %	5	1	4	3	3	0
0514 Lom	1 213	13	1,07 %	10	4	6	3	3	0
0515 Vågå	1 550	26	1,68 %	21	10	11	5	5	0
0516 Nord-Fron	2 776	28	1,01 %	25	8	17	3	3	0

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Fylke/kommune	Sysse- sette	Tjeneste- menn	Tjeneste- menn i pst. av sysse- sette	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
0517 Sel	3 053	89	2,92 %	77	27	50	12	5	7
0519 Sør-Fron	1 144	5	0,44 %	5	3	2	0	0	0
0520 Ringebu	2 425	19	0,78 %	15	3	12	4	3	1
0521 Øyer	1 995	13	0,65 %	12	5	7	1	1	0
0522 Gausdal	2 403	21	0,87 %	10	4	6	11	9	2
0528 Østre Toten	5 096	106	2,08 %	84	32	52	22	11	11
0529 Vestre Toten	6 643	75	1,13 %	53	29	24	22	19	3
0532 Jevnaker	2 218	20	0,90 %	15	11	4	5	4	1
0533 Lunner	2 084	29	1,39 %	23	6	17	6	5	1
0534 Gran	5 996	160	2,67 %	120	54	66	40	30	10
0536 Søndre Land	1 907	20	1,05 %	14	5	9	6	6	0
0538 Nordre Land	2 933	19	0,65 %	15	6	9	4	4	0
0540 Sør-Aurdal	1 375	10	0,73 %	8	3	5	2	2	0
0541 Etnedal	551	5	0,91 %	5	3	2	0	0	0
0542 Nord-Aurdal	4 127	72	1,74 %	52	29	23	20	16	4
0543 Vestre Slidre	963	24	2,49 %	20	8	12	4	4	0
0544 Øystre Slidre	1 408	20	1,42 %	15	5	10	5	2	3
0545 Vang	748	7	0,94 %	5	0	5	2	2	0
<i>06 Buskerud</i>	122 544	3 842	3,14 %	3 161	1 564	1 597	681	522	159
0602 Drammen	35 902	1 699	4,73 %	1 424	740	684	275	214	61
0604 Kongsberg	15 810	334	2,11 %	272	138	134	62	46	16
0605 Ringerike	14 528	1 021	7,03 %	835	395	440	186	134	52
0612 Hole	1 857	18	0,97 %	14	4	10	4	1	3
0615 Flå	408	4	0,98 %	1	0	1	3	2	1
0616 Nes (Busk.)	1 576	22	1,40 %	15	5	10	7	6	1
0617 Gøll	2 927	70	2,39 %	54	21	33	16	13	3
0618 Hemsedal	1 081	1	0,09 %	0	0	0	1	1	0
0619 Ål	2 417	47	1,94 %	41	4	37	6	5	1
0620 Hol	2 475	21	0,85 %	19	9	10	2	2	0
0621 Sigdal	1 575	7	0,44 %	6	4	2	1	1	0
0622 Krødsherad	1 003	8	0,80 %	6	1	5	2	2	0
0623 Modum	5 403	101	1,87 %	86	46	40	15	10	5
0624 Øvre Eiker	5 708	246	4,31 %	187	97	90	59	50	9
0625 Nedre Eiker	6 911	54	0,78 %	42	22	20	12	12	0
0626 Lier	12 240	97	0,79 %	87	42	45	10	6	4
0627 Røyken	5 138	44	0,86 %	32	17	15	12	9	3
0628 Hurum	2 764	26	0,94 %	23	12	11	3	3	0
0631 Flesberg	853	7	0,82 %	5	2	3	2	2	0
0632 Rollag	671	8	1,19 %	5	2	3	3	3	0
0633 Nore og Uvdal	1 297	7	0,54 %	7	3	4	0	0	0

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Fylke/kommune	Syssel- sette	Tjeneste- menn	Tjeneste- menn i pst. av sysselsette	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
<i>07 Vestfold</i>	105 329	3 801	3,61 %	3 064	1 496	1 568	737	576	161
0701 Horten	10 810	721	6,67 %	566	207	359	155	114	41
0702 Holmestrand	4 189	138	3,29 %	83	53	30	55	50	5
0704 Tønsberg	27 543	1 897	6,89 %	1 559	821	738	338	261	77
0706 Sandefjord	21 553	374	1,74 %	308	143	165	66	51	15
0709 Larvik	18 527	334	1,80 %	282	152	130	52	42	10
0711 Svelvik	1 644	19	1,16 %	16	9	7	3	3	0
0713 Sande	2 087	23	1,10 %	13	8	5	10	7	3
0714 Hof	923	52	5,63 %	42	9	33	10	8	2
0716 Re	2 920	19	0,65 %	17	9	8	2	1	1
0719 Andebu	1 905	9	0,47 %	5	0	5	4	4	0
0720 Stokke	5 253	114	2,17 %	86	53	33	28	22	6
0722 Nøtterøy	5 884	26	0,44 %	22	13	9	4	4	0
0723 Tjøme	1 273	43	3,38 %	37	3	34	6	6	0
0728 Lardal	818	32	3,91 %	28	16	12	4	3	1
<i>08 Telemark</i>	78 378	2 692	3,43 %	2 129	966	1 163	563	403	160
0805 Porsgrunn	19 105	430	2,25 %	349	153	196	81	62	19
0806 Skien	25 104	1 292	5,15 %	1 043	497	546	249	176	73
0807 Notodden	5 608	321	5,72 %	247	122	125	74	56	18
0811 Siljan	523	7	1,34 %	5	0	5	2	2	0
0814 Bamble	5 308	59	1,11 %	52	24	28	7	7	0
0815 Kragerø	4 761	84	1,76 %	74	27	47	10	9	1
0817 Drangedal	1 232	20	1,62 %	19	6	13	1	1	0
0819 Nome	2 399	25	1,04 %	21	10	11	4	4	0
0821 Bø	2 580	218	8,45 %	158	62	96	60	35	25
0822 Sauherad	1 511	34	2,25 %	33	10	23	1	1	0
0826 Tinn	2 931	36	1,23 %	27	12	15	9	6	3
0827 Hjartdal	607	8	1,32 %	6	5	1	2	2	0
0828 Seljord	1 618	25	1,55 %	19	9	10	6	6	0
0829 Kviteseid	1 126	18	1,60 %	15	4	11	3	2	1
0830 Nissedal	604	7	1,16 %	4	2	2	3	3	0
0831 Fyresdal	597	23	3,85 %	17	5	12	6	3	3
0833 Tokke	1 053	18	1,71 %	9	5	4	9	7	2
0834 Vinje	1 711	67	3,92 %	31	13	18	36	21	15
<i>09 Aust-Agder</i>	48 074	1 755	3,65 %	1 451	590	861	304	235	69
0901 Risør	2 796	43	1,54 %	31	17	14	12	9	3
0904 Grimstad	8 362	433	5,18 %	366	123	243	67	49	18
0906 Arendal	21 586	906	4,20 %	753	333	420	153	122	31
0911 Gjerstad	925	12	1,30 %	9	4	5	3	2	1
0912 Vegårshei	676	8	1,18 %	6	2	4	2	2	0

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Fylke/kommune	Sysse- sette	Tjeneste- menn	Tjeneste- menn i pst. av sysse- sette	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
0914 Tvedestrand	2 525	72	2,85 %	54	27	27	18	11	7
0919 Froland	1 285	15	1,17 %	8	0	8	7	5	2
0926 Lillesand	3 791	165	4,35 %	149	61	88	16	13	3
0928 Birkenes	1 628	17	1,04 %	13	6	7	4	4	0
0929 Åmli	797	22	2,76 %	15	1	14	7	4	3
0935 Iveland	361	2	0,55 %	1	0	1	1	1	0
0937 Evje og Hornnes	1 563	38	2,43 %	27	10	17	11	10	1
0938 Bygland	560	7	1,25 %	7	1	6	0	0	0
0940 Valle	643	13	2,02 %	10	5	5	3	3	0
0941 Bykle	576	2	0,35 %	2	0	2	0	0	0
<i>10 Vest-Agder</i>	86 184	2 973	3,45 %	2 332	1 015	1 317	641	471	170
1001 Kristiansand	50 162	2 503	4,99 %	1 976	860	1 116	527	371	156
1002 Mandal	6 163	98	1,59 %	76	32	44	22	21	1
1003 Farsund	3 717	33	0,89 %	22	11	11	11	9	2
1004 Flekkefjord	4 121	72	1,75 %	61	21	40	11	8	3
1014 Vennesla	4 241	43	1,01 %	30	14	16	13	11	2
1017 Songdalen	2 276	7	0,31 %	7	4	3	0	0	0
1018 Søgne	3 427	35	1,02 %	24	9	15	11	11	0
1021 Marnardal	846	15	1,77 %	12	3	9	3	2	1
1026 Åseral	573	3	0,52 %	2	0	2	1	1	0
1027 Audnedal	693	7	1,01 %	2	1	1	5	5	0
1029 Lindesnes	1 930	12	0,62 %	10	5	5	2	2	0
1032 Lyngdal	3 848	113	2,94 %	84	46	38	29	24	5
1034 Hægebostad	662	6	0,91 %	4	0	4	2	2	0
1037 Kvinesdal	2 506	16	0,64 %	14	6	8	2	2	0
1046 Sirdal	1 019	10	0,98 %	8	3	5	2	2	0
<i>11 Rogaland</i>	226 816	6 565	2,89 %	5 367	2 571	2 796	1 198	883	315
1101 Eigersund	6 685	114	1,71 %	96	39	57	18	15	3
1102 Sandnes	33 897	823	2,43 %	655	375	280	168	154	14
1103 Stavanger	78 608	3 608	4,59 %	2 975	1 463	1 512	633	437	196
1106 Haugesund	21 322	886	4,16 %	741	331	410	145	108	37
1111 Sokndal	1 284	23	1,79 %	19	1	18	4	4	0
1112 Lund	1 542	45	2,92 %	29	11	18	16	11	5
1114 Bjerkreim	1 160	7	0,60 %	6	2	4	1	1	0
1119 Hå	7 225	204	2,82 %	170	50	120	34	24	10
1120 Klepp	6 626	39	0,59 %	32	12	20	7	4	3
1121 Time	7 620	89	1,17 %	65	29	36	24	24	0
1122 Gjesdal	3 279	18	0,55 %	12	6	6	6	5	1
1124 Sola	16 942	219	1,29 %	184	108	76	35	30	5
1127 Randaberg	3 698	35	0,95 %	19	14	5	16	12	4

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Fylke/kommune	Syssel- sette	Tjeneste- menn	Tjeneste- menn i pst. av sysselsette	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1129 Forsand	521	1	0,19 %	1	1	0	0	0	0
1130 Strand	4 076	36	0,88 %	27	11	16	9	4	5
1133 Hjelmeland	1 461	7	0,48 %	7	5	2	0	0	0
1134 Suldal	1 966	16	0,81 %	11	4	7	5	5	0
1135 Sauda	2 135	43	2,01 %	35	20	15	8	8	0
1141 Finnøy	1 371	9	0,66 %	6	1	5	3	1	2
1142 Rennesøy	1 037	10	0,96 %	7	2	5	3	1	2
1144 Kvitsøy	290	96	33,10 %	80	7	73	16	4	12
1145 Bokn	297	2	0,67 %	1	1	0	1	1	0
1146 Tysvær	4 048	49	1,21 %	35	15	20	14	5	9
1149 Karmøy	15 193	122	0,80 %	103	55	48	19	14	5
1151 Utsira	111	1	0,90 %	1	1	0	0	0	0
1160 Vindafjord	4 422	63	1,42 %	50	7	43	13	11	2
<i>12 Hordaland</i>	245 244	11 869	4,84 %	9 341	4 522	4 819	2 528	1 600	928
1201 Bergen	155 668	10 503	6,75 %	8 270	4 057	4 213	2 233	1 357	876
1211 Etne	1 649	9	0,55 %	4	2	2	5	4	1
1216 Sveio	1 361	13	0,96 %	5	0	5	8	7	1
1219 Bømlo	4 846	20	0,41 %	13	7	6	7	7	0
1221 Stord	9 630	360	3,74 %	272	158	114	88	67	21
1222 Fitjar	1 145	8	0,70 %	6	2	4	2	2	0
1223 Tysnes	991	11	1,11 %	7	3	4	4	4	0
1224 Kvinnherad	6 083	31	0,51 %	25	12	13	6	5	1
1227 Jondal	455	4	0,88 %	2	0	2	2	2	0
1228 Odda	3 740	54	1,44 %	39	16	23	15	12	3
1231 Ullensvang	1 395	84	6,02 %	58	32	26	26	21	5
1232 Eidfjord	423	4	0,95 %	4	4	0	0	0	0
1233 Ulvik	472	31	6,57 %	28	1	27	3	3	0
1234 Granvin	355	1	0,28 %	1	0	1	0	0	0
1235 Voss	6 467	151	2,33 %	136	31	105	15	8	7
1238 Kvam	4 037	46	1,14 %	32	12	20	14	12	2
1241 Fusa	2 018	16	0,79 %	10	3	7	6	6	0
1242 Samnanger	575	9	1,57 %	6	3	3	3	3	0
1243 Os	5 618	45	0,80 %	38	20	18	7	7	0
1244 Austevoll	2 365	50	2,11 %	37	16	21	13	11	2
1245 Sund	1 491	6	0,40 %	5	4	1	1	1	0
1246 Fjell	9 594	61	0,64 %	53	29	24	8	7	1
1247 Askøy	6 744	54	0,80 %	44	24	20	10	10	0
1251 Vaksdal	1 506	22	1,46 %	18	5	13	4	4	0
1252 Modalen	206		0,00 %						
1253 Osterøy	2 613	41	1,57 %	37	15	22	4	3	1
1256 Meland	2 043	3	0,15 %	3	2	1	0	0	0



## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Fylke/kommune	Sysse- sette	Tjeneste- menn	Tjeneste- menn i pst. av sysse- sette	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1259 Øygarden	1 351	5	0,37 %	4	1	3	1	1	0
1260 Radøy	1 636	10	0,61 %	7	4	3	3	3	0
1263 Lindås	6 874	107	1,56 %	88	46	42	19	18	1
1264 Austrheim	1 064	10	0,94 %	6	3	3	4	4	0
1265 Fedje	264	65	24,62 %	57	2	55	8	3	5
1266 Masfjorden	565	35	6,19 %	26	8	18	9	8	1
<i>14 Sogn og Fjordane</i>	53 784	1 820	3,38 %	1 429	668	761	391	301	90
1401 Flora	5 776	122	2,11 %	108	55	53	14	12	2
1411 Gulen	1 129	11	0,97 %	6	3	3	5	5	0
1412 Solund	414	7	1,69 %	7	4	3	0	0	0
1413 Hyllestad	690	7	1,01 %	4	1	3	3	2	1
1416 Høyanger	2 102	21	1,00 %	16	7	9	5	4	1
1417 Vik	1 311	45	3,43 %	40	13	27	5	2	3
1418 Balestrand	590	5	0,85 %	4	1	3	1	1	0
1419 Leikanger	1 363	457	33,53 %	359	162	197	98	73	25
1420 Sogndal	3 948	363	9,19 %	278	132	146	85	59	26
1421 Aurland	839	13	1,55 %	10	5	5	3	2	1
1422 Lærdal	1 218	12	0,99 %	11	2	9	1	1	0
1424 Årdal	3 004	20	0,67 %	16	9	7	4	3	1
1426 Luster	1 993	14	0,70 %	11	6	5	3	3	0
1428 Askvoll	1 171	11	0,94 %	8	4	4	3	3	0
1429 Fjaler	1 243	29	2,33 %	21	11	10	8	6	2
1430 Gaular	1 059	9	0,85 %	7	2	5	2	2	0
1431 Jølster	980	9	0,92 %	6	2	4	3	3	0
1432 Førde	8 795	425	4,83 %	327	166	161	98	77	21
1433 Naustdal	618	5	0,81 %	4	2	2	1	1	0
1438 Bremanger	1 625	14	0,86 %	10	4	6	4	4	0
1439 Vågsøy	2 948	72	2,44 %	54	20	34	18	16	2
1441 Selje	1 140	11	0,96 %	7	4	3	4	4	0
1443 Eid	2 908	75	2,58 %	65	26	39	10	8	2
1444 Hornindal	479	2	0,42 %	2	2	0	0	0	0
1445 Gloppen	2 723	36	1,32 %	26	12	14	10	7	3
1449 Stryn	3 718	25	0,67 %	22	13	9	3	3	0
<i>15 Møre og Romsdal</i>	126 618	3 583	2,83 %	2 928	1 319	1 609	655	461	194
1502 Molde	16 363	1 030	6,29 %	862	442	420	168	116	52
1504 Ålesund	26 091	1 120	4,29 %	959	344	615	161	110	51
1505 Kristiansund	11 672	305	2,61 %	256	118	138	49	36	13
1511 Vanylven	1 453	17	1,17 %	10	6	4	7	4	3
1514 Sande	1 304	6	0,46 %	5	3	2	1	1	0
1515 Herøy	3 894	25	0,64 %	16	8	8	9	9	0

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Fylke/kommune	Syssel- sette	Tjeneste- menn	Tjeneste- menn i pst. av sysselsette	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1516 Ulstein	4 610	41	0,89 %	26	16	10	15	14	1
1517 Hareid	2 162	8	0,37 %	5	3	2	3	3	0
1519 Volda	4 324	409	9,46 %	304	137	167	105	56	49
1520 Ørsta	4 634	135	2,91 %	101	57	44	34	27	7
1523 Ørskog	896	14	1,56 %	11	4	7	3	3	0
1524 Norddal	858	3	0,35 %	3	2	1	0	0	0
1525 Stranda	2 448	35	1,43 %	29	16	13	6	5	1
1526 Stordal	611	2	0,33 %	2	0	2	0	0	0
1528 Sykkylven	4 057	16	0,39 %	15	8	7	1	1	0
1529 Skodje	1 174	8	0,68 %	6	2	4	2	2	0
1531 Sula	2 581	22	0,85 %	16	7	9	6	6	0
1532 Giske	2 387	15	0,63 %	10	5	5	5	5	0
1534 Haram	4 509	20	0,44 %	14	5	9	6	6	0
1535 Vestnes	2 985	49	1,64 %	37	21	16	12	9	3
1539 Rauma	3 722	35	0,94 %	33	9	24	2	2	0
1543 Nesset	1 163	10	0,86 %	8	5	3	2	2	0
1545 Midsund	796	4	0,50 %	2	0	2	2	2	0
1546 Sandøy	686	2	0,29 %	2	1	1	0	0	0
1547 Aukra	1 315	9	0,68 %	8	2	6	1	0	1
1548 Fræna	3 529	81	2,30 %	70	40	30	11	6	5
1551 Eide	1 258	7	0,56 %	3	2	1	4	4	0
1554 Averøy	2 168	15	0,69 %	12	7	5	3	3	0
1557 Gjemnes	830	12	1,45 %	9	3	6	3	3	0
1560 Tingvoll	1 105	36	3,26 %	22	14	8	14	8	6
1563 Sunndal	3 996	29	0,73 %	24	14	10	5	4	1
1566 Surnadal	2 929	32	1,09 %	25	9	16	7	6	1
1567 Rindal	848	3	0,35 %	3	2	1	0	0	0
1571 Halså	737	7	0,95 %	7	3	4	0	0	0
1573 Smøla	953	10	1,05 %	6	2	4	4	4	0
1576 Aure	1 570	11	0,70 %	7	2	5	4	4	0
<i>16 Sør-Trøndelag</i>	154 159	11 507	7,46 %	8 346	3 599	4 747	3 161	1 537	1 624
1601 Trondheim	106 644	10 797	10,12 %	7 801	3 374	4 427	2 996	1 409	1 587
1612 Hemne	1 805	14	0,78 %	12	6	6	2	1	1
1613 Snillfjord	397		0,00 %						
1617 Hitra	1 992	14	0,70 %	11	5	6	3	3	0
1620 Frøya	2 182	24	1,10 %	18	13	5	6	5	1
1621 Ørland	2 428	40	1,65 %	37	17	20	3	3	0
1622 Agdenes	728	1	0,14 %	1	0	1	0	0	0
1624 Rissa	2 920	35	1,20 %	26	9	17	9	6	3
1627 Bjugn	1 663	12	0,72 %	9	6	3	3	2	1
1630 Åfjord	1 546	14	0,91 %	10	3	7	4	4	0

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Fylke/kommune	Sysse- sette	Tjeneste- menn	Tjeneste- menn i pst. av sysse- sette	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1632 Roan	408	5	1,23 %	4	0	4	1	0	1
1633 Osen	440	4	0,91 %	3	1	2	1	1	0
1634 Oppdal	3 379	41	1,21 %	37	10	27	4	2	2
1635 Rennebu	1 159	10	0,86 %	9	3	6	1	1	0
1636 Meldal	1 529	34	2,22 %	28	16	12	6	3	3
1638 Orkdal	5 927	89	1,50 %	59	31	28	30	20	10
1640 Røros	3 457	72	2,08 %	60	13	47	12	10	2
1644 Holtålen	707	13	1,84 %	13	4	9	0	0	0
1648 Midtre Gauldal	2 708	75	2,77 %	59	15	44	16	13	3
1653 Melhus	4 536	136	3,00 %	94	47	47	42	32	10
1657 Skaun	1 346	15	1,11 %	12	5	7	3	3	0
1662 Klæbu	1 272	18	1,42 %	14	8	6	4	4	0
1663 Malvik	2 807	29	1,03 %	18	10	8	11	11	0
1664 Selbu	1 775	13	0,73 %	11	3	8	2	2	0
1665 Tydal	404	2	0,50 %	0	0	0	2	2	0
<i>17 Nord-Trøndelag</i>	60 983	2 142	3,51 %	1 670	780	890	472	355	117
1702 Steinkjer	10 191	957	9,39 %	760	350	410	197	146	51
1703 Namsos	7 068	216	3,06 %	156	78	78	60	45	15
1711 Meråker	1 009	15	1,49 %	13	6	7	2	1	1
1714 Stjørdal	10 103	208	2,06 %	173	79	94	35	27	8
1717 Frosta	874	9	1,03 %	7	2	5	2	2	0
1718 Leksvik	1 589	12	0,76 %	9	7	2	3	3	0
1719 Levanger	9 130	478	5,24 %	355	186	169	123	86	37
1721 Verdal	6 363	78	1,23 %	67	27	40	11	11	0
1723 Mosvik	282		0,00 %						
1724 Verran	1 189	9	0,76 %	7	3	4	2	2	0
1725 Namdalseid	644	6	0,93 %	3	1	2	3	3	0
1729 Inderøy	1 985	17	0,86 %	11	3	8	6	5	1
1736 Snåsa	945	22	2,33 %	19	9	10	3	2	1
1738 Lierne	674	7	1,04 %	5	1	4	2	2	0
1739 Røyrvik	225	1	0,44 %	1	1	0	0	0	0
1740 Namsskogan	422	7	1,66 %	6	0	6	1	1	0
1742 Grong	1 117	35	3,13 %	30	6	24	5	4	1
1743 Høylandet	556	1	0,18 %	0	0	0	1	1	0
1744 Overhalla	1 461	12	0,82 %	10	3	7	2	2	0
1748 Fosnes	231	1	0,43 %	0	0	0	1	1	0
1749 Flatanger	458	7	1,53 %	4	2	2	3	3	0
1750 Vikna	2 326	23	0,99 %	18	7	11	5	5	0
1751 Nærøy	1 881	17	0,90 %	13	7	6	4	2	2
1755 Leka	260	4	1,54 %	3	2	1	1	1	0

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Fylke/kommune	Syssel- sette	Tjeneste- menn	Tjeneste- menn i pst. av sysselsette	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
18 Nordland	114 943	5 919	5,15 %	4 991	2 411	2 580	928	671	257
1804 Bodø	26 534	2 111	7,96 %	1 777	830	947	334	202	132
1805 Narvik	9 564	503	5,26 %	425	147	278	78	43	35
1811 Bindal	621	7	1,13 %	5	2	3	2	2	0
1812 Sømna	877	8	0,91 %	5	1	4	3	3	0
1813 Brønnøy	3 651	576	15,78 %	498	268	230	78	70	8
1815 Vega	506	10	1,98 %	5	3	2	5	5	0
1816 Vevelstad	191	1	0,52 %	1	1	0	0	0	0
1818 Herøy (Nordl.)	790	7	0,89 %	4	2	2	3	3	0
1820 Alstahaug	3 755	185	4,93 %	150	76	74	35	27	8
1822 Leirfjord	748	6	0,80 %	3	3	0	3	3	0
1824 Vefsn	6 746	261	3,87 %	249	101	148	12	9	3
1825 Grane	550	21	3,82 %	21	6	15	0	0	0
1826 Hattfjeldal	671	23	3,43 %	14	8	6	9	8	1
1827 Dønna	552	4	0,72 %	3	2	1	1	1	0
1828 Nesna	823	145	17,62 %	112	52	60	33	25	8
1832 Hemnes	1 590	19	1,19 %	13	5	8	6	5	1
1833 Rana	12 661	986	7,79 %	845	473	372	141	121	20
1834 Lurøy	891	9	1,01 %	6	4	2	3	2	1
1835 Træna	206	2	0,97 %	0	0	0	2	2	0
1836 Rødøy	560	6	1,07 %	4	1	3	2	2	0
1837 Meløy	3 215	24	0,75 %	15	7	8	9	6	3
1838 Gildeskål	781	10	1,28 %	4	2	2	6	4	2
1839 Beiarn	483	4	0,83 %	4	0	4	0	0	0
1840 Saltdal	2 175	36	1,66 %	33	11	22	3	3	0
1841 Fauske	3 888	232	5,97 %	191	110	81	41	29	12
1845 Sørfold	911	11	1,21 %	7	3	4	4	0	4
1848 Steigen	1 090	11	1,01 %	6	2	4	5	4	1
1849 Hamarøy	743	9	1,21 %	7	4	3	2	1	1
1850 Tysfjord	855	21	2,46 %	18	9	9	3	1	2
1851 Lødingen	1 027	51	4,97 %	48	10	38	3	3	0
1852 Tjeldsund	463	55	11,88 %	46	12	34	9	9	0
1853 Evenes	646	4	0,62 %	2	1	1	2	2	0
1854 Ballangen	825	10	1,21 %	9	6	3	1	1	0
1856 Røst	310	2	0,65 %	2	2	0	0	0	0
1857 Værøy	346	4	1,16 %	3	1	2	1	1	0
1859 Flakstad	620	3	0,48 %	2	2	0	1	1	0
1860 Vestvågøy	4 972	73	1,47 %	61	29	32	12	11	1
1865 Vågan	4 333	152	3,51 %	133	63	70	19	13	6
1866 Hadsel	3 592	38	1,06 %	33	20	13	5	5	0
1867 Bø	1 044	17	1,63 %	14	6	8	3	3	0
1868 Øksnes	1 922	19	0,99 %	14	10	4	5	4	1

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Fylke/kommune	Sysse- sette	Tjeneste- menn	Tjeneste- menn i pst. av sysse- sette	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1870 Sortland	5 166	221	4,28 %	181	105	76	40	33	7
1871 Andøy	2 551	20	0,78 %	16	9	7	4	4	0
1874 Moskenes	498	2	0,40 %	2	2	0	0	0	0
<i>19 Troms</i>	79 778	5 835	7,31 %	4 687	2 326	2 361	1 148	666	482
1901 Harstad	11 984	655	5,47 %	582	310	272	73	57	16
1902 Tromsø	38 825	4 446	11,45 %	3 485	1 723	1 762	961	515	446
1911 Kvæfjord	1 264	6	0,47 %	5	4	1	1	1	0
1913 Skånland	999	11	1,10 %	11	2	9	0	0	0
1915 Bjarkøy	195	2	1,03 %	1	0	1	1	1	0
1917 Ibestad	558	6	1,08 %	5	3	2	1	1	0
1919 Gratangen	405	3	0,74 %	3	1	2	0	0	0
1920 Lavangen	324	4	1,23 %	4	1	3	0	0	0
1922 Bardu	1 947	242	12,43 %	208	95	113	34	29	5
1923 Salangen	948	64	6,75 %	56	28	28	8	5	3
1924 Målselv	3 737	48	1,28 %	43	21	22	5	3	2
1925 Sørreisa	1 091	16	1,47 %	13	8	5	3	3	0
1926 Dyrøy	379	4	1,06 %	3	2	1	1	1	0
1927 Tranøy	529	6	1,13 %	4	3	1	2	2	0
1928 Torsken	401	4	1,00 %	4	4	0	0	0	0
1929 Berg	483	3	0,62 %	3	2	1	0	0	0
1931 Lenvik	5 662	172	3,04 %	140	70	70	32	25	7
1933 Balsfjord	2 281	28	1,23 %	23	13	10	5	4	1
1936 Karlsøy	905	9	0,99 %	7	4	3	2	2	0
1938 Lyngen	1 287	8	0,62 %	7	2	5	1	1	0
1939 Storfjord	694	20	2,88 %	18	6	12	2	2	0
1940 Gáivuotna Kåfjord	784	7	0,89 %	5	3	2	2	2	0
1941 Skjervøy	1 406	14	1,00 %	12	4	8	2	2	0
1942 Nordreisa	2 148	53	2,47 %	43	16	27	10	9	1
1943 Kvænangen	542	4	0,74 %	2	1	1	2	1	1
<i>20 Finmark</i>	36 317	2 401	6,61 %	2 068	1 077	991	333	247	86
2002 Vardø	925	82	8,86 %	70	28	42	12	10	2
2003 Vadsø	3 221	470	14,59 %	413	228	185	57	42	15
2004 Hammerfest	5 536	229	4,14 %	209	125	84	20	17	3
2011 Guovdageaidnu Kautokeino	1 358	264	19,44 %	203	120	83	61	40	21
2012 Alta	9 648	539	5,59 %	469	246	223	70	46	24
2014 Loppa	437	6	1,37 %	5	3	2	1	1	0
2015 Hasvik	403	7	1,74 %	4	3	1	3	3	0
2017 Kvalsund	371	3	0,81 %	2	1	1	1	1	0
2018 Måsøy	574	12	2,09 %	8	3	5	4	4	0

## Fornyings- administrasjonsdepartementet

Fylke/kommune	Syssel- sette	Tjeneste- menn	Tjeneste- menn i pst. av sysselsette	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
2019 Nordkapp	1 500	80	5,33 %	74	29	45	6	4	2
2020 Porsanger Porsán- gu	1 942	61	3,14 %	58	29	29	3	3	0
2021 Kárásjohka Kara- sjok	1 413	158	11,18 %	127	60	67	31	22	9
2022 Lebesby	586	16	2,73 %	13	7	6	3	3	0
2023 Gamvik	411	9	2,19 %	8	4	4	1	1	0
2024 Berlevåg	443	12	2,71 %	9	7	2	3	3	0
2025 Deatnu Tana	1 346	33	2,45 %	26	10	16	7	5	2
2027 Unjárga Nesseby	300	15	5,00 %	12	6	6	3	2	1
2028 Båtsfjord	1 019	16	1,57 %	15	10	5	1	1	0
2030 Sør-Varanger	4 884	389	7,96 %	343	158	185	46	39	7
<i>21 Svalbard-Jan Mayen</i>	1 374	84	6,11 %	80	27	53	4	3	1
<i>2590 Utenriks tj. menn</i>		643		637	303	334	6	5	1
<i>9999 Uoppgitt komm- kode</i>		15 765		14 996	2 273	12 723	769	258	511

Kjelde: Statens sentrale tjenestemannsregister (SST) per 1.3.2009. Statistikk over sysselsatte per 4. kvartal 2008 fra Statistisk Sentralbyrå

**Vedlegg 2****Embetsutnemningar**

## Embetsutnemningar - fordeling av stillingar i perioden 1.7.2004 – 30.6.2009

Om- råde	2004-2005			2005-2006			2006-2007			2007-2008			2008-2009			Heile perioden 2004-2009		
	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn
SMK	2	0	2	1	0	1	0	0	0	4	1	3	0	0	0	7	1	6
AAD	2	1	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	1	1
BFD	3	2	1	1	1	0	-	-	-	-	-	-	-	-	-	4	3	1
FIN	17	7	10	22	10	12	11	3	8	17	8	9	6	1	5	73	29	44
FD	47	0	47	28	2	26	27	6	21	30	6	24	20	2	18	152	16	136
JD	103	27	76	108	33	75	106	42	64	112	48	64	113	39	74	542	189	353
KRD	12	4	8	13	8	5	4	1	3	3	2	1	7	3	4	39	18	21
LD	2	0	2	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	0	2
MD	2	1	1	4	3	1	7	5	2	9	6	3	6	4	2	28	19	9
NHD	5	3	2	5	0	5	8	4	4	7	3	4	12	6	6	37	16	21
OED	3	1	2	9	2	7	5	0	5	7	5	2	8	4	4	32	12	20
SD	3	1	2	4	2	2	8	3	5	2	1	1	1	1	0	18	8	10
UD	82	18	64	83	29	54	109	42	67	70	24	46	109	43	66	453	156	297
<i>Departement frå 1.1.2002:</i>																		
KKD	13	5	8	13	4	9	14	7	7	17	8	9	20	7	13	77	31	46
SOS	1	0	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	0	1
UFD	10	6	4	10	5	5	-	-	-	-	-	-	-	-	-	20	11	9
<i>Departement frå 1.10.2004:</i>																		
ASD	10	3	7	5	0	5	-	-	-	-	-	-	-	-	-	15	3	12
HOD	6	3	3	13	8	5	12	5	7	18	10	8	10	6	4	59	32	27
MOD	6	3	3	3	0	3	-	-	-	-	-	-	-	-	-	9	3	6
FKD	2	2	0	4	1	3	2	1	1	5	2	3	4	3	1	17	9	8
LMD	8	4	4	7	3	4	4	0	4	2	2	0	2	0	2	23	9	14
<i>Departement frå 1.1.2006:</i>																		
AID	-	-	-	7	3	4	17	10	7	20	11	9	22	12	10	66	36	30
BLD	-	-	-	2	2	0	2	0	2	5	3	2	3	2	1	12	7	5
KD	-	-	-	10	6	4	7	5	2	22	13	9	7	5	2	46	29	17
FAD	-	-	-	3	3	0	5	1	4	10	3	7	10	3	7	28	10	18
<b>Totalt</b>	<b>339</b>	<b>91</b>	<b>248</b>	<b>355</b>	<b>125</b>	<b>230</b>	<b>348</b>	<b>135</b>	<b>213</b>	<b>360</b>	<b>156</b>	<b>204</b>	<b>360</b>	<b>141</b>	<b>219</b>	<b>1762</b>	<b>648</b>	<b>1114</b>

## Prosentvis kjønnsfordeling på tilsette

2004–2005		2005–2006		2006–2007		2007–2008		2008–2009	
kvinner	menn	kvinner	menn	kvinner	menn	kvinner	menn	kvinner	menn
27%	73%	35%	65%	39%	61%	43%	57%	39%	61%

---

Prosentvis kjønnsfordeling på tilsette for heile perioden 2004–2009	Kvinner 37%	Menn 63%
---	-------------	----------

---

---

---



Offentlege institusjonar kan tinge fleire  
eksemplar frå:  
Servicesenteret for departementa  
Post og distribusjon  
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no  
Faks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og  
pris får ein hjå:  
Fagbokforlaget  
Postboks 6050, Postterminalen  
5892 Bergen  
E-post: offpub@fagbokforlaget.no  
Telefon: 55 38 66 00  
Faks: 55 38 66 01  
[www.fagbokforlaget.no/offpub](http://www.fagbokforlaget.no/offpub)

Publikasjonen er også tilgjengeleg på  
[www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no)

Trykk: 07 Gruppen AS – 10/2009

